




RYFYLKEMUSEET

FOLK i Ryfylke

2006



tema

Ryfylkemuseet 25 år

FOLK
i Ryfylke
2006

Årbok for Ryfylkemuseet

Utgitt av Ryfylkemuseet

FOLK i Ryfylke

Årbok for Ryfylkemuseet

Redaktør: Roy Høibo
Redaksjon: Trygve Brandal, Grete Holmboe,
Ruth Anne Moen
Utgivar: Ryfylkemuseet
Nordenden 14
4230 SAND
Telefon: 52 79 29 50
Telefaks: 52 79 29 51
E-post: post@ryfylkemuseet.no
Heimeside: www.ryfylkemuseet.no

ABONNEMENT:

FOLK i Ryfylke kjem ut ein gong i året.
Abonnementsprisen for 2006 er kr. 250,-.
Abonnement inkluderer medlemskap i Ryfylkemuseet og gir fritt tilgjenge til alle avdelingar i Ryfylkemuseet.
Bankgiro: 3202.07.01527

Design: Nenad Ignjatic
Ombrekking, trykk og innbinding: Stavanger Offset

ISSN 0800-4692

Foto på framsida:

Mirkamil Abdulhakim var mellom dei som var med og kasta glans over jubileumsarrangementet vårt i juni 2006. Mirkamil kjem frå Uighuristan og bur nå på Rennesøy. Han spelar på eit instrument kalla dutar. Her er han fotografert framfor «Brødrene af Sand». Bildet viser kan såleis symbolisere fleire av dei prioriterte arbeidsområda våre: Det kulturelle mangfaldet, tradisjonsmusikk og fjordafarten.

Foto på baksida (ovanfrå):

Leiv Magne Østebø var ein god tradisjonsberar og informant i arbeidet med å dokumentere tradisjonskunnskap. Her er han i arbeid med taket på løa på Hustveit. Leiv Magne døydde i oktober 2006. Med det har vi mista ein god medarbeidar.

Jone Tysseland var mellom deltakarane på felekurs under Folkemusikkhelga 2005. Folkemusikkhelga er eit årleg arrangement som samlar deltakarar i alle aldre.

Ernst Berge Drange er førstekonservator og bygdeskrivar ved museet og får representere den lokalhistoriske forskinga. Her er det signering av to bind bygdesoge for Erfjord.



Ei av dei store hendingane i jubileumsåret var opninga av hummermuseet på Kvitsøy. Einar Nøstvold fortalde om hummeren, Venneforeninga for «Brødrene af Sand» tok turen ut med jekta, det var Kvitsøy-dagar og 500 besøkande i museet på opningsdagen.

Innhald

- 5 Forord
- 7 Roy Høibo
25 år i Ryfylke
- 33 Trygve Brandal
Samlingar på kvart eit nes
- 51 Grete Holmboe
56 bygningar på rot
- 70 Ruth Anne Moen
Frå kvit flekk til eksportartikkel
- 80 Tora Aasland
Fortell historien
- 84 Jon Godal
Handlingsboren kunnskap
- 90 Grete Holmboe
Jakta på byggeskikken
- 107 Roy Høibo
Frå Sandsbygda til Somalia
- 140 Årsmelding 2005
- 158 Rekneskap 2005



Museumshistorie: Museumsstyret samla i Viga 1981, det året Rogaland Folkemuseum blei gjort om til regionmuseum for Ryfylke. Frå venstre: Ommund Berge, Børge Skeie, Sven Randa (tidlegare eigar av husa i Viga), Stein G. Sægrov, Ola Meltveit, Sverre Kvadsheim, Jan H. Lexow og Einar Sæland. Foto: Roy Høibo, Ryfylkemuseet.

Forord

Helst vil vi fortelja om andre. Om folk i Ryfylke og livet deira. Men så rundar altså Ryfylkemuseet 25 år som regionmuseum i år. Det meiner vi krev eit jubileumsskrift. Derfor retter vi blikket innover mot oss sjølve denne gongen. Prøver å kaste eit blick over skuldra. Bla tilbake i kva vi tenkte den gongen, og korleis det gikk. Kva fekk vi til og kva det var som ikkje lukkast.

Opgåvene til musea har skifta gjennom tidene. Det norske museumsstellet var lenge prega av oppgåva som bidragsytar til nasjonsbygginga etter at landet skulle stå på egne bein. Så kom det ein periode der engasjementet i større grad samla seg om byen eller bygda enn om nasjonen. Rogaland Folke-museum, som var forlauparen til Ryfylkemuseet, kan plasse-rast inn i dette perspektivet. Det handla først om fylket, men så i sterkare grad om Jæren og Ryfylke, heilt til museet blei delt og samlingane i Ryfylke kom til å danne grunnlaget for eit sjølvstendig museum for Ryfylke.

Det var ikkje små samlingar i startpakka til Ryfylkemuseet. Over 50 hus fylte med reiskap og inventar av ulikt slag. Samlingar som avspeglar det gamle bondesamfunnet, men som samtidig har ei breidde og ei form innafor dette feltet som gjer at museet har peika seg ut som eit særleg interessant museum. Bygningssamlinga er utgangspunkt for eit systematisk arbeid med utviklinga av metodar for dokumentasjon og bevaring av verneverdige bygningar.

Men Ryfylke er meir. Det er øyar, fjordar og fjell som har gitt ulikt grunnlag for val av leveveg og livsstil. Det er fjordafart og fiske og det er sau og hei og folk som står i fremste rekke i utviklinga av tomatproduksjon, fruktdyrking og fiskeoppdrett. Ikkje minst er det kraftproduksjon, industri og sand og grus og stein. Ryfylke er heim for dei første bedehusa i Norge og deler i dag erfaringar med andre norske bygder som blir heim for folk som kjem hit med framande språk, skikkar og religionar. Her har tradisjonsmusikken, dei gamle danseformene og folkevisene levd like opp til våre dagar.

Museet skal dokumentere dette, tolke det som skjer og formidle kunnskap og opplevingar. Gjennom arbeidet sitt skal museet bidra både til forståing og trivsel, identitetsskapande prosessar og ei positiv utvikling av samfunnet. Samtidig blir det stilt krav om at museet skal vera ein dialoginstitusjon og ei kritisk røyst i samfunnsdebatten. Styresmaktene vel å understreke museas rolle som samfunnsinstitusjonar. Det er ei tillits-erklæring som vi må forvalte vel. Respekten for musea er tufta på høg kompetanse og kvalitetsorientert arbeid. Det må vi halde fast i, sjølv om heller ikkje musea går klar marknadstenking og eit tempo som blir jaga opp av den teknologiske utviklinga og ein flyktig livsstil.

Ryfylkemuseet er ein stor kulturinstitusjon i målestokken til Ryfylke, men er ein liten institusjon i ein større samanheng. Skal vi greie balansen mellom lokal handling og eit globalt perspektiv må vi vera sterkt medvetne om kva vi gjer og korleis vi brukar ressursane våre. Artiklane i dette heftet seier noe om føresetnadane for drifta og dei vala vi har gjort dei første 25 åra. Vi har hausta heider og ære for ein del av det vi har gjort. Det er vi både glade og stolte over. Men vi driv eit kontinuerleg og sjølvkritisk arbeid for å få til ei drift som ivaretar både dei lokale, dei regionale, dei nasjonale og dei globale utfordringane. Dette heftet er ein statusrapport på vegen, men det er ingen konklusjon. Ryfylkemuseet skal vidare. Ambisjonen er å utvikle ein modelle for eit museum som handlar lokalt men tenkjer globalt. På den måten kan museet bidra både til å løfte fram dei verdiane vi deler, vi som bur i Ryfylke, og gi forståing og forstand både for oss sjølve og andre i eit perspektiv som går ut over det lokale.

Vi lever i ei tid da nærmiljøet, det ekte, det varige og det berekraftige ser ut til å få større verdi att. Museet står midt i dette og kan leverer varene. I tillegg gir vi faktisk noen bidrag til næringsutviklinga og etableringa av arbeidsplassar i distriktet. Vi trur det er bruk for museet og at museet har ei rolle å spele i samfunnet. Vi skal gjera vårt beste for å fylle den rolla i åra som kjem.

Den første artikkelen er eit tilbakeblikk over dei 25 åra vi har vore i arbeid som regionmuseum. Deretter følgjer ein artikkel av Trygve Brandal som er ansvarleg for samlingane til museet. Han gir eit oversyn over det mangfaldet av samlingar som høyrer til under Ryfylkemuseet, og kva dei fortel.

Grete Holmboe, som er tilsett som antikvar med særleg ansvar for bygningssamlinga, skriv om den unike samlinga av bygningar som museet har ansvaret for, og dessutan om arbeidet vårt med å hente fram att, dokumentere og vidareføre den tradisjonskunnskapen som blir boren fram gjennom handling. Jon Godal, som er ein av guruane innafor bygningsvernet, gjer greie for kva som ligg i omgrepet handlingsboren kunnskap, og kva betydning forståinga av denne kunnskapen har.

Ryfylkemuseet er tillagt oppgåva med å bygge opp og drive eit folkemusikkarkiv for Rogaland. Ruth Anne Moen, som har arbeidd med oppgåva sidan 1981, skriv om dette arbeidet, om formidlinga av dei tradisjonelle song-, musikk- og danseformene og om den store utviklinga som har skjedd frå spørsmålet blei stilt om Rogaland var den kvite flekken på folkemusikk-artet til vi i dag kan bidra med materiale frå Rogaland både på nasjonale og internasjonale arenaer.

Vi prøver også å oppsummere noen av resultatane av engasjementet vårt i forhold til den fleirkulturelle utfordringa. Dette er

ei ny oppgåve for musea, men ei oppgåve som Ryfylkemuseet tidleg tok fatt i. Det er ei oppgåve som har gitt museet eit nytt og breiare publikum, men som også har utfordra kompetansen vår og arbeidsmetodane.

Dei tre arbeidsområda som er omtala ovanfor, bygningsvernet, folkemusikken og det kulturelle mangfaldet, er alle område der Ryfylkemuseet har lukkast godt og fått både nasjonal og internasjonal merksemd. For samfunnsengasjementet vårt og arbeidet med den fleirkulturelle utfordringa har vi fått fleire prisar og påskjøningar, og for arbeidet med bygningsvernet har vi oppnådd heiderleg omtale og diplom og blitt tildelt rolla som leiande institusjon for eit nasjonalt nettverk av museum som arbeider med bygningsvern og utvikling av handverkskompetanse på musea.

Eit fjerde arbeidsområde står også sentralt i arbeidet vårt, det er den lokalhistoriske forskinga og særleg arbeidet med bygdebøker. Ved Ryfylkemuseet har vi både sjølv tatt initiativ til og tatt på oss forskingsoppgåver, og vi har eit langvarig samarbeid med Suldal kommune om utarbeiding av bygdebøker for dei ulike delane av kommunen. Dette er viktig arbeid, da grunnlaget for formidling av kunnskap og opplevingar nettopp er solid kunnskap. Denne kan vi berre skaffe oss gjennom systematisk innsamling, dokumentasjon og forskning.

Roy Høibo

25 år i Ryfylke

– om å laga museum i ein mangfaldig region

Av Roy Høibo

Eg kom til Ryfylke første gongen i 1975. Hadde gått frå Haukeli med telt på ryggen og kom ned til brygga i Bråtveit ein varm sommardag da det berre var kjekt å vente på «Suldalsporten». Det var ein fin tur, og erfaringane frå den var nok med i vurderingane da det seinare baud seg høve til å få jobb her. Og fjellet er blitt flittig brukt. Men etter kvart også sjøen. Eg likar å reise med ferjer. Mye kjekkare det enn å kjøre i tunnelar. Og så har eg vore med «Brødrene af Sand» noen turar. Til lune vikar og idylliske handelsstader, og over opne strekningar som kunne ha skremt ein toting under dekk, hadde det ikkje vore for at eg stolte på skipperen.

Eg har opplevd damstille dagar på Kvitsøy med måkeskrik og 25 grader i skuggen, og har sitte framme på ferja over Boknafjorden med kaffekopp og softis. Men eg har og fryda meg over ruskevêr ut frå Skudeneshavn da berre nøye oppsyn med bølgetoppene har hindra pinlege opptrinn mellom sjøvande medpassasjerar.

Ryfylkemuseet er ein arbeidsplass som strekker seg frå turisthyttene i høgfjellet til nausta som klorer seg fast på dei yttarste skjera. Heia, liene, dalane, fjordane og øyane utgjer landskapet vi arbeider i. Det er ein festførestilling av skiftande inntrykk, og vi som er så heldige å reise her også utanom turistsesongen får med oss ver- og føreforhold av så variert karakter at vi burde hatt eit ordforråd som ein inuitt for å kunne skildre det på fullgod måte.

Det er dette reiselivsnæringa lokkar med: Fjord og fjell. Slår du opp på Ryfylke på internett får du om lag 70.000 treff. Mellom desse ligg Reisemål Ryfylke øvst. Her er det Preikestolen, Kjerag og Lysefjorden som blir fronta. Etter noen



Ryfylkemuseet har eit arbeidsområde som strekker seg frå dei inste stølane i heia til dei ytste hummerparkane på kysten. Det var såleis ein milepel da vi sommaren 2006 kunne opne første avdelinga av Kvitsøy hummermuseum. Museet held til i eit sjøhus på Grønningen i Ydstebøhavn. Ryfylkemuseet 2006.

klikk kan ein komma til ein meny med tilbod om museum/kyrkjer og anna som er verd å sjå. Skal ein ut på øyane må ein vita at ein kan søke på «Ryfylkeøyane». Da får ein opp heimesida til Ryfylkeøyane Reiselivslag, som har ei meir integrert forteljing om naturen og kulturminna.

Det er mye flott natur å formidle i Ryfylke. Men det har levd menneske i denne naturen i 10.000 år. Vi har noen utrulege historier å fortelja om dei. Det er utfordringa vår på museet.

FØRST OG STØRST I RYFYLKE

Alt for 14–15.000 år sidan blei dei ytre delane av Boknafjordområdet isfritt. Dei eldste spora etter menneske er funne på Galta på Rennesøy. Her er det registrert buplassar frå Yngre Dryas eller tidlegare, d.v.s. frå 10–11.000 år før vår tidsrekning. Dette er den eldste buplassen som er registrert her i landet. Funnet stammer truleg frå isbjørnjegarar som hadde kome over isen frå «Nordsjøfastlandet». Det var ein gong meininga at vi skulle fortelja historia om desse folka, i eit kulturminnesenter på Sørbø. I samarbeid med Rennesøy kommune og Arkeologisk museum i Stavanger utarbeidde vi planar for ei museumsavdeling der. Men da det kom til stykket var det ikkje pengar til å gjennomføre tiltaket.

Seinare har folk sett seg ned på øyane og i fjordane og oppetter liane. Rydda seg plassar til å dyrke korn til matmjøl og gras til kyr og småfe. Strevd seg høgt til fjells på leit etter høy og beite. Bygt seg ein båt til fiske eller føring. Utnytta høgkonjunkturur i byggebransjen ute i Europa eller overfloda av sild i havet. Utvikla spisskompetanse på frukt- og bær- og tomatdyrking. Drive handel med kundar frå England og Skottland i vest til Setesdalen og Telemark i aust og vore sjølvforsynte med handverkarar av alle slag.

Så kom industrien og kraftutbygginga med friske pengar og nye folk. Ingen stader har det vore så store vasskraftanlegg som i Ryfylke. Ingen stader finst det større kraftstasjonar. Det var ein gong meininga at vi skulle fortelja historia om kraftutbyggarane, i eit vassdragsmuseum på Sand. I samarbeid med Suldal kommune og Ulla-Førreanlegga utarbeidde vi planar for ei museumsavdeling der. Men da det kom til stykket var det ikkje pengar til å gjennomføre tiltaket.

Nå er det den globaliserte røyndomen som trykker på. Eit av dei mest slåande trekk i samtidshistoria er innvandringa av folk frå alle kantar av verda. Det er arbeidsinnvandrarar, flyktningar, asylsøkarar og folk som søker eit betre tilvere for seg og sine enn i det miljøet av forureining, kriminalitet og stress som pregar dei store bysamfunna. Oppbrotet frå sitt eige miljø, sin eigen kultur og sin eigen religion til eit eksil-tilvere i Ryfylke



Søndenaåhavn kraftstasjon i Sauda, eller Stasjon III, som han også blir kalla, er både av lokale entusiastar og sentrale kulturvernarar peika ut som eit viktig kulturminne. Vi er med i arbeidet med å søke ei løysing for at stasjonen kan bli verna og tatt i bruk til museums- og arkivformål. Ryfylkemuseet 2004.

er tøft for dei som kjem. Men det utfordrar også oss som bur her frå før. Verdiane våre, tradisjonane og veremåten blir sett på prøve og vi må både vera villige til endring og vera klare på kva som er viktig for oss og kor grensene går.

Her har museet ei stor oppgåve. Vi kan dokumentere det som skjer, for å ta vare på historia om dei endringane som går føre seg. Vi kan formidle kunnskap både om dei som kjem og om det samfunnet dei kjem til. Vi kan tilby ein møteplass i bygdesamfunn der det ikkje finst så mange naturlege og uformelle møteplassar lenger som det gjorde for ein generasjon eller to sidan. Vi kan vera eit instrument for å produsere og formidle den kunnskapen som er nødvendig for at folk skal vera trygge på sin eigen ståstad, og dermed ha mot til å møte folk med ein annan ståstad. Vi har lukkast med å få pengar til å gjennomføre noen prosjekt retta mot desse utfordringane. Men det er

ikkje pengar til å drive eit vedvarande arbeid for å møte dette, som må vera ei av dei største utfordringane det norske samfunnet står over for nå.

Denne store variasjonen av tilpassingar til dei naturgitte forholda, til skiftande økonomiske føresetnader, og til personlege evner og bakgrunn, har skapt eit utal av lokale kulturar i Ryfylke. Noen har sagt at det einaste som bind Ryfylke saman er sauene. Vi har skriva ei bok om sauene. Men rikdommen i kulturelle variasjonar gjer Ryfylke til ein oase for folk som er interessert i menneske. Vi skulle ha fanga dette mangfaldet. Hatt tid og rom til djuptpløyande dokumentasjonsprosjekt og høve til å bruke kompetansen vår i analyser og formidling av det vi fann. Noe prøver vi å gjera gjennom dokumentasjons- og forskingsprosjekt, publikasjonar, utstillingar, foredrag og tilrettelegging av museumsanlegga våre. Men ressursane våre er små i forhold til oppgåvene. Det blir berre bitar av ein mangefasettert røyndom vi greier å fange. Denne artikkelen skal handle om noe av det vi har fått til.

EIN TRONG START

Etableringa av Ryfylkemuseet var ein indirekte følgje av den kulturpolitikken som ulike regjeringar introduserte på 1970-talet. Eit hovudinnhald i denne var at kultur skulle vera ein del av samfunnspolitikken, og såleis ein bidragsytar i samfunnsforminga. Kulturinstitusjonane fekk samfunnsroller. Demokratisering, desentralisering, eigenaktivitet og inkludering var honnørorda. Utbygging av levestandard regionale kultureiningar blei sett på som ein føresetnad for at denne politikken skulle lukkast. For musea tok dette til å skje ved gjennomføring av ei ny tilskottsordning, som altså gav grunnlag for oppretting av stilling for fagutdanna styrar ved Rogaland Folkemuseum, forluparen til Ryfylkemuseet.

I Rogaland blei dei nasjonale måla omforma til mål for ein museumsstruktur med eit bygdemuseum i kvar kommune og eit regionmuseum i kvart regionsenter. I Ryfylke fann ein det tilstrekkeleg med eitt regionmuseum, sjølv om det var to regionsentra (Jørpeland og Sauda), og meinte, ut frå geografiske forhold og dei samlingane som alt fanst, at dette burde ligge i Suldal. Både regionmuseet og bygdemusea fekk i starten fylkeskommunal støtte til drifta. Seinare blei den fylkeskommunale støtta til bygdemusea tatt bort og overført til regionmuseet. Det overordna målet var «å skape grunnlag for ei balansert bosettings- og befolkningsutvikling i fylket».

FRÅ ROGALAND FOLKEMUSEUM TIL RYFYLKEMUSEET

Rogaland Folkemuseum blei skipa i 1936. Meininga var å bygge opp eit folkemuseum av tradisjonell type ved Mosvatnet i Stavanger. Det lukkast ikkje, og museet etablerte i staden bygdetun og mindre bygningsamlingar fleire stader i Ryfylke og på Jæren.

Med bakgrunn i ein fylkeskulturplan for Rogaland, eit ønskje frå Museums- og kulturminnenemnda i Hå om å overta eigedomane til museet i Hå og eit tilbod frå Suldal kommunen om å stille kontor og bustad til disposisjon for konservatoren ved museet, og dessutan tilbod om tomt for eit regionmuseum, tok Fylkeskulturstyret i Rogaland opp spørsmålet om ei omgjerding av Rogaland Folkemuseum til regionmuseum for Ryfylke på eit møte i mars 1980. Etter omfattande drøftingar og konsultasjonar blei det i september 1980 semje om at Rogaland Folkemuseum frå 1. januar 1981 skulle gjerast om til regionmuseum for Ryfylke og etablere kontor i Suldal.

Spørsmålet om namneendring kom opp på årsmøtet i 1983. Det blei da vedtatt at museet skulle få namnet Ryfylkemuseet. Samstundes blei formålsparagrafen og ymse andre punkt i vedtektene justerte i samsvar med dei nye oppgåvene, og samlingane på Jæren overdratt til Hå bygdemuseum. Den største av desse samlingane var tunet på Grødal med to gardshus med løer og andre uthusbygningar til.

Museumsarbeidet hadde altså, på den eine sida, eit klart formulert politisk føremål. Det var ikkje lite. Det var i det minste eigna til å styrke sjølvmedvitet hos oss som skulle gjera jobben. Men utgangspunktet for utvikling av eit regionalt museumsstell i Ryfylke var likevel krevjande: 50 gamle hus på rot i Suldal og Hjelmeland, eit budsjett på 250.000 og ein einaste tilsett mellombels plassert på eit ledig kontor på landbrukskontoret i Suldal. Ryfylkemuseet starta ikkje med blanke ark, og hadde få fargestiftar. Det einestående var likevel at dei gamle husa sto på sine opphavlege tufter.


Jone Johnsen (1943–1998) hadde frå 1976 vore tilsett i ei halv stilling som konservator ved Rogaland Folkemuseum. Konservatorstillinga ved Rogaland Folkemuseum delte han

med eit halvt årsverk ved Stiftelsen Ullandhauggarden. Kontorstaden til museet var på Arkeologisk museum i Stavanger. Da Norsk Oljemuseum blei etablert i 1980 fekk han stillinga som leiar for dette. I ein overgangsperiode vikarierte Målfrid Grimstvedt (f. 1949) i konservatorstillinga. Ho blei seinare tilsett ved Jærmuseet og er nå nestleiar der.

Etter omgjeringa av museet og utviding av konservatorstillinga til full styrarstilling, blei stillinga lyst ut. Det meldte seg seks søkarar. Enkelte hadde søkt på vilkår av at kontorstaden framleis skulle vera i Stavanger. Eg hadde søkt på vilkår av at kontorstaden blei i Suldal. Slik blei det, eg fekk jobben og tok til i stillinga 1. januar 1981.



Omgjeringa av Rogaland Folkemuseum til eit regionmuseum for Ryfylke var inga enkel sak. Først måtte museumsstyret søke råd hos Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer (NKKM), nå Noregs Museumsforbund, for å få hjelp til å avklare diskusjonen med Rogaland Fylkeskommune om omgjeringa av museet til regionmuseum og flytting av hovudsetet til Suldal. Så måtte det få hjelp til å avklare diskusjonen med suldølingane om plasseringa av hovudsetet internt i Suldal. Her er det NKKMs landsdelskomitee for Vestlandet som vender tomme ned for Kolbeinstveit som hovudsete. NKKM gikk for Sand. Dei som var med i komitee var frå venstre: Kåre Frølich, Lauritz Pettersen og Per Gjørder. Ryfylkemuseet 1983.



Etter mellombels opphald i kommunehuset og i Rasmussen-sjøhuset på Sand, kjøpte museet Nesa-sjøhuset i Nordenden på Sand i 1986. Huset var i dårleg stand, prisen var 250.000, og vi brukte 5,5 mill. på å setta det i stand. Men det blei eit bra hus som har tent oss godt like til det siste, og som blei billigare enn om vi skulle ha bygt nytt. Det var såleis eit godt førebilde i kampen for å fremje bevaring og rehabilitering av gamle bygningar, og det var eit viktig bygg i sjøfronten til strandstaden. Ryfylkemuseet 1984.

Men det var altså strid om kontorstaden. Suldølingane i styret ville ha kontorstaden i Stavanger. Jærbuane ville ha han i Suldal. Suldølingane skjønnte sjølvsgagt kvifor jærbuane var så ivrige etter å flytte museet til indre Ryfylke. Det opna for eit sjølvstendig jærmuseum som suldølingane var redde ville stikke av med alle pengane. Og det fekk dei rett i. Strategen til jærbuane var Stein G. Sægrov. Han var fylkeskommunens representant i museumsstyret. I dag er Sægrov avdelingsdirektør i Kultur- og kyrkjedepartementet.

Det var eit motsetningsfylt styre som skulle legge grunnlaget for det nye ryfylkemuseet. Eg hadde flagga interesse for Suldals-alternativet, men fekk ikkje så mange lovord i Suldal for det. Da kampen om plasseringa av hovudsetet var over, starta han dessutan på nytt. Nå var det den interne plasseringa i Suldal som kom til å krevje merksemd og energi ein del år frametter. Noen ville at hovudsetet skulle etablerast i tilknytting til bygdetunet Kolbeinstveit i gamle Suldal kommune. Eg var mellom dei som meinte at museet både av praktiske og strategiske grunnar ville komma betre frå det ved å få eit hovudsete på Sand.

Det var ingen heldig start. Den politiske og administrative leiinga i vertskommunen Suldal har heile tida vist positiv interesse for museet og støtta utviklinga av museet med romslege vertskommunetilskott og ei rekke prosjekt- og investeringstilskott. Men dei interne motsetningane som den nye storkommunen hadde arva frå debatten om kommunesamanslåinga på 1960-talet hemma utvegen til å forme ut noen samla strategi for utviklinga av eit regionalt museumssenter i vertskommunen.

EIN MENY MED MANGE RETTAR

Arbeidet med å finne ut kva Ryfylkemuseet skulle drive med, korleis arbeidet skulle organiserast og kor ein kunne finne pengar til å gjera jobben, har prega alle dei 25 åra museet har vore i drift. Alt første driftsåret, i 1981, tok vi opp til brei drøfting kva oppgåver som låg føre. Det blei utarbeidd eit utkast til ein plan som var meint som ein invitasjon til kommunane, bygdemusea, museumsloga og sogelaga om eit samarbeid. Etter fem år var det i 1986 råd å legge fram ein plan for eit samordna museumstell i Ryfylke. Her var det tenkt mye både om mål, organisering og finansiering. Museet skulle bidra både til identitetsskaping, eit levande kulturliv, etablering av nye arbeidsplassar og utvikling av turismen som næring. Museet tok ikkje lett på oppgåva som samfunnsinstitusjon.



Sauda blir omtala både som brennpunkt og smeltedigel. Her har sterke krefter vore i sving, både teknologisk, økonomisk, sosialt og kulturelt. Det er viktig å ta vare på historia om den ensidige industristaden før ho blir gløymt. Vi har gjort ein del i Sauda, men store oppgåver ventar. Bildet er frå smeltehallen ved Sauda Smelteverk. Ryfylkemuseet 1989.

Innafor dei ressursane museet rådde over, var det likevel vedlikehald og drift av dei museumsanlegga som Ryfylkemuseet hadde med seg frå Rogaland folkemuseum som måtte prioriterast. Planen var likevel ikkje heilt utan omtale av nye oppgåver.

I Sauda hadde det kome opp store oppgåver knytt til dokumentasjon av industristaden. Vi var alt i gang med eit omfattande arbeid for å bevare Åbø-byen, hadde etablert industriarbeidarmuseum i eit hus i Håkonsgate og var i dialog med smelteverket om etablering av ei permanent utstilling inne på industriområdet.

Vi såg også at det var viktig å komma i gang med tilsvarende oppgåver i den andre, store industrikommunen i regionen, Strand. Her tok vi initiativ til eit lite prosjekt der vi dokumenterte arbeidet på modellverkstaden på stålverket, men det var inga lokal interesse for å følgje opp dette arbeidet.

På øyane peika veksthusnæringa seg ut som eit interessant og viktig arbeidsområde. Vi laga seinare ei utstilling om tomatdyrkinga på Finnøy, men det har ikkje vore råd å finne lokale ressursar som kunne ha bidratt til å følgje opp dette initiativet.



Barn og unge, særleg dei som går på skulen, er ei viktig målgruppe. Vi legg stor vekt på å legge forholda til rette for dei. I samarbeid med Suldal kommune har vi fått til eit opplegg for niendeklassingane i Suldal-skulen, slik at alle skal få ein tur med «Brødrene af Sand». Bildet er frå eit tokt hausten 2005.

Fjordafart, handverk og småindustri var andre tema som kom opp i denne tidlege planlegginga av aktivitetar. Og eit ønske om å kunne produsere vandreutstillingar. Men alt var avhengig av at museet fekk midlar til å tilsetta fleire folk og driftsmidlar til å gjennomføre planane. Det viste seg vera vanskeleg å få til. Men det var opna ein dialog med kommunane som førte til at nye oppgåver kom opp, at Ryfylkemuseet blei

konsultert i ulike spørsmål knytt til kulturminnevern og museumsarbeid og at enkelttiltak blei sett i verk.

Etter ytterlegare møte, konsultasjonar og seminar blei det i 1995 vedtatt eit nytt arbeidsprogram for museet. Visjonen var at museet kunne vera ein bidragsytar i strevet for ei positiv utvikling av regionen. Måla var at museet skulle ivareta oppgåva som samfunnsminne for Ryfylke, bidra til identitetsbyg-

ging og delta i bygdeutviklinga. Arbeidsmåten skulle knytast tett opp til dei ideane øko-musea arbeidde etter, med sterk vekt på deltaking og desentralisering.

I mellomtida hadde Fylkeskulturstyret utarbeidd ein museumsplan for Rogaland¹. Her blei det mellom anna lagt fram forslag til ei ansvarsfordeling mellom regionmusea. Ryfylkemuseet skulle ha ansvaret for følgjande tema:

- Kulturlandskap/økologi
- Førindustrielt jordbrukssamfunn
- Stølsliv/utmark
- Skogbruk/sagbruk
- Fjordkultur/strandstad
- Veksthus
- Fjordafiske
- Elvefiske/innlandsfiske
- Havbruk/akvakultur
- Jordbruk/fiske
- Båtbygging
- Skipsbygging
- Kraftutbygging/vasskraft/kraftforsyning
- Smelteverk/industriestad
- Folkemusikk
- Reiseliv

Det var ei ganske lang liste, men likevel meningsfull i forhold til dei oppgåvene som alt var registrert i kommunane, og som vi delvis var i gang med. Ei viktig side ved denne lista var at ho var ei hjelp i prioriteringa av lokale oppgåver. Det var enklare å ta i ferde med oppgåver som fall inn under tema som fylkeskommunen meinte vi skulle ha ansvaret for.

Også Staten ved Kulturdepartementet hadde blitt tydelegare i sine signal om kva musea burde drive med. Dette kom til uttrykk i dei tildelingsbreva som følgde med museumstilskotta til fylkeskommunane. Her blei mellom anna samtidsperspektivet, eller ansvaret for dokumentasjon av den nære fortida, prioritert. Men Staten hadde behov for ein meir gjennomtenkt museumspolitik, og sette i 1993 i gang eit arbeid med å greie ut stoda for musea². Den NOU-en som kom ut av dette blei ei viktig rettesnor for museumsarbeidet. Her blei samfunnsrolla ytterlegare understreka. Det blei lagt stor vekt på ansvaret for å ivareta rolla som samfunnsminne. Museet som møtestad og dialoginstitusjon blei pensla ut og

det blei etterlyst ei sterkare kopling mellom natur og kultur og eit engasjement i miljøforvaltninga. Museumsutvalet tok dessutan til orde for eit sterkare internasjonalt engasjement.

Utgreiinga blei eit viktig grunnlag for St.meld. nr. 22 (1999–200) Kjelder til kunnskap og oppleving. Mellom dei store utfordringane som departementet nå heldt opp for musea var desse:

- Den fleirkulturelle utfordringa.
- Kystkultur
- Industri og sørvissnæringer
- Økologi og miljøvern
- Handlingsboren kunnskap

Dette var ei liste som passa særleg godt for Ryfylkemuseet. Vi var i gang med tiltak innafør dei fleste av desse områda, og var i ferd med å få pionerstatus for arbeidet vårt med flyktingar og innvandrarar i Ryfylke og for måten vi arbeidde med å hente fram att, dokumentere og vidareføre tradisjonskunnskapen innafør dei gamle bygningshandverka. Vi fekk endatil diplom og prisar for det vi gjorde på desse områda.³ Da Museumsreforma blei sett i verk gjennom statsbudsjettet for 2002 var vi godt førebudde, og vi fekk ein god start med tildeling både av nye, faste driftsmidlar og tildeling av prosjektmidlar. Vi skal nedanfor sjå nærmare på noen av dei oppgåvene vi har arbeidd med.

EIT MANGFALD AV OPPGÅVER I KOMMUNANE

Sauda Sogelag har vore ei drivande kraft som har dratt mye av ressursane våre til Sauda. Det var sogelaget som peika på at viktige verdiar kunne gå tapt om ingen tok fatt i arbeidet med å verne Åbø-byen. Industriestaden blei tidleg peika ut som eit arbeidsområde for det nye regionmuseet, og det var lett å kaste seg ut i arbeidet i Sauda. Arbeidet med å finne fram til vernetiltak for byanlegget kravde mye av oss, men vi fekk til eit godt samarbeid med frivillige deltakarar, Sauda kommune og ikkje minst dei som budde i husa, og tykte vi gjorde ein viktig jobb. Arbeidet med Åbø-byen blei vidareført i arbeidet med etablering av Industriarbeidarmuseet i eit av husa i byanlegget.

Det var også sogelaget som tok initiativ til å verne Jonegarden på Hustveit da bruket kom for sal. Etter å ha tenkt oss om både ein og to gonger, blei vi med i eit samarbeid med Fylkesmannen i Rogaland, Sauda kommune og Nord-

EIT HEILT BYANLEGG SOM MUSEUM

Åbø-byen i Sauda, eller Amerikanarbyen som han og blei kalla, er eit bustadområde med om lag 120 hus som blei bygt av det kanadiske selskapet Electric Furnace Products Company Ltd. som ein del av vilkåra for å få konsesjon på utbygging og leige av vasskrafta i Storelv-vassdraget i Sauda. Husa skulle vera bustader for dei tilsette ved bedriften.

Dei første husa blei bygt frå 1916 og frametter, dei siste tidleg på 1970-talet. Husa hadde, etter si tid, høg standard og låg i eit velregulert område med gater, allear og park. Men byanlegget avspeglar samtidig ein streng sosial orden. Arbeidarbustadane blei bygt nærmast fabrikk, funksjonærbustadane høgare oppe, og bustadar for direktørar og ingeniørar aller høgst oppe og lengst borte frå fabrikk. Håkonsgata går som ein sosial streng gjennom heile anlegget, frå fabrikk nærmast sjøen, til direktørbustaden på oversida av Sneath's Park.

Etter at kostnadane med drift og vedlikehald av byanlegget blei for kostnadskrevjande for bedrifta, blei det i 1981 vedtatt å selja ut bustadane. Etter tilråding frå Riksantikvaren og Fylkeskonservatoren i Rogaland, og etter initiativ frå Sauda Sogelag om å komma i gang med det praktiske arbeidet, kom vi ved Ryfylkemuseet til å gå inn i eit omfattande og langvarig arbeid for å bidra til vern av denne særreigne busetnaden.



Ryfylkemuseet engasjerte seg i eit omfattande arbeid for å sikre vern av den særrege busetnaden i Åbø-byen i Sauda. Bildet er frå Wergelandsveien, truleg vinteren 1920–21.

Arbeidet omfatta utarbeiding av planar og rettleiingar, og praktisk arbeid med rådgiving og behandling av søknadar om ombyggingar, tilbyggingar og fasadeendringar etter at husa var selde til nye eigarar.

Mange av dei nye eigarane delte interessa for å ta vare på særreget. Men ikkje alle, og i dei ansvarlege organa i kommunen var ikkje skjønnnet om kva som passa og kva som ikkje passa alltid samanfallande med det museet og verneplanutvalet meinte. Resultatet er såleis ikkje i alle måtar vellukka, men i store trekk har vi lukkast med å ta vare på eit viktig minne frå den tidlege industrialiseringa i Ryfylke.

Rogaland og Sunnhordland friluftsråd om å ta varet på husa og landskapet i kring. Vi tok dessutan på oss ei rolle i arbeidet med å legge til rette for besøk og formidle historia til sinkgruvene i Allmannajuvet, og vi tok, ikkje minst, på oss eit stort arbeid med å ordne og katalogisere arkiva ved Sauda smelte-

verk. Desse omfatta arkivmateriale både frå smelteverket, kraftselskapet og fabrikkarbeidarforeininga.

Nabokommunen i sør, Hjelmeland, blei også raskt eit område med relativt stor aktivitet. Ja, han var det alt da regionmuseet blei etablert ettersom Viga-tunet var kome i eiga til

Rogaland Folkemuseum i 1975. Her har det heile tida vore vedlikehaldsoppgåver som har kravd merksemd, og det har vore organisert sommaropning med vertskap kvart år i tillegg til enkelte kvelds- og helgearrangement elles. Men her har det og vore rom for å ta opp nye oppgåver.

Alt i 1982 gjennomførte vi eit dokumentasjonsprosjekt om frukt- og bærdryrking, som hadde eit historisk perspektiv. Dette blei følgd opp gjennom ein samtidstdokumentasjon av to fruktgardar i 1998. Kunnskapar om frukt- og bærdryrkinga har seinare vore brukte både i publikasjonar og i ei utstilling, og vi har ein draum om å få etablert eit formidlingstilbod i Viga som set frukt- og bærdryrkinga inn i ein større samanheng der vi kan vise fram garden og bygdelivet som livsform. I samarbeid med kulturkontoret har vi dessutan, på ulike vis, lukkast med å formidle historia til småindustrien og sentrale handverk som sponarbeid og jærstolproduksjon.



I Hjelmeland tok dei mytene om museumsarbeid ved rota og kalle den frivillige gruppa for Makkamjølsklubben. Klubben arbeidde mest med samlingane til bygdemuseet, som nå er ein del av Ryfylkemuseet, men her er dei samla til innsats i Viga-tunet. Frå venstre: Sven Randa, Karen Hetlelid, Åse Jensen, Gudrun Ritland, Øystein Randa, Ånen Stråbø, Ola Meltveit, Åge Mæland, Ståle Moe og Knud O. Staurland. Åge Mæland og Ståle Moe var engasjerte til å utføre restaureringsarbeid i tunet. Ryfylkemuseet 1984.



Ryfylkemuseet er eit klart profilert bygdemuseum. Vi har eit særleg ansvar for å dokumentere bygda som livsform og leveveg. I Hjelmeland har vi følgd to fruktgardar gjennom eit heilt produksjonsår, og har som mål å utvikle eit tilbod i Viga der vi gir publikum opplevingar og kunnskap knytt til fruktdryrking, men og om dei verdiane som er knytt til «livet på landet». På den måten kan vi gi eit lite bidrag til kunnskapen om at det finst alternativ til stresset og forureininga og kriminaliteten i byane. Bildet er frå Eiane i Jøsenfjorden. Ryfylkemuseet 1998.

Den store saka i Hjelmeland har vore arbeidet med å ta vare på gamle fruktslag. Gjennom eit samarbeid med Nordisk Genbank har vi samla materiale frå ei rekke gamle fruktslag i Ryfylke. I første omgang blei desse planta ut att i den gamle hagen i Viga, der det var stor opning av ein frukthistorisk hage i 1990. Seinare har vi sett at det blei for dårleg plass i denne hagen, og vi har leigd jord til å utvide hagen og gi han ei form som er meir i samsvar med tradisjonen. Når trea her har vakse til vil Viga blir ein interessant stad å besøke for folk som er interesserte i frukthistorie.

Utanom Sauda og Hjelmeland er det i Suldal, vertskommunen, at vi har brukt det meste av dei ressursane vi har rådd over. Det har samanheng med at vi har krevjande oppgåver knytt til dei bygningssamlingane i Suldal som følgde med da regionmuseet blei etablert, men også at Suldal kommune har vore ein raus samarbeidspartnar som har gjort det muleg å få tilskott til ei rekke prosjekt som det ikkje hadde vore råd å setta i gang med innafor det driftsbudsjettet museet har hatt.



Vi satsa sterkt på å få til ein god dokumentasjon av Ulla-Førre-anlegga. Målet var å etablere eit vasskraftmuseum, seinare eit vassdragsmuseum, i Suldal. Vi fekk til ein ganske omfattande dokumentasjon, men museet blei ei blemme. Helga Møgedal var engasjert til å vera med på eit prosjekt for å intervju anleggsbusen. Her er ho i samtale med tunnelbas Emil Grindheim. Ryfylkemuseet 1984.

Alt i 1981 sette vi i gang med ein omfattande dokumentasjon av Ulla-Førre-anlegga. Vi var vitne til at den mest omfattande vasskraftutbygginga i landets historie gikk føre seg rett framfor føtene våre, og at dette truleg kom til å bli den siste av dei store kraftutbyggingane. Vi meinte derfor det var viktig å ta vare på ein del av kunnskapane om korleis det var å gjennomføre eit slikt anlegg, og sette i gang med eit stort intervju-prosjekt. Det var også meininga å bygge opp ei gjenstandssamling frå anlegget, og det var stor vilje til å få dette til frå øvste hald, men tenarane på lågare nivå skjønnte ikkje vitsen, og avhenda reiskap og utstyr før vi vann å ta vare på det. Vi la og ned mye arbeid i ein ide om å etablere eit vasskraft- eller

vassdragsmuseum i Suldal, men opplevde at Suldal kommune valde eit anna perspektiv på saka enn vi gjorde, valde oss vekk og til slutt valde heile ideen vekk. Nå håper vi at delar av denne ideen kan realiserast gjennom vern og bruk av Stasjon III i Sauda.

Det blei også tidleg spørsmål om ta over ansvaret for to mindre museum i Suldal: Jelsa skulemuseum og Erfjord bygdemuseum. Skulemuseet hadde stor interesse fordi det var eit av dei første skulehusa på bygda i Rogaland, og endatil lærarskule for omgangsskulelærarar. Det har seinare vore ein del av programmet for den omvisinga vi etablerte på Jelsa i lag med Suldal turistkontor, der den gamle kyrkja også inngår i programmet. Erfjord bygdemuseum var ei god bygdesamling som vi fekk stor glede av da vi hadde restaurert hovudbygningen på Håland og skulle innreie han. Saman med inventaret frå Barkeland, som blei gitt som testamentarisk gåve til Rogaland fylkeskommunen og så deponert hos oss, fekk vi til ei innreiring på Håland som er mellom dei beste vi har i museet.

Ei av dei største tiltaka Suldal kommune har vore med på er heimkjøp og restaurering av Ryfylke-jekta «Brødrene af Sand». Det var eit stort løft, og kunne berre gjennomførast ved



Det var eit stort løft, rekna i utgifter det største vi hadde tatt, da «Brødrene af Sand» blei kjøpt og restaurert. Heimkomsten i 1999 blei ein folkefest og aldri har noe tiltak ved museet samla deltakarar til ein så omfattande og langvarig dugnadsinnsats. «Brødrene af Sand» er truleg bygt i Yrkjesfjorden i 1867, og er den eine av to Ryfylke-jekter som framleis flyt. Den andre er «Jelse» som i dag hører heime i Fredrikstad.

BETRE MED EIT KULTURMINNESENTER I HANDA ENN TI PÅ TAKET

I rekka av bortkasta tiltak var arbeidet med eit kulturminnesenter i Rennesøy mellom dei meir interessante.

Ideen kom opp etter at utgravingar som følgje av Rennfast-utbygginga hadde avdekkja svært interessante spor etter tidleg busetting, mellom anna spor etter den eldste påviste buplassen i Norge. Rennesøy var dessutan den kommunen i Rogaland som hadde flest påviste fornminne. På denne bakgrunnen tok Næringsrådet i Rennesøy initiativ til å greie ut ein ide om eit fornminnesenter. Ryfylkemuseet blei invitert til å delta i denne utgreiinga saman med representantar for Rennesøy kommune og Arkeologisk museum i Stavanger. Det praktiske arbeidet blei utført av oss, med støtte frå DU i Ryfylke.

Arbeidet blei slutført i 1993, og vi la fram ei utgreiing saman med eit skisseprosjekt som var utvikla i lag med arkitektfirmaet Kon-Sul AS.

Senteret skulle ligge på Sørbo og gir rom til fast hovudutstilling, skiftande utstillingar, auditorium, møterom og kafeteria og det skulle formidle historia frå eldre steinalder fram til nåtidshistoria om fjordkryssing med ny teknologi. Det som gikk føre seg inne i bygningen skulle bindast saman med opplevingar og kunnskapsformidling ute. Det var eit skikkeleg bra opplegg som hadde vore vel verd ei realisering. Men entusiasmen og viljen til å løyve pengar var ikkje stor nok i Rennesøy, og da var det heller ikkje lett å be om pengar frå andre.

hjelpe av romslege løyvingar og stor dugnadsinnsats. Det var likevel Riksantikvaren som ytte den største økonomiske støtta til tiltaket.

I dei ytre kommunane var det Rennesøy som først meldte behov for assistanse. Alt i 1981 var det drøftingar om oppretting av ei museumsavdeling i Rennesøy. Med bakgrunn i desse drøftingane sette fylkeskommunen i gang ei utgreiing om sjøbruket i Rogaland som museumsoppgåve, og vi rådde til å opprette ei kystavdeling i Rennesøy. Men kommunen hadde ikkje pengar å setta inn i arbeidet og fylkeskommunen ville ikkje løyve alle pengane som trøngst, så det blei ikkje noe av.



Etter initiativ frå kultursjefen i Rennesøy har vi vore med og utvikla ein nyskapande museumsmodell i kulturhuset Meieriet i Vikevåg. Her er samlingane til bygdemuseet, bøker frå biblioteket, arkivmateriale og tilknytning til kjelder på verdsveven sett saman til eit informasjonstilbod kalla BibMus. Modellen har vekt stor interesse, og vil bli lagt til grunn for liknande tiltak andre stader. Ryfylkemuseet 2004.

Det neste, litt større tiltaket i Rennesøy var dokumentasjon og registrering av den gamle smia på Vikevåg Slip. Og så kom det aller største: Planlegging av eit kulturminnesenter på Sørbo. Men da utgreiingsarbeidet var slutt, var det heller ikkje for dette tiltaket råd å reise store nok lokale midlar til at det var muleg å finansiere tiltaket.

I 1995 laga vi ei utstilling i det nye kulturhuset i meieriet i Vikevåg. Ti år seinare blei utstillinga, etter initiativ frå ny kultursjef, ombygt og integrert med biblioteket på ein måte som framsto som eit pionerprosjekt i forhold til dei nye signala om sameining av arkiv, bibliotek og museum. Tiltaket fekk nemninga BibMus, og er blitt ein modell som fleire av kommunane ønskjer å bruke i utviklinga av sine egne bygdemuseum.

Det siste, store tiltaket i Rennesøy er istandsetting og opning av husmannsplassen Bakken. Det var kommunen sjølv som kosta istandsettinga, og ved eit arrangement i juni 2006 blei husmannsplassen overlate til Ryfylkemuseet for vidare drift og vedlikehald.

Men vi har ikkje berre reist til Rennesøy. Vi har og stoppa på Finnøy. Ved sida av å gi råd om forvaltninga av samlinga i bygdemuseet engasjerte vi oss i ein muleg dokumentasjon og formidling av drivhushistoria. I 1988 laga vi ei drivhusutstilling, som seinare også gikk på ei lita vandring. Men har det vore smått om midlar til museum og kulturminnevern i Rennesøy, har det vore enda mindre i Finnøy. Finnøy har vore med i ein del fellestilltak som blir omtala nedanfor, men vi har ikkje lukkast med å løyse ut verken kommunale midlar eller noen dugnadsinnsats av noe omfang i Finnøy, og har ikkje kome så langt med museumsarbeidet der.

Annleis da i Kvitsøy. Der har det vore både pengar og folk. Ikkje det at kommunen sjølv har hatt allverda å bla opp, men vi har lukkast med å få relativt god støtte frå fylkeskommunen til museumsarbeid der. Og så har det vore eit ganske godt driv i dugnadsarbeidet. Men også i Kvitsøy har det tatt lang tid å komma fram til noe resultat av strevet.

Vårt engasjement starta etter ein artikkel i Aftenbladet i 1989 der næringskonsulenten tok til orde for museumsverk-



Siste tilveksten til Ryfylkemuseet er Kvitsøy Hummermuseum. Museet har hatt ei provisorisk drift sidan 2001, men etter tilskott av omframme midlar, lokal dugnadsinnsats og eit omfattande arbeid frå vår side, kunne vi opne ei permanent utstilling i juni 2006 kalla «Hummeren – frå teine til sølvfat». Utstillinga er plassert i hovudetasjen i museums- huset og er første lekk i ei utvikling av museet. Det er vidare planar om motoravdeling i underetasjen og ei utstilling om fiske og levemåten elles på loftet.

semd som ein lekk i arbeidet med å utvikle turisme i kommunen. Det var i ferd med å bli stilt eit fint hus til rådvelde for formålet i Leiasundet, men før vi kom i gang med noe arbeid der hadde grunneigaren rive huset. Så gikk det mange år med synfaringar og møte og drøftingar før det utkrystalliserte seg ein ide om å laga eit fiskar- og hummarmuseum i eit sjøhus som kommunen disponerte i Ydstebøhavn. Museet blei opna med ei provisorisk utstilling da kongeparet besøkte Kvitsøy i 2001. Så blei det sett i gang eit arbeid med sikte på ei meir permanent løysing som i første omgang har ført til opning av utstillinga «Hummeren – frå teine til sølvfat» sommaren 2006. Arbeidet vil bli følgt opp med vidare utvikling av museet.

I saksarkivet vårt er det få kommunar som har lagt att så mye papir som Strand. Det skulle tyde på stor museumsaktivitet i Strand, men gjer det ikkje. Best har vi lukkast med den immaterielle kulturarven, det vil i praksis her seia folkemusikken, men arbeidet med bygningar og samlingar elles har ført til fint lite så langt.

Det har handla om eit stålverk, ein båtbyggerverkstad og etter kvart eit heilt gardstun og ei muleg båtsamling på Idse, ein møllepark på Tau, eit bygdemuseum på Tjøstheim, Jørpe- lands Brug, eit skulemuseum på Fiskå, landets påstått eldste bedehus og prosjektet «Gamle Strand» m.m. Men ingenting har kome lenger enn til møte- og synfaringstadiet. Det er det fleire grunnar til. Kan hende har Strand, som den største kommunen i Ryfylke, større vanskar enn dei mindre med å tru at det kan vera noe å hente hos ein liten museumsinstitusjon i ein liten kommune langt inne i fjordane?

Men noe skjer. Utanom folkemusikkarbeidet er vi i gang med eit interessant samarbeid med Stavanger Turistforening om utvikling av eit nyskapande utstillingsprosjekt på den nye fjellstova som turistforeninga skal bygge på Vatne, altså ved Preikestolhytta. Her er planar om ei utstilling integrert i nybygget og kombinert med ei forsiktig restaurering av hovudbygningen på Vatne-garden. Det blir eit hovudsasting for vårt engasjement i Strand dei nærmaste åra, og ei satsing der vi reknar med å nå mange. Det er om lag 100.000 som går til Preikestolen kvart år. Om berre ein del av dei finn interesse for utstillinga og Vatne-garden, vil det vise godt att på besøksstatistikken vår.

I den sørlegaste av fastlandskommunane, Forsand, skal vi hjelpe til med å laga ei museumsutstilling i biblioteket i kulturhuset på Forsandmoen. Det har altså heller ikkje her vore



Ryfylkemuseet har gått inn i eit samarbeid med Stavanger Turistforening om bevaring og formidling av minne om bruken av heia. For tida går det føre seg eit forarbeid til ei permanent utstilling som skal stå i den nye fjellstova ved Preikestolhytta og ei rehabilitering av Vatne-garden, som var den første staden turistane til Preikestolen tok inn. Det er eit relativt stort og interessant prosjekt. Utstillinga skal vera klar til nyttår 2007.

noen stor etterspørsel etter Ryfylkemuseet tidlegare. Vi har tolka det slik at Forsand har hatt sitt fokus i museumsspørsmål retta mot fortidslandsbyen Landa, og der er det Arkeologisk museum i Stavanger som har vore den naturlege samarbeidspartnaren.

Alt er ikkje sagt med dette. Det eg har prøvd å seia noe om er lokale aktivitetar i kommunane. Nedanfor og i andre artiklar

i dette heftet gjer vi nærmare greie for dei samlingane som nå hører inn under Ryfylkemuseet, og for fellestiltak av ulike slag. Det har vore ganske stor aktivitet i forhold til dei ressursane vi har hatt å ta av. Til frustrasjon både for oss og folk i kommunane er det lagt ned mye arbeid i gode idear som det ikkje har vore muleg å realisere. Det kan opplevast som sløsing med tid og pengar. På den andre sida har vi sett at det kan vera nød-

vendig med ein prosess som går over noe tid før det er råd å setta foten ned og seia at dette går vi for.

I jubileumsåret har vi gjennomført, eller held på med, eller har konkrete planar om lokale tiltak i alle Ryfylke-kommunane. Med det har vi nådd eitt av måla med etableringa av regionmuseet. Vi treng ikkje skjemst over det. Ei enda større utfordring har det likevel vore å løfte blikket og sjå kva Ryfylke kan bidra med i eit større perspektiv. Eit av poenga med å satse på ein regional museumsstruktur har vore å styrke det faglege arbeidet og knytte musea til nasjonalt og internasjonalt arbeid.

HANDLE LOKALT TENKJE GLOBALT

Det enkle utgangspunktet til fylkeskommunen var at Ryfylkemuseet skulle bygge opp samlingar i alle delar av regionen. Vi hadde alt ei stor bygningsssamling, og sjølv om ho var konsentrert til dei indre delane av regionen, var det ikkje økonomi til å tenkje seg ei omfattande utbygging av bygningsssamlinga i andre delar av regionen. Det var og gjenstandssamlingar i dei

fleste av kommunane. Av varierende kvalitet og omfang, rett nok, men vi hadde ikkje magasin til å kunne ta forsvarleg vare på store mengder nyinnsamla gjenstandsmateriale. Men utanom hus og gjenstandar mangla det meste av det kjeldemateriale som kunne hjelpe oss til kunnskap om fortida. Vi satsa på fotoinnsamling i relativt stor stil.

Arbeidet med fotoinnsamling var elles ikkje noe vi fann på heilt av oss sjølve. Spørsmål om fotobevaring sto på dagsorden for musea og arkiva frå tidleg på 1980-talet, og det har vore arbeid mye for samordning og samorganisering av innsamling og bevaring av fotografi i Rogaland.

Vi inviterte kommunane til samarbeid om fotoinnsamling. Metoden vår var å reise rundt med fotoutstyr for avfotografering av foto på staden. Til å hjelpe oss med å få inn fotografi for avfotografering og registrering av bilda, lærte vi opp lokale dugnadsfolk og folk frå kulturkontora. Suldal, Hjelmeland og Finnøy meldte raskt interesse for slikt samarbeid, og det blei gjennomført omfattande innsamlingsarbeid i desse kommunane.

Seinare blei det gjort eit avgrensa innsamlingsarbeid i Åbø-byen i Sauda. Dei andre kommunane hadde vald, eller valde andre løysingar. Initiativet førte altså ikkje til noen brei fotosamling frå heile Ryfylke i arkiva til Ryfylkemuseet, men resultatet av interessa for fotoinnsamling var likevel at det nå finst ganske gode samlingar frå dei fleste kommunane i Ryfylke. Dei største samlingane er hos oss og på Statsarkivet i Stavanger.

Både i Suldal og i Hjelmeland blei det i etterkant gitt ut bildebøker med eit utval av dei innsamla fotografia.⁴ Seinare har bildearkivet vore flittig brukt både av oss sjølve og av andre som har arbeid med bøker eller som har hatt behov for fotografi til andre formål.

Det har og vore andre innsamlings- og registreringsaksjonar med eit forsøksvis regionalt perspektiv. Ein av dei største var arbeidet med innsamling av materiale om sau og geit. Utgangs-



Ei omfattande fotoinnsamling var eit av dei første regionale tiltaka vi sette i gang med. Til å hjelpe oss inviterte vi til dugnad i dei ulike bygdene. Her er det samrådsmøte med registrator på Fister. Frå venstre: Gaute Berge Nilsen, Njal Tjeltveit, Trygve Brandal, Kari Fister, Else Vergervik, Jorunn Kleppa og Mikkel Lid. Ryfylkemuseet 1985.

punktet var ein ide om å skrive ei bok om drifteveggar og utviklinga i beiteorganiseringa i Ryfylke. Etter kvart som prosjektet tok form, blei det klart at boka og måtte ta for seg historia om heiabeiting i Ryfylke av smale frå Nord-Rogaland. Dermed blei prosjektet utvida til å handle om både Ryfylke og Haugalandet. Og det blei ikkje berre ei bok, men to: Ei om sauehald og heiaføring og ei om geitehald.⁵

I samarbeid med foreininga Ryfylkeprodukt starta vi i 1994 eit prosjekt for å få fram betre kunnskap om tradisjonsgrunnlaget for utvikling av nye produkt frå Ryfylke. Ideen var å satse meir medvete på design som har røter i det norske. Inspirasjonen var henta frå dei olympiske vinterleikane på Lillehammer, og prosjektet blei sett på som ei regional side ved det designprogrammet som blei utvikla i framkant av OL. Gjennom ein møteserie som blei gjennomført i samarbeid med lokale produsentar, husflidslag, bondekvinnelag og pensjonistlag blei det oppretta kontaktar og gjennomført registreringar av lokalt handverk og gode husflidsprodukt i fem av Ryfylke-kommunane. Det lukkast dessverre ikkje foreininga Ryfylkeprodukt å følgje opp denne registreringa, slik det var tenkt. Men materialet ligg i alle fall der til framtidig bruk.

Eit anna prosjekt lukkast betre. I samarbeid med Rogaland Bondekvinnelag, Gladmat, Ryfylke IKS, Rogaland Landbrukselskap og dei andre regionmusea i fylket deltok vi i innsamlinga av oppskrifter på tradisjonsmat. Også her var ideen å samle inn eit materiale som kunne nyttast i arbeidet med utvikling av gode menyar for serveringsstader i fylket, altså eit næringsutviklingstiltak. Vårt bidrag er m.a. nytta i ei flott bok med oppskrifter frå Rogaland.⁶

Ovanfor har vi skrive om arbeidet med å bygge opp ein frukthistorisk hage i tilknytning til Viga-tunet i Hjelmeland. Ryfylke har vore storleverandør av frukt og bær, ikkje berre til byen, men også over Nordsjøen til England. Arbeidet med utvikling av hagen i Viga handlar såleis om meir enn hagebruk i Hjelmeland, og dei sortane vi samlar skal bli eit representativt utval av frukt- og bærsortar frå heile regionen og delvis ut over regiongrensene.

Mye av det som er omtala ovanfor fortener merksemd ut over det lokale miljøet der tiltaka er gjennomførte. Men på tre område har vi oppnådd resultat og fått merksemd for det vi driv med både nasjonalt og internasjonalt. Det gjeld bygningsvern, folkemusikk og den fleirkulturelle utfordringa. I dette heftet har vi sett av plass til nærmare omtale av desse arbeidsområda.

MØTE MED PUBLIKUM

Å vera samfunnsminne er ei av hovudoppgåvene til museet. Det eg har skrive om ovanfor handlar mye om å dokumentere og registrere ulike sider ved liv og verksemd i Ryfylke.

Det å vera møtestad er den andre hovudoppgåva. Å møte publikum, formidle kunnskap og opplevingar, forklare samanhengar, pirre nyfikkna og av og til våge å reise ein debatt. Ved Ryfylkemuseet bruker vi om lag 40% av arbeidstida vår på kvar av desse to hovudoppgåvene. Dei siste 20% går til administrasjon og leing av verksemda.

Det handlar om utstillingar, omvisingar, foredrag, turnear, tokt, seminar, konsertar, servering, aktivitetsdagar, kvelds- og helgearrangement av ulike slag, sommartilbod og førjulsmoro, bøker, hefte, brosjyrar og mediekontakt. Det er ei lang liste med tiltak kvart år som knapt er synlege i årsmeldingane, men som oppmagasinerer seg i form av mange overtidstimar hos eit personale som ofte må jobbe når andre har fri. Her er ikkje rom for å gå i detalj om alt dette. Det ville dessutan raskt gjera lesarar som måtte ha følgd med så langt umåteleg trøytt. Men eg vil gjerne trekke fram noen tiltak som vi meiner er viktige.

Først eit tiltak som ikkje blei altfor mye oppskatta da vi heldt på, men som vi ser har fått ein meir påkosta oppfølgjar i ettertid. I ein periode heldt Ryfylkerådet seg med eit kulturutval.⁷ Der fekk Ryfylkemuseet vera med. Mellom dei tiltaka som blei sett i verk var ein Ryfylke-konferanse. Den første blei arrangert i 1987 og handla om særtrekk ved Ryfylke. Seinare handla det om Ryfylke-produkt, trivsel, kulturlandskap, kultur og turisme, Ryfylke-identitet, strandstadene i Ryfylke og om kommunefellesskap. Men dei to siste var i røynda konferansar som blei arrangert gjennom eit samarbeid mellom kulturkontoret i Hjelmeland og Ryfylkemuseet etter at kulturutvalet til Ryfylkerådet hadde sovna inn og kultursjefen i Hjelmeland ønskte å utvikle Spinneriet i Hjelmelandsvågen til eit aktivt kulturhus i regionen. Etter mange år gjenoppsto Ryfylke-konferansen i meir storslagen form, med Ryfylke IKS som arrangør, og er nå blitt eit årvisst arrangement att.

Ein ide som har vore med oss heilt frå starten er produksjon og distribusjon av vandreutstillingar. Vi har tenkt at i ein så mangslungen og tynt befolka region som Ryfylke måtte det vera fornuftig å laga utstillingar som kunne vandre, i staden for å lage permanente utstillingar som berre blei viste ein plass. Men utstillingsteknikken og dei materialane som har vore i bruk til slike formål har vore tungvinte å bruke på utstillingar

som skulle sendast rundt. Det er såleis først dei siste åra at vi har kome rettelig i gang med slike utstillingar.

Den første utstillinga som blei sendt ut på vandring var ei utstilling kalla «Ryfylke – museum – fortid – framtid». Den blei opna i Forsand hausten 1992 og etterpå sendt rundt til alle kommunane i Ryfylke. Temaet var museum og utstillinga var meint å vera eit middel til å få til ein dialog om innhaldet i museumsarbeidet i regionen. Året etter blei ei veksthusutstilling frå Judaberg sendt på vandring i Finnøy og Rennesøy.

Som følgje av arbeidet med dokumentasjon av gamle bygningshandverk blei det i 1998 laga ei utstilling om byggeskikken i Ryfylke som gikk på vandring dette og neste år. I 2003 laga vi, i samarbeid med Stavanger Turistforening, ei utstilling kalla «Turist i Ryfylke». Etter å ha stått på Sand som sommarutstillinga, blei denne sendt på vandringa og var innom mange av Ryfylke-kommunane. Ho sto dessutan på hurtigbåtterminalen i Stavanger ein periode.

Den siste utstillinga som har vore på vandring så langt er utstillinga «Din myte – mi forteljing» som formidlar resultat av arbeidet med å dokumentere innvandring i Ryfylke. Utstillinga blei produsert i 2005 og var på vandring utetter hausten og vinteren 2005/2006. I skrivande stund står utstillinga «Ekte vare – Ryfylkemuseet 25 år» i Nesa-sjøhuset på Sand. Det er ei utstilling som vil bli bydd fram som vandretstilling til kommunane hausten og vinteren 2006/2007.

Vandretstillinger kombinert med foredrag og organiserte skulebesøk er ein effektiv måte å nå ut til folk på. Men det er ganske ressurskrevjande. Det er dyrt å produsere gode utstillinger og det tar mye tid reise rundt med dei. Vi er likevel innstilte på at dette må bli ei arbeidsform som må utviklast vidare.

Vi har og sett at bøker og andre publikasjonar er ein god måte å nå fram til fleire på. Ryfylkemuseet har derfor halde ein



Det er ei stor utfordring å utvikle dei gamle bygdetuna slik at dei har appell til eit publikum som er vane med ein mediestorm av aktive underhaldningstilbod. Vi prøver å bygge vidare på driftsmodellar som har vist seg slitesterke i mange land, samtidig som vi vil gi kvart enkelt av tuna våre ein profil som gjer kvar av dei til unike opplevingar. Vi starta på Kolbeinstveit, der vi har satsa på å vidareutvikle ideen om eit levande museum. Konseptet omfattar buande vertskap, dyr, servering av tradisjonskost, utstillingar, film, konsertar og aktivitetsdagar. Resultatet har vore oppløftande. Besøket har auka monaleg. På bildet Ingrid Holmboe Høibo og Bård Kleppe som i 2006 var vertskap på fjerde året.

nokså høg profil på den faglitterære fronten. Det gamle Rogaland Folkemuseum hadde gitt ut ei årbok kalla «Frå byg og by i Rogaland». Siste utgåva av denne hadde kome i 1979. Frå 1984 tok vi opp att tradisjonen, men med nytt namn. Første utgåva av «FOLK i Ryfylke» kom i 1984. Dei først åra med to utgåver i året, frå 1989 som årbok.

For å få breidde i stoffutvalet i ein periode da vi var få tilsette inviterte vi med oss folk til å sitte i eit redaksjonsutval for boka. Det førte til at vi fekk eit godt kontaktnett, og artikkelstoffet hadde god spreing i regionen. Enkelte nummer hadde sterkare konsentrasjon om eit vald tema enn andre, og frå 1991 har årboka vore bygt opp omkring eit tema. Det har handla om møtestader, samvirke, øykultur, kvinner, strandstader, husflid, mat og måltider, ungdom, fjordafarten, framtida, byggeskikk,

folkemusikk og Ryfylke. Dei to siste nummera har hatt museumsavdelingane Kolbeinstveit og Hustveit som tema. FOLK i Ryfylke er eit tenleg medium for å formidle kunnskap som går noe meir i djupna enn ei utstilling kan gjera. Opplaget har dei siste åra vore 1200–1500 eksemplar.

Attåt årboka har vi sjølve gitt ut eller levert manus til ei rekke bøker. Dei tyngste, målt både i vekt og fagleg innhald, bygger på omfattande forskingsprosjekt finansiert gjennom omframme midlar. Av dette slaget er 6 tjukke bind med bygdehistorie frå Suldal.⁸ Bygdebokarbeidet i Suldal held fram. Nå er det gamle Jelsa kommune det blir arbeidd med. Kraftutbygginga har avleira seg i form av eit par forskingsprosjekt med tilhørande publikasjonar⁹. Historia om sauene og geita har vi alt nemnt og likeeins biledebøkene. I samarbeid med Stavanger Turistforening og som ein lekk i arbeidet med utstillinga «Turist i Ryfylke» ga vi ut eit hefte om turismen i Ryfylke.¹⁰

Innafor dei tre arbeidsområda som vi reknar som satsingsområde har vi gitt ut ei rekke publikasjonar. Resultata av bygningsvernprosjektet blei i første omgang presenterte i ein skriftserie med følgjande titlar: «Bygging med stein», «Konstruksjon i tre», «Treet som virke», «Glas, dører og listverk» og «Taktekking».¹¹ Seinare blei oppdaterte resultat samla i ei temautgåve av FOLK i Ryfylke for 2001. Arbeidet med bygningsvernet har og ført til utgiving av rettleingshefte for folk som vil ha råd om korleis ein best kan ta vare på husa sine.¹²

Arbeidet med folkemusikkarkivet har ikkje berre ført til utgiving av bøker, men også av lyd, og gjerne i kombinasjon. Alt i 1989 gav vi ut hovudoppgåva til Ruth Anne Moen, som hadde tittelen «Folkemusikkformidling». Seinare kom «Songar frå Jelsa»¹³, «Fela i ura»¹⁴ og «Den yndigste rose»¹⁵. I skrivande stund blir det arbeidd med ei bok og ein CD med songar frå Strand i samarbeid med Strand Mållag.

Engasjementet i det som blir kalla den fleirkulturelle utfordringa har ført til utgiving av tre rapportar¹⁶. Den første av desse, rapporten om flyktingane frå det tidlegare Jugoslavia som strevde med å finne seg til rette i eksil i ei lita bygd, blei tatt i bruk som undervisningsmaterieill på Høgskulen i Stavanger, og blei raskt uteld. Dei to andre har ikkje vore tilsvarende opplagssuksessar.

Alt har vi ikkje funne på sjølve. Det kjem noen til oss og spør om hjelp til å samle stoff og gi det ut i bokform. Ein tidleg opp-



Kvinnerns liv og kvinnerns arbeid har ikkje alltid vore så synleg i musea. Vi kan skryte av at vi har lagt vekt på å inkludere kvinnene i dokumentasjonen av den nære fortida. Noe av det første vi gjorde var å samarbeide med Sand bondekvinnelag om eit prosjekt kalla «Då besta va´ung». Det omfatta eit dokumentasjonsprosjekt, ei utstilling om kvinnfolkarbeid og eit teksthefte. Tiltaket blei så populært at det kom busslaster av bondekvinnelag for å sjå resultatet og bli inspirerte til å gjera liknande dokumentasjonsarbeid hos seg sjølve. På bildet er det Brita Førland og Borghild Moe som reinskar ferdig kokt innmat til blandpølse. Ryfylkemuseet 1981.

dragsgjevar var Ryfylkerådet. I samarbeid med det gav vi ut både ei praktbok om Ryfylke¹⁷ og ei vegbok om Ryfylkevegen¹⁸. Etter initiativ frå kulturutvalet i Suldal kommune gav vi ut ei minnebok, eit hundreårsskrift, om Johan Veka.¹⁹ I same sjanger var boka om Johan Hovda, som vi gav ut etter initiativ frå familien.²⁰ På oppdrag for Sauda Fabrikkarbeiderforening skreiv vi 75-års saga deira.²¹ Ei interessant oppgåve var å skrive historia om Hiimsmoenkollektivet etter at kollektivet hadde overlevd dei første 20 åra.²² Boka handlar ikkje berre om kollektivet, men tar og med den historia Hiimsmoen har hatt som lakseslott og tuberkulosesantatorium. I skrivande stund er vi i gang med enda ei bok av dette slaget. Hjelmeland sparebank har engasjert oss til å skrive si 100 års soge. Den skal vera ferdig til utgangen av 2006.

Ryfylkemuseet er registret som forlag, og vi har tatt på oss ein del utgivingar for andre forfattarar. Ein av desse var Njål Tjeltveit (1943–2001) som døydde midt i den lokalhistoriske forfattargjærningen sin. Største suksessen hadde han med boka om kaiane i Ryfylke²³, som kom i to opplag. Det er den einaste boka vi har gitt ut som vi har trykt i fleire opplag. Same året som andre opplaget av kai-boka kom, ga han ut ei bok om etterkrigstida, om den nære fortida i Ryfylke.²⁴

I 1992 kom Jon Moe og ville gi ut stoff hos oss. Jon Moe var ein vel etablert journalist og forfattar som hadde gitt ut bøker i fleire opplag på Gyldendal tidlegare, så det var gildt at han ville bruke oss. Det blei to bøker, «Geiterams» med eit utval artiklar som forfattern hadde hatt i tidskriftet *Bondevennen* og «Kari» 1994, ei sog om Kari Hjorteland som utvandra til Amerika i 1903.

Vi kunne ha gitt ut fleire bøker både av Njål Tjeltveit og Jon Moe og andre, men det blei for krevjande. Både fagleg og administrativt butta det i mot. Vi hadde ikkje apparat til å drive forlagsverksemd attåt den primære oppgåva vår, som var å drive museum, så vi måtte etter kvart takke nei til nye tilbod om manus. Den økonomiske risikoen var dessutan stor. Vi kunne nok tene pengar på enkelte av bøkene, men ei mislukka utgiving ville tære alvorleg på driftsbudsjettet vårt. Utgiving av bøker, hefte og mindre brosjyrer vil nok framleis vera ein viktig del av verksemda vår, men da vil det vera publikasjonar som er nært knytte til andre oppgaver som vi arbeider med.

Vi har altså måtta sette bremsene på for enkelte aktivitetar. Men eg er helst litt imponert sjølv over alt vi faktisk fekk til med den vesle staben vi hadde. Nedanfor skal vi sjå nærmare på utviklinga av personalet.

PERSONALMANGEL OG UNDERFINANSIERING

Ryfylkemuseet hadde ei fortid forma av frivillige entusiastar. Da den nye tilskottsordninga for musea blei innført gav det grunnlag for tilsetting av lønna fagpersonale. Det var eit stort framsteg, sjølv om det i første omgang berre var snakk om ei halv stilling.

Ved starten i 1981 var det berre ei stilling ved museet. Året etter blei det oppretta ny stilling for museumsassistent. Så skulle det gå 5 år før museet fekk utvida den faste staben. I 1987 blei det oppretta halv stilling for kontorassistent. Ryfylkemuseet var kleint utrusta til å fylle oppgåva som regionmuseum for heile Ryfylke. Ryfylke dekker om lag halve Rogaland, er både stort og tungreist, og hadde ein svært desentralisert museumsstruktur.

Det mest fortvila var at museet ikkje lukkast med å få midlar til handverkarstilling. Museet var eit relativt stort bygningsmuseum, det største i Rogaland, og med sjeldne og representative bygningar i samlingane sine. Ved ein kombinasjon av strenge prioriteringar, frivillig innsats og omframme løyvingar lukkast det å halde forfallet noenlunde i sjakk. Men resultatet blei i mange tilfelle mellombelse løysingar, løysingar som var svakt funderte i tradisjonen og eit etterslep som berre voks. Først i 1995 fekk vi midlar til oppretting av fast stilling for handverkar. Men berre ein. Vi burde hatt to. Ryfylkemuseet har ikkje hatt tilstrekkeleg bemanning verken til å ta vare på den bygningsmassen som følgde med som arv frå Rogaland Folkemuseum eller til å ta i ferde med dei utfordringane som ligg i oppgåva med å utvikle eit regionmuseum for heile Ryfylke.

Også på eit anna område har løyvingane sitte langt inne. Etter eit initiativ frå m.a. fylkeskultursjefen tok vi i 1981 til å arbeide med å bygge opp eit folkemusikkarkiv for Rogaland. Her skulle det gå 10 år før det blei løyvd midlar som kunne gi grunnlag for tilsetting av konservator, først i halv stilling, og frå 1996 full stilling.

I mellomtida var også kontorassistentstillinga utvida til full stilling. Frå 1996 hadde vi såleis 5 faste stillingar. I tillegg hadde vi heile tida lukkast med å skaffe oss omframme inntekter som gav grunnlag for tilsetting av mellombels personale i ulike prosjekt og innleige av ekstrahjelp. Den staben som skulle ivareta den ordinære drifta av museet, og samtidig ta initiativ til, organisere og finansiere utviklinga av museet var likevel framleis liten.



Frivillig innsats har vore ein viktig del av dei ressursane museet har hatt til rådvelde. Her er det Suldal Museumslag som har vårreingjering på Kolbeinstveit. Frå venste: Thorolv Vandvik, Ommund Berge, Albert Moe, Bjørn Eikeland, Gyrid Bakka, Gunnvor Bakka og Valborg Berge. Ryfylkemuseet 1983.

Vi knytte derfor store voner til den museumsreforma som Kultur- og kyrkjedepartementet sette i verk frå 2002. Etter denne skulle museumssektoren bli tilført 40 mill. «friske» kroner kvart år i 5 år. Vilkårret var at musea organiserte seg i såkalla konsoliderte museumseiningar innafor høvelege regionar, og at desse museumseiningane deltok i etableringa av nasjonale museumsnettverk. Vi var tidleg ute, fekk dei fleste av kommunane med på avtalar om fusjonering av musea i Ryfylke, og la inn søknadar om styrka bemanning i budsjett-søknadane våre. Nå blei styringa til fylkeskommunane sett til

sides. Heretter skulle musea søke særskilt støtte frå staten, fylkeskommunen og kommunane.

Første året, altså i 2002, fekk vi midlar til oppretting av fast stilling for antikvar. Det var eit uttrykk for godkjenning av det systematiske arbeidet med å utvikle kompetanse i bygningsvernet som vi hadde drive med sidan 1995, og det var ei kjærkomen styrking av arbeidet med bygningsavdelinga vår. Året etter fekk vi midlar til ein pedagogstilling. Dermed hadde vi 7 faste stillingar, eit par prosjektstillingar og ytterlegare midlar til innleie av ekstrahjelp og sesongtilsette. Vi hadde hatt ein sterk

auke i staben, men merka oss at departementet sjølv meinte at ei konsolidert museumseining som eit minimum burde ha 8–10 stillingar. Vi låg framleis under det, kjente forventningane om auka innsats i kommunane som eit sterkt og vedvarande press, og strekte oss langt for å vera mange stader på ein gong.

Signala frå staten er ikkje lenger eintydig positive, men vi

har fått melding om ein foreslått auke i løyvingane frå Kultur- og kyrkjedepartementet på 583.000 kroner i 2007. Ein del av dette er øyremerka arbeidet med Byggnettverket, men dersom også fylkeskommunen og vertskommunen finn høve til å styrke budsjettet vårt, kan dette gi grunnlag for oppretting av ny stilling for handverkar.

DET STØRSTE VONBROTET

Alt første driftsåret tok vi opp arbeidet med å dokumentere vasskraftutbygginga. Det var ikkje unaturleg. Ulla-Førre-anlegga, Norges største vasskraftanlegg til da, gikk føre seg rett utafor dørstokken vår, samtidig som dette den gongen blei framstilt som den siste store vasskraftutbygginga i landet.

Det blei raskt etablert eit kunnskapsrikt arbeidsutval med medlemmar frå Suldal kommune, Ulla-Førre-anlegga, fagforeiningane og museet, som året etter, i 1982, la fram forslag om etablering av eit vasskraftmuseum i Suldal. Det blei frå ulike hald stilt midlar til disposisjon for gjennomføring av eit dokumentasjonsarbeid, der eit relativt omfattande intervju-prosjekt var ein vesentleg del, og det blei løyvd midlar til eit lite forskingsprosjekt om noen av verkknadane ein omfattande anleggsperiode kunne ha på eit avgrensa bygdesamfunn.

Konkretiseringa av museumsideen skisserte eit hovudsender på Suldalsosen med satelittar ute langs vassdraget og ved installasjonar oppe i heia. Det var påverknaden frå økomuseumsfilosofien som låg bak dette forslaget til eit desentralisert vassdragsmuseum.

Etter å ha arbeidd med ideen i 10 år var lukka stor da Suldal kommune sa seg villig til å engasjere ein prosjektleiari i full stilling som kunne ta prosjektideen vidare. Nå viste det seg undervegs at dei ideane vi hadde lagt til grunn for museet ikkje passa med det konseptet som den nye prosjektleiaren og hennar styringsgruppe utvikla. Vi støtta likevel arbeidet, og valde å gå inn i Stiftelsen Norsk Vassdragsmuseum, da ein valde å organisere det vidare arbeidet med ideen slik.

Dessverre viste det seg at stiftelsen verken greidde å gi museet ei form som fekk plass innanfor dei økonomiske



Ulla-Førre-anlegga var det største vasskraftanlegget i landet til da, og det gikk føre seg rett utafor dørstokken vår. Vi sette alt første driftsåret til regionmuseet (1981) i gang med eit arbeid for å dokumentere verksemda og førebu eit museum om kraftutbygging og kraftforsyning. Vi spurte endatil om å få overta ein av dei store dumparane som var i arbeid på dei svære dammane. Men vi fekk han ikkje, og vi fekk heller ikkje den nødvendige tilliten til å kunne realisere museumsideen. Norsk Vasskraftmuseum er seinare etablert i Odda.

rammene som var stilt til rådvelde, eller eit innhald som var tillitvekkande, og Norsk Vassdragsmuseum blei avvika i 1995.

Det var eit stort vonbrot. Vi hadde arbeidd med ein ide, som i utgangspunktet var nyskapande, i 15 år før han blei rota bort av eit regime som ville laga nasjonalt opplevings-senter på Sand i staden for eit vassdragsmuseum i Suldal.

EIT NETTVERK AV EIGENINTERESSER

Den faglege visjonen for utviklinga av eit sjølvstendig museumsstell for Ryfylke hadde fylkeskommunen formulert slik i avtalen med Rogaland folkemuseum: «Rogaland folke-museum er innstilt på å bygge opp gjenstandssamlingar for heile Ryfylke-regionen». Bortsett frå ei nokså snever oppfatning av kva eit museum skulle drive med mot slutten av det 20. hundreåret, gav det i alle fall uttrykk for ein regional ambisjon.

Ryfylke var dei 8 kommunane som var att etter at resten av Rogaland var delt inn i høvelege regional kring økonomiske, kommunikasjonsmessige og kulturelle sentra. Ryfylke hadde ikkje noe samlande sentrum utanom Stavanger, men derimot sprikande strategiar for korleis dei enkelte kommunane kunne få til ei best muleg utvikling for seg. Dei søre kommunane såg seg best tente med ei sterkare tilknytning til Stavanger og Nord-Jæren. I nord framsto ei sterkare tilknytning til Nord-Rogaland og Haugesund som attraktivt. Alle stader trudde ein at betre vegar og fastlandssamband over og under sjøen var det som skulle til for å skape vekst og trivsel i regionen. Kultur var eit perifert virkemiddel i det strategiske utviklingsarbeidet.

Det var museet sjølv som måtte utvikle strategiar og tiltaksplanar og finne ressursar til å gjennomføre planane. Nokså snart utkrystalliserte det seg tre prioriterte arbeidsfelt:

- Bygda, med særleg vekt på dei sidene ved primærnæringsane som var spesielle for Ryfylke: Skogbruk, stølsbruk og frukt- og bær dyrking
- Industristaden, med vekt på miljøbevaring og dokumentasjon av anleggsarbeid
- Strandstaden, også her med vekt på miljøbevaring ved sida av dokumentasjon av handverk, handel og sjøbruk

Det var likevel slik at aktivitetane i stor grad kom til å rette seg etter lokale initiativ og engasjement. Dette førte til at det meste av dei ressursane som sto til rådvelde blei brukte på oppgåver i Suldal, Sauda og Hjelmeland. I Sauda blei arbeidet med vern av Åbø-byen og arbeid med å etablere eit industriarbeidarmuseum ei stor oppgåve.

For å komma vidare inviterte museet til samarbeid om ein plan for utvikling av eit museumsstell inspirert av modellen for Västerbottens museum i Umeå i Sverige. Eg hadde fått eit kulturstipend frå Rogaland fylkeskommune for å finne meir ut om

dette framgangsrike museet nord i Sverige, og såg for meg ein museumsmodell der ansvaret for innsamling, dokumentasjon, forskning og museums pedagogisk utvikling låg på regionmuseet, medan vi tok vare på den desentraliserte strukturen gjennom utvikling av bygdetun og museums slag som aktivitetspunkt i lokalsamfunna.

Dette var i 1986. Museet hadde da to faste stillingar, ei styrarstilling og ei assistentstilling og eit driftsbudsjett på 800.000. Det var snautt, og vi foreslo at kommunane skulle vera med og finansiere ei ny stilling gjennom eit tilskott frå kommunane utrekna etter folketalet. Det gikk ikkje. Verken da eller seinare. Noen av kommunane sa seg villige til å vera med eit stykke på veg, d.v.s. til å vera med på finansiering av ei halv stilling, men det var uråd få alle med. Bortsett frå vertskommunetilskottet har dei kommunale driftstilskotta til Ryfylkemuseet vore svært smålatne og knytt til aktivitetar i eigen kommune. Det har ikkje vore noen kommunal vilje til å løfte fram eit regionalt museumsstell for Ryfylke. Det var heller ikkje noe kommunalt initiativ som låg bak etableringa av eit regionmuseum. For å komma denne situasjonen i møte har museet søkt å knyte kommunane tettare til museet gjennom sterkare deltaking i styringa.

PÅ SJØLVSTYR

Styret for museet det året omgjeringa fann stad var sett saman av folk frå Jæren, Stavanger og Ryfylke. Slik såg styret ut i 1980:

Jan Hendrich Lexow, Stavanger (leiar)
Lars Hellemo, Stavanger
Einar Sæland, Jæren
Sverre Kvadsheim, Jæren
Odd Stråpa, Ryfylke
Toralf Vandvik, Ryfylke

Heilt sidan etableringa av Rogaland Folkemuseum hadde museet hatt ei sterk fagleg tilknytning til Stavanger Museum. Nå var det konservator Jan Hendrich Lexow som ivaretok dette ansvaret. Men også Lars Hellemo var akademikar.

På årsmøtet i 1981 blei det semje om å styrke Ryfylke-representasjonen ved at ein av representantane frå Stavanger gikk ut til fordel for ein ny frå Ryfylke. Året etter sa Lexow frå seg attval etter å ha vore med i styret i 30 år. Også denne gongen blei Stavanger-representanten bytta ut med ein frå



På årsmøtet i Hjelmeland i 1982 gikk Jan Hendrich Lexow ut av styret etter å ha vore med i 30 år, frå 1975 til 1981 som formann. Den nye formannen, Ola Meltveit, takkar for innsatsen. Ryfylkemuseet 1982.

Ryfylke. Nå sat det fire frå Ryfylke, to frå Jæren og ein frå fylkeskommunen i styret. Ny styreleiar blei Ola Meltveit frå Hjelmeland.

I 1983 blei vedtektene endra. Arbeidsområdet blei nå avgrensa til Ryfylke og namnet på museet skulle vera Ryfylkemuseet. Bakgrunnen for dette var m.a. at samlingane på Jæren, i praksis Grødalands-tunet, var overtatt av Hå bygdemuseum. Og nå blei det vald eit styre med berre ryfylkingar, to representantar frå kvar av kommunane Sauda, Suldal og Hjelmeland. Med dette var også alle dei årsmøtevalde styremedlemmane frå 1980 skifta ut og striden om omgjering av museet til regionmuseum og plassering av hovudkontor tilbaketog.

Ola Meltveit var bonde og ein mann som snakka språket til ryfylkingane. Samtidig skapte han eit godt og konstruktivt miljø i styret. Dette la grunnlaget for sterkare vekt på faglege initiativ. Arbeidet med dokumentasjon av Ulla-Førre-anlegga, landets største vasskraftanlegg, og arbeidet med etablering av eit muleg vasskraftmuseum blei sett i gang.

Meltveit sat i styret til 1991, altså i 10 år. Men han let formannsklubba over til Børge Skeie i 1988. Skeie hadde vore med i styret like lenge som Meltveit, og blei sittande som leiar i 10 år. Han hadde ein kombinasjon av engasjement og menneskekunnskap som tok museet noen viktige steg framover. Overtaking, restaurering og innreining av hovudbygningen på Håland er eitt av resultatane etter hans innsats. Med sin yrkesbakgrunn som bedriftslege utvirka han også at Ryfylkemuseet tidleg fekk på plass eit HMS-system.

Etter Ola Meltveit og Børge Skeie er funksjonstida til styreleiarane blitt stuttare. Trygve Brandal sat i 4 år, Arnulf Honerød i 2 og Terjer Hidle førebels i 2 år. Men alle hadde fartstid i styret før dei blei valde til leiarar, og har såleis ivaretatt ein god kontinuitet i utviklinga av museet. Klimaet i styret har i hovudsak vore godt, og det har vore stor semje om dei val og prioriteringar som er gjort.

Fram til 1993 var museet organisert som ei foreining. Styremedlemmane, utanom representanten til fylkeskommunen, blei rekruttert mellom medlemmane i museet. Dei var først og fremst interesserte i museet som kulturminne og historieforvaltar. Det var tilfeldig om dei kunne tilføre museet kompetanse på viktige område som strategitviking, økonomistyring eller personalforvaltning, men erfaringane frå denne perioden var likevel at styret ga gode bidrag til den tidlege utviklinga av museet.

Da museet i 1993 blei omgjort til stifting fekk kommunane sterkare representasjon i styret, på kostnad av dei frivillige medlemmane. Ein håpte at dette skulle styrke kommunikasjonen med kommunane og gi grunnlag for eit sterkare kommunalt engasjement. Men dette skjedde ikkje. Kommunane nemnte i hovudsak opp folk som hadde eit nokså perifert forhold til den politiske leiinga i kommunane. Kombinert med stutt funksjonstid (2 år) gjorde dette at dei kommunale representantane i liten grad har bidratt til å knyte museet og kommunane sterkare saman.

Som følgje av endringar i Stiftelseslova har det i 2006 vore nødvendig å gjera nye endringar i vedtektene for museet. Styret har vald å nytte det høvet til å invitere kommunane til ei enda sterkare deltaking i styringa av museet. I eit utkast som blei sendt ut på høring blei alle kommunane inviterte til å få eit fast medlem i styret, oppnemnt for fire år om gongen. Det slutta kommunane seg til, og dei nye vedtektene vil bli sett i verk frå 1. januar 2007.



Etter årsmøtet i 1983 var alle dei årsmøtevalde jærbuane og Stavanger-folka i styret skifta ut med Ryfylkingar. Her er dei fotograferte på ei synfaring til Bjørkeneset i Suldal i april 1983. Frå venstre: Olav I. Oftedal, Tone Årthun, Ommund Berge, Ola Meltveit, Børge Skeie og Jan Ommundsen. Representanten for fylkeskommunen, Stein G. Sægrov, var ikkje med på synfaringa. Ryfylkemuseet 1983.

Museet håper at kommunane etter dette vil prioritere museumsarbeidet høgare, at dei vil nemne opp styremedlemmar med god kontakt med den politiske leiinga i kommunane og at vi kan få eit sterkare regionalt engasjement i utviklinga av museet.

FRAMTID FOR EIT REGIONMUSEUM I RYFYLKE

Kva verdiar som gjeld og som blir prioriterte skiftar gjennom tidene. Ei god stund nå er det rask økonomisk profit som har

hatt første prioritet. Det er økonomi som har vore den gyldige målestokken for det meste, og andre verdiar har kome i bakgrunnen. Men nå skjer det endringar. Vi merkar det på fleire måtar. I Ryfylke kanskje best ved at vi er i ferd med å få ei innvandring som er klart basert på andre verdiar. Her kjem unge familiar frå tett befolka område på kontinentet som vil bort frå stress og mas, stoffmisbruk, kriminalitet og eit ureina miljø. Og vi les i magasin som er opptatte av å formidle nye trendar at nå er det det ekte, det varige og det som har identitet som

gjeld. Såleis kan det vera grunnlag for å tru at det musea driv med kan opplevast som viktigare for fleire og få større merksemd.

Men det er ikkje alle som delar eit slikt syn. Da kulturmeldinga blei behandla i Stortinget var Fremskrittspartiet negative til fleire av forslaga, og meinte at «kulturinstitusjoner i størst mulig grad bør innrette seg etter private finansieringskilder». Vidare sa partiet at «Prosjekter bør ikke kunne påregne offentlig støtte som hovedinntektskilde».²⁵ Fremskrittspartiet var også skeptisk til delar av Museumsreforma og foreslo at «Stortinget ber Regjeringa om å gjøre museene om til aksjeselskaper, slik at de kan stå friere til å drive mer effektivt». Vi merker oss likevel at partiet i sitt alternative statsbudsjett for 2007 seier seg nøgde med at regjeringa foreslår auka løyvingar til å oppretthalde den norske kulturarven.

Også lokalt har det vore mørke skyer på himmelen. Ryfylke er ein skjør konstruksjon. Det Ryfylke som blei skapt som følge av Bygningslova frå 1965 har vist seg ikkje å halde. I dag har samarbeidet mellom Ryfylke-kommunane innskrenka seg til Finnøy, Forsand, Strand, Hjelmeland og Suldal. Kvitsøy, Rennesøy og Sauda har meldt seg ut. For dei ytre kommunane har det ikkje vore sjølvstøtt at museumssamarbeidet skal rette seg innover mot eit museum med hovudsete i Suldal. Men alle desse kommunane har, som følge av Museumsreforma, inngått avtale om slikt samarbeid, og vårt utgangspunkt er derfor at vi i overskodesleg framtid skal ha heile det området som blei definert som Ryfylke i 1965 som arbeidsområde.²⁶

I forarbeidet til omgjerdinga av Rogaland Folkemuseum til regionmuseum for Ryfylke blei Vindafjord nemnt som ein muleg del av museumsregionen Ryfylke, og vi hadde i starten ein del kontakt med bygdemuseet i Vikedal. Under arbeidet med den såkalla konsolidering dei siste åra var vi i kontakt med Karmsund Folkemuseum om ei muleg justering av grensene for ansvarsområda til desse to musea, men dette førte ikkje til noe. Både fagleg og økonomisk kunne det vore grunnar til å vurdere grensene for museumsregionen, men det er altså ikkje grunnlag for å tenkje seg verken noe tillegg til eller noen avgrensing av det området som er arbeidsområdet vårt i dag.

Det faglege innhaldet har nedfelt seg i handlingsplanar som bygger på innspel frå kommunane og styringssignal for fylkeskommunen og staten. Staten valde å vidareføre den

museumpolitikken som har vore ført sidan ABM-meldinga kom i 1999 da Kultur- og kyrkjedepartementet la fram ei ny kulturmelding i 2003.²⁷ Her vel departementet å signalisere prioritering av følgjande tema:

- Den fleirkulturelle utfordringa
- Vidareføring av gamle handverk (m.a. innafor bevaring av bygningar)
- Kunnskap om kultur og natur og om samspelet mellom desse

Vekta på kystkultur og industri- og sørvisnæringar blir og oppretthalde.

Dette passer godt i hop med dei samlingane Ryfylkemuseet nå har, og den kompetansen som er bygt opp. Vi merkar oss dessutan at folkemusikken og folkedansen har fått eit eige kapittel i denne kulturmeldinga, og at departementet peikar på den utfordringa som ligg i at det også innafor folkemusikken nå er eit breitt mangfald av kulturar i Norge. Dette er det ei utfordring for oss å gripe fatt i, som ei oppfølging av engasjementet vårt i det fleirkulturelle.

Dei overordna styringssignala som gjeld for musea i Norge, og den positive dialogen som vi har med kommunane i Ryfylke, gir grunn til optimisme i forhold til framtida. Den faglege kompetansen ved museet er dessutan høg, og vi har eit konstruktivt og kreativt miljø for drøftingar av korleis vi skal møte utfordringane.

Roy Høibo (58) har vore leiar for Ryfylkemuseet sidan museet blei omgjort til regionmuseum i 1981.

NOTAR

- ¹ Museumsplan for Rogaland, Fylkeskulturstyret i Rogaland 1992
- ² Resultatet kom i NOU 1996:7 MUSEUM – Mangfold, minne, møtestad
- ³ Fenix-priset 1998, Årets Museum 1999, Statens kulturminneråds diplom 2001, Folkeopplysningsprisen 2005
- ⁴ Høibo, Roy: *Folk og hus i Suldal*, Stavanger 1984. Høibo, Roy og Tjeltveit, Njål: *Hjelmeland – Bilete frå farne år*, Stavanger 1987
- ⁵ Brandal, Trygve og Tjeltveit, Njål: *Sau og hei*, Ryfylkemuseet 1996, og av same forfattarar: *Geit og støl*, Ryfylkemuseet 1998.
- ⁶ Størseth, Marit m.fl. (red.): *Et på kjøkkenet i Rogaland*, Stavanger 2002
- ⁷ Arbeidet til Ryfylkerådet er fyldig omtala i FOLK i Ryfylke 2003.
- ⁸ Drange, Ernst Berge: Sand – *Gardar og folk I-III*, Suldal kommune 1997-2000. Drange, Ernst Berge: *Erfjord – Gardar og folk I-II*, Suldal kommune 2004. Høibo, Roy: *Soga om Sand*, Suldal kommune 1993
- ⁹ Høibo, Roy: *Blant silkebus og bønder – ei studie av bygdekultur i ei anleggstid*, Ryfylkemuseet 1987, Høibo, Roy: *Ulla-Førre – Noregs største vasskraftprosjekt*, Stavanger 1987, Larsen, Trine Marie: *Stev og støvsuging – ei gran-sking av kulturelle endringar i Suldal etter Ulla-Førre utbygginga*, Ryfylkemuseet 1995
- ¹⁰ Brandal, Trygve: *Turist i Ryfylke*, utstillingskatalog, i samarbeid med Stavanger Turistforening, Ryfylkemuseet 2003
- ¹¹ Holmboe, Grete: *Prosjekt Bygningsvern i Ryfylke*, Rapport nr. 1-5, Ryfylkemuseet 1996-1999.
- ¹² Holmboe, Grete: *Rettleiing om utbetring av bustadhus i Åbø-byen*, Sauda kommune 1982, og *Byggeskikk på Sand, Rettleiing for huseigarar*, Suldal kommune 1993.
- ¹³ Haga, Øystein og Moen, Ruth Anne (red.): *Songar frå Jelsa*, hefte og CD, i samarbeid med Jelsa skule 1992
- ¹⁴ Moen, Ruth Anne (produsent): *Fela i ura – Folkemusikk frå Bjerkreim*, i samarbeid med Vibå spelemannslag 2000.
- ¹⁵ Moen, Ruth Anne (red.): *Den yndigste rose – Julesalmar frå arkivet*, bok med CD, Ryfylkemuseet 1999
- ¹⁶ Høibo, Roy: *Den lange vegen – Rapport om museet og den fleirkulturelle utfordringa*, Ryfylkemuseet 1999, Høibo, Karoline og Høibo, Roy: *Den fleirkulturelle bygda – Rapport om innvandring i Ryfylke*, Ryfylkemuseet 2002 og Ramstrøm, Ann Kristin: *Migranten og kvardagslivet – ei undersøking av tru og kvardagsliv*, Ryfylkemuseet 2005.
- ¹⁷ Høibo, Roy og Tjeltveit, Njål: *Ryfylke – Liv og landskap*, Stavanger 1989.
- ¹⁸ Høibo, Roy og Tjeltveit, Njål: *Kulturhistorisk vegbok Ryfylkevegen*, Ryfylkemuseet i samarbeid med Ryfylkerådet 1992.
- ¹⁹ Bakka, Gunnvor, Drange, Ernst Berge og Olimstad, Ingvar (red.): *Med Suldal i hjarta – Johan Veka, eit hundreårsskrift*, Ryfylkemuseet 1996.
- ²⁰ Høibo, Roy (red.): *Frå Ulladalen til Debre Zeit – Johan Hovda fortel*, Ryfylkemuseet 2005.
- ²¹ Drange, Ernst Berge: *Mænd som ved hvad solidaritet er – Sauda Fabrikkarbeiderforening 75-årsberetning*, Sauda 1999
- ²² Brandal, Trygve (red.): *De(t) umulige – Historien om Hiimsmoenkollektivet*, Stiftelsen Hiimsmoenkollektivet 2004.
- ²³ Tjeltveit, Njål: *Bygda sitt hjarta – Båtstoppestader i Ryfylke*, Ryfylkemuseet 1993 og 1994.
- ²⁴ Tjeltveit, Njål: *Etterkrigs-Ryfylke – 50 år i forandring*, Ryfylkemuseet 1994.
- ²⁵ Innst.S.nr.155 (2003-2004). Innstilling frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om kulturpolitikk fram mot 2014.
- ²⁶ Ryfylke har vore eit landskap av skiftande storleik opp gjennom tidene. I FOLK i Ryfylke 2003 har vi gjort greie for korleis både dei ytre grensene for regionen og dei indre grensene mellom kommunane har skifta.
- ²⁷ St.meld. nr. 48 (2002–2003) Kulturpolitikk fram mot 2014.



Vigatunet i Hjelmeland følgde med i startpakken som Ryfylkemuseet overtok etter Rogaland Folkemuseum. Dei gamle bygningane i tunet vart kjøpte av Hjelmeland kommune i 1970 og overdregne til Rogaland Folkemuseum fem år seinare.

Samlingar på kvart eit nes

Av Trygve Brandal

I denne artikkelen skal vi sjå kva Ryfylkemuseet rår over av samlingar av gjenstandar, foto, lydband, film og arkivmateriale, og korleis desse har kome i stand. Ein del av samlingane overtok vi i arv frå forgjengaren Rogaland Folkemuseum. Det meste har likevel kome til i løpet av dei 25 åra Ryfylkemuseet har eksistert. Noko har vi fått uoppfordra frå folk i regionen, men mykje av det vi har er resultat av ei planmessig innsamling av materiale gjennom mange ulike prosjekt som museet har hatt gåande. Vi torer konkludera med at museet sine samlingar, publikasjonar og utstillingar i større grad reflekterer breidda av temakrinsar frå det omkringliggjande samfunnet i fortid og notid i dag enn det gjorde for 25 år sidan. Men vi må sannkjenna at vi ikkje har dekkande samlingar på alle felt som vi kunne og burde ha det på. Viktige felt er framleis dårleg dekkta i våre samlingar og dårleg reflektert i aktiviteten til museet.

Ryfylkemuseet har eksistert i 25 år og forløparen Rogaland Folkemuseum i 70 år. I løpet av denne tida har det blitt bygt opp betydelege samlingar. Museet eig bygningar og farty, men med samlingar tenkjer vi først og fremst på materiale som gjenstandar, foto, lydband, videoband, papirmateriale og bibliotek.

Grovfordelinga er slik (tal pr. utgangen av 2005):

Bygningar	56 stk.
Farty og båtar	13 stk.
Gjenstandar	ca. 15 000 stk.
Foto	ca. 64 000 stk.
Lydband	1050 stk.
Filmar og videoband	128 stk.
Privat- og prosjektarkiv	60 hyllemeter
Bibliotek	ca. 2400 bøker

Ryfylkemuseet er eit stort bygningsmuseum med 56 bygningar i si eige. Dei aller fleste bygningane ligg i dei tre indre Ryfylkekommunane Suldal, Sauda og Hjelmeland.

Jekta «Brødrene» er den mest verdifulle og påkosta «gjenstanden» i museet si eige. Ho vart overteken i 1997 og gjenomgjekk ei omfattande restaurering ved Hardanger Fartøyvernssenter i Norheimsund fram til 1999.1 tillegg til «Brødrene» eig museet 12 åpne robåtar av ulik storleik. Desse er plasserte på Sand, i Båtsvikjo ved Suldalsvatnet, i Erfjord og i Viga.

Museet har i si eige ca. 15 000 gjenstandar med smått og stort. Vi er eit desentralisert museum, og gjenstandane er plasserte på rundt 20 ulike stader. Dei fleste stader har vi museum «på rot»: Bygningane står på sin opphavlege plass i tunet der dei høyrer til, og gjenstandane inne i husa er autentiske frå staden. Vi har også betydelege samlingar av foto, lydband, film og video og arkivmateriale.

EIN LANG PROSESS

Gjenstandsmassen ved Ryfylkemuseet har blitt bygt opp gjennom ein lang prosess. Då museet vart etablert som regionmuseum for Ryfylke i 1981, fekk ein overdrege bygningar og samlingar som forgjengaren Rogaland Folkemuseum hadde hatt i Ryfylke. Mykje av det låg i Suldal. Det galdt hus med gjenstandar i på Kolbeinstveit, husmannsplasset Røynevarden, stampa på Kvestad, eit kvernhusanlegg på Øystad samt Kvednahola med kvernhus, tørkehus og hus for ei vassdriven sag. Dessutan vart tre hus på Håland i Erfjord og Vigatunet i Hjelmeland overteke. I Vigatunet var det slik at bygningane i første omgang hadde blitt kjøpte av Hjelmeland kommune, som så overdrog eigedomsretten til Rogaland Folkemuseum. Husinventar og gjenstandar følgde ikkje med i handelen. Dei skulle framleis tilhøyra grunneigaren på garden, og slik er situasjonen framleis.

Utover på 1980-talet skulle Ryfylkemuseet få hand om fleire bygningar og samlingar. I 1982 testamenterte Olga Oppedal



Industriarbeidarmuseet i Åbøbyen i Sauda vart opna i 1988. Det ligg i Haakonsgt. 51-53, som vart bygt i 1917. Det er innreidd to husvære i huset, eit frå 1920 og eit frå 1960. Her ser vi stova frå 1920.

det meste av inventaret i hovudbygningen på Barkeland i Jelsa til Rogaland fylkeskommune. Fylkeskommunen overlet ansvaret for samlinga til Ryfylkemuseet. Året etter vart samlingane i Erfjord bygdemuseum, som talde vel 1500 gjenstandar og var samla i to skulehus i Vik, overdregne til museet. Denne bygdesamlinga hadde blitt bygd opp gjennom langvarig innsamlingsarbeid i bygda sidan 1950-åra.

1984 var eit år då mykje skjedde på museumsfronten i Ryfylke. Soknepresten i Jelsa, som styrte Den Riibergske Stiftelse, utferda brev til museet med løyve til å disponera det gamle skulehuset på Jelsa til museumsformål. Etter initiativ frå personalet ved Jelsa skule var det skipa eit skulemuseum i huset. Ei stor privat gjenstandssamling på Sand, tilhøyrande Johs. W. Rasmussen, vart kjøpt av museet det same året med støtte frå så vel offentlege som private sponsorar.

Også i Sauda fekk museet eit gjennombrudd dette året. Ved ei gåve frå smelteverket via Sauda kommune fekk vi overta huset i Haakonsgate 51–53 i Åbøbyen, og der fekk industriarbeidarmuseet plass. Det vart innreidd to husvære i bygget, og gjenstandar til desse kom til i løpet av dei følgjande åra inn som gåver frå bygdafolk. Samtidig som museet fekk overdrege

huset i Åbøbyen, fekk ein også den kommunale gjenstandssamlinga, som i dag finst i Sauda museum i sentrum, og ei løyve i Slettedalen. I 1989 fekk museet eigedomsrett til bygningar og inventar på Jonegarden på Hustveit, som staten hadde kjøpt to år før.

Etter veksten i 1980-åra framstår 1990-åra som ei rolegare periode for Ryfylkemuseet. Ingen nye bygningar eller større samlingar vart innlemma i museet, om vi då ser bort frå kjøpet av Nesasjøhuset på Sand og ombygging av det til hovudsete for museet. Men museet fekk ein stor flytande «gjenstand» i si eige. Jekta «Brødrene af Sand» vart overteken i 1997 og gjennomgjekk ei omfattande restaurering ved Hardanger Fartøyvernssenter i Norheimsund fram til 1999, før ho kunne venda heim til Sand som eit flytande museumsanlegg.

Etter tusenårsskiftet skulle det så skje meir att på struktursida i museumsstellet i Ryfylke. Staten sett i gang Museumsreforma, eit program for konsolidering og oppgradering av musea. Museums-Norge skulle organiserast innanfor høvelege museumsregionar. I Rogaland og Ryfylke var mykje av denne organiseringa på plass allereide. Men hausten 2001 vart det sett i gang eit arbeid for å få til tilfredsstillande avtalar om konsolidering av museumsverksemda i Ryfylke, og det vart oppnådd avtalar med dei kommunane som museet ikkje hadde nært nok samarbeid med frå før. Bygdemusea vart samordna med regionmuseet, og Ryfylkemuseet fekk ansvar for all museumsverksemd i Ryfylke i etterreformatorisk tid. Museumssamlingane i bygdemusea, som tidlegare hadde vore den enkelte kommune sitt ansvar, vart formelt anten gitt til eller deponert til Ryfylkemuseet. Ved deponi vart eigedomsretten til samlingane framleis verande i kommunane. Dei fire kommunane det vart inngått avtalar med i 2001–2002 var Rennesøy, Finnøy, Forsand og Kvitsøy. I Rennesøy fall ei ny brikke på plass i 2006, då husmannsplasset Bakken vart overført til Ryfylkemuseet. På Kvitsøy hadde det lenge vore kontakt mellom regionmuseet og lokale krefter om museumstiltak knytta til fiskerinæringa. Dette materialiserte seg i juni 2006 med nyopninga av Kvitsøy Hummermuseum, som held til i eit sjøhus på Grønningen som Kvitsøy kommune eig. Det var den eine etasjen med utstillinga «Hummeren – fra teine til sølvfat» som vart opna då. Resten av utstillingane i museet håpar vi skal vera klare til sommaren 2007.

Av ulike grunnar vart ikkje Hjelmeland kommune med i den første runden med kommunane. Avtalen med Hjelmeland om

innlemming av Hjelmeland bygdemuseum under Ryfylkemuseet vart ikkje inngått før i 2006. Suldal og Sauda hadde ikkje bygdemuseum på sida av Ryfylkemuseet, og det private Strand bygdemuseum valde å stå utanfor samarbeidet med regionmuseet.

RYFYLKE RUNDT

Ryfylkemuseet er eit utprega desentralisert museum med museumsanlegg og samlingar i dei fleste Ryfylke-kommunane. Vi skal gje ein presentasjon av desse samlingane, og startar i det nordaustre hjørnet av regionen.

I Sauda er det samlingar tre stader: på industriarbeidarmuseet i Åbøbyen, på Jonegarden på Hustveit og på Sauda Museum i sentrum. Industriarbeidarmuseet i Åbøbyen vart opna i 1988, etter at Ryfylkemuseet hadde overteke bygningen frå Sauda kommune tre år før. Huset, som ligg i Haakonsgate 51–53, vart bygt i 1917 med god standard etter dåtidas målestokk. Det hadde opprinneleg fire husvære, to oppe og to nede. I dag er det innreidd to leiligheter i den eine enden av huset, ei frå 1920-åra og ei frå 1960-åra. Møblar og husgeråd som er plasserte i dei har museet fått som gåve frå folk i Sauda. Det kom tilbake noko originalt inventar, og også det andre i husværa er tidstypisk for si tid, om ikkje alt er autentisk frå nett dette huset. I den andre enden av huset er det temautstilling frå Sauda si historie samt møterom og kontor.

Jonegarden på Hustveit vart kjøpt av staten til friluftss- og naturvernforemål i 1987, etter at den siste eigaren, Jone Hustveit, var død. To år seinare vart det inngått samarbeidsavtale om Jonegarden mellom Staten v/Fylkesmannen i Rogaland, Sauda kommune, Friluftsrådet Vest og Ryfylkemuseet. Museet fekk eigedomsrett til bygningane i tunet og ansvar for restaurering, vedlikehald og drift av dei. Her hadde det heile tida vore alderdommeleg drift på garden og lite utvikling i bygningsmassen på bruket. Inventaret i husa er autentisk, men noko redusert i forhold til slik det var før. Innbuet kom nemleg på auksjon etter at Jone Hustveit var død. Søskenbarnet hans, Halldis Rørvik, kjøpte opp om lag halvparten av det som kom på auksjon og sikra det på den måten for fram-



Jekta «Brødrene af Sand» er den mest verdifulle og påkosta «gjenstanden» i museet si eige. Ho vart overteken i 1997 og gjennomgjekk ei omfattande restaurering ved Hardanger Fartøyvernssenter i Norheimsund fram til 1999, då ho kunne venda heim til Sand som eit flytande museumsanlegg.

tida på Hustveit. Ryfylkemuseet kunne overta inventaret ved hjelp av pengar som Sauda kommune stilte til disposisjon.

Sauda museum i sentrum av Sauda (Torggt. 6) rommar ei lokalsamling med ulike reiskapar frå Sauda og tekniske nyvinningar frå 1900-talet i heimen og på kontoret, Dorthea Rabbes samling og Valborg Liens strikkestove. Opptakten til samlinga vart gjort av Kulturminnemndra i Sauda, og dei første åra var ho plassert på Høllandsheimen. Det er kulturkontoret i Sauda som har utvikla samlinga dei siste åra.

I Suldal kommune har vi gjenstandar plasserte på dei åtte anlegga våre i kommunen. Det er i museet sitt arkiv i Nesasjøhuset på Sand og i utstillingslokala der, på Kolbeinstveit, Røynevarden, Øystad og Kvestad, i Kvednahola, på Håland i Erfjord og i skulemuseet på Jelsa. Gjenstandane er utplasserte i miljøutstillingar i husa. Dessutan har vi ein del gjenstandar plasserte i to andre lokale på Sand – i Tysdalsverkstaden og i eit leigd lagerlokale på Gardaneset.


Ved hovudsetet i Nesasjøhuset på Sand har museet i mange år hatt ei fast utstilling i øvste etasje om strandstaden Sand. Her er det ei miljøutstilling om arbeidsliv og sosialt liv på ein tettstad i Ryfylke, med vekt på 1800- og 1900-talet. I andre etasje har museet skiftande temautstillingar.

På Kolbeinstveit er det tilhøyrande gjenstandar i alle husa. Her er berre ein mindre del av gjenstandane autentiske, i den forstand at dei har høyrte til på garden i lang tid. Før museet overtok Kolbeinstveit i 1955, dvs. gardstunet og eit større tilstøytande område, hadde det vore pakta bort i over 50 år. Noko av det gamle inventaret til familien Kolbens-tvedt stod att, men mykje var borte, og pakta-rane tok med seg alt sitt når dei flytte. Museet sine folk, med styreleiar Peder Heskestad i spissen, tok etter 1955 til med å samla inn gjenstandar frå Suldal, og desse vart plasserte på Kolbeinstveit. Slik sett kan ein langt på veg sjå på gjenstandane på Kolbeinstveit som ei bygdesamling for gamle Suldal kommune, med vekt på gjenstandar frå innhus og uthus i det gamle bondesamfunnet.

Røynevarden i Øvre Suldal er ein av dei få husmannsplassa som er tekne vare på for museumsføremål her i landet, og endå meir eineståande er det at husa står på sine opphavlege tuffer. Plassen vart busett i 1830-åra og fråflytt like etter krigen. Rogaland Folke-museum fekk kjøpa husa på Røynevarden i 1947 og 1948. Så godt som alt inventaret som er i husa i dag er autentiske og har vore brukte på staden i lang tid.

Medan vi først er i øvre Suldal, må vi også nemna kyrkje-båten som museet har liggjande i eit naust i Båtsvikjø ved Suldalsvatnet, nedanfor Hamrabøgrenda. Det er ein båt på 23 fot som vart bygd av Nils Bakka i Kvilldal kring 1920. Båten vart kalla Kyrkjebåten, men han vart også brukt av folket i Hamrabø til skyssing av dokter og jordmor, til skyssing av lik, til vedlikehald av bryggja i Lalid m.m.

Kvednahola er eit lite stryk i elva rett attmed riksveg 13 mellom Vasshus og Ritland i nedre Suldal. Her hadde gardane Ritland,



Ryfylkemuseet sine anlegg er spreidde over heile Ryfylke.

Vasshus og Førland kvernene sine. Til kvernene høyrde «turker», eller kornørker, som dei trong for å tørka kornet før det blei male. I alt skal det ha stått 11 hus i Kvednahola, men berre murane syner att etter fleire av dei. Museet har i dag to kvernhus her, eit kvernhus med tørke og eit hus for ei vassdriven sirkelsag. Kvernhusanlegg har museet også på Øystad i Kvilldal, og på Kvestad eig vi ei fullt restaurert stampe. I alle desse husa er det nødvendig utstyr til maling, tørking, skjering og stamping.

Skulemuseet på Jelsa ligg i det gamle skulehuset der. Formelt er det Den Riibergske Stiftelse som eig huset, og soknepresten i Jelsa styrer denne stiftinga. Stiftinga har sitt opp-

hav i eit gåvebrev utferda i 1755 av Marcille Riiberg, brordotter til jelsapresten Mentz Blix, til bygging av skule på Jelsa. Barneskulen heldt til i dette huset til først på 1900-talet. Ei tid var det også lærarskule for omgangsskulelærarar her. I 1974 tok lærarane på Jelsa skule med Hans Risa Johnsen i spissen initiativ til skiping av skulemuseum i huset. Dei følgjande åra pågjekk det restaurering av huset og innsamling av skulehistoriske gjenstandar og lærebøker, og i 1983 kunne skule-museet opnast for publikum.

I Erfjord overtok Ryfylkemuseet tre bygningar på Håland etter Rogaland Folkemuseum. Dei hadde fått Målabua og Homannsbua med røykstova i gåve frå Hadle Håland i 1960.

Målastova med sin malte dekor på tak og vegger er eit særprege døme på utanomkyrkjeleg romdekorasjon frå 1600-talet. Seinare overtok museet også gardshuset og gjekk i gang med ei omfattande rehabilitering av det. Innbu og gjenstandar til huset vart henta frå Erfjord bygdemuseum si samling og frå storgarden Barkeland i Jelsa. Innbuet der hadde museet fått hand om tidlegare, etter at siste eigar Olga Oppedal hadde testamentert det til Rogaland fylkeskommune. Dei gjenstandane frå Barkeland og frå Erfjord bygdemuseum som ikkje vart brukte i miljøutstillinga i gardshuset på Håland, er plasserte i magasinet på Åmøy.

Erfjord bygdemuseum er såleis nedlagt som eige museumsanlegg. Arbeidet med samling av museumsgjenstandar i Erfjord tok til i 1962, med Johannes Ramsfjell som ei drivande kraft i arbeidet. Samlinga vart etter kvart styrt av ei nemnd vald av Erfjord bondelag. Ho talde etter kvart rundt 1500 gjenstandar og vart plassert i to skulehus frå Erfjord, som vart flytta og sette opp like ved riksvegen i Vik. I 1984 vart samlinga overført til Ryfylkemuseet, og det vart skipa eit lokalt museumslag i Erfjord til å delta i det vidare arbeidet med samlinga. Den omfattande bygdesamlinga leid av at ho var plassert i tronge og dårlege bygningar. Plassen var for liten til å få til noko form for temautstillingar, og inneklimate vart for skiftande og for dårleg til at det var muleg å ta skikkelig vare på tinga. Dette kunne ikkje gå i lengda, og enden på visa vart at gjenstandane vart flytta dels til Håland og dels til magasinet på Åmøy.



Ved opprettinga av Ryfylkemuseet i 1981 var registreringa av gjenstandar mangelfull. På Kolbeinstveit i Suldal vart det sett i gang ei grundigare registrering frå 1983 ved hjelp av studentar. Her er det Aina Aske og Marit Ruud som er i sving.



Arbeidet med byggja opp ei lokal gjenstandssamling i Erfjord starta tidleg i 1960-åra. Bygdemuseumssamlinga vart overført til Ryfylkemuseet i 1984. Ho heldt til i to eldre skulehus som var sette opp i Vik. Der var inneklimate så dårleg at gjenstandane stod på skade, og dei vart difor overførte dels til museumsavdelinga på Håland og dels til museumsmagasinet på Åmøy.



På Sand hadde Johs. W. Rasmussen bygd opp ei større bygdesamling. Denne vart kjøpt av Ryfylkemuseet i 1984 ved hjelp av pengar frå fleire sponsorar.

Vigatunet i Hjelmeland vart overteke av Rogaland Folke-museum i 1975, etter at Hjelmeland kommune hadde kjøpt bygningane fem år før. Innbuget og inventaret i husa skriv seg frå garden og er plasserte på sin naturlege plass rundt om i husa i tunet. Gjenstandane i husa høyrer formelt til grunneigara-ne til det gardsbruket i Viga som museumstunet ligg til (i dag Oddbjørg og Tor Helge Hegglund), men museet vonar på at det skal la seg gjere å få ein avtale med grunneigarane, slik at også gjenstandane i dei gamle bygningane i Vigatunet vert museet sin eigedom.

I Viga har vi også ein frukthistorisk hage med rundt 150 tre. Det er laga nye tre av eldre eple-, pære- og plommesortar frå

Ryfylke. Den eldste delen av hagen vart tilplanta i 1990 og den nyare delen dei siste par åra. Ryfylkemuseet samarbeider med Nordisk Genbank om tiltaket. Den frukthistoriske hagen i Viga har status som eit klonarkiv i genbanken, saman med åtte andre frukthistoriske hagar i Norge. Det spesielle med frukttré er at dei ikkje kan takast vare på i form av frø, som mange andre kulturplanter, men må takast vare på i levande live, som tre i vekst. Vi har også hatt eit nært samarbeid med Statskonsulenten i hagebruk ved Norges Landbrukskøleskule på Ås. Heile tida har det vore kontakt med fruktdyrkarmiljøet i Ryfylke, gjennom Rogaland Fruktdyrkarlag.

På Rennesøy har vi gjenstandar på utstilling i Bibmus i kul-

turhuset Meieriet i Vikevåg. Denne samlokaliseringa og samanvevinga av bibliotek, museum og arkiv vart opna i 2004 og har framstått som eit pionerprosjekt. Gjenstandane i Bibmus er henta frå Rennesøy bygdemuseum. På husmannsplasset Bakken, som Ryfylkemuseet overtok ansvaret for i 2006, er det gjenstandar i husa som har høyr til der frå gammalt av. I Rennesøy kommune ligg også fellesmagasinet på Åmøy, der alle musea i Rogaland har magasinlokaler. Dei ligg inne i fjellhallar, som opprinneleg vart bygde av det militære for lagring av bomber og granatar. Der disponerer vi eit rommeleg brann- og tjuverisikkert lagerrom med tenleg hylleinneiing og kontrollert klima, og der har vi magasin for mange av museet sine gjenstandar. På Kvitsøy er det i fleire år drive målretta innsamling av gjenstandar til utstillingane i hummarmuseet.

Dei fleste gjenstandane som museet har høyrer til i dei 56 bygningane vi rår over. Men vi har også ein god del gjenstandar utan slik tilhøyring. Det meste av slikt har vi fått i gåve gjennom åra, og noko har vi kjøpt. Vi har fått ei rekke interessante gjenstandar i gåve. Sidan hovudsetet for museet ligg på Sand, er det naturleg at mesteparten av gåvene kjem frå folk på Sand eller i Suldal. Museet tok nok lenge imot det meste av det som vart tilbydd, så sant det såg nokolunde heilsleg og skikkeleg ut. Etter kvart har vi nok vorte litt strengare i vurderinga av kva tilbod vi skal takka ja til. Til saman har vi fått eit par tusen gjenstandar i form av gåver sidan 1981.

Større samlingar eller dødsbu er det sjeldan museet har fått overta. Slike ting kjem oftast på auksjon, og då er det som regel andre som har betre råd. Men i nokre få tilfelle har vi fått innlemma større samlingar i museet. Den første store samlinga vi fekk hand om var samlinga etter bygdesamlaren Johs. W. Rasmussen (1894–1972) på Sand. Denne vart kjøpt i 1984 for 70 000 kroner. Midlane skaffa museet frå Norsk Kulturråd, Sparebanken Rogaland, SR-Bank Sand og Suldal kommune. Samlinga består av kring 750 gjenstandar. Store grupper er verktøy, lagga ting og steinty. Ho inneheld også ein del møblar og ymse reiskap.

Ein spesiell og verdfull gjenstand fekk museet hand om i 1988. Det var Kristian 3.s bibel frå 1550, som vart kjøpt på auksjon etter Liv Håland i Erfjord. Etter tradisjonen skal bibelen ha vore på Håland sidan første del av 1600-talet. Denne bibelutgåva er kalla Reformasjonsbibelen og er den første utgåva av Bibelen på dansk.

BYGDEMUSEA

Som resultat av tilskuv i den statlege Museumsreforma, som har som målsetting å oppretta sterkare konsoliderte museumseiningar rundt om i landet, vart det som nemnt fram-anfor inngått avtalar i 2001-2002 med dei fleste kommunane om fusjonering av bygdemusea med Ryfylkemuseet. Dermed vart også desse Ryfylkemuseet sitt ansvar. Vi har bygdemuseumssamlingar i Rennesøy, Finnøy, Forsand og Hjelmeland.

I Rennesøy kommune var det to bygdesamlingar, ei i Rennesøy bygdemuseum i kulturhuset i Vikevåg og ei i Mosterøy bygdemuseum på Mosterøy. Gjenstandane frå Rennesøy bygdemuseum er plasserte i nyskapinga Bibmus på Meieriet, og nokre er lagra i magasinet på Åmøy. Samlinga til Mosterøy bygdemuseum er plassert i eit rom på loftet på gamle Mosterøy skule. Innsamlinga skjedde for det meste i 1950-åra, med dåverande student Olav Sunnanå som drivkraft i sommarferiar. Dei innsamla gjenstandane vart først plasserte i eit gammalt stabbur på Dysjaland, på garden til Lars



Innsamlinga av gjenstandar i Finnøy går tilbake til ei museumsnemnd under Finnøy mållag. Gjenstandane var ei tid lagra under kummerlege forhold i eit kjellarrom på skulen på Judaberg. I dag held Finnøy bygdemuseum til i det gamle meieribygget på Judaberg, i 2. etasje. Gjenstandane er godt katalogiserte, men lokala gir lite spelerom for spennande utstillingar. På dette bildet frå 1987 ser vi frå venstre kultursjef Reiulf Vignes i Finnøy, Kolbjørn Ladstein, Anders Opheim, og Roy Høibo frå museet.

Ramndal. Ein gong på 1980-talet vart samlinga flytt til skulehuset. Ottar Finnesand var ein sentral person i arbeidet med overflyttinga, saman med kultursjef Grete Lamberg.

Finnøy bygdemuseum held til i det gamle meieribygget på Judaberg, i 2. etasje, over biblioteket. Dei fleste gjenstandane står i utstillingar fordelt over tre rom. Eit mindre tal gjenstandar står i to mindre lagerrom. Ingen av lokala er brannsikre. Innsamlinga av gjenstandar i Finnøy går tilbake til ei museumsnemnd under Finnøy mållag. Rektor Anders Opheim var lenge leiar i nemnda. I ein periode vart eit kjellarrom på skulen brukt til lager for museumsgjenstandar. Etter kvart vart det oppretta ei kommunal museumsnemnd og ein liten deltidsstilling i kommunen som museumsarbeidar. Først var det Karen Bergitte Vignes som vart tilsett (truleg i 1988). Signy Eike Kongsvik overtok seinare stillinga (truleg frå 1988). Etter henne kom Jorunn Risa. Hennar stillingsomfang var på 16 prosent. I tillegg var ho lærar. Ho hadde stillinga frå 1993 til 2001. Anders Sandanger overtok i august 2001 og hadde stillinga ut 2002. Hans stillingsomfang var på 36 prosent. Etter den tid har denne deltidsstillinga falle bort.

Det er registrert i underkant av 1700 gjenstandar i bygdemuseet. Desse vart registrerte som tilvekst i åra 1988–2001. Store tilvekstar har kome frå John Åbakk (ca. 600 gjenstandar), frå skule- og folkeboksamlinga (vel 300 bøker) og frå Finnøy meieri.

I Forsand er det også bygd opp ei bygdesamling. Utstilling er det for tida berre i sjøhuset i Bergevik. Her er det ei miljøutstilling om fiske og sjøbruk i Forsand. Ein del av gjenstandane tilhøyrer bygdemuseet, ein del er lånte frå privatpersonar i bygda. I utstillinga er det også plansjar med tekst og bilde. I to rom i sjøhuset vart det sommaren 2004 teke inn komplett inventar og utstyr frå skomakarverkstaden til Adolf Berge i Bergevik. Denne samlinga er ikkje registrert på nokon måte.

I eit rom i kjellaretasjen på kommunehuset er det lagra 650–700 gjenstandar. Dei fleste er små av format. Ein stor del av dei stammar frå garden Bakken i Lysefjorden. Forsand kommune fekk gåvebrev på Bakken av siste eigar Johannes Bakken i 1973.

Forsand bygdemuseum er også eigar av nokre gjenstandar som er lagra andre stader. Det gjeld t.d. ei drøftemaskin, som står på Nordland, ein båtmotor og lyskastarutstyr frå fiske, som er lagra på brannstasjonen, og ein del gamle pultar, som står i skulehuset i Havn. Ei altertavle, laga av Leiv Mæle til

bruk i Lyse kapell, som ikkje vart sett opp der, er utstilt på kulturhuset.

Innsamlinga av gjenstandar til det som no er Hjelmeland bygdemuseum tok til i 1950-åra etter privat initiativ frå interesserte enkeltpersonar. Lærar Ånund Ramsfjell var ei drivkraft i dette arbeidet. Det vart samla inn ein heil del gjenstandar, og dei vart lagra i spinnerbygningen i Hjelmelandsvågen. Også i Årdal kom det i gang innsamlingsarbeid i desse åra, og her var Olav Austigard ei drivfjor.

Etter kommunesamanslåinga i 1965 vart det valt ei talrik kulturvern- og museumsnemnd på kring 15 personar. Ti år seinare vart ho avløyst av eit styre for Hjelmeland bygdemuseum, som då vart oppretta på bakgrunn av samlingane. På Hjelmeland vart gjenstandane etter kvart oppbevart i den nedlagde Askvik skule. Sidan fekk museet plass i kjellaretasjen til Hjelmeland barnehage. Her vart det laga til ei form for utstilling av gjenstandar, og det vart halde ope for publikum kvar helg. I Årdal vart den nedlagde Dalen skule brukt til lagerplas. Dei innsamla museumsgjenstandane ropa på å bli tekne hand om og konserverte. Nokre personar på Hjelmeland brann for dette og starta Makkamjølsklubben. Denne var i drift til slutten av 1980-åra og fungerte som eit praktisk museumslag med samlingar kvar veke. Under det sjølvironiske namnet vart det drive mykje godt konserveringsarbeid.

Det lokale museumsarbeidet har ikkje stått sterkt i Hjelmeland dei siste 20 åra. Makkamjølsklubben sovna bort og styret for bygdemuseet vart nedlagt. I Årdal vart Dalen skule revitalisert ei tid, men i 2004 vart heile skulehuset med museumsgjenstandar i flytta til den veksande reiselivsverksemda Høyland gard. Argumentet for å gjera det var at bygget då kom bort frå sin bortgøymde plass og nær eit større publikum. I Hjelmeland vart det slutt på å halda ope i bygdemuseet, og bygget (tidlegare Hjelmeland barnehage) vart selt til Hotell Velvære, som har bygt nytt hotell på nabotomta. Det vart i 2005 vedteke å flytta samlinga til nytt museumslokale ved biblioteket i Hjelmelandsvågen og flyttinga skjedde seinhaustes i 2006. Det formelle ansvaret for bygdemuseet i Hjelmeland fekk ikkje Ryfylkemuseet før i 2006. Hjelmeland vart av ulike grunnar ikkje med då dei andre kommunane gjorde avtalar med Ryfylkemuseet om integrering av museumsarbeidet i 2001–2002.

I tillegg til lokala som bygdemuseet har hatt i kjellaretasjen i bygget som tidlegare hyste Hjelmeland barnehage, er det



I Rennesøy opna Bibmus i kulturhuset Meieriet i Vikevåg i 2004. Her har bibliotek, museum og arkiv smelta saman til ein heilskap. Integreringa er i tråd med rådande tankar i museumspolitikken dei siste åra.

lagra eller stilt ut gjenstandar mange andre stader i Hjelme-land. I kulturhuset Spinneriet i Hjelmelandsvågen har det i mange år vore ei bygdehistorisk utstilling og ei utstilling om den tradisjonsrike produksjonen av jærstolar og bærkorger i kommunen. Lagerlokale finst i ei løe i Askvik (hos Anen Stråbø), på Askvik skule, på Måland skule i Årdal og i Vigatunet. Husmannsplasset Haugen på Fundingsland er også sett i stand, delvis av kommunale midlar, og ein del av det opphavlege interiøret i husa er intakt.

Strand er storebror mellom ryfylkekommunane, men har vel ikkje så mykje å skryta av når det gjeld museums- og kulturvernarbeid. Det finst eit bygdemuseum i kommunen, men dette vert drive som ei medlemsforeining av interesserte enkeltpersonar utan kommunal medvirkning. Museet byggjer på det arbeidet og dei samlingane som Strand bondekvinne- lag og Strand bondelag har samla inn. Museet blei opna i det gamle skulehuset Breidablikk på Tau i 1988. I starten var det god interesse for samlingane, men det vart nokså snart klart at lokaliseringa ikkje var gunstig. Talet på besøkande gjekk ned, og det var ikkje lenger grunnlag for å halda faste opningstider. Bygdemuseet har pr. i dag ikkje noko form for samarbeid med Ryfylkemuseet.

ORDEN I SYSAKENE?

Til alle museumssamlingar høyrer det ei eller anna form for register over gjenstandane i samlinga med opplysningar om dei. Den enklaste måten gjenstandane i ei samling er registrerte på, er i form av ei enkel akvisjonsliste (maskinskriven eller handskriven), med nummer, nemning (kva slags gjenstand det er), eventuelt datering, og namn på gjevar. Slike lister finst det for størsteparten av gjenstandane våre. For gjenstandar som har kome inn i nyare tid, har det blitt ført aksesjons- eller tilvekstprotokollar. På Barkeland og i Viga har ein hoppa over det første trinnet i registreringa og gått rett på skrivning av katalogkort. I samlingane til bygdemusea varierer det sterkt korleis registreringa og katalogiseringa er utført.

Ut frå dei enkle listene over gjenstandane i ei samling, har det blitt skriva eit eige katalogkort for kvar gjenstand. I dei fleste tilfelle er det brukt NKKM (Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer) sitt standardkort på stivt papir. Korta vi har er anten maskinskrivne eller handskrivne. I mange tilfelle vart gjenstandane avfotograferte i samband med skrivning av kort. Då vart fotoreferanse ført på, og, som oftast, ein kontaktkopi av bildet limt på kortet. Dette var lenge normen for god katalogisering av gjenstandar ved norske museum.

Med tida vart det aktuelt å gå over til edb-katalogar over gjenstandar. Det hadde den opplagde fordel at ein lett kunne søkja seg fram til opplysningar om alle gjenstandane museet hadde av same slag, iallfall dersom innskrivinga var gjort på ein konsistent måte. For nyregistrering i dataalderen har ein oftast hoppa over skrivning av NKKM-kort, og i staden gått direkte på innlegging av opplysningane i eit databaseprogram. I den første tida var det programmet Dataflex som vart brukt. Dette er i dag avløyst av Regimus. Ulempen med dette er at ein ikkje har hatt foto av gjenstanden framme på skjermen samtidig med tekstopplysningane. Det får ein ikkje før ein har digitale foto av gjenstandane lagt inn i Regimus. Vi er godt i gang med eit arbeid for å få registrert alle gjenstandar på data med tilhøyrande digitalt gjenstandsfoto.

Det som er sagt ovanfor her gjeld gjenstandar i det «gamle» Ryfylkemuseet, før innfusjonering av bygdemusea. I bygdesamlingane står det noko dårlegare til. Arbeidet med desse vart lenge drive på fritid av interesserte enkeltpersonar som ikkje prioriterte arbeid med katalogisering. Etter kvart kom dei kommunale kulturkontora inn i bildet, men også desse hadde avgrensa personalressursar å setta inn for å få gjort dette skikkeleg.

Best system på katalogiseringa har det nok vore i Finnøy bygdemuseum. Dei fleste gjenstandane som har blitt tekne inn til museet har her passert gjennom ei «sluse» der det er notert bra med opplysningar om dei, dei er avfotograferte, merka og plasserte. Opplysningane om gjenstandane er førte på NKKM-kort med blyant med tydeleg skrift. Korta er plasserte i henge-mapper i arkivskap. Det svakaste punktet har vore ordning og oppbevaring av negativar til gjenstandsfotografia, og katalog-korta er heller ikkje lagra brannsikert. Noko skritt inn i data-alderen har dei ikkje teke på Finnøy heller. Ingen ting er overført til Regimus eller andre dataprogram for katalogise-ring.

Nabokommunen Rennesøy merkar seg ut med svak katalo-gisering. For gjenstandane i Rennesøy bygdemuseum har vi ikkje lukkast i å oppspora noko form for liste over gjenstan-dane i det heile. Truleg har det ein gong blitt laga slik liste, for gjenstandane er tydelege nummererte med store kvite num-mer påmåla på framsida. Men gjennom åra har denne lista kome bort. Dette syner kor sårbare små museumseiningar kan vera med omsyn til ein så grunnleggjande basisfunksjon som ein katalog over samlinga. På Mosterøy er det litt betre. Der finst det ei enkel maskinskriven liste over gjenstandane etter nummer.

I Forsand og Hjelmeland er det gjort ei nokolunde dekkande katalogisering av gjenstandane i bygdemusea etter slik det skulle vera før dataalderen. Men det finst ein del gjenstandar som ikkje er registrert, det manglar foto av dei, og ingen ting er lagt inn i katalogiseringsprogram på data.

FOTOSAMLINGA

Ryfylkemuseet er ikkje eit slikt museum der husa er flytta saman på eit museumsområde, som også gir rom for nyare bygningar for administrasjon og utstilling, med gjenstandar anten utstilte eller magasinerte der. Vår modell er ein desen-tralisert og autentisk modell, med hus ståande på sin opp-rinnelege plass og med gjenstandar i husa som stort sett har høyrte til der frå gammalt av. Magasinplass har vi på Åmøy, som ligg innanfor vårt distrikt, men langt borte frå hovudkontoret på Sand. Gjenstandane våre er godt spreidde, vi har samlingar på mest kvart eit nes.

Når det gjeld foto, lydband, film og video, papirarkiv og bibliotek, er situasjonen ein annan. Der har vi samla det vi har i arkivrommet på Nesasjøhuset på Sand. Gjennom gjen-

standssamlinga og desse arkivsamlingane fyller Ryfylke-museet ein viktig funksjon som samfunnsminne for Ryfylke-regionen. Vi samlar inn og teke vare på kjelder til kunnskap om regionen i fortid og notid. Denne kunnskapen knytta til materi-elle leivningar som gjenstandar, foto, arkivalia m.m. må byg-gjast opp, fornyast og haldast ved like. Innsamling, forskning og bevaring er viktige arbeidsfelt ved museet knytt til rolla som samfunnsminne.

Fotosamlinga inneheld kring 64 000 foto, og ho kan delast inn i fem delar.

Fotosamlinga ved Ryfylkemuseet

	Tal på foto	
Repro	8458	
Eldre originalfoto	2900	
Eigne opptak		
svart-kvitt film	8191	
fargefilm	386	
dias	9481	
digitale foto	1483	19 541
Gjenstandsfoto		
svart-kvitt film	3952	
dias	2685	6 637*
Spesialsamlingar		
Alice Archer	628	
Julius Bårdsen, Sand	4100	
Heradsskogmester Kveim, Sauda	2429	
Gartnerhallen	1242	
Widerøe's Flyveselskap	497	
Suldalsposten, reportasjefoto	11685	
Bygningsvern	5520	
Bunad- og folkedraktrådet	503	
Frå idé til næring	519	27 123
Sum		64 659

* Det er laga digitale kopiar av ca. 4700 av desse i samband med registre-ring i Regimus.

Reprofoto utgjør den eine delen. Repro er avfotografering av eldre bilde. Museet har drive fotoinnsamling i Suldal, Hjelmeland, Finnøy og Sauda i samarbeid med kulturetaten og andre gode krefter i kommunane. Ein del foto har kome til også i åra etter den aktive innsamlingsperioden. I Suldal kommune har det kome til mange reprofoto i samband med skrivinga av bygdebøker for Sand og Erfjord. Reprosamlinga tel mellom 8000 og 9000 foto, og det er flest foto frå Suldal og Hjelmeland kommunar.

Museet har negativar av alle reprofoto i negativsamlinga. Under innsamlinga av foto vart det skrive ut ein blankett (standard frå Sekretariatet for fotoregistrering i A5-format) med opplysningar om bilda. Desse er arkiverte ved museet. Ut frå desse blankettane er det skrive fotokort på ein stor del av reprobilda og limt ein kontaktkopi av bildet på fotokortet. Fotokorta er standardkort frå Sekretariatet for fotoregistrering på stivt papir i A4-format. Det vart skrive to sett av desse korta. Eit sett er plassert i kommunen, gjerne på biblioteket, det andre er ved museet. Opplysningar frå mange av fotokorta er tillegg lagt inn i Regimus, medan andre er lagt direkte inn i Regimus, utan å gå vegen om fotokort.

Maskinskrive fotokort med pålimt kontaktkopi av bildet var lenge normen for god katalogisering av reprofoto. I dag, i dataalderen, vil normen vera at opplysningar frå fotokortet er lagt inn i eit databaseprogram (t.d. Regimus), og der er det også ein digital kopi av bildet. Når ein hentar fram eit Regimus-skjema på skjermen, kjem det òg fram eit digitalt småbilde, som gir eit greitt inntrykk av motivet. Ryfylkemuseet har berre forsøksvis starta på å digitalisera fotosamlinga.

Også i Rennesøy og Kvitsøy har det blitt gjennomført fotoaksjonar med innlån og avfotografering av eldre bilde. Men dei valde i si tid å samarbeida med Statsarkivet i Stavanger, og for desse kommunane er det Statsarkivet som har negativarkivet.

Det er ikkje gjennomført ein systematisk aksjon med innlån og avfotografering av gamle bilde i Forsand. Men kommunen har 1000 registrerte foto i si eige pluss ein del uregistrerte. Dei registrerte bilda ligg i eit par pappøskjer i kommunearkivet. Desse bilda vart samla inn av Kristian Berge i samband med gards- og ættesogene til Sigmund Engen. Det finst ei handskrivne liste over desse bilda i ein protokoll.

Eldre foto i original er ei gruppe for seg. I samband med at museet har fått gjenstandar i gåve, har det ofte også følgd med fotografi. I andre høve har vi fått heile albumar med eldre foto.

Alle foto i denne gruppa er uordna, og det er ofte dårleg med opplysningar til bilda. Eit grovt overslag landar på kring 2900 foto i denne gruppa. Då er medrekna sju albumar, som inneheld ca. 500 postkort, mest prospektkort frå ulike stader i Norge, frå Sauda, Sand og Suldal.

Den tredje gruppa i fotosamlinga er det vi kallar eigne opptak. Museet sine tilsette har årleg fotografert mykje på reiser i regionen (og noko utanfor regionen), på befaringar, for å dokumentera museet sine bygningar og samlingar og verksemda ved museet. Vi har i alt kring 19 500 slike bilde, og dei fleste er anten svart-kvitt negativar eller dias. Dei siste par-tre åra er ein stor del av eigne opptak digitale foto.

Gjenstandsfoto utgjør ei fjerde gruppe. Fotografering av gjenstandar i museet sine samlingar inngår i det regulære arbeidet med å dokumentera gjenstandane. Vi har om lag 6600 gjenstandsfoto. Om lag 4/5 av museet sine gjenstandar er avfotograferte, og negativar eller diasar er plasserte på kronologisk plass i fotoarkivet. I samband med elektronisk katalogisering av gjenstandane har det blitt laga digital kopi av ca. 4700 av gjenstandsfotografia.

SPELSAMLINGAR

Vel 40 prosent av museet sine foto høyrer heime i ulike spesialsamlingar. Vi skal gje ein kort omtale av spesialsamlingane.


Den fremste skatten i Ryfylkemuseet si fotosamling er Archersamlinga. Dette er foto etter amatør fotograf Alice Archer. Dette er ei fotosamling av nasjonal interesse med lokal forankring til Ryfylke. Alice Lima Hay Murray Archer (1855–1936) var ei engelsk kvinne som tilbringa rundt 30 sommarar på Sand i Ryfylke mellom 1884 og 1914. Ho, og spesielt ektemannen Walter Archer, var sterkt interesserte i laksefiske. Dei leigde heile Suldalsvassdraget og reserverte det for sporfiske. Dei bygde seg sommarhus på Rophaug på Sand og brukte det mykje på sommarstid, til dels også til andre årstider. Alice Archer var ein habil amatør fotograf og fotograferte mykje, både på heimebane på Rophaug og ute på bygda. Ryfylkemuseet har 7 fotoalbumar etter henne med 628 foto til saman. Ho var langtidsturist på Sand, og hennar foto kan sjåast på som «Turistens bilder». Gjennom hennar foto har vi ein omfattande dokumentasjon av bygdalivet på Sand, i Suldal og kringom fleire andre stader i Ryfylke. Bilda er fotograferte i tidsromet 1885–1914. Dei er dermed truleg det eldste vi har av omfattande dokumentasjonsfoto frå Rogaland, og mellom dei



Den fremste skatten i Ryfylkemuseet si fotosamling er dei vel 600 bilda vi har etter fru Alice Archer, som ferierte på Sand i ei tredveårsperiode frå 1880-åra til første verdskrigen. Archer'ane la vinn på å stå på god fot med bygdefolket og inviterte ofte sandsbuar til hageselskap i bustaden sin på Rophaug. Bildet syner eit eldre par som er med på eit slikt selskap. Foto: Alice Archer.

eldste større fotosamlingane som finst på nasjonalt plan frå dette tidsromet. Både fotografia og albumane er varierende i format. Fleirtalet av bilda er av høg fotografisk kvalitet. Ein del av dei er noko falma, andre har halde seg godt. Vi manglar gode opplysningar til fleirtalet av bilda.

Julius Bårdsen var bokhandlar på Sand. Han var ein ivrig fotograf og fotosamlar og hadde m.a. fotooppdrag for Rogaland Folkemuseum. Fotoarkivet etter han inneheld både svart-kvitt negativar og positivar, fargefilm negativar og positivar, samt dias. Dessutan er der positivar i sju albumar, innramma foto i ulike format og ymse lause bilde. Samlinga er sett saman av 1601 svart-kvitt negativar, 903 svart-kvitt positivar, 150 fargenegativar, 108 fargepositivar, 825 diasar og ca. 500 positivar i rammer og albumar, til saman ca. 4100 foto. Alt bortsett frå den siste gruppa er plassert i plasthengemapper i eige arkivskap. Ordninga i skapet er alfabetisk etter emne, og det er utarbeidd ein katalog over emna med antal foto under kvart emne. Dei ca. 500 positivar i rammer og albumar mang-



Museet har overteke fotosamlinga til bokhandlar Julius Bårdsen på Sand, som var ein ivrig fotograf og fotosamlar. Her har han fotografert Torbjørn Århus i Bråtveit i Suldal, som driv med alming.

lar det noko oversyn over. Flesteparten av bilda er tekne av Bårdsen sjølv, men samlinga inneheld også ein del avfotografering av eldre foto, t.d. ein del Archerbilde.

Heradsskogmester Kveim i Sauda har gitt ei stor diassamling til museet. Samlinga står i 33 diassokassar med to kassetar i kvar og tel i alt 2429 foto. Bilda ser ut til å skriva seg frå åra 1971–1981, og det er hovudsakleg naturbilde. Dei fleste er frå Sauda kommune, men nokre er tekne i tilgrensande område, mest Suldal kommune. Der er varierende merking på bok-sane. Tre boksar er merka Rogaland og Ryfylkeheiane. Ni boksar inneheld foto frå Sauda etter ei topografisk inndeling, og 19 boksar er merka kronologisk innanfor årstala 1979–1981. Ein ringperm som følgjer samlinga gir skjematisk opplysningar om når og kvar bilda er tekne.

Også frå Gartnerhallen i Stavanger har museet fått ei samling diasar. Dei knyter seg til landbruksproduksjonar som Gartnerhallen var grossist for – drivhusproduksjonar, grønsaker på friland og fruktdyrking – og er for det meste frå andre halvdel av 1950-talet og fram til kring 1970. Diasane står i sju flate metallboksar, og samlinga tel 1242 foto. Det er ikkje noko katalog til samlinga, men der er opplysningar om dato og emne på dei fleste bilda.

Museet har fått overdrege frå Suldal kommune samlinga av luftfoto som kommunen i si tid kjøpte frå Widerøe's Flyveselskap. Bilda er tekne i 1951, 1954 og 1962 og dekker dei fleste bygder i noverande Suldal kommune. Positivar av dei 426 bilda i svart-kvitt og farge er limte på fotokort, der det også står opplysningar om bilda. Fotokorta er plasserte i eigen skuff i fotoarkivet. Negativar (svart-kvitt i stort format, farge i ordinært format) er plasserte på sin kronologiske plass i negativarkivet. I tillegg til flyfotoa frå Suldal har museet fått deponert 96 negativar av flyfoto frå Widerøe frå Forsand kommune. Desse er tekne i 1951, 1956 og 1957. Dei står i ein arkivboks, og det er ikkje andre opplysningar til dei enn det som står på konvoluttene som negativene ligg i.

Negativar av reportasjefoto frå Suldalsposten for tida februar 1978 til august 1990 er overdratt til museet. Samlinga omfattar negativar frå 345 svart-kvitt filmar. Filmene står i negativlommer i seks albumar og utgjør anslagsvis 11 685 foto. To albumar med 78 filmar, som dekker tida frå februar 1978 til desember 1979, er frå Roy Høibo si redaktørtid og er avlevert til museet av han. Resten er frå Hans Chr. Rygh si redaktørtid og er avlevert av han i 1997. Negativlommene er


merka med månad og år, men elles er det ingen opplysningar om bilda.

Ved Ryfylkemuseet pågjøkk det i åra 1995–2001 eit omfattande prosjekt om byggeskikk og bygningsvern i Ryfylke. Etter prosjektperioden har arbeidet med bygningsvern blitt ført vidare ved museet, frå 2002 knytta til den nye stillinga som antikvar. Ein del foto frå seinare år er også lagt til denne samlinga. Bygningsvernarbeidet har tilført museet eit stort dokumentasjonsmateriale, i form av registreringar, oppmålingar, intervju og ikkje minst foto. Mesteparten av bilda er diasar, som er plasserte i plastlommer i hengemapper. Alt er plassert i ein eigen avdeling i fotoarkivet. Fotografia er godt registrerte i Regimus.

Bunad- og folkedraktrådet gjennomførte ei registrering av gamle klesplagg rundt om i Suldal og Sauda i 1997–1998, i samarbeid med lokale organisasjonar. Ved museet er det kopi av registreringskorta (i A5-format) med pålimt fargebilde av klesplagget. Der er 403 kort frå Suldal og 100 frå Sauda. Registreringskorta står i plastkassetar.

Frå idé til næring var eit prosjekt som museet var engasjert i saman med samarbeidspartnarar. I samband med prosjektet vart det registrert eit utval av særigne eldre gjenstandar i privat og museal eige kringom i Ryfylke. Dette resulterte i 301 NKKM-kort med opplysningar om gjenstandane med pålimt

Ved Ryfylkemuseet har det blitt gjennomført ei rekke prosjekt heilt frå starten i 1981. Prosjekta har tilført museet arkivmateriale, foto, lydband, registreringar og gjenstandar, og innsamlinga har vore planmessig og målretta. Her ser vi fram-sida av sluttrapporten til prosjektet «Ryfylkeprodukt – ide til næring», som vart avslutta i 1995.



fargefoto. Katalogkorta står i to permar i arkivet. I tillegg er der 218 diasfoto av gjenstandane. Til saman utgjer altså samlinga 519 foto.

Alle foto er lagra i museet sitt arkiv. Negativar og dias frå repro, eigne opptak og gjenstandsfoto er sette inn i plastlommer med oppheng og plassert i skuffer i skyvereolane i arkivet. Spesialsamlingane er plasserte i arkivskap, diaskassetar eller permar.

ANDRE SAMLINGAR

Museet har i alt 1048 nummer av lydmedia. Nesten halvparten er opptak av musikk og song i Folkemusikkarkivet. Resten er stort sett lydband med intervjuopptak. Dei fleste intervju finst det avskrifter av. Intervjua på banda er resultat av ei planmessig innsamling av munnleg kjeldemateriale i samband med forskingsprosjekt som har blitt drivne ved museet. Sjå lista over museumsprosjekt lenger bak i artikkelen.

Samla sett er lydbanda og avskrifter av dei godt ordna - på analogt vis. Derimot er søkemulighetene ikkje godt utvikla. Dersom ein hadde samla alle intervjuutskrifter i ein stor tekstbase, ville det vera enkelt å søka seg fram til informasjon om bestemte tema eller emneord.

Samlinga av video- og filmopptak er i alt på 128 nummer. Vi har fire historiske filmar frå Suldal, fire smalfilmar og 120 videoopptak. 55 knyter seg til dokumentasjon av aktivitetar ved folkemusikkarkivet, 18 er dokumentasjonsopptak frå bygginga av Ulla-Førre-anlegga i 1970- og 1980-åra. Dei resterande 47 er opptak knytta til ulike sider av museumsdrifta. Det er her tale om dokumentasjonsopptak frå museet si verksemd gjennom åra og opptak i samband med ulike prosjekt.

Privatarkivsamlinga ved Ryfylkemuseet utgjer vel 40 hyllemeter. Dette er arkivmateriale frå firma, foreningar og enkeltpersonar i Ryfylke. Mesteparten av materialet skriv seg frå Suldal kommune. Sju av avleveringa har blitt ordna, og dette utgjer 11 hyllemeter. Dei sju er arkiv etter Johan Veka, Sand Meieri, Nils T. Bråtveit, 17.mai-komiteen på Sand, Sand Skytterlag, gardsarkiv for Ås i Sand og firmaarkivet til R & T Rasmussen, Sand. Sand meieri og R & T Rasmussen er dei største arkiva, med 3,4 og 4,8 hyllemeter. Ei nyare avlevering frå Ryfylke folkehøgskule er òg på fleire hyllemeter.

Mesteparten av dei privatarkiva museet har fått seg overgjeve er likevel uordna. Dei uordna privatarkiva utgjer 23 hyllemeter. Føring av avleveringslister for det vi har fått inn er

sterkt varierende. Stort sett står arkiva i pappkartongar med sitt tilvekstnummer på. Berre nokre få har blitt grovordna. Dei største arkiva er anleggsarkiv etter Ulla-Førre-utbygginga (5,3 hyllemeter), teikningsarkiv frå arkitektfirmaet Helland og Aarreberg i Sauda (2 hm.), bygdebokarkiv for Jelsa etter Ola Foldøy (2 hm. grovordna), foreningsarkiv frå Sand Sanitetsforening (1,5 hm.), slekthistorisk materiale etter Ingemund Nes (1,2 hm.), foreningsarkiv for Jelsa bondelag (1 hm.)

Ved Ryfylkemuseet har det blitt gjennomført mange prosjekt i løpet av den tida museet har vore til. Prosjekta har resultert i utstillingar og/eller publikasjonar. Det slike prosjekt har ført til i form av intervjumateriale, foto eller gjenstandar, er tilført lydarkivet, fotoarkivet eller gjenstandssamlinga. Papirmateriale etter prosjekta er samla i ei eiga prosjektavdeling i arkivet. Samla sett utgjer dette om lag 17 hyllemeter i arkivet, og det er bygdebokarkivet i samband med skrivinga av gards- og ættesoger for Sand og Erfjord som utgjer det meste her, kring 10 hyllemeter. Bygdebokarkivet vil verte utvida etter kvart som arbeidet held fram med gards- og ættesoge for Jelsa og Suldal. Materiale frå arbeidet med Soga om Sand, kulturhistoria for strandstaden, utgjer rundt 1,5 hyllemeter. Materiale frå andre prosjekt fyller kring 5 hyllemeter i arkivet. Det gjeld dei prosjekta vi lista opp nedanfor, som har resultert i utstillingar eller publikasjonar av ulikt slag.

Også Folkemusikkarkivet har papirmateriale. Det gjeld vel 1000 notar og noko færre songtekstar samt bakgrunnsmateriale i form av avisklipp el.l.

Museet har komplette innbundne årgangar av Suldalsposten frå 1976 til 2000 og for Øyposten for åra 2000–2002. Vi har også eit tematisk ordna klipparkiv over avisartiklar som handlar om Ryfylke, og som dekker tidsrommet frå ca. 1980 og framover.

MÅLRETTA PROSJEKT

Det vert stundom sagt at musea ikkje driv målretta innsamling av materiale, men berre tek i mot det dei tilfeldigvis blir tilbydde av folk som held på og ryddar i gamle hus. Det kan nok gjelda eit stykke på veg for Ryfylkemuseet sitt vedkomande når det gjeld gjenstandar. Men for mykje av andre typar materiale er tilveksten vi har hatt gjennom 25 år resultat av målretta innsamling av materiale. Denne innsamlinga er stort sett knytt til dei prosjekta som museet har gjennomført i denne tida.

Prosjekt ved Ryfylkemuseet i 25 år

Då besta var ung
Frukt og bær dyrking i Hjelmeland
Ulla-Førre
Gull og grønne skogar
Veksthusnæringa på Finnøy
Åbøbyen i Sauda
Sau og hei, geit og støl
Den lange vegen
Den fleirkulturelle bygda
Islam i bødehusland
Frå ide til næring
Made in Ryfylke
Ryfylkemat
SEFRAK-evaluering for Suldal kommune
Gards- og slektshistorie for Sand, Erfjord og Jelsa.
Bygdesoge for Sand
Byggeskikk i Ryfylke
Sauda Fabrikkarbeiderforening 75 år
Hiimsmoenkollektivet 25 år
Hjelmeland Sparebank 100 år
Julesalmar frå arkivet
Fela i ura
Eg rodde på spreng, frå Hidle til Heng

Lista er ikkje heilt uttømande.

Det har blitt mange prosjekt på 25 år. Nokre av dei ligg innanfor same tematiske område. Sentrale temafelt har vore verknader av kraftutbygging, lokalhistorie, den fleirkulturelle utfordringa og folkemusikk. Prosjekta har tilført museet verdfullt materiale i form av gjenstandar, intervju, foto, skriftleg materiale og optak av folkemusikk. Innanfor prosjekta har innsamlinga av materiale slett ikkje vore tilfeldig, men planmessig og målretta innanfor det temaet som prosjektet har dekkja.



«Made in Ryfylke» var eit prosjekt ved museet som løfta fram eit knippe av lokale handverkarar og handverksbedrifter i Ryfylke. Prosjektet resulterte i ei godt besøkt utstilling i sjøhuset på Sand i 1989.

SKIFTANDE FOKUS

Ved opprettinga i 1981 overtok Ryfylkemuseet samlingane som pionerane i Rogaland Folkemuseum hadde bygt opp. Kva slags samlingar var det? Kva var desse samlingane kjelder til kunnskap om? Det er klart at det var gjenstandar frå det gamle bondesamfunnet som hadde vore i fokus for pionerane. Dei levde i ei tid då dei opplevde at mykje av det gamle var i ferd med å forsvinna, og dei meinte det var viktig å ta vare på hus, innbu, reiskapar og andre gjenstandar frå bondesamfunnet. Industristadane og industrisamfunnet var dei ikkje opptekne av. Dei fleste museumsfolk var menn, og dei tok helst vare på gjenstandar frå den mannlege sfæren av arbeidslivet. Frå den heimlege sfæren til kvinnene kunne dei nok ta vare på rokken og veven, men ikkje tråden og vevnaden som vart spunne og voven på desse. Den sosiale spennvidda i bondesamfunnet var til ei viss grad dekkja, i og med at husmannsplasset Røynevarden var teken vare på saman med fleire sjølveigande gardstun.

Er bildet det same etter at Ryfylkemuseet har eksistert i 25 år? Nei, fokuset har endra seg mykje. Noko av det første som det nystarta museet tok fatt på av prosjektarbeid, var å samla informasjon om kvinnearbeid, og det resulterte i ei utstilling og eit teksthefte med tittelen Då besta var ung. Dermed var noko gjort for å bryta den gamle mannsdominansen i interessefeltet. Men det må vel seiast at den gode starten ikkje har blitt så mykje følgd opp seinare. Det har vore lite av kvinneretta prosjekt seinare, og det gjer at særleg gjenstandssamlinga til museet framleis har sitt klare tyngdepunkt i den mannlege sfæren i det gamle bondesamfunnet.

Lenger har museet kome når det gjeld å bryta jordbruksdominansen i samlingane. I Suldal, der museet fekk kontor frå 1981, var dei midt oppe i den store Ulla-Førre utbygginga på den tida, og for museumsfolk som interesserte seg for det som skjedde i samtida, var det naturleg å setta i gang prosjekt som fokuserte på kraftutbygginga og den verknaden ho hadde på lokalsamfunna og bygdekulturen. Og i Sauda tok ein fatt på utfordringar knytta til industrisamfunnet. Museet engasjerte seg sterkt i planane for bevaring av Åbøbyen, dei etablerte Industriarbeidarmuseet der, og dei ytte viktige bidrag til dokumenteringa av industristaden gjennom opprettinga av Sauda Lokalarkiv.

Dei siste åra har museet engasjert seg sterkt i spørsmål knytt til den fleirkulturelle utfordringa som også bygdene i

Prioriterte arbeidsområde

I den strategiske planen for Ryfylkemuseet for 2006–2009 er det i punkt 3.1 lista opp 16 ulike emne som museet skal ha gode kjelder til kunnskap om. Det er:

Byggeskikk og bygningsvern
Den handlingsborne kunnskapen knytt til bygningsfaga
Kulturlandskap
Fjordafart, båt- og skipsbygging
Strandstadsamfunn
Vasskraftutnytting og industrisamfunn
Industriutvikling
Frukt- og bærdryrking
Drivhusnæring
Hummarfiske og anna kystnært fiske og fjordafiske
Utmarksbruk (stølsliv, skogbruk/sagbruk)
Song-, musikk- og dansetradisjonar
Den religiøse kulturarven
Steinbrot, sand- og pukkindustri
Innvandring
Turisme

Lista er eit tilpassing av eit forslag til ansvarsfordeling mellom musea i Rogaland i den fylkeskommunale museumsplanen for Rogaland frå 1992

Ryfylke møter etter at det har kome mange flyktningar og tilflytte frå andre land. Dette feltet var ikkje aktuelt for pionerane, men har blitt det etter kvart, og her har museet vore i fremste rekke i landssamheng.

Samla sett er det grunnlag for å konkludera med at museet sine samlingar, publikasjonar og utstillingar i større grad reflekterer breidda av temakrinsar frå det omkringliggjande samfunnet i fortid og notid i dag enn det gjorde for 25 år sidan. Men vi er ikkje i mål, og kjem vel aldri dit heller. Framleis er det viktige felt som er dårleg dekkja i våre samlingar og dårleg reflektert i aktiviteten til museet i så vel prosjekt som ordinær museumsdrift.

Bedehus-Ryfylke er eitt slikt felt. Løkmansrørsla sette avgjerande preg på bygdesamfunnet i fleire generasjonar, rett nok i noko ulik grad bygdene i mellom. Bedehus skaut opp

Bedehus og lekmannsrørslse sette avgjerande preg på mange bygdesamfunn i Ryfylke i fleire generasjonar. På bakgrunn av det hadde det ikkje vore urimeleg om det var teke vare på eit bedehus til museumsformål. Bildet syner interiør frå bedehuset i Finnvik på Ropeidhalvøya i Suldal. Foto: Suldalsposten.



som paddehattar, berre i nove-rande Hjelmeland kommune var det 17 stykke på det meste. Det hadde såleis ikkje vore urimeleg om Ryfylkemuseet, det største bygningsmuseet i Rogaland, hadde teke vare på eit bedehus, men slik er det ikkje. Fram mot vår tid har lekmannsrørsla tapt mykje av sin dominans i bygdene, og det må ha ført til store kulturelle endringar. Slike endringsprosesser har i liten grad blitt fokusert på av Ryfylkemuseet. Folkemusikkarkivet har mykje religiøs folkemusikk i samlingane, men andre sider av den religiøse kulturarven kunne ha vore betre dekkja. Temaet har stått på lista på lista over prioriterte arbeidsområde i mange år, men vi har fått gjort lite på området. Heller ikkje andre folkelege rørslar, som ungdomslag og fråhaldslag, er godt dekkja i våre samlingar.

Den immaterielle kulturen er i det heile svakare representert enn den materielle. Det har vore ei naturleg og sjølvsgd prioritering for museum flest i generasjonar. Men i vår tid har det frå internasjonalt museumshald blitt sett sterkare fokus på den immaterielle kulturen. T.d. var «Intangible Heritage» tema for verdskonferansen til det internasjonale museumsforbundet ICOM i 2004. Det kan vera at eit regionmuseum som Ryfylkemuseet i åra framover i sterkare grad bør interessera seg for og byggja opp samlingar om språk, musikk, tradisjonar, haldningar, skikkar osv. Hittil er det helst berre folkemusikken vi har arbeidd med innanfor den immaterielle kulturen.

Dei fleste ryfylkingar har hatt ei nær tilknytning til sjøen – i

dagleglivet, som næringsveg, som avkopling. Den sjøretta aktiviteten er ikkje sterkt representert i våre samlingar og vår aktivitet. Vi har Kvitsøy Hummermuseum, «Brødrene af Sand» og ein del åpne ro- og seglbåtar, men elles ikkje mykje av fiskereiskap og utstyr som har høyrst til sjøferdsel og fiske. Ein del av dette, og særleg båtane, er plasskrevjande ting å ta vare på og vil krevja eigne hus for oppbevaring, og det har museet ikkje hatt mulighet til å få bygt. Skal vi gå sterkare inn på dette feltet, vil det krevja store ressursar. Men når vi veit kor stor rolle rutebåten og kaien spelte for rytmen i dagleglivet i Ryfylke-bygdene før vegane og ferjene kom, hadde det ikkje vore urimeleg om Ryfylkemuseet hadde arbeidd for å kunne ta vare på ein rutebåt frå regionen.

Trygve Brandal (53) har lenge vore knytt til Ryfylkemuseet. Frå 1. januar 2005 har han vore fast tilsett i stilling som konservator med ansvar for samlingane. Trygve Brandal oppnådde i 2006 autorisasjon som førstekonservator.

56 bygningar på rot

Av Grete Holmboe


Med 56 museumsbygningar på rot, er Ryfylkemuseet det største bygningsmuseet i Rogaland. Det er ei variert og spennande samling av bygningar frå den eldste bygningen, Guggedalsloftet frå 1281 e.Kr., til den yngste, pakkhuset på Grøningen på Kvitsøy frå 1960, frå små kvernhus og tørker til storgardshuset på Håland. Det er husmannsplass, gardshus og industriarbeiderbustad, og alle typar uthus, til og med ei vadmålstampe, som er den eine av ein handfull som er att i Norden. Det er ei samling med bygningar som speglar korleis folk i Ryfylke har levd sine liv og handla med omverda gjennom dei siste århundra, samtidig som ho viser eit spenn i lokal byggeskikk.

I denne artikkelen skal me ta for oss dei viktigaste bygningane i eiga til Ryfylkemuseet. Dei aller fleste av desse bygningane ligg i Suldal, Sauda og Hjelmeland. Frå i år er også Bakken på Rennesøy med i samlinga og Grøningenhuset på Kvitsøy, som husar Hummarmuseet.

GUGGEDALSLOFTET

Bygningshistoria til Ryfylkemuseet startar med Guggedalsloftet. Det sto på garden Guggedal i Bråtveit, og vart freda på sin opphavlege stad i 1925. I 1934 kjøpte Rogaland Folkemuseum loftet, og sette det opp ved Mostun i Stavanger året etter som starten på eit folkemuseum i Mosvannsparken. Ideen kom aldri lengre, så då museet kjøpte Kolbeinstveit i 1956, vart Guggedalsloftet sett opp i det nye bygdetunet der.

Loftet frå Guggedal er eit av to profane middelalderbygg som er att i Rogaland. Ein tømmerstokk i 2. høgda er årringsdatert til 1281, medan det er sannsynleg at 1. høgda kan vera frå før 1350 (Arne Berg). Bygningen har flott dekor på dørene. Det er særleg desse, og formen på stökkane og laftet som har vore med på tidfesting av loftet.



Guggedalsloftet



Røynevarden

RØYNEVARDEN

Røynevarden vart museum alt i 1946–47, og var det første bygningsmiljø som blei tatt vare på der det sto, og kanskje det første husmannsplasset i landet som kom under musealt vern. Plasset ligg bratt til opp frå Suldalsvatnet, ei mils veg frå Nesflaten, med utsikt over Suldalsvatnet, over mot Bråtveitgrenda.

Røynevarden var husmannsplass under garden Overskeid på Nesflaten. Då husmennene fekk høve til å løyse inn plassa sine, kjøpte den dåverande brukaren, Halvor Halvorsen Røynevarden (1864–1950), plasset, og budde her saman med syster si, Randi (1866–1951), til like etter krigen.

Det er seks hus på Røynevarden, to stovehus, løe, sau- og geithus og eldhus. Attmed løa sto det tidlegare eit fjøs. Sjølv om alt kan synast smått på Røynevarden, var plasset blant dei beste i Suldal. I 1875 hadde dei 3 kyr, 26 sauer og 9 geiter. På det jamne fødde dei 2 kyr, 5 geiter og noen sauer, har Hallvard Røynevarden fortalt. Elles avla dei poteter til husbruk, og sådde korn på dei mange åkerlappane. Høy slo og samla dei alle stader oppetter fjellsidene, ved sida av at dei lauva.

Omreisande kulturhistorikarar og lokale entusiastar vart tidleg merksame på det særmerkte ved plassen, også fordi hus og husbunad var haldne så godt i stand. I 1947 og -48 vart det til at den gong Rogaland folkemuseum kjøpte husa. Dermed fekk ein hand om eit husmannsmuseum der både omgjevna-

dene og inventaret gir god utveg til å setta seg inn i korleis det måtte vera å bu på eit slik plass, og der ein endatil kan følgje ei utvikling i levemåten frå gamlestova med røykonn og ljore i taket, til nystova med grue, kokonn og lem.

Gamlastova

Det minste av stovehusa, Gamlestova, er ei røykstove, eller rotastove, som dei seier i Suldal, med open eldstad, og ljore i taket. Ho vart truleg sett opp på Røynevarden i 1834 då Jakob Gabrielson sette seg til som husmann. Kan hende hadde han stova med seg frå Svones, det første plasset han budde på. I så fall er stova frå 1820-åra. I denne stova budde familien like til 1893. Dei som ikkje fekk plass inni stova, sov på sau-huslemmen. Det gjorde Hallvard. «Eg kan ikkje minnst at eg sov nokon annan stad enn her då eg var liten. Det va nå ikkje så gildt alltid, men det gjekk det og.»

Gamlastova har ei enkel, lafta stove, med dør ut til eit lafta kammers og til gangen som er i stavkonstruksjon. Utanpå gangen er det sett på ein liten vedaskut.

Gamlastova er den einaste røykstova me kjenner til i Rogaland med original innreiing. Mjølkehylla står ved døra mot gangen, bord og benker ved glaset, senga i hjørnet, og så eldstaden ved døra mot kammerset. Den opne eldstaden står som han har gjort, og er saman med reste av interiøret ein viktig historiefortellar.



Gamlastova

Nystova

Nystova vart kjøpt på auksjon i Litlevik i 1893, etter ein husmann som reiste til Amerika med huslyden sin. I nystova vart det mura grue med skorstein. Dette gav rom for å bygge lem over stova, stovelemmen, med faste senger. Seinare kom det kokomn ved sida av grua.

Stova er lafta med sinklaft, som var vanleg i Suldal på den tida. Frå stova er det dør til kammerset og til gangen, med trapp opp til lemen. Gangen er sett opp i bindingsverk, og heile huset er kledd med liggande bord. Saman med Gamlestova, gir Nystova eit godt bilete på utviklinga av stovehuset i Ryfylke.



Nystova

Sauhuset

Sauhuset er lafta med rundstokk med kinningslaft. Ein meter innafor døra er det spor som tyder på at det er påbygd. Det er skore inn årstalet 1898 i denne delen. Dei to siste omfara av den eldste delen fungerer som bjelke for lemmen. Huset er i dag kledd med ståande, ukanta, over- og underliggande kledning. Foto frå 1973 viser at fasaden med døra ikkje var kledd. Huset er i skrivande stund under restaurering, der me ønskjer å føra det tilbake slik det var før siste reparasjon.

Geithuset

Geithuset er lafta med kinningslaft. Huset står på tørrsteinsmur som er rundt 1 ? meter på det høgaste. Huset har sperr og tro, og er, som dei andre husa på tunet, torvtekt.

Eldhuset

Eldhuset er bygd opp med naturstein, der veggen mot vest er bygd rundt ein stor naturgitt stein. Den gamle døra er står framleis i bygningen, og hellene på golvet ligg der. Elles er det gamle interiøret borte. Det går ei lita bekk framfor eldhuset som kjem frå ei kjelde. Dette var vasskjelda då det budde folk på plassen. I dag turkar ho fort opp. Truleg har ho blitt uroa ved tunnelskytinga då Suldalsvegen vart bygd.

Løa

Løa har vore samansett av to lafta fjoskasser med ei stavløe i mellom. Det er berre eit reis i løa. Stavleggjene i laftekassene er forlenga slik at dei fungerer som stavleggjar også for løene. Fjaset mot nord var borte før registreringa av tunet kom i gong i 1973, men tømmerveggen mot løa står framleis. I denne finn me inskripsjonen 1877.



Løa

PLASSET

Nemningsbruken er ein viktig del av kulturhistoria. I denne årboka prøver me vera konsekvente med å bruke inkjekjønnsforma av nemninga husmannsplass. Grunnlaget for dette finn me i dialektene. Eldre folk, og dei treng ikkje vera så gamle heller, bruker denne forma. Også i skriftlege kjelder og i litteraturen finn me god støtte for forma.

Ivar Aasen skriv i si Norsk Ordbog frå 1918 om ordet plass at det som regel er eit hankjønnsord, men at det er «Nogle Steder Neutrum», utan at han gjer nærmare greie for kor desse stadene er.

I grunnmanuskriptet til Norsk Ordbok står det at inkjekjønnsforma er vanleg i Telemark, Rogaland, Sunnhordland, Nordhordland og noen andre stader.

Olav Veka frå Sand skriv i ei hovudoppgåve i faget nordisk at det mange stader i landet er slik at plass er inkjekjønnsord i tydinga husmannsplass (t.d. Hansaplassen, Nilsaplassen), medan hankjønnsordet har den meir generelle tydinga «stad» eller eit lite avgrensa område, som t.d. gardsplass eller idrettsplass.

KOLBEINSTVEIT

Kolbeinstveitgarden ligg ved riksvegen gjennom Suldal, med fin utsikt mot Suldalsvatnet. Det var truleg Lars og Giske Kolbenstvedt som flytta garden frå det gamle Tveit og opp til noverande stad i 1851. I 1855 fekk sonen Njeld skøyte på garden. Han hadde gått på landbruksskule på Austrått, og kom heim med nye idear og kona Oleana. Njeld var ein drivande bonde, men vart etter kvart meir opptatt av offentlege gjeremål som bankdirektør, ordførar, stortingsmann og forlikskommisær. I 1880 tok han over som lensmann for Sand, og gav opp som bonde. Frå 1903 til 1965 vart garden driven av forpaktarar.

Då Rogaland Folkemuseum kjøpte garden i 1955, var det med tanke på å bygga opp eit folkemuseum. Guggedalsloftet frå Bråtveit, som hadde vore på bytur, og stabburet frå Bleskestad vart sett opp i tunet, medan ein sette opp kvernhusanlegg ved Tveitåna og husmannstove og stølshus i bakkanen ovanfor. Kolbeinstveit har hatt ei sentral rolle som museumstun i alle desse åra, og er framleis det tunet som har mest aktivitet og størst besøk.



Kolbeinstvedt

Stovehuset

Stovehuset sto ferdig i 1851. Det er eit tre-delt hus, som er typisk for Ryfylke, med ei lafta stove og stovekammers på sida, lafta bu og buakammers i enden, og gang og kjøkken i mellom i reisverk. Huset har lem, med stovelem over stova, og bualem over bua, ark og loftsbod midt på. Taket har tre bjødnar med sperr oppå, og er tekt med teglpanner. Bua er tydeleg bygd av gjenbruksmaterialar, truleg frå den gamle garden på Tveit. Bygningen blei freda i 1941.

Stovedelen og kjøken var i dagleg bruk, medan buadelen var til gjestebruk, og til oppbevaring av tørrmat og klede. På kjøken er det grue. Før huset vart museum, var det delt av eit spiskammers, og det var kjøkenbenk og faste hyller. I eit forsøk på



Stovehuset

å laga «gildestove» vart dette skifta ut med faste sittebenker og stort «vetlabord» etter at dei siste brukarane flytta ut i 1965. Då vart og stovokammeret tatt i bruk som moderne kjøken.

Stovehuset er innreia etter opplysningar frå Anna Tveit, f. 1922, dotter av Anna og Ola T.Brustveit som forpakta garden frå 1903-1930 med inventar frå Njeld Kolbeinstveit og frå bygdasamlinga. Det er ein møbleringsform som ein kjenner att frå Røynevar den, og som det er tradisjon for i desse tredelte husa i Ryfylke.



Løa

Løa

Løa er ein samanbygd driftsbygning, truleg ferdig oppsett på staden 1851 i stavkonstruksjon (grind) med sperretak. Det er ei 6-reis løe. Innafor reiset er det lafta kassar for fjos, geithus og hevdaskut. Oppe er det høyløe, kornløe og trøskjegolv. I eine enden er det sett på ein vedaskut og do, og i andre enden ein skut i to høgder, med køyretøy nede. Det er ei stor løe, 8 meter brei og 25 meter lang, og må ha vore imponerende då ho var ny. Det er brukt grove dimensjonar i konstruksjonen, og mykje gjenbruksmaterialar i laftekassene.

Fjosinnreinga vart fjerna etter at brukaran slutta drifta. No brukar me rommet til filmframsyning, konsertar og liknande. I geithuset har me kunst og handverktustillinger, medan andre høgda er ei utstilling om garden og folka på Kolbeinstveit.

Stall

Stallen står i enden av løa. Han er sett opp med kinningslaft, medan det var det nye sinklaftet som vart brukt i det nye som vart bygd på Kolbeinstveit. Såleis er det truleg gjenbruk av ein eldre bygning. Her finn me høy og hesteseletøy.

Smie

Smia ligg ved stien ned mot vatnet. Ho er lafta med sinklaft, og er truleg sett opp då tunet blei reist kring 1850. Interiøret i smia er på plass, men det krevst ein innsats for å få sett det i stand.

Eldhus (toalettbygg)

Det gamle eldhuset sto på andre sida av noverande riksveg. Det brann i 1929. Noverande eldhusbygning vart sett opp av tømmer frå ei kvern ein gong etter siste verdskrigen. Det vart ombygd til bruk for toalett- og vaskefunksjonar i samband med drift av campingplass på 1960-talet. I 2004 vart det totalrenovert, og fungerer i dag som toalettbygg og teknisk rom for vår sommardrift.

Bleskestadloftet

Loftet ved stovehuset kjem frå Bleskestad. Det vart kjøpt av Nils Haugen og flytta til Kolbeinstveit i 1956. Det skal vera bygd på 1600-talet.

STAMPA PÅ KVÆSTAD

Vadmålstampa på Kvæstad er truleg sett opp av Ingemund Kvæstad, f. 1816 d.1887. Det har vore stampa vadsmål her for folk i bygda til 1958. Etter at stampe og renner vart sett i stand att i 1980, er det framleis muleg å bruka ho. I dag ho er ei av ei handfull slike som er att i Norden.



Stampa på Kvæstad

Sjølve bygget er sett opp i stavkonstruksjon (grind), med te reis. Det er vassrenner frå bekken og inn på hjulet som sett stampehamrane i gong. Like ved stampehuset er det grue for koking av vatn, og stativ for vinde. Tilkomsten til stampa går gjennom eit privat tun. Aktiviteten rundt stampa er difor avgrensa til spesielle tilskipingar.

KVEDNAHOLA PÅ RITLAND


Kvednahola er gamal kvernhusplass for gardane Vasshus, Ritland og Førland. Kvar gard hadde turkehus og kvernhus her. I tillegg var her sag både på øvre og nedre sida av vegen, vadmålstampe og smie. Til saman kjenner me til 12 hus som har utnytta vasskrafta på staden. Vasstiltørsla vart regulert ved hjelp av ein stein i Ritlandsvatnet.

Museet har råderett over dei fire bygningane som står att i dag, eit kvernhus og eit turkehus på eine sida av bekken, ei kvern og ei turke i huset på andre sida, og ei sag. Saga er bygd i stavkonstruksjon, medan dei andre bygningane er lafta. Rennesystemet er rekonstruert slik at den eine kverna er fullt brukbar i dag. Knut Aalvik i Sauda har våre vår myllargut når me har køyrt kverna dei siste åra. Han fortel at kvernsteinane i denne kverna kjem frå Kvern fjellet i Selbu, og er produsert av Fredrik Brinch, som var aktiv frå 1880–1910. På desse åra vart det produsert 6.000 par steinar. Desse var nummererte, og steinane i Kvednahola har nr. 3436 og initialane FB.

Kvednahola på Ritland



Knut Aalvik mel korn i Kvednahola



KVERNHUSANLEGGET PÅ ØYSTAD

På Øystad i Kvilldal har museet eit kvernhusanlegg som var felles for gardane Steinbru, Sukka og Øystad. Det er kvernhus med tre kvernsteinar, ein for kvar gard, og turkehus. Begge bygningane er lafta med kinningslaft, og har delvis ståande bordkledning. I kvernhuset er det eldste årstalet 1824, og i turkehuset 1879. Takkonstruksjonen er sperretak, tekka med never og torv.

Då kvernhusanlegget var i drift, var det eit sinnrikt kanal- og vassrennesystem, der kvar gard også hadde sin slipestein, og Øystad hadde eigen vasskall for overføring av kraft til trøskjeverk. Endå kan ein finna spor etter alt dette inni mellom buskaset.

HÅLANDSTUNET

Hålandstunet ligg som eit landemerke når ein kjem frå Erøy og Vik mot Hålandsosen. Så har og Håland hatt stor betydning for Erfjord og det indre Ryfylke. Gardsfolket på Håland var gjennom 4–500 år mellom dei mest velstående i Ryfylke. Same slekta sat på hovudgarden frå 1570-talet. Det har vore 12 husmannsplassar på det meste. I hundreåret 1640–1740 var Håland lensmannsgard og tingstad i fleire periodar.

Målabua, Røykstova og Homannsbua

Utgangspunktet for museet sitt engasjement på Håland, var Målastova, Røykstova og Homannsbua som var ei gåve frå Hadle Håland i 1960. Begge buene har vore rikt dekorerte, men på grunn av bruk til ymse formål, er det no stort sett berre



Målabua



Hålandstunet

taket i Målabua som er intakt. Ser ein godt etter, kan ein sjå veggdekor også på veggene, med draperier og gregorianske noter. Målarbua vart måla kring 1640–50. Kunstnaren kan ha vore kyrkjemålaren Gottfried Hendtzchel.

Det var Marta og Ola Larson Håland som hadde garden på den tida. Dei var mellom dei aller rikaste i Ryfylke. Han var lensmann i Jelsa. To av systrene hans var gifte med to brør av Jelsapresten. Målinga på Homannsbua, som truleg har vore flytta frå Jelsa prestegard til Håland, kan vera eldre enn målinga i Målarbua. Målarbua og Homannsbua var gjestebodshus, men hadde i tillegg funksjon som oppbevarings- og gjesteplass.

Stovehuset

Stovehuset vart bygd i 1836. Det vart bygd som eit tredelt stovehus, med stove og stovekammer i eine enden, og bu og buakammers i andre, og gang og kjøkken i mellom. Frå gangen gjekk det trapp opp til bualemmen, med ark midt på, jente- og gutesal over stova, og gjesterom på bualemmen. Høgast opp under taket var det høgaloftet. Rundt 1980 vart huset bygd på langs heile baksida av huset med ei svål, slik at kjøkkenet vart større, og ein fekk sovekammers og spisskammer bak stovekammerset, og såkalla stabbur bak buakammerset. Gangen vart gjort om til ei mellomstove, og trappa vart flytta frå gangen til kjøkken. Huset er ein stor og staseleg bygning, klassisk i formspråket og moderne for si tid i første halvdel av 1800-talet. Museet overtok stovehuset i 1995. Det sto ferdig nyoppussa og innreia i 2002.



Stovehuset

Hagen er rekonstruert etter foto frå ca.1880, med stakitt-gjerde og port. Gamle planter og busker er rydda fram, og det er lagt hellegang langs husveggen.

Huset er innreia med gjendstandar frå Barkeland, som var

ei testamentarisk gåve frå Olga Oppedal. Dessutan har me brukt innsamla gjendstandar frå bygdasamlinga i Erfjord der det har vore naturleg å bruka dei. Ved hjelp av fargeprøver og intervju med eldre folk som kjente huset, har det lukkast å rekonstruera interiøra slik at huset står fram svært nært opp til slik huset sto rundt 1890.

SKULEMUSEET PÅ JELSA – «DEN RIIBERGSKE STIFTELSE»

Marcille Riiberg stifta Den Riibergske stiftelse i 1755. Formålet var mellom anna å opprette ein barneskule for strandsitjarnbarna på Jelsa. I tillegg skulle to ungdommar ha gratis opplæring på skulen slik at dei seinare kunne gå ut i bygdene som omgangskulelærarar.

Skulehuset vart tatt i bruk i 1775. Dette huset er såleis det eldste skulehuset i Ryfylke, og truleg det eldste i Rogaland når ein ikkje reknar med byane. Lærarskulen vart lagt ned i 1820. Men barneskulen heldt fram i dette huset til det kom nytt skulehus på Asheim i førstninga av 1900-talet.



Skulemuseet



BYGNINGANE PÅ HUSTVEIT

Jonegarden på Hustveit vart museum i 1987. Då kjøpte Staten ved Fylkesmannen i Rogaland heile garden. Museet tok på seg ansvaret for bygningane. Her rår me til saman over eit fantastisk kulturlandskap, frå sjøen til stølsområda og like opp til Hustveitsåta, som gir eit unikt høve til å formidla gardsdrift og naturutnytting i førindustriell tid.

Utmarka har vore ein vesentleg del av drifta som slåttemark og beite, til vedhogst og tømmerhogst og med bygningar knytt opp mot verksemda. I 1890 var det 19 hus på Jonegarden.

I 1936 var det 26 hus. Ein stor del av desse husa var truleg uteløer.

Bygningane på Hustveit har ei form og ein funksjon som er svært vanleg på ein middels god gard i Ryfylke frå 1800-talet. Den byggeskikken og byggeteknikken som er brukt er den vanlege byggemåten, som bygger på den lokale handlingsborne kunnskapen om korleis ein best gjer seg nytte av dei tilgjengelege materialane på staden.

På Hustveit har dei hatt tilgong på god byggestein. Garden ligg i eit fyllittbelte, med skiferaktig skyvelag. Denne elde-

gråen, som dei seier lokalt, finn ein som lange, flate steinar som er gode å mura med. Murane er lagt med to tilnærma loddrette vangar (veggar), med tverrbindingar. Kvar stein er mura opp med små skoror, og mellom vangane er det fylt i med jord. Resultatet er tette kistemurar, med rette veggjar og hjørne som ser ut som dei er skorne med sag.

Bygningane på Hustveit gir oss høve til å studera den lokale byggeskikken, med særleg vekt på ein høgt utvikla handverkskunnskap om steinmurar, og på utviklinga av stavkonstruksjonar i ulike fasar.

Stovehuset

Stovehuset på Hustveit er eit tredelt hus, som er sett saman av den gamle bua og ei ny stove. Mellom bua og stova er det gang og kjøkken. Bak stova finn me eit spisskammers, og bak bua er der vedbu. Det går trapp frå gangen og opp på lemen. Over stova finn me stovelemen, og over bua er bualemen.

Stova og bua er lafta. Ser me nøye etter, er bua lafta med den gamle kinningsnova som i Ryfylke var i bruk frå mellomalderen fram til første del av 1800-talet. Stova er i meir moderne sinklaft som vart brukt fram til lafteplanken tok over utover 1900-talet. Stova og bua er bunde saman med panelt reisverk. Taket er lagt med to bjødnar (åsar), sperr og liggande tro. I dag er heile taket tekka med teglstein. Huset skal vera bygd på 1860-talet, medan bua kan vera ganske mykje eldre. Ola Hustveit på nabogarden fortel at det kom separator på garden rundt 1890, og innlagt vatn på kjøkkenet i 1937, med vask med spring og avlaup.

Alt inventaret i huset høyrer heime på garden.



Stovehuset



Løa

Løa

Den gamle løa på Jonegarden var dårleg, og ramla ned før museet overtok garden. Løa som står der i dag, er flytta frå Tysseland i 2004. Målet er å rekonstruera den gamle løa og fjøset, for å kunne gi eit truverdig bilete av korleis garden har fungert. Men, i staden for høy i løa, skal dette rommet brukast til formidling av kulturlandskapet og det samspelet som har vore mellom gardsdrifta og naturen på Hustveit.

Ola Hustveit har vore ein god informant i rekonstruering av løa på Jonegarde. Det var ei typisk løe for Ryfylke, så eg vel å gå litt nærare inn på denne.

Løa som sto på Jonegarden vart sett opp rundt 1875. Det var ei 6 reis løe, der tre stavpar sto på murane til hevdaskuten, og tre stavpar sto på ein lågare mur, rundt ei lafta fjøskasse. I enden av løa sette Torger Hustveit seinare på ei svål for å ha ein plass for sledar og seletøy til hesten. Det var ope i begge sidene til svåla, slik at ein kunne gå igjennom.

Fjøset hadde steinheller i midtpartiet og ved dørene. Det var 20 båsar plassert langsetter veggane. Kalvane og ungdyra hadde mindre båsar. Når det var trøngt om plassen, vart det sett bås framfor bakdøra. Mellom båsane og det hellelagte partiet gjekk renna ned mot ei opning i muren ned til hevdaskuten. Ola Hustveit fortel at det vart lagt inn vatn alt i 1851, og var av dei første i bygda som fekk innlagt vatn.

I hevdaskuten gjekk sauene fritt i rommet, medan hesten sto på ein platting. Det var strødd for sauene med ei blanding

av sauastadl (turka møkk) og hakk (opphakka brakje). I kroken ved eine låvebrua og fjosveggen, opp mot vannhuset, var det grisebinge.

Det er to låvebruer opp på låven over fjoset. Den eldste er den som vender mot tunet. Dørene på låven var doble, der den eine døra var delt i to slik at ein kunne ha den øvste delen open for å turka høyet, utan at det kom dyr inn på låven.

Golvet innafor låvebrua vart nytta som trøskegol. Bjelkelaget var noe tettare her, og golvborda kraftigare. Trøskjegolvet var sua og tetta med mose. Det var viktig at ikkje det dyrebare kornet forsvann i sprekkane. Langs kvar side av trøskjegolvet var det sett opp ein halvvegg, eller karm, kalla brikje. Då ein gjekk over frå trøskjing med tust til trøskjemaskin, hadde ein ikkje lenger bruk for brikjer, så eine brikja vart fjerna.

Kornbanda vart oppbevart på låven, over fjoset, medan høyet vart oppbevart over hevdaskuten. Oppå slindrene la ein skukkar, eller hesjastaur, som ein la lauvkjerv på.

Folgehuset

Huset hadde to stover på framsida, og kjøkken, spisskammer og gang på baksida, eit såkalla firedelt hus. Frå gangen gjekk det trapp opp til lemen. Det var vedaskut i enden mot stovehuset. Folgehuset er borte, men murene til følgehuset står framleis like flotte og minner oss om dyktig steinhandverk.



Folgehuset

Folgeløa

Folgeløa hørte til folgefotka, og var ei stavløe, truleg med 4 reis, og var kledd med ståande kledning, med unnatak av raus-tet som var liggande. Løa hadde sperretak som var tekka med never og torv. Løa er borte, men murane står framleis like fine. Bak folgeløa har det vore eit svinehus. Dette er også borte.

Eldhuset

Det gamle eldhuset var sett opp med to stavreis etter den gamle måten, der avstivinga i sidene var kvarkaband som gjekk frå stavane og opp i stavleggja. Det vart fornya i si tid av Jone som sette opp ei tilsvarande bygning, men med den meir moderne måten med krossband frå stav til stav. Huset var bordkledd, og taket var tekka med never og torv.

Det var grue i eldhuset. Røyken trakk ut gjennom opningar øvst i brøstet på huset.

Bygningen er borte, men på grunnlag av restar av bygningsdelar og intervju med Ola Hustveit, har handverkaren til museet rekonstruert det gamle eldhuset i ein modell i målestokk 1:5. Målet er å få rekonstruert eldhuset i full målestokk. Det som står att i dag er hjørnesteinar, restar etter grua og den store malmgryta.

Vannhuset

Vannhuset bak løa er reist i stavkonstruksjon. Det har krobånd og krossband. Bygget er kledd med over- og underliggende kledning av vannkanta bord. Taket var kledd med never og torv, men er no midlertidig tekka med bølgeblikk.

Huset er bygd for å romma do og reiskap. Det er bygd over ein fjellknaus for å kunne sprenga seg ein djup kumme ned i fjellet, for å samla gjødsel, eller land. Frå kummen vart gjødselvatnet pumpa ut i trerenner, rundt løa og ut i sprettveiter på slåttemarka.

Jordkjellaren

Jordkjellaren ligg inn mot bakken, og veggane er lagt opp i tørrmur. Gavlane er reist i tre, og kledd på både inne og ute. Det er lagt stavlegjer for sperretaket om lag midt på murane, slik at taket sluttar ytst på muren. Taket er no tekka med never, knotteplast og torv. Jordkjellaren er det eldste huset som står att på garden. Det vart sett opp ein gong mellom 1810–1820.

Smia

Smia er sett opp i stavkonstruksjon. Ho har 2 reis med kroband og skråband, sperretak og tro. I dag er taket tekka med never, knotteplast og torv. Ho er innreia med esse, ambolt, blåsebelg og anna utstyr, og er fullt brukande i dag. Smia med blåsebelg og grue vart rekonstruert i 1997.

Hjulhuset

Jone sette opp hjulhus med vasshjul i 1914 i stavkonstruksjon. Det var ei tid med tvangsdyrking av korn, og ein vann ikkje med å trøskja kornet med tust. Hjulet er 3 meter i diameter og er bygd inni huset. Vatnet kjem i ei renne, og treffar hjulet øvst, slik at det går rundt. Frå hjulet gjekk det drivvaier inn i løa til trøskjemaskin og drøftemaskin.

Kvednafossen

Bygningane i, og rundt Kvednafossen er knytt opp til funksjonar som er driven av den vasskrafta fossen gir. Her har Jone Hustveit fått utfalda seg med all si interesse og kunnskap om teknikk, og bygd ut eit sinnrikt system med vassrenner, vasskallar og drivverk.

Kvednafossen har temmeleg stabil tilførsel av vatn. På dei verste regndagane kan det likevel bli for sterke krefter til å setta vatn på hjula. Ein lyt såleis tilpassa saginga og maling av korn etter naturen.

Buhuset

Bygningen vart sett opp som buhus, eller sommarfjos. Noen år seinare innreia Jone verkstad inst i bygningen, medan ein heldt fram å mjølka i den ytste delen. Her er dreiebenk, bandsag og benk for smergelskive til sliping av mellom anna sirkelsagblad på saga. Inventaret står som det gjorde i Jone si tid.

Huset er bygd i stavkonstruksjon, med 4 reis, der stavane står rett på handsteinar. Bygningen har skråband og neglingar for avstiving av sidene. Bygningen er kledd med ståande over- og underliggande kledning med vannkanta bord. Taket er eit bukketak med bjødnar og sperr og liggande tro. Det er tekka med torv. På eine slindra er det rissa inn årstalet 1920, som kan vera byggeåret.

Saga

I 1901 kjøpte Torger den gamle saga på nabogarden Ilstad, som sto ved sjøen i Ilstadbekken, og sette ho oppatt i Kvedna-



Jordkjellaren



Hjulhuset



Buhuset



Saga





Kvernhuset

fossen på Hustveit som vassdreven sirkelsag. Torger var ikkje flink til å skjera, men det var sonen Jone. Han sto gjerne to til tre veker på våren og skar tømmer på saga.

Saghusbygningen er i stavkonstruksjon med 3 reis, eller stavpar. Bygningen er sett på tørrsteinsmurar. Taket er lagt med sperr, lekter og tekka med bordtak med over- og underliggende bord. Saga er fullt innreia med sagbenk og sirkelsag som fungerer når vatnet blir sluppe nedover vassrenna og inn på vasskadlen

Tørka

Tørka er sett opp i stavkonstruksjon med 2 reis på oppmurte handsteinar, eller hjørnesteinar. Slindrane er laga av krumvokste tre. Bygningen har krobånd, skråbånd og neglingar som avstivarar, og er kledd med ståande over- og underliggende kledning. Det skal vera Jone Hustveit som sette opp bygningen, då som ei følgje av tvangsdyrking av korn under første verdskrigen. Før dette vart kornet turka i kjelen over grua i eldhuset. Tørka er fullt innreia, og kan fungera når det står vatn på kadlen under bygningen.

Kvernhuset

Eit kvernhus er nemnt alt i 1661. Då sto det lengre nede, i

Kvednadalen. Kvernhuset vart truleg flytta til Kvednafossen rundt 1840. Det er lafta med kinningslaft og sua stokkar. Ein kan skimta inskripsjonen 1777. Kvernhuset er fullt innreia, og kan fungera når det står vatn på kadlen under bygningen. I tilknytting til vassrennene for kvernhuset, er det ein mindre vasskadl som driv slipesteinen.

Stølshuset

Det er to stølar ved Stølsvatnet, der det som ligg øvst i bakken høyrer til Jonegarden. Det er eit samanbygd stølshus, der mjølkebua er lafta. Rommet utanfor mjølkebua er i stavkonstruksjon. Det vart nytta som eldhus, i tillegg til at budeia hadde senga si der. Stølen vart rekonstruert og sett opp att av Ola Hustveit i 1997. Det er Nord Rogaland- og Sunnhordaland fri-luftsråd som eig stølen i dag, og han står open til fri bruk for tur-gåarar.

LØA I SLETTEDALEN

Løa ligg nær vegen i Slettedalen i Sauda og er open for dei som vil ta ein kikk. Det er ei samansett bygning med ei lafta bu i eine enden, og eit stavreis i andre. Mellom stavane er det sleppvegg. Taket er tekt med never og torv. Både laftet og konstruksjonen har alderdommeleg preg, utan at me veit så mykje meir om denne løa.




Løa i Slettedalen

INDUSTRIARBEIDARMUSEET I ÅBØBYEN

Det kanadiske selskapet Electric Furnace Products Company, Limited bygde eigen fabrikkby i Sauda for sine arbeidrar, funksjonærar og toppleiarar før dei starta fabrikkdrifta ved Smelteverket i Sauda i 1923. Det vart ein gjennom planlagt by etter engelsk mønster, med arbeidarbustadar nærast fabrikkken, direktør- og legebustad øvst oppe i feltet, og funksjonærar i mellom. Det var park og idrettsanlegg, og tennisbane og klubbhus for funksjonærskiktet. Dei sytte for ny skule og eige sjukehus.

Det vart nytta høgt kvalifiserte arkitekter. Den som har hatt størst påverknad på utforminga er arkitekt Gustav Helland frå Stavanger. Fleire hus er teikna av Ole Landmark og Torgeir Alvsaker frå Bergen. Frå slutten på 1950-talet overtok Stavanger arkitekten Endre Årreberg mykje av arbeidet. Åbøbyen framstår som ein heilskap, med ein unik samling av nyklassisistisk arkitektur. Museet var med i arbeidet med å få utarbeidd verneplan for Åbøbyen.



Håkonsgate 51/53

Industriarbeidarmuseet ligg nedst i Åbøbyen. Det er ein typisk arbeidarbustad bygt som 4-familie bustad i 1917. Kwart husvere hadde stove, soverom, kjøken og eige bad og vannklosett. I tillegg var det seinare innreidd soverom på loftet. Det var bra standard, men folk tok gjerne inn leigetakarar som sov på divan i stova.

Eine delen av huset er innreidd med to autentiske husvere, i 1. høgda frå 1920-talet, og i 2. høgda frå 1960-talet. Tidlegare bebuarar i Åbøbyen har hjelpt til med å finna dei rette gjendstandane. Resultatet er to truverdige miljø frå kvar sin periode.

I den andre delen av huset har me sett av 1. høgda til skiftande utstillingar frå ulike sider ved livet til industriarbeidaren, medan det er møterom og kontor i 2. høgda.

Bak huset finn me sykkelskur og tørkestativ.



Håkonsgate 51/53

VIGATUNET I HJELMELAND

Vigatunet er Ryfylkemuseet sin fruktgard midt i fruktbygda Hjelmeland. Her bygger me opp ein historisk frukthage som vil kunne vera ein viktig genbank i framtida for lokale fruktslag.

Viga er garden som ligg ved ei vik. Ein kan følgja garden gjennom skriftlege kjelder tilbake til 1300-talet, og det er gjort funn frå vikingtida. Slik tunet står no vart det sjåande ut i 1821. Då var det utskifting på garden, og tunet vart flytta. Viga var eit av dei største gardsbruka i Hjelmeland.

I 1955 vart det sett opp ny hovudbygning på garden, og det gamle tunet vart fråflytta. I 1970 kjøpte Hjelmeland kommune husa, og i 1975 vart det overdradd til museet. Inventaret i bygningane er deponert av siste brukaren, Sven Randa. Såleis står stovehuset som det gjorde i 1955.

Det særmerkte for Viga er bruken av steinheller. Alle husa på garden har helletak, store, hogde heller på framsida, medan baksidene med rette kan kallast villhelletak. Heller er ein lokal ressurs i eit område med gode skiferbrot. For museet er det ei utfordring når me nå skal til med større reparasjonsarbeider på Viga, då den handlingsborne kunnskapen om legging av helletak nærast er borte.

Stovehuset

Den eldste delen av huset er røykstova. Denne meiner ein å kunne tidfesta til 1600-talet. Gardstunet vart flytta til noverande stad i 1821. Då nytta ein høvet til å setta ny bu inntil den gamle stova. Huset fekk skorstein, og det vart lagt på lem over den nye bua. Me kan merka oss glasa på bualemmen. Dei er

blyinnfatta, og av eldre årgang enn dei andre glasa i huset. Truleg er det dei gamle glasa i røykstova som er flytta opp her ved moderniseringa.

Gangen mellom stova og bua vart det delt av eit spisskammers, og trappa til lemmen går opp her. På Viga var dei tidleg ute med det tre-delte stovehuset som etter kvart vart så typisk for Ryfylke. Ein brukar å finna kjøkken i den midtre delen av huset. På Viga har dei koka maten i stova. Stova er tradisjonelt innreia, med eldstad i hjørne mellom døra og bakveggen, seng i neste hjørne, bord ved glasa, og mjølkehylle på veggen mellom glasveggen og døra.

Bua vart nytta som gjesterom og til oppbevaring av klede, med bestastove nede og sengeplass og kister på bualemmen.

Det var vedaskut i eine enden av huset, og reiskapskut i andre.



Sisselastova



Vigatunet



Naust

Sisselastova

Huset skal vera flytta frå Fevøll. Det har gjort teneste som skulerom, og seinare som gjestestove på garden. Huset har ei lafta stove, og gang og spisskammers i reisverk. Frå gangen går trappa opp til lemmen.

Eldhuset

Tømmeret i eldhuset fortel om høg alder. Dette eldhuset kom frå Hauskevågen. Huset er lafta, og er bordkledd med lig-gande bord på tre sider. Golvet er hellelagt, og endeveggen vert dominert av ei stor grue i gråstein, der det er sett inn ved-komfyr. Ved sida av grua er det vedomn for takkebakst. Eldhuset har det gamle inventaret, med bakstebord og krakkar og det husgeråd som vart nytta i eit eldhus.

Løe

Løa er bygd som ei stavløe (grind), med 6 reis. I 1. høgda er det sett inn fjoskasse lafta med sinklaft. Fjoset har komplett innreiing med 10 kubåsar, ei bingje og lanrenner. Det er vidare delt av til stall og hevdaskuter. Frå fjoset går det trapp opp til høyløa. Oppe er det høyløe, kornløe og trøskjegolv med brikjer. Alle dei viktige gardsreidskapa står framleis i løa. Til og med ein «Gråtass» er plassert i eine hevdaskuten. Det gir oss eit godt høve til å setta oss inn i korleis garden har vore driven.

Stabbur

Stabburet er lafta og bordkledd på to sider. Taket har heller på eine sida, og teglpanner på andre. Bygningen står på steinstabbar. Inne finn me faste mjølbingjer. Stabburet vart nytta til oppbevaring av tørr mat.

Kvernhus og turke

Ved bekken, nedanom garden er det både kvernhus og turke. Kvernhuset er lafta og står på steinpillalar. Det har hellelagt tak. Inventaret er intakt. Turka er oppført i stavkonstruksjon med to reis, med ståande ukanta kledning. Det har teglpanner på eine sida av taket, og eternit på andre. Det er to omnsfyrte turker mura av pussa gråstein og teglstein

Naust

Nede ved sjøen er det to flotte naust. Det eine høyrer til Vigatunet. Naustet er bygd i stavkonstruksjon (grind) med 6 reis. Det har ståande kledning av ukanta bord, og hellelagt tak.

BAKKEN PÅ RENNESØY

På Bakken har det vore husmannsplass under Dalaker sidan Elling Olson Sørbø og Mari Jakobsdotter slo seg ned midt på 1700-talet. Det var husmenn på plassen fram til 1849. Etter 100 år, tok enka etter Jakob Erikson, Kristine Endresdotter, ungane med seg og dro til Amerika.

I 1867 flytta Berta Karina og Knut Torsen Dalaker til Bakken. Berta Karina var født i 1846, dotter til bonden på Dalakar, Jørgen Eriksen, og andre kona hans, Vendel Olsdotter frå Høye i Avalsnes. Knut var født i 1828 på husmannsplassen Ladberget under Austbø på Rennesøy. Knut var sjømann, og døydde ung. Men dei rakk å få 5 ungar, tre søner, som alle reiste til Amerika som unge, og to døtre.

Husmannsplassen Bakken fortel historia om Berta Karina og Knut Dalaker og ungane deira, om korleis det har vore å bu og veksa opp på ein liten plass som Bakken. Med ein far på sjøen, og mor som stelte huset, heimen, ungane og det litle gardsbruket. Eit liv i nøysemd, der ein har lappa saman eit husveret av ei stove her og ei stove der, og tenkt ressursar i kvar bygningsdel. Berta Karina levde til 1926. Rennesøy Bygdemuseum fekk bygningen i gåve frå familien i1964. 14.juni i år, overtok Ryfylkemuseet ansvaret for plassen.

På Bakken hadde dei 3–4 sauer som Berta Karina hadde ansvaret for. Då ho vart åleine, fekk ho låna ei ku frå Dalaker. Dei hadde litt jord nedanom huset, der dei hadde poteter, kål, og kanskje korn. Bak huset hadde dei hage med bærbuskar



Bakken

og plommetre. Oppi bakkane, ovanom vegen, kan ein framleis sjå steingardane og nabbane der dei slo gras og hadde beite. Brønnen låg like bortanom hagen, og nede i bakken kan me endå sjå jordkjellaren, der dei hadde jordeple.

Stovehuset

Då Berta Karina og Knut gifta seg, fekk dei bu på Bakken i Dalakerkleiva. Dei fekk plassen av far hennar, og var sjølveigarar. Dei hadde ikkje plikt på garden.

Det heiter seg at dei flytta med seg ei lafta stove frå heimegarden til mor til Berta Karina, og ei stove frå Austbøsjøen på Rennesøy. Begge desse stovene er lafta med sinklaft, og er av kløyvde stokkar. Det er ein type laft som det ser ut som vart tatt i bruk i Ryfylke frå midten av 1800-talet. Dvs. at husa truleg er bygd ikkje så lenge før dei vart flytta til Dalakerkleiva. Desse stovene vart sett inntil kvarandre. Bak eine stova er det eit lite kammers. Før ein kjem inn til stova, kjem ein inn i kjøkkenet. Dette er sett opp i enkelt bindingsverk, og har grue på veggen mot stova.

Løa

I forlenging av stovehuset, er det bygd på løe på andre sida av kjøkkenet. Det går dør frå kjøkkenet og inn i løa. Det er ikkje mange slike samanbygde hus att i Rogaland, der folk og dyr budde under same tak.

Løa er sett opp i stavkonstruksjon, med 3 stavar i framkant, og ein flott steinmur i bakkant og i gavlen. Slindra er lagt i stavøyra med eine enden. Andre enden er lagt innpå muren. Oppå slindra ligg stavleggjene. Me finn kroband som går frå stav til slinder, og neglingar som fester for bordkledninga. Løa vitnar om ein nøktern materialbruk, der dei har spart på tømmer. Stein var her nok av, mens tømmer måtte dei henta frå Ryfylke.

Inn av låvedøra finn med eit kraftig tregolv. Dette var trøskjogolv, der dei trøska kornet med tust. Truleg har det vore ei brikje, ein halvvegg, som sto ned i spora i bjelken under golvet, slik at det blei som ein karm rundt kornet. Me veit ikkje korleis den har sett ut, og vel difor å ikkje gjera forsøk på noen rekonstruksjon.

Det er ein sleppvegg mot hevdaskuten, der sauen sto. Over denne hadde ein høyet. Korleis resten av løa vart nytta, veit me ikkje.

I andre enden av bygningen finn me ein skut, der det har vore do og brensel, dvs. ved og torv.



Kvitsøy hummermuseum

KVITSØY HUMMERMUSEUM – PAKKHUSET PÅ GRØNINGEN

3.juni i år overtok Ryfylkemuseet ansvaret for Hummermuseet på Kvitsøy. Det vart markert med opning av ny utstilling i hovudetasjen. Museet ligg på Grøningen i det gamle pakkhuset som hummereksportør Otto Ydstebø sette opp i 1960. I underetasjen og i skuten var det støypte kummer der hummarer vart samla.

Tidleg på 1990-talet kjøpte Kvitsøy kommune bygningen med tanke på å skapa eit levande hus for fiskarane, hummerforskning og eit hummermuseum.

NESASJØHUSET PÅ SAND – ADMINISTRASJONSBYGG FOR RYFYLKEMUSEET

Ryfylkemuseet kjøpte dette huset i 1986. I 1991 sto det ferdig innreia med moderne kontorlokale, atelier, fagbibliotek, arkiv og to store, gode utstillingslokale. I dag er det arbeidsplassen til 7 fast tilsette, samtidig som det er eit publikumshus, med museumsbutikk, ein liten kafe, utstillinger, konsertar, møte med meir.

Huset vart bygt på slutten av 1840-talet, og vart brukt til sildesalting og lagring av tønner og til oppbevaring av nøter og båtar, seinare og som lager også for den handelsverksemda R. og T. Rasmussen dreiv i Rasmussensjøhuset. Den siste som hadde huset var slaktar Marvik som kjøpte det i 1946. Då



Nesasjøhuset

vart ei svol på vestsida innlemma i hovudbygget, og taket vart løfta.

Huset er eit bindingsverkhus som var typisk for denne type sjøhus langs norskekysten. Saman med Rasmussensjøhuset, utgjer Nesa-sjøhuset dei siste restane av ei bygningsform som har prega Sand, og utgjer eit tyngdepunkt ytst i Nordenden, som er den delen av Sand som er minst berørt av modernisering og raseringar.

EI UNIK BYGNINGSSAMLING

Bygningsssamlinga til Ryfylkemuseet er ein unik kjelde til kunnskap om liv og verksemd i Ryfylke. Det er ei samling som speglar dei sosiale lag i det gamle bondesamfunnet, frå husmannsplasset Røynevarden på ei fjellhille ved Suldalsvatnet og Bakken med nær tilknytning til sjøen, den middels store, typiske Ryfylkegarden på Hustveit, fruktgarden på Viga og så storgarden Håland, med dekorert gjestebu og plysjmøblar i bua. Alle desse bygningane fortel historia knytt til primærnæringane jordbruk, skogbruk og fiske. I industriarbeidarmuseet, nedst i Åbøbyen, får me eit innblikk i livet til industriarbeidaren og familien hans.

Heile 16 av bygningane til museet er knytt til utnytting av vasskraft. Det seier gjerne noe om kor viktig del av kvardagen dette har vore i Ryfylke. Med bratte fjell med mykje rennande vatn har ein sjølsagt nytta denne resursen. Det er noe tilfel-

dig at vår vasskraftshistorie på museet sluttar med dette. Men det vert arbeidd for tida med eit muleg vern av Sondenåhavns Kraftstasjon i Sauda. Dersom dette går i orden, får me her høve til å visa ein viktig del av industrihistoria i Ryfylke.

Hummermuseet er eit ytterpunkt for vår verksemd, der det om sommaren er levande hummer i kara på museet. Det vert arbeidd med ei utdjuing av Kvitsøy-historia der hummerfisket skal settast inn i ein samanheng.

Skulemuseet på Jelsa representerer kulturlivet i bygda, og er ein typisk skulebygning i Ryfylke. Han ligg sentralt på strandstaden Jelsa, og i gangavstand til kyrkja. På våre omvisingar er desse slått i saman. I eit slikt kulturbilete skulle me sjølsagt hatt eit bedehus, og gjerne eit ungdomshus. Desse institusjonane har vore sentrale i Ryfylke frå slutten av 1800-talet og like fram til i dag.

Bygningshistorie

Bygningsmassen speglar og ein bygningshistorie som er ein kjelde til ny kunnskap om korleis dei vart bygd og korleis dei har endra seg gjennom skiftande bruk, og som følgje av modernisering, vedlikehald, reparasjonar og påbygg.

Me rår over ein bygningsmasse som spennar frå Guggedalsloftet frå 1281 til pakkhuset på Grønningen på Kvitsøy frå 1960. I stovehus, fjøs og loftsbygningar kan ein studera ulike lafteformar og ståande plank i tillegg har me ei unik samling av stavbygde hus og sjøhus i bindingsverk. Med det siste tilskottet til bygningssamlinga, Bakken, har me no fått eit nydeleg eksempel på bruken av stein på øyane,

Utviklinga i stovehusa kan me følgja frå den enkle røykstova i Gamlestova på Røynevarden til Nystova der, med same innreiing, men med pipe og lem. På Viga ser me tydeleg korleis det tre-



Guggedalsloftet

delte huset utvikla seg, med samansetting av den gamle røykstova og den nye bua med lem i 1821. Det mest typiske av desse tredelte husa ser me på Hustveit. Kolbeinstveit er eit større hus. Her vart det sett på kammers bak stovene, og på Håland vart det seinare tid bygd på ei svål bak der att, medan gangen vart gjort om til ei mellomstove. Tilsaman har me samla heile utviklinga til det tredelte stovehuset. Det var ei form som vart nytta fram til 1940, parallelt med at det firedelte huset vart lansert på slutten av 1800-talet.

Frå gotiske detaljer på beitskiane på Guggedalsloftet, kan me dra vidare til Målabua på Håland og studera dekkormåling

frå 1640–50-talet, med gregorianske notar, og nyta klassistisk arkitektur i det flotte stovehuset. Noe enklare arkitektur finn me på Kolbeinstveit, men den reine, symmetriske fasaden, den flate arken og pilastrane på listverket rundt døra, fortel oss at snekkaren har vore inspirert av empiren som var på moten i Europa tidleg på 1800-talet. I Åbøbyen har dei hatt arkitektar frå Stavanger, og var tidleg ute med den nyklassisistiske stilen.

Samlinga visar at sjølv inne i fjordarmene har ein følgd med i den tekniske utviklinga og i rådande moteretningar.



Museet har store vedlikehaldsoppgåver. Med friske prosjektmidlar håper me å komma å jour på Røynevarden.



Helletekte tak på Viga

Vedlikehald av bygningsmassen

Dei fleste av våre bygningar var gamle og velbrukte då dei vart overtatt av museet. Først i 1994 fekk museet fast handverkar. Det seier seg sjølv at det vert å halsa etter for å gjera det mest prekære. Med noen friske midlar frå staten, og egne prosjektmidlar til Røynevarden, håper me å komma noe meir à jour.

Bygningsvernfilosofien endrar seg over tid. Fleire av våre bygningar har gjennomgått vedlikehald som har ført til fjerning av spor etter bygningshistorikken. I dag følgjer me prinsippet at me ikkje nødvendigvis skal tilbakeføra bygningen når me ikkje er heilt sikre på korleis det var. Sjølv då, må me spørja

oss kva det er me ønskjer å formidla. Alt som er gjort med ein bygning fortel ei bygningshistorie. Me skal riva vedlikehald. Dersom ein del av bygningen må skiftast ut, skal han kopierast med same materialkvalitet og teknikk som i originalen. Her har me store utfordringar.

Mykje av dei gamle tradisjonelle byggeteknikkane og kunnskapen om materialar er, eller er på veg til døy ut. For å driva eit godt vedlikehald, må me tileigna oss denne kunnskapen. Det har me gjort gjennom det me har kalla dokumentasjonsprosjekt. Dette skriv eg om ein annan stad i heftet. 29 av våre bygningar har torvtekte tak, og 6 er tekka med heller. Det seier seg sjølv at her er bruk for både kunnskap og hender.

Grete Holmboe (57) er leiar for bygningsavdelinga ved Ryfylkemuseet. Ho har vore knytt til museet gjennom prosjektarbeid sidan 1995, og blei tilsett i fast stilling som antikvar i 2002. Ho har lang praksis frå tidlegare arbeid med rehabiliterings- og restaureringsprosjekt.

LITTERATUR:

- Arne Berg: Artikkel i Folk i Ryfylke 2004: Loftet frå Guggedal
- Grete Holmboe: Artikkel i Folk i Ryfylke 2004: Hus og heim
- Grete Holmboe: Artikkel Folk i Ryfylke 2005: Tysselandsløa på Jonegarden
- Bygningane på Hustveit
- Karen Sofie Tangstad: Artikkel i Folk i Ryfylke 1/85: Arkitekturen i Åbøbyen
- Roy Høibo: Folk i Ryfylke 2/86: Bygningane

Frå kvit flekk til eksportartikkel – Rogaland og folkemusikken

Av Ruth Anne Moen

Eg har vore på seminar på Voss. Ut på kvelden sat ei gruppe unge folkemusikkstudantar og «buskspelte» i stova. Med eitt høyrer eg noko kjent – ein springar frå Bjerkreim. Folkemusikk frå Rogaland er i ferd med å spreie seg ut over fylkets grenser. Feleslåttar er blitt eksportartikkel. Men Rogaland var jo ein såkalla «kvit flekk» – kva har hendt?

La oss sjå litt på historia. Ryfylkemuseet er 25 år. I skrivande stund er det og 25 år sidan det første møtet om eit eventuelt framtidig folkemusikkarkiv for Rogaland fann stad og fylkeskommunen sette ned ei nemnd for å utgreie saka. I 1986 kom den første engasjementstillinga knytta til Ryfylkemuseet, i 1992 blei arkivet oppretta som eigen avdeling ved museet, med ein halv stilling. I 1996 var vi endeleg i mål med ein heil stilling. Då hadde det gått 15 år.

I 1981 var altså Rogaland framleis rekna som ein av dei kvite flekkane på folkemusikk-kartet. I ein artikkel i Folk i Ryfylke 2002 skriv Roy Høibo følgjande:

Historia om folkemusikkarkivet for Rogaland er ei historie om tvil, nøling og mye idealisme. Den store tvilen dreidde seg om det i det heile var noen tradisjonar å ta vare på. Nølinga galdt spørsmålet om dette var noe å bruke pengar på. Idealismen var knytt til dei som likevel sette i gang

No var det vel ikkje slik at det var heilt «kvitt». Det hadde vore samla inn stoff i Rogaland tidlegare, men det var berre så lite tilgjengeleg for rogalendingar flest, om nokon i det heile visste at stoffet eksisterte.

CD-UTGJEVINGAR OG RADIOPROGRAM

Vi angrar ikkje på at vi sette i gang. Arbeidet har vore spennande og utfordrande og vi sit i dag med ei stor samling med opptak frå så og seie heile fylket. Vi opplever at stadig fleire tek stoffet i bruk og dei siste to åra har det jamvel kome heile

4 nye cd-utgjevingar som alle inneheld tradisjonsstoff frå Rogaland. Først ute var gruppa med det underlege namnet «Geitungen», og cd-en «Bra kast». Cd-en vann plateprisen i open klasse under «Folkelarm»¹ 2005. Gruppa har namnet sitt etter ein springarslått etter Anders Leite frå Strand.

«Geitungen», springar etter Anders Leite

Gruppa «Geitungen» består av tre unge gitarar frå Haugesund, Førresfjorden og Sandnes, Vidar S.B. Skrede, Olav Christer Rossebø og Håvard Ims. Håvard Ims vann klassa for solospel på toradar på Landskappleiken² 2006 og sjølvsaugt spelte han slåttar frå Rogaland. På cd-en høyrer vi mellom anna ein springar frå Jelsa framført på toradar solo.

Springaren blei spelt inn på band tidleg på 1950-talet av Hans Risa Johnsen då innsamlaren Holger Barkved hadde fått seg bandopptakar. Hans Risa Johnsen hadde lært springaren av faren, Johannes. Sidan var denne springaren ein godt bevart løyndom inntil opptaka, som hadde vore i privat eige, havna i Folkemusikkarkivet si samling seint på 1980-talet. I dag er springaren godt kjent blant dei fleste felespelarane i Rogaland. Han er og i ferd med å bli plukka opp av unge musikarar andre stader i landet. På cd-en til Geitungen finn vi elles slåttar frå Bjerkreim, Suldal og endatil ein reinlender frå Karmøy.

Neste ut var gruppa «Onkel Folke» med cd-en «Kasta beinet», oppkalla etter eit slåttestev frå Bjerkreim:

Etter Gunnar Birkeland, Bjerkreim

Kas-ta bei-net ut i fos-sen, kas-ta bei-net ut i fos-sen, det va ing - jen-ting på.

Eg ska læ-ra deg te stid-la, eg ska læ-ra deg te stid-la, men al-dre te

slå, fo' du ga' meg et bein så det ing-jen-ting va' på!

Kasta beinet ut i fossen, kasta beinet ut i fossen,
det va ingjenting på.

Eg ska læra deg te stidla, eg skal læra deg te stidla,
men aldre te slå,
fø' du ga' meg et bein så det ingjenting va' på!

I 1992 ringte Gunnar Birkeland, Bjerkreimsbu busett på Notodden, til Folkemusikkarkivet og spurte om vi var interesserte i gamle barnestubbar. Han hadde nokre han hadde lært heime. Sjølv sagt var vi det! Det blei eit spennande møte der han song inn eit tjuetal av slike småstubbar etter foreldra sine. Ein av dei var slåttestevet om fossegrimen, «Kasta beinet ut i fossen» som mange born har fått lære sidan.

Felespelaren i «Onkel Folke», Tove Solheim kjem frå Nærbo, men er busett i Suldal der ho mellom anna underviser hardingfelelevar i kulturskulen. Ho har nyleg skrive masteroppgåve om slåttemusikken og spelemennene i Suldal. Ho har



«Onkel Folke» på turne med «Brødrene af Sand». F.v. Knut Egil Kristiansen, Øystein Sandbukt, Audun Eken, Gro Kjelleberg Solli og Tove Solheim

tilbrakt mange timer i arkivet der ho har lytta til både slåttespel og intervju. Slagverkar Knut Egil Kristiansen kjem frå Lista, men er busett på Sandnes og underviser i ungdomsskulen der. Dei andre medlemmene i gruppa er Audun Eken, Øystein Sandbukt og Gro Kjelleberg Solli.

Onkel Folke koplpar stevet til Gunnar Birkeland med ein hallingslått etter Johannes Tveitane frå Suldal. Johannes Tveitane fekk eg vite om etter at naboen hadde høyrte han spele fele på verandaen. Det var i 1994. Han viste seg å kunne fleire gamle springar- og hallingslåttar og etterkvart blei det både lyd- og videoopptak og fleire av slåttane hans er tekne i bruk att. Med på cd-en er og suldalsslåtten «Signe Ulladalen» etter Olav J. Bråtveit og eit slåttestev frå Bjerkreim, «Inn kom han Tore drukkjenmann». Dette stevet fekk nokre av oss lære av spelemannen Ivar Fuglestad ein gong på slutten av 1970-talet. På cd-en til Onkel Folke finn vi og stoff frå Agder og frå Nord-Møre som er heimstaden til vokalist Gro Kjelleberg Solli. I 2003 var Onkel Folke på turnè i Ryfylke med jekta vår, «Brødrene af Sand».

Gry Oftedal produserte cd-en sin, «Tvilevise» i USA. Gry Oftedal som spelar tradisjonelle feleslåttar på sjøfløyte, kjem frå Hundvåg og har med seg vokalist Åshild Vetrhus frå Suldal på cd-en. Så nær som eit par nykomposisjonar, er alt stoffet henta frå Rogaland. Gry Oftedal vann klassa for eldre folke-



Gry Oftedal med tekniskar Per Ravnaas under innspeling av cd-en «Fela i ura»

musikkinstrument på Landskappleiken med spel på sjøfløyte så tidleg som i 1999. «Tvilleise» som Gry kallar visa som har gitt namn til cd-en, er ei vise eg fekk lære av Sigurd Valskaar, opprinneleg frå Suldal, men busett i Saudasjøen då eg traff han i 1997. Han hadde som ung gut moro av å lære songar av gamlekara i Suldalseid og tok og etter syngemåten deira. På cd-en finn vi og ein liten barnesull etter Karl Helgeland frå Erfjord. Eg gjorde opptak med han og kona, Hilda i 1993 og fekk mange slike småstubbar som dei hadde etter foreldra sine.

Etter Karl Helgeland, Erfjord

Sull lull li - ten tull, gje' me had - de sto - va full av sli - ke gjæ - ve ung - a,
lø - a, lå - ven, sto - va, ko - ven og ein li - ten tull ut i gar - den!

Sull lull liten tull, gje' me hadde stova full av slike gjæve unga,
løa, låven, stova, koven og ein liten tull ut i garden!

I eit arkivopptak frå 1960 syng Judith Staurland den vakre salmetonen «Takk for tornekronen din». Den har og fått plass på cd-en. Men mest er det altså slåttemusikk frå Suldal og Bjerkreim – spennande å høyre desse feleslåttane på sjøfløyte!

Tilslutt kom gruppa «Tindra» med sin første cd. Den inneheld mykje nykomponert stoff, men og ein del folkemusikk frå Rogaland. Åshild Vetthus som er vokalist i Tindra, song seg opp i A-klassa for vokalutøvarar på Landskappleiken 2006 som første rogalending. I tillegg til Åshild, består gruppa av Jorunn Marie Rypdal Kvernberg på hardingfele/fele og Irene Tillung på akkordeon. Både Tindra og Geitungen var med i finalen til Rikonsertane si nysatsing i 2005, «INTRO-folk»³. Vi snakkar altså om utøvarar og grupper som gjer seg bemerkta i landssamanheng. Blant rogalandsstoffet som er med på cd-en til Tindra er visa «Det var om lordagskvelden». Denne visa har Åshild etter opptak med Åsmund Tveitane frå Suldal, eit opptak vi finn i samlinga til Holger Barkved. Åshild har og forsynt arkivet med opptak frå eige feltarbeid.

*Det va om lordagskvelden eg skulle ut å gå,
med sølvspente sko og med busseluva på.
Så banka eg på døro med min raudmåla stokk.
Å vil du vara jento mi, så lukkar du vel opp!*

...



Gruppa «Tindra». F.v. Jorunn Marie Kvernberg, Irene Tillung og Åshild Vetthus

På cd-en finn vi elles ein parodi på ein gammal Petter Dass salme etter Ivar Fuglestad frå Bjerkreim. Ivar var ein av våre tidlegaste informantar, og eg hugsar godt han fortalte om systersonen hans, Thomas Sangholt som satt i fjøset og dikta dette verset. Men Ivar kunne ikkje synge lenger då. Opptaket der han syng er frå 1960 og gjort av Rachel Thomassen som var ute på oppdrag for Universitetet i Oslo. Opptaka hamna på det som no heiter Norsk Folkemusikksamling i Oslo og då Folkemusikkarkivet for Rogaland blei oppretta, fekk vi kopi. På cd-en finn vi og eit artig arrangement av reinlendaren «Lasseskaren» etter Ivar Fuglestad.

Tidlegare hadde museet tre cd-utgjevingar bak seg, «Songar frå Jelsa» (1997), «Den yndigste Rose» (1999, bok med cd) og «Fela i ura» (2000) med utøvarar frå Vibå spelemannslag. Med alt dette er folkemusikken frå Rogaland blitt langt meir tilgjengeleg, iallefall for dei som leiter. Underteikna var og produsent for minicd-en «Hvad som er hendt i disse dage», ein cd som følgde Karmsund Museum si årbok 1997-1998. Dessverre er ikkje desse cd-ane der ein kunne forvente å finne dei i sal – nemleg i dei lokale cd-butikkane.

Så korleis gjere dette kjend? Media er sjølvsgt viktig, men det er vanskeleg å komme til i dei større avisene. Då er det annleis med NRK. NRK-Rogaland har hatt fleire program om den lokale folkemusikken, både i radio og tv. Folkemusikken i Rogaland har og fleire gongar vore presentert i landsdekkande kanalar, mellom anna har vi vore i «Norge rundt».

NRK-P2 har elles eit eige program for folkemusikkinteresserte, «Folkemusikktimen». Den tette produksjonen av cd-ar med rogalandsstoff ga innfallsvinkel til heile to halvtimes program denne våren om folkemusikken i Rogaland, med diverse kutt frå arkivet og sjølvsgt smakebitar frå dei nye cd-ane. Programma var ved Leiv Solberg frå NRK og underteikna.

Det var eigentleg meininga at vi skulle lage eit program. Men Leiv Solberg meinte eg hadde med så mange spennande opptak, at vi måtte lage to. I programma presenterte vi alt frå mellomalderballadar, salmetonar, barnesullar, ulike viser og stev og fleire feleslåttar. Blant informantane var Tobbi Isaksen frå Jørpeland, Johanna Steinbru frå Suldal, Gunnar Birkeland frå Bjerkreim, Svein Linge frå Bryne, Jørgen T.V. Hovda frå Kvildal og Jacob Mollatveit frå Sauda.

Men sjølv om Rogaland no har fått ein plass på det nasjonale folkemusikk-kartet er det nok slik at lokal folkemusikk framleis er eit temmeleg ukjent fenomen for fleirtalet av rogalendingar. Så kva skjer lokalt?

STØRRE LOKALE PROSJEKT – STRAND OG LUND

I november kom boka «Eg rodde på spreng – ifrå Hidle te Heng», songar, småstubbar, rim og regler frå Strand. Boka er resultat av eit samarbeid med Strand mållag.

Etter Oskar Emil Langeland, Tau



Eg rod-de på spreng i frå Hi-dle te Heng, i frå Bar-ka te Nag på ein som-mars-dag

Eg rodde på spreng
i frå Hidle te Heng
i frå Barka te Nag
på ein sommars dag.

I førekant av utgjevinga blei det sett i gang eit større feltarbeid der mellom anna denne vesle stubben dukka opp. I tillegg er det teke med mykje stoff frå tidlegare innsamlingsarbeid, t.d. stoff etter innsamlaren Holger Barkved frå Bjørheimsbygd, og stoff frå tidlegare innsamlingsarbeid ved arkivet. Med boka følgjer ein cd der Silje Vige syng alle songane. Håvard Ims er med på nokre av songane på toradar og Tove Solheim spelar ein slått på hardingfele etter Anders Leite frå Jørpeland. Boka blei lansert på ein kulturkveld på Tau der både Silje Vige og mest heile Ryfylke Visegruppe var med. Ryfylke visegruppe tok så tidleg som på 70-talet fatt i tradisjonsstoff frå Rogaland med lp-en «Før oljå kom». Prosjektet i Strand er eit godt døme på kva ein kan få uttretta når ein får til samarbeid med lokale krefter.

«Den kvite flekken på kartet» er Roy Høibo sin tittel på artikkelen i Folk i Ryfylke 2002. Eg viste og sjølv til nokre «kvite flekkar» i artikkelen min «Folkemusikkarkivet for Rogaland –frå felt til formidling». Ein av desse flekkane var Lund kommune. Såleis er det ikkje i dag.

Hausten 2004 sette vi i gang feltarbeid i Lund. Lokal kontaktperson er Hanne Melby Hofsmo, austlandsjente som gifta seg med bonde frå Hovsherad. Ho etterlyste lokale småstubbar og songar til bruk i skule og barnehage. Ikkje ulikt utgangspunkt som prosjektet i Strand, altså. Etterkvart har vi og fått eit samarbeid med Lund Historie- og Ættesogelag. Arbeidet er godt i gang, ein del stoff er samla inn, mest småstubbar og regler. Så langt er det og blitt to artiklar i årsskriftet til historie- og ættesogelaget, og fleire skal det bli. Det er eit mål å få samla stoffet i eit eige hefte.

Her kjem ein variant av stubben om ekornet som gjekk på vollen og slo. Bernhard Skåland hadde lært denne av far sin:

Etter Bernhard Skåland, Moi



I - kod-na gjekk på vod - len og slo, hör - de du kor de snør - de.
3
Skje - rá les - ste og krå - gå drog, og lit - le pi - sen han kjør - de.

Ikodne gjekk på vodlen og slo,
hørde du kor de snørde.
Skjerá lesste og krågå drog,
og little pisen han kjørde.

SAMLINGANE

Arkivet inneheld no om lag 500 einingar, beståande av lydopptak på spoleband, mc-kassettar, dat-kassettar, minidisk og videoopptak på VHS og DV. I tillegg har vi ei større notesamling, ei tekstsamling og nokre handskrivne visebøker. Her er og ein god del skriftleg bakgrunnsstoff i form av eldre avisartiklar, brev, nedteikningar m.m. Ein del bilete av informantar og musikkinstrument finst i Ryfylkemuseet sitt biletarkiv.

Her er stoff om det meste. Innan vokalgenren finn vi t.d. barnesullar og andre småstubbar for born, stev, skjømteviser, kjærleiksviser, mellomalderballadar, rallarviser, sjømannsviser, salmer, åndelege viser og slåttetralling. På instrumentalsida er det hardingfela som dominerer, men vi finn og opptak med vanleg fele, durspel, trekkspel, munnspele, mandolin, trommestikker («kletter») og sag (!), og vi har nokre opptak av dans. Her er altså eit stort mangfald. I tillegg finst ei rekke intervju der informanten ikkje berre fortel om songen og musikken men og mykje anna interessant lokalhistorie.

Kor gammalt må det vere for å komme med i samlinga? Innsamlarar i dag har ein ganske brei profil på arbeidet sitt. Ein ønsker å dokumentere song, musikk og dans som har levd i ein munnleg tradisjon. Noko kan ha vore i ein slik tradisjonsstraum i fleire hundre år, anna kan ha kome inn i seinare tid. Slik vil arkivet både innehalde stoff med røter attende til mellomalderen og nyare stoff som er dikta/komponert på 1900-talet.

Det kan vere vanskeleg å orientere seg i alt dette. Difor har arkiva fagleg tilsette som kan rettleie brukarane.

«BERGTEKEN» – SONGBOK OG LÆREBOK

Det er sjølvstøtt bra at vi har teke vare på så mykje i arkivet. Men musikk og dans i arkiva er ikkje levande. Korleis kan vi få arkivstoffet i bruk att? Det er berre dei særleg interesserte som har tolmot til å sitje i time etter time og lytte på arkivstoff for å finne fram til det dei vil lære. Det har vore ytra ønske om ei songbok med stoff frå heile fylket, noko ein mellom anna kan bruke i skulen. Det finst to gamle utgjevingar frå 1970-talet, «Sulla meg litt», red. Synnøve Mæland Sydnes og «Ei visa eg vil kveda», red. Ryfylke visegruppe. Det er lenge sidan desse har vore i sal. Det har og vore interesse for lærestoff knytta til folkemusikken i Rogaland og det er fleire lærarar som har spurt etter arrangement for ulike musikkinstrument. For eit par år sidan prøvde vi ut eit opplegg på mellomtrinnet i tre skular i Suldal. Her kombinerte ein song, musikk, dans, forteljing og drama. Undervisningsopplegget bygde på ei lokal segn frå Erfjord, «Då Solveig Helgeland vart bergteken». Dette blei utgangspunktet for prosjektet «Bergteken», eit todelt verk som består av ei songbok og ein metodisk del som og inneheld



*Haugebonden.
Illustrasjon av
Ingrid Høibo*

noke danserettleiinger og ein del musikkarrangement. Prosjektet har fått støtte av Den kulturelle skulesekken.

Ein av songane i boka er mellomalderballaden om haugebonden. Her er første vers av visa slik Torleiv Klungland i frå Ølen hugsa ho. Han hadde lært visa av mora, Åsa f. Amundsen som var oppvaksten i Vikedal. Ingrid Høibo har illustrert visa.

Etter Toralf Klungland, Ølen, trad. Vikedal

Å det va den hei-lag-e jol-ef-tans kveld, bon-den skol-le bort å fin-na li - mar, å
5
då han gjekk seg i ro-sen lund, då haur-e han kor haug-e-bond-en ri - mar,
9
snil - lan du, det haur-e han kor haug-e-bond-en dan-sar og ri - mar.

Å det var den heilage joleftans kveld,
bonden skulle bort å finna limar,
å då han gjekk seg i rosen lund,
då haure han kor haugebonden rimar,
snillan du, det haure han kor haugebonden dansar og rimar.

Det blir utgiving utpå nyåret. Boka vil innehalde tradisjonsstoff frå heile fylket og retter seg særleg mot skule og kulturskule, men del 2, sjølvse songboka er samstundes retta mot alle som interesserer seg for lokal songtradisjon. Vi kan seie det slik at boka og blir ei oppsummering av arbeidet med dokumentasjon av den lokale folkemusikken i Rogaland så langt vi har kome i museet sitt jubileumsår.

KVA SKAL EIT FOLKEMUSIKKARKIV VERE – FORMIDLING I FOKUS

På Ryfylkemuseet sine heimesider kan vi lese dette om Folkemusikkarkivet for Rogaland:

Folkemusikkarkivet skal ta vare på og vidareformidle folkemusikk- og folkedanstradisjonar i fylket, og vere eit fagleg kompetansesenter.

Vidare kan vi lese:

Ein arbeider med å dokumentere ulike sider ved folkemu-

sikk- og folkedanstradisjonane i fylket, utifrå ein vid definisjon av folkemusikkongrepet.

Dokumentasjon, vern og formidling, tre områder som alle er like viktige. Det vil seie at ein del av tida går til feltarbeid og førebuingar til slikt arbeid. Det innsamla stoffet skal så lagrast på forsvarleg vis og det skal katalogiserast i registreringsprogrammet FIOL AV, der ein så kan søke det opp att etter ulike kriterium. I tillegg blir det arbeidd aktivt med tilgjengelegging, gjennom artiklar, bøker, fonogram, foredrag/kåseri og kurs. Og no altså også ei lærebok til bruk i skulen.

Kva rolle eit folkemusikkarkiv har, vil variere litt etter kor det ligg i landet - kor aktivt folkemusikkmiljø det finst på staden og kor kjend den lokale tradisjonen er. I Rogaland har den lokale tradisjonen vore lite kjend og folkemusikk og folkedansmiljøet har ikkje vore så sterkt. Folkemusikkarkivet har difor teke på seg fleire roller enn det som elles er vanleg. Dette gjeld særleg det sterke fokuset på formidling.

Då vi starta opp arbeidet med Folkemusikkarkivet, var det altså få som kjende til at det fanst noko særleg til folkemusikktradisjonar i Rogaland. Vibå Spelemannslag hadde riktig nok fått kontakt med nokre eldre spelemenn i Bjerkreim og Rogaland Ungdomslag hadde sett i gong eit innsamlingsarbeid av lokale dansetradisjonar, administrert av Egil Bakka ved Riff-senteret⁴ i Trondheim. Men dette var kunnskap som



Ragna Boggsnes Hegge var ein av dei yngste deltakarane på hardingfele.



Yngste kursdeltakar, 8 år gamle Osmund Tysseland gjekk på munnharpekurs

held seg innafør eit svært avgrensa miljø. Eit viktig grunnlag for arkivets vidare eksistens var difor å bygge opp ei interessegruppe, lære opp nye lyttarar og utøvarar og gi påfyll til lærarane.

«Song-, spel- og dansehelg» feira 15 års jubileum i 2005 med eigen jubileumskonsert. Kurshelga som har rundt 60 deltakarar kvart år, har så langt vore ein suksess. Folkemusikkhelga 2006 sette ny rekord i deltaking på hardingfele, heile 33 deltakarar på ulike nivå, dei fleste i aldersgruppa 10 – 20 år. På munnharpekurset hadde vi ei aldersspreiing frå 8 – 56 år, skikkeleg generasjonsblanding, altså. Ca. 50% av deltakarane på desse kursa er barn/ungdom under 20 år. Deltakarane får lære nytt stoff, får inspirasjon, får oppleve topputøvarar på nært hald og får treffe andre på deira eiga alder som spelar, syng eller dansar. Det er og eit viktig poeng at dette er ei samling på tvers av generasjonane. Vi har ei fast kjernegruppe av deltakarar som kjem att år etter år. Det gjeld særleg borna og ungdommane. Men vi har og ein andel som kjem på kurs for første gong, og kanskje ikkje har hatt noko forhold til folkemusikk før. Nokre av desse kjem att, andre er innoom denne eine gongen. Uansett har dei fått eit glimt inn i ein annan kultur enn den dei er vane med. Og det er ikkje få som har vore innoom

desse kursa i dei 16 åra dei har eksistert. Laurdagskvelden held vi dessutan ope for folk frå bygda.

Ei slik kurshelg høyrer ikkje til det som er naturleg arbeidsfelt for eit folkemusikkarkiv. Når vi likevel legg ned store ressursar i å arrangere ei slik årleg samling, er det fordi det ikkje har vore andre institusjonar eller organisasjonar som har kunne tatt på seg eit slikt arrangement. Dette er likevel eit dyrt arrangement og vi slit kvart år for å få den økonomiske kabalten til å gå opp. Men mange positive tilbakemeldingar frå både kursdeltakarar og lærarar driv oss vidare.

Stevtone etter Olav J. Bråtveit

Å vil du stevjast med meg i lengde,
 så må du kunna ei heile mengde.
 Å vil du stevjast med meg i dag,
 så må du kunna i tusental!

Museet har eit samarbeid med Stavanger Turistforening. Eit av resultatane av dette samarbeidet er ei såkalla «stevbok» som ligg på alle hyttene. Der blir gjestene oppfordra til å skrive helsinga si på stev. Vi har og arrangert fleire «stevverkstader», både for bedrifter, skuleklasser, i samband med kurs m.m. Slik er t.d. ein stevtone etter Olav Bråtveit frå Suldal i ferd med i bli allemannseige. Vi høyrer om folk som held taler på stev og dei bruker stevforma når dei skal lage leilighetssongar til t.d. fødselsdag eller konfirmasjon.

Ganske mange har og fått ei førstemøte med suldalsspringaren gjennom eit lynkurs på museet eller som eit innslag i kurset dei elles er på. Vi må møte folk der dei er. Mange oppfattar folkemusikkmiljøa som lukka, dei kjem difor ikkje dit av seg sjølv.

I tillegg til dette blir det halde foredrag og kåseri av ulike slag. Interesserte kan velje i ein meny på heimesidene våre. Alt dette er tilbod vi kan marknadsføre betre, dersom vi får kapasitet til å ta på oss fleire oppdrag.

Men mykje arbeid er altså lagt ned på formidlingsida.

KVA VIL DET SEIE Å VERNE IMMATERIELL KULTUR?

Arkivering og katalogisering er ein svært viktig del av det å gjere stoffet tilgjengeleg.

Men skal vi verne dansen og musikken, må vi halde dei i live. Den delen av musikken og dansen som har forsvunne ut av den levande tradisjonen må gjennom ein revitaliseringsprosess. Her trengs fageekspertise som kan gi rettleiing i bruk av arkivmateriale. Dei tilsette ved arkiva er viktige i dette arbeidet fordi dei sit inne med mykje kunnskap om både tradisjonsstoffet og bruksmiljøet. Mange av desse fagfolka har og utøvarkompetanse. Arkiva kan slik hjelpe fram realiseringar som ligg nær tradisjonelle former. Dette er ei sikring for at kompetansen i å spele, syngje og danse på tradisjonelt vis blir halden oppe.

Det materielle står der i tre og stein, synleg til ei kvar tid, men dansen og musikken er berre å oppleve når han blir realisert, når nokon dansar, spelar eller syng (...). Innspelinger er sjølvstøtt ein overlag viktig dimensjon av arven, men er ikkje utan vidare arven sjølv.

Egil Bakka, professor i dansevitenskap ved Rff-senteret i Trondheim, skriv dette i ein kommentar til den nye UNESCO konvensjonen om vern av immateriell kultur. Det er altså slik at vi ikkje har gjort vernejobben bare ved å sørge for å sikre lyd- og videoopptaka i eit arkiv. Dersom vi ikkje samstundes held ved like utøvartadisjonen, vil vi miste ein viktig dimensjon. Det vi dokumenterer er ei framføring av musikken eller dansen. Ei framføring fortel berre ein del av sanninga. Neste framføring vil kanskje vere litt annleis. Ein gong i framtida, når einkvan vil prøve å gjenskape dette stoffet, vil i mellomtida viktig «handlingsboren kunnskap» ha gått tapt. Derfor er vitaliserings- og revitaliseringsarbeidet så viktig også sett i eit verneperspektiv.

I Rogaland har vi gåande revitaliseringsprosessar både innan songen, musikken og dansen. Det mest systematiserte revitaliseringsarbeidet er gjort utifrå dokumentasjon av dei eldre danseformane springar og halling og danseslåttane som høyrer til. Her har det vore eit nært samarbeid mellom utøvarmiljøet og arkivet. Når det gjeld songen, har dette vore litt mindre systematisk, og meir styrt frå arkivet. Dette fordi det ikkje har vore eit tilsvarande sterkt utøvarmiljø innan vokalmusikken. Likevel er det vel kanskje songen som har hatt størst oppsving dei åra Folkemusikkarkivet har eksistert. Dette har til dels samanheng med at størstedelen av arkivmaterialet er vokalstoff. Song er i tillegg noko alle kan prøve seg på. Før

Folkemusikkarkivet blei etablert, var det få som kjende til tradisjonsstoffet i Rogaland. I dag har vi fleire unge utøvarar som bruker arkivet aktivt.

EIT ARKIV FULLT AV 90-ÅRINGAR – NOKRE TANKAR OM FELTARBEID

Er det framleis noko å samle på? Dette er eit spørsmål som har vore stilt til dei fleste innsamlarar. Dei som samla inn midt på 1800-talet meinte og dei var ute i «tolvte time». Det vil alltid vere slik.

Men det er stadig noko nytt som blir gammalt. Dei gamle innsamlarane var t.d. lite interesserte i gamle barnesullar og andre småstubbar for born. Det var jo slikt alle kunne. Slik er det ikkje i dag. No er dette stoffet og i ferd med å bli borte. Nettopp denne type stoff er utgangspunktet for mykje av dagens innsamlingsarbeid, både fordi det stadig er nokon som hugsar slikt stoff, men og fordi nettopp desse og byrjar bli gamle.

Ein blir eigentleg aldri ferdig med å dokumentere den levande folkelege tradisjonen.

Men skal vi bare samle inn det som er gammalt? Skal det bare vere 90-åringar i arkivet? Kva vil det fortelje etterkommarane våre? Bør vi ikkje dokumentere dagens unge utøvarar mens dei er på topp? No er det kanskje på tide å ta fatt på dette arbeidet.



Nederland, Botswana, Montenegro, Somalia og Bulgaria – fem nasjonar samla i ringleik framfor Nesasjøhuset på Sand

Noko anna som er viktig å dokumentere er korleis tradisjonsstoff blir lært bort i dag. Dette vil vere viktig dokumentasjon for å forstå utviklinga av musikken og dansen i framtida. Mykje opplæring skjer på kurs. Vi bør rett og slett gjere opptak av opplærings situasjonar – gjerne over tid. Arkivet har alt noko slik dokumentasjon av danseopplæring.

Men i dag står vi og framfor andre og nye spennande utfordringar. I Ryfylke finst t.d. etter kvart mange ulike nasjonalitetar samla. Kva har innvandrarane med seg frå heimlandet? Kva ønskjer dei å føre vidare til sine born? Er barnesongar ein del av dette? Korleis blandar dei sin eigen tradisjon med den norske?

Her er nok å ta fatt på, men det krev sjølvstøtt ressursar. Ei løysing kunne vere avgrensa prosjektstillingar – særleg det siste emnet burde vere veileigna for ei slik stilling.

DEN TEKNISKE UTVIKLINGA – EI EKSTRA UTFORDRING

Den tekniske utviklinga går fort. Utstyr som var av det nyaste for nokre få år sidan, er no i ferd med å forsvinne frå marknaden. Slik er det t.d. med dat-spelaren. Om nokre år vil det ikkje vere råd å få spele av dei gamle dat-kassetane. Vi må altså lage sikringskopiar mens det framleis er tid. Arkivet er no i ferd med å gå over til harddiskopptakar og lagring på harddisk. Dette vil sikre kvalitet, gjere det enkelt å lage sikringskopiar og dessutan vere med på å gjere stoffet meir tilgjengeleg. Dataprogrammet FIOL registrator AV - ei Audio-visuell oppdatering av FIOL registrator som arkivet har brukt til no, kom på marknaden i haust og museet har kjøpt programmet inn. Her vil ein kunne gå rett til opptaket/videokuttet frå registrerings-skjemaet og ein vil lett kunne ta ut enkeltopptak for brenning på arbeids-cd. Arkivstoffet vil bli lettare tilgjengeleg og ein sparer mykje arbeid. Men før vi er der, kjem ein del førebuingar. For det første må vi digitalisere heile lydssamlinga vår, og etterkvart også heile videosamlinga. Dette vil samstundes vere ei sikring av samlinga. Dette er eit stort løft både når det gjeld arbeid og økonomi og ein av dei store utfordringane vi står overfor neste år.

FOLKEMUSIKKEN UT AV DET LUKKA ROM – STAVANGER 2008

Folkemusikk og –dans er sjeldan tema i avisene i Rogaland, og omtalast i så fall som musikk for spesielt interesserte. Dagens unge folkemusikarar vil gjerne ut av båstenkinga. Dei

ønskjer å vere musikarar, ikkje folkemusikarar. Slik tenkte vi at Stavanger 2008 kunne vere eit springbrett. Vi meiner kulturbyåret er eit ypparleg høve til å vise den norske folkemusikken og dansen både som del av den europeiske kulturarven - eller verdsarven, men og som levedyktig samtidsmusikk. Gjennom å bli ein del av kulturbyåret kunne folkemusikken og –dansen få høgare status og nå ut til eit større publikum.

I skrivande stund er det framleis ikkje avklart kva rolle den norske – og ikkje minst den lokale folkemusikken får i kulturbyåret. Det skulle ikkje vere vanskeleg å finne folkemusikarar og dansarar som held mål, svært mange av dagens unge utøvarar held eit særdeles høgt nivå. Mange av dei har og kontaktar/prosjekt med musikarar innafor andre genre, og med folkemusikarar frå andre kulturar. Det gjeld også musikarane med rogalandsbakgrunn. Dei lokale folkemusikkarkiva er sprekkfulle av interessant stoff dei unge folkemusikarane kan ta fatt i, noko dei då også gjer. I Rogaland ligg dette skattkammeret på Ryfylkemuseet.

KULTURMELDING OG UNESCO-KONVENSJON

St.meld. nr. 48 (2002–2003) har for første gang eit eige kapittel om folkemusikken og folkedansen. I kapittel 7.8 står det mellom anna:

Noreg er åleine om å kunna verna, forvalta, og føra vidare den norske folkemusikken og folkedansen. Det er ei viktig oppgåve å syta for at denne kulturressursen er tevlefør i eit moderne, profesjonelt kulturliv. Folkemusikken har dei siste tiåra fått fleire utøvarar på høgt nivå, fleire arenaer og større publikum, og det skjer nytenking når det gjeld formidlings- og samversformer. Det er behov for meir samla innsats for å styrkja grunnlaget for produksjon og formidling. Interesse for og rekrutteringa innanfor folkedansen har derimot gått tilbake, og dette stiller folkedansmiljøa overfor særskilde utfordringar.

Førebels har det ikkje følgd noko særleg pengar med desse fine orda – heller ikkje på 2007 budsjettet som elles var eit stort framsteg for kulturlivet. Men dei kjem vel? For no kjem dessutan ein ny UNESCO konvensjon.

Den immatrielle kulturen har ikkje hatt dei same kårane som den materielle. Det er vanskelegare å argumentere for vern av ein utdøyande songtradisjon enn bygningar som held på å ramle frå kvarandre. No er UNESCO sin konvensjon om vern av immatriell kultur komen og Noreg vil truleg ratifisere denne om kort tid. Med dette forpliktar Noreg seg meir eller mindre

sterkt til ei rekke tiltak. Konvensjonen definerer «immateriell kulturarv» på følgjande måte i artikkel 2 nr. 1:

Praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap, ferdigheter – samt tilhørende instrumenter, gjenstander, kulturgjenstander og kulturelle rom – som samfunn, grupper og, i noen tilfeller, enkeltpersoner anerkjenner som en del av sin kulturarv. Denne immaterielle kulturarven, som er overført fra generasjon til generasjon, blir stadig gjenskapt av samfunn og grupper i forhold til deres miljø, samspill med naturen og historie og gir dem en følelse av identitet og kontinuitet, noe som fremmer respekt for kulturelt mangfold og menneskelig kreativitet. (...)

I artikkel 1 som er konvensjonens formålsparagraf lesar vi at konvensjonen skal «sikre ivaretagelse og respekt for den immaterielle kulturarven, øke bevissthet om betydningen av den immaterielle kulturarven, samt sørge for internasjonalt samarbeid og bistand på området.» Artikkel 11 bestemmer at statene skal sørge for at de nødvendige skritt tas for å ivareta den immaterielle kulturarven som blir identifisert innfor statens territorium. Dette skal gjerast mellom anna i samarbeid med relevante lokalsamfunn, grupper og ikkje-statlege organisasjonar. Den nasjonale immaterielle kulturarven skal sikrast gjennom «identifikasjon, registrering, utarbeidelse av en generell nasjonal politikk for ivaretagelse av den immaterielle kulturarven, samt en heving av bevisstheten gjennom informasjon og utdanning.»

Staten skal mellom anna vedta ein overordna politikk som tar sikte på å «fremme den immaterielle kulturarvens rolle i samfunnet og integrere vern av denne arven i sin kulturpolitikk, bestrebe seg på at den immaterielle kulturarven anerkjennes og øke bevisstheten om dens eksistens.» Departementet seier i si vurdering mellom anna følgjande om situasjonen i Norge:

De forskjellige museene, innsamlingsvirksomhetene og tradisjonsarkivene ved universitetene og NRK vil også være viktige i arbeidet med å verne den immaterielle kulturarven. Blant annet kan man trekke frem museenes rolle i dokumentasjon og formidling av norske tradisjoner. (...)

Konvensjonen stiller krav om at det skal lages fortegnelser over den immaterielle kulturarven innenfor statens territorium. Hvordan dette bør løses, vil sannsynligvis måtte utredes nærmere, men det kan være aktuelt å kartlegge hvilke institusjoner som helt konkret ivaretar den immaterielle kulturarven i Norge, herunder hvilke områder de enkelte institusjoner særskilt fokuserer på. (...)

Departementet foreslår i vurderinga at «konvensjonen ratifiseres i sin helhet».

Det skal bli spennande å sjå korleis Norge har tenkt å følge opp konvensjonen. Så langt er det i alle fall viktig for oss å vere på banen og følge med på kva som skjer vidare!

Ruth Anne Moen (56) er konservator ved Folkemusikkarkivet. Ho har hovudfag i musikkpedagogikk, og mellomfag i danservitskap og undervisningserfaring frå både grunnskule og kulturskule.

NOTAR

- 1 «Folkelarm» blei arrangert for første gang i 2005 og er ei sals- og eksponeringsmesse for folkemusikken. Den viktigaste oppgåva til Folkelarm er å løfte fram talent og kvalitet i folkemusikken til arrangørar i Noreg og utlandet. Arrangementet inneheld «showcase»- konsertar, bransjetreff, prisutdeling og mykje meir.
- 2 «Landskappleiken» som årleg blir arrangert av Landslaget for Spelemenn, er landets største folkemusikk- og folkedansarrangement. Det blir konkurrert i ulike klasser, i tillegg er det konsertar og dansearrangement.
- 3 «INTRO-folk» som blei lansert for første gong i 2005 er eit lanseringsprogram for unge lovande folkemusikarar der det overordna målet er å styrke norsk og samisk folkemusikk. INTRO-folk kårar «Årets unge folkemusikarar». Bak INTRO-folk står Rikskonsertane, Folkemusikkscena, Norsk Folkemusikkformidling og ei rekke folkemusikkfestivalar.
- 4 Rff-senteret, Norsk senter for folkemusikk og folkedans, ligg på Dragvoll i Trondheim. Rff-senteret er utøvande organ for stiftinga Rådet for folkemusikk og folkedans, har Noregs største samling av folkemusikk, og den største samlinga av folkedans i Nord-Europa. Rogaland er representert i samlinga med opptak både av dans, spel og song.



Guggedalsloftet var eit sentralt element i det nye Rogaland Folkemuseum som blei opna 20. september 1936. Bildet er tatt for Riksanthikvaren i 1932, medan loftet ennå sto i Guggedal i Bråtveit-grenda. Etter ha vore omplassert til Mosvannsparken i Stavanger i 20 år blei det flytta tilbake til Suldal, ikkje til Guggedal, men til det nye museumsanlegget på Kolbeinstveit. Der står det nå.

Fortell historien!

Av Tora Aasland

Da museet heldt jubileumsårsmøte på Håland den 30. mars 2006 hadde vi inviterte Tora Aasland til å halde eit foredrag om musea i ei moderne tid og dei utfordringane ho såg for musea. Artikkelen er eit samandrag av dette foredraget.

BEGYNNELSEN

Bakgrunnen for Ryfylkemuseet er preget både av museums-historie og kystkulturens historie. Det hele startet kanskje i 1928 med et leserinnlegg av Magnus Vaage. Vaage skrev seinere i 1959 bl.a. bygdebok for Erfjord. Magnus Vaage ville ha et bygdetun i Stavanger, sikkert inspirert både av Folkemuseet på Bygdøy i Oslo og Maihaugen på Lillehammer. Han beskrev sin visjon som «eit friluftsmuseum med røykstove, eit loft, ei lemstove, eit eldhus, ei smie og eit kvernhus. Da er bygdetunet komplett. Alle husa må vera torvtekte.»

Selv om hovedideen i dette innspillet var et museum i byen (dvs Stavanger), var også suldølen og kulturpersonligheten Johan Veka en pådriver.

Magnus Vaage var særlig opptatt av Guggedalsloftet som stod i Bråtveit i Suldal. Dette skulle være et viktig element i det påtenkte bygdetunet. Selv med mye motstand fra fagfolk ble Guggedalsloftet revet og sendt til Stavanger sommeren 1935. Loftet var et sentralt byggverk i det nye Rogaland Folke-museum som åpnet den 20. september 1936 med stor festi-vitas i Stavanger.

Oppbyggingen av bygdetunet i Stavanger gikk ikke som forventet, og ideen om friluftsmuseum i Stavanger ble skrinlagt i 1955. Et Ryfylkemuseum var derimot i ferd med å bli mer konkret i eget distrikt. Garden Kolbeinstveit ble kjøpt i 1959, og Guggedalsloftet fikk en lang reise tilbake til Suldal – denne gangen til Kolbeinstveit. Det første kulturstevnet ble arrangert der i 1956, og fra da av var Ryfylkemuseet i utvikling – i Ryfylke. Det ble sagt at folk likte å samle seg på Kolbeinstveit helt fra det første arrangementet.


I DAG

Ryfylkemuseet ble regionmuseum i 1981. Det ble da formelt omgjort fra Rogaland folkemuseum, og fikk hovedsete i Suldal. 8 kommuner samt Rogaland fylkeskommune er med. Museet har i dag 7 ansatte, og har utviklet spennende spesialiteter. Byggnettverket inneholder bygningsvern og håndverkskompetanse. De flerkulturelle utfordringene er tatt god vare på i utstillinger og aktiviteter. Nettverket for kulturlandskap er aktivt. Ryfylkemuseet er det største bygningsmuseet i Rogaland med 53 bygninger, og er mellom de store i hele landet. Museet har «Brødrene av Sand» og andre båter som en viktig del av dokumentasjonen av kystkulturen. Og med 10 000 gjenstander, samt både naturhistoriske samlinger og kulturlandskapsvern som oppgaver, er det et aktivt og levende museum.

Hovedutfordringen er å lære av historien. Ett av de viktige grunnlagene for dette ble lagt da Guggedalsloftet kom «hjem». Da må man se bygningene i sitt opprinnelige landskap med næringsvilkårene svært synlige. Og menneskene må være der og fortelle sin historie. Museumsfaglig er selvsagt grunnlaget profesjonelt faglig, men like viktig er det å se sitt fag som en del av en større helhet hvor kultur, miljø og samfunn samspiller. Dette perspektivet må tas med også i formidlingen. Betydningen av å kunne fortelle en historie – sin historie – er fundamentalt. Å kunne fortelle historien slik at en både ser forankringen i fortid, relevansen i nåtid og utfordringen for framtid, er avgjørende for god formidling.

Fundamentet er selve historiefortellingen. For å kunne fortelle en historie med nødvendig troverdighet, må det være en stolthet, en trygghet på forankringen og en identitet i forholdet mellom historien og formidleren. Formidlingen må bidra med svar på hvordan identitet og tilhørighet utvikles.

For et museum som Ryfylkemuseet er det også viktig å være en bidragsyter i næringsutvikling. Her er eksemplene mange; fra hummermuseet som en del av kystkulturformidlingen, gjennom matfylket Rogaland med blant annet økolo-



Museet kan vera med og løfte fram kunnskapen om kor maten kjem frå, kva som skal til for å produsere mat, kva slags livsstil som er knytt til matproduksjonen og korleis denne endrar seg over tid.

gisk matproduksjon, via reiselivssatsing for eksempel gjennom Nasjonal Turistveg – i og ved vernetede områder –, og til næringsmiljø som for eksempel kompetanse om tre og trehåndverk og bruk av lokalt trevirke. Av offentlig finansiert næringsutvikling kan nevnes både Grønn omsorg og utviklingen av bygdeturisme og gardsmat.

Et levende museum er en sentral arena for slike satsinger, samtidig som det er en kulturformidler i seg selv. Ryfylkemuseet makter å ta disse utfordringene.

VIKTIGE KULTURMINNEUTFORDRINGER

Kulturminneutvalget (NOU 2002:1 og oppfølgingen i St.meld. nr 16 (2004–2005) Leve med kulturminner) bygger på følgende visjon: «Kulturminner og kulturmiljøer – kilder til opplevelse, utvikling og verdiskaping». De mål og hovedstrategier som ble utformet som ledetråder for å nå visjonen, signaliserer ønske om bred deltakelse, samvirke mellom mennesker og kulturminner, likeverd og gjensidig respekt. Dette er ikke minst viktig ut fra et ønske om å unngå unødvendige konflikter, å skape bred forståelse og folkelig engasjement, og å legge et grunnlag for respekt både i forhold til kulturminner og kulturmiljø, til folk og til fag.

Hvis fagfolk og forvaltere ikke kan svare på spørsmålene «hvorfor» og «hvordan» når det gjelder satsingsområder eller tiltak i kulturminnevernet, forsterkes kommunikasjonsproblemet.

Betydningen av kommunikasjon kan ikke undervurderes. Kulturminneforvaltningen og forvaltningen av kulturminner er for eksempel to innfallsvinkler til samme sak: hvordan skal kulturarven ivaretas, formidles og utvikles? Hvem er verdiene og verdiskapingen til for? Flere aktører er sentrale her: offentlige instanser, fagmiljøer, privatpersoner og organisasjoner. Ofte skal flere aktører avklare vanskelig og sårbare forhold i fellesskap. Hvis ikke kommunikasjonen fungerer, kan alt mislykkes.

Omgjøring og «modernisering» av bygdesamfunnet er en nødvendig del både av historien og av kulturen. Ikke alt gammelt er rosenrødt. Samfunnet rundt historiene og historiefortellene møter framtida, og er mer flertydig og mangedekulturtellende enn den tradisjonelle museumstenkingen. Og møtestedet mellom det tradisjonelle og sterkt lokalt forankrede og de nye utfordringene – enten de handler om kultur eller folk – er en utfordring som ikke bare museene, men også lokalsamfunnet må ta på alvor.

Vi har å gjøre med sterke følelser når det er snakk om identitet, tilknytning, «min historie». I et litt større perspektiv kan det belyses med spørsmål av typen: Hvorfor ødela Taliban buddhafigurene i Afghanistan? Hvorfor slo nordmenn for 1000 år siden i stykker de gamle hedenske gudebildene? Hvorfor sprengte kroatene den gamle brua i Mostar? Hvorfor ble World Trade Center målet for verdens hittil mest dramatiske selvmordsbombing?

MUSEET SOM MØTEPlass OG KUNNSKAPSRESSURS

Museene er scenen for historiefortellingene. Alt er lagt til rette for det. De er spennende møteplasser hvor røttene synes, hvor meninger og kulturer (og religioner) brytes, hvor kunnskap utvikles og erfaringer utveksles, hvor historier fortelles med nye og gamle virkemidler, og hvor folk i alle aldre synes det er spennende å komme.

Mennesker, dyr, båter, hus, gjenstander, landskap og ånd er deler av fortellingene – og formidlere mellom fortid og framtid. Museene er møtestedet også for de uvurderlige frivillige dugnadsarbeidere og for det faste personalet. Takket være dem, legges forholdene til rette også for oss som kommer for å oppleve historien og høre historiene.



Turisme er både historie og nåtid. Det er om Eldrid Stråpa som tok i mot byfolk på Sandsa og det er om alle dei som kjem til Ryfylke for å oppleve naturen og kulturen vår.

Følgende to epistler fra Suldals egen Jon Moe i «På innsida», gir en god illustrasjon på det jeg her har forsøkt å formidle:

«Folk har sitt eige geografiske kartverk i arv frå opphavet, usynleg, men teikna og innprenta i hovudet er tallause stadnamn. Eit einaste namn er sagt, men ein slepp å bretta ut og bla; ein har det, ein er der på ein blunk og ser samstundes andre stader som i 28 millimeters vidvinkel. Stadnamna laga reit tettbundne nett. Endå til namnlause stader har namn: Grøne Bakken, Store Steinen. Det som er lagt inn på data dett i do ved straumbrot. Når dei gamle reiser, går det like eins med stadnamnda og alt det dei har i bakhovudet.»

«Det er med folk som med vassdropen, ein har sakte vore til fjells, ein er blitt unnfanga i sky. Opphavet er heia, og heia er det einaste ein alltid vedkjennar seg. Ein vender tilbake, dregen av ein fjellsans og eit vet som er nok omeir enn næringsvet. Djupt i dalen kan ein sitja i vinterskugge og seia at ein har det godt nok. Men inst inne er ein naturmenneske og berre dét. Får ein velja, søkjer ein til fjells på same måten som sauene og geita trår til beites. Her møtest ikkje folk utan at dei er ferdige til å spørja i munnen på kvarandre: – Har du vore i heio?»

Tora Aasland (64) er cand. sociol. av utdanning. Ho sat på Stortinget 1985–1993, m.a. som visepresident i Odelstinget. Frå 1993 har ho vore Fylkesmann i Stortinget. Ho sat i styret for Arkeologisk museum i Stavanger 1996–2006, og er frå 2006 nyvald leiar av styret for Språkrådet.

Handlingsboren kunnskap

Av Jon Bojer Godal

I strevet med å forstå meir av byggeskikken kom vi tidleg i kontakt med Jon Bojer Godal og hans tankar om den handlingsborne kunnskapen. Vi forsto etter kvart at kunnskap om byggeskikken og bygningshistoria måtte bygge på ei forståing av dei handlingane som hadde skapt bygningane. Berre på den måten kunne vi utvikle den kompetansen som var nødvendig for å drive eit truverdig vernearbeid. I ein artikkel lenger bak skriv Grete Holmboe om korleis vi har arbeidd for å hente fram att, dokumentere og vidareføre denne kunnskapen. Her skriv Jon Bojer Godal om kva som ligg i omgrepet handlingsboren kunnskap og kvifor det er så viktig å forstå og bruke dette omgrepet.

EIN TIDLEG BAKGRUNN

Som ung tømmerhoggar arbeidde eg ein vår ved Heggelia i Nordmarka (Oslo). Det var Gunnar Heggelia som kørde. Han var meir enn vanleg sterk, men han arbeidde først og fremst lett og ledig. Dansa liksom med tømmeret. Letta litt i det her og der. Let det rulle. Liksom utan å ha teke i fekk han tømmeret lagt opp i høvelege lunner. Enno ser eg han for meg der han dansa lett over dei store stokkane og fekk heile lia av tømmer til å leggje seg til rettes liksom av seg sjølv.

Det løglegaste var å sjå på sonen Håvard. Han var fire eller fem år. Han gjekk bak faren og gjorde dei sama rørsleane. Dei same dansande taka. Den sama lette rytme i kroppen. Sama kroppstillinga med lett knekk i hoftene og knea, senka herdar og mjuke hyfs med hendene. Guten såg, hermde og lærde. Hadde han vorte tømmerkøyrar, ville han ha vorte god.

Håvard hermde. Han tok inn i seg ein rørslekultur. Faren var førebilete. Det var på same måten han lærde å tala. Ved å herme dei eldre tok han også inn i seg talespråkkulturen. Utan å vita kva han lærde då fekk guten ta del i ei heil verd av røynslar vidare frå generasjonane føre.

Først i vaksen alder er vi i stand til å analysere og gjera oss medviten nytte av det vi har teke inn i oss som hermande barn

og unge. Utan å vita det vandrar vi inn i den kulturen vi er del av ved medvite og umedvite ta inn i oss det vi sansar og opplever.

Det gjeld språket. Det gjeld haldningar. Det gjeld handlingsmønster. Det gjeld rørslemønster så som ganglag. Det gjeld andletsuttrykk så vel som skiløyping og dans. Skal vi føre vidare norsk språk, lyt vi tala det. Skal vi føre vidare handverk lyt vi utøve det. Vi kan ikkje lesa oss til å bli god snikkar. Vi kan ikkje springe oss til å bli gode på kjeften.

For å bli gode til å gå dei ulike ganglaga treng vi trening. Lang trening. Det gjeld alt vi kan. Måten vi kan det på er uttrykk for den kulturen vi er del av. Vi ser på ganglaget om det er ein fjellsame eller ein som bygut som fer etter vegen. Samstundes gjer vi personlege røynslar. Kvar av oss får difor sin personlege karakter. Jamvel om vi er av same kultur og slekt er vi litt ulike alle andre både når det gjeld utsjånad, rørsler og handlemåtar.

Det vi kallar handlingsboren kunnskap er dette stadige møte, den heile tida fornya nedfellinga i kvar einskild av træl-same møte mellom personleg røynsle og førebilete.

Handlingsboren kunnskap gjeld altså ikkje berre handverk. Nesten alt vi ber i oss av vitande og kunnande har eit eller anna slags handlande ved seg. På sett og vis finst det ingen annan kunnskap enn den handlingsborne. Å kunne tala er uttrykk for handlingsboren kunnskap, å kunne lesa og skrive lik eins. Å kunne gi uttrykk for det vi har lese og opplevd treng lik eins både førebilete og trening.

Når vi tek i bruk uttrykket handlingsboren kunnskap i samband med handverk, er det av di vi vil peike på noko viktig ved handverket: Det er generasjonsoverspennande. Det er uttrykk for lang tids øving. Det er ein parallell til språk og musikk. Handverk er ein del av det å vera menneske.

ORDET KOM TIL AV DI VI TRONG DET

Uttrykket handlingsboren kunnskap kom fram som svar på behov for eit dekkande ord. Vi arbeidde med planar for eit stu-

dium i handverk på nivå med høgskole og på det utøvande faget sine premisser. For å kunne gi uttrykk for det særeigne ved den kunnskapen som handverkarane uttrykkjer seg ved hjelp av ville vi gjerne ha eit samlande omgrep.

Handverk uttrykkjer seg primært i handverket. Det kan grovt delast i to: Prosessen og produktet. Produktet er noko varig, medan prosessen er flyktig. Han er ikkje lenger synleg når produktet er ferdig. Produktet beror på denne flyktige substansen av handling, handlingsmønster, handlag, sansing, oppfatning og forståing for det ein gjer. Inn i prosessen går også verkty, reiskap, arbeidsplass og råvare som berre indirekte og til dels er synlege i den ferdige gjenstanden. Uavhengig av kor mange ord og kor mykje det kan talast og skrivast er handverk si primære uttrykksform prosess og produkt.

Vi hadde kikka litt i litteraturen og var ikkje nøgde med det vi fann der. Taus kunnskap eller tacid knowledge var ikkje godt nok. For det første var ikkje handverkarane alltid tause. Dei har då språk og brukar det. Dei har eit vitande om det dei gjer. Fagspråket er ein viktig del av deira kvardag. Eitt av problema er at det dei kommuniserer om ikkje er basert på noko som er allment kjent. Tydinga av det dei seier blir difor uklar for andre.

Eit døme kan vera å skyte eller å skyte til. Ordet å skyte tyder å gi fart. Vi skyt piler ved å gi det fart med ein boge. Når handverkaren skyt eller skyt til gir han også fart, men i ei mykje meir abstrakt tyding. Han gir fart, det vil seia dynamikk til ei form. Båtbyggjaren styrer forma på båten mellom anna ved å skyte til kanten på bordet. Han høvlar kanten av bordet slik at neste bordet legg seg på tilsikta måte. Berre den som har prøvd vil fullt ut forstå. For alle andre er det å skyte til borda ein taus kunnskap i tyding ikkje talande eller uforståeleg.

Eit anna side ved tognar er at ho kan vera metta av ikkje-verbal kommunikasjon. Handverk ter seg ofte som dans der det er ein som fører og ein anna som føyar seg inn i takta. Skilnaden til dans er at det ikkje i utgangspunktet er avgjort kven det er som fører. Meldingar går fram og attende i form av innleiing til rørsler, rørsler, reine demonstrasjonar og rekkjefølgjer i handling. Kunnskapen er ikkje taus i tyding meldingslaus. De er berre språket som er eit anna enn det verbale.

LYDMØNSTER ER IKKJE ORD FØR VI HAR EI FELLES FORSTÅING AV DEI

Alle ord og omgrep er slik. Dei gir meining når dei referer til noko som vi har eit bilete av eller ei forståing av. Ord vi ikkje



Rørslemønster i byggegrunnen til lóa på Sandsa. Unge og gamle arbeider i lag og lærer ved å ta etter kvarandre. Dei som er med: Ingvar Omdal, Espen Martinsen, Per Surnevik og Albert Moe

forstår er ikkje ord for oss før vi har forstått det. Lydmønster blir ord når vi forstår og denne forståinga er felles i ein større eller mindre krins. Handverkaren har ei mengd omgrep uttrykt i ord, rørsler, handlingsmønster og prosedyrar. Store delar av dette språket kommuniserer berre handverkarane mellom. Å bli handverkar inneber i høg grad det å lære seg handverket sine uttrykksformer.

Det vi kan kalle handverkarerspråket omfattar små prosessar så vel som store. Å leggje hovudet på ein stammspikar er ein liten prosess, men som likevel inneheld ei komprimert forståing kombinert med lang trening i å utøve og i å oppfatte.

Spikaren skal gå rett inn, nesten normalt på stammen. Det vil seia skrått i bordet, kring 30° frå vinkelrett. Krøkjær spikaren av slaget vil bordet sprekkje. Samstundes er spissen neidd, slik at han svingar seg inn i stammen. Det er for å auke spikarhaldet. Dette krev at holet er passeleg stort, at det har rett retning og er passeleg djupt. Dertil krevjast det svært presise slag med viss kraft, med viss vekt på hammar. Ikkje for tung. Då er det lett å slå krok. Ikkje for lett, då har spikaren lettare for å sjangle. Vi høyrer på låten om det går godt.

I det spikaren er ved å gå heilt inn skal hovudet leggjast slik at det blir parallelt med bordet. Legg vi for tidleg blir spikaren krokut i ytre del og han sprengjer bordet. Båt med bord som geiper i stammspikringa ber varsel om manglande dugleik hos



Tradisjonsberarane. Jone Slagstad og Mikkel Bratland.

byggjaren. Legg vi hovudet for seint går hovudet inn i veden. Det er heller ikkje bra, for då vil hovudet ikkje haldet bordet inntil når det røyner på under gang i sjøen..

Ein einfelt, enkel liten operasjon som i røynda er svært kompleks. Eg såg på at Johan Hårstad (viktig tradisjonsberar for båtbygging i Trøndelag) skulle lære Einar Borgfjord (som har teke over denne tradisjonen) om dette. Han sa berre litt, men kroppsspråket varskudde om at dette var noko nøye, og som Einar burde leggje vel merkje til neste gong Johan gjorde det. Samtale dei imellom var sjeldan verbal, men meldingane var likevel heilt tydelege. Det var tagalt, men ikkje meldingslaust eller omgrepslaust. Slik sett var det taus kunnskap.

Situasjonen så vel som personlege relasjonar avgjer. Meldingane går fram og attende, ofte langt meir effektiv enn med ord. Ord kan hefte. Poenget for oss var altså ikkje ord eller ikkje ord, men om det låg føre meldingar, omgrep og førebilete, om det fanst kommunikasjon som bygde opp eit kunnskap og ei forståing hos den lærande.

Vi kan vita om problemet med stammspikaren. Det gjer handverkaren, og vi alle når det er forklart. Likevel kan vi av den grunn ikkje å slå inn ein stammspikar. Forklaring kan hjelpe, men det er førebilete i handlingsmønster, sansing, og personleg trening kombinert med forståing som gjer oss i stand til å få han inn.

HANDLINGSBOREN KUNNSKAP PEIKAR POSITIVT

Tilbake til valet av ord. Taus kunnskap uttrykkjer ein negasjon. Det uttrykkjer fråveret av noko. Vi ville finne fram til eit uttrykk som peika på innhaldet. Vi opplevde at uttrykket taus kunnskap først og fremst var nyttig for dei som ikkje sjølv var handverkarar. Desse ikkje handverkarane trong eit uttrykk for det dei ikkje kunne forstå. Dei kunne korkje forstå det som handverkaren sa eller det som han gjorde. Dei berre såg at noko skjedde som dei ikkje fann at det var ord for. Dei sto utanfor.

Når den verbale kommunikasjonen er einerådande, vil fråveret av slik verbalitet vera påfallande. Taus kunnskap blir godt nok uttrykk utanfor handverkarmiljøa, men negasjonen var ikkje god nok for oss som arbeidde for, i og med handverk. Vi ville ha noko som verka innafør.

Erfaringskunnskap og kunnskap i handling er baa to svært gode uttrykk og det kan gjerne, slik som einskilde har gjort, gi det ein definisjon nær opp til det som vi legg i handlingsboren kunnskap. Vi syntes likevel at desse uttrykka poengterte den kulturelle dimensjonen så godt som dei burde.

Handverk er eit generasjonsoverspennande fenomen. Det har lange kulturelle røter. Det byggjer på noko meir enn røynslenene for eit einskild menneske. Det ordet vi ville bruke skulle uttrykkje dette.

Parallellar til handverk er dans og musikk. Desse uttrykkjer seg også primært på andre måtar enn i ord, dei er i høg grad prosessorientert og dei er generasjonsoverspennande. Dei er kultur. Måten vi dansar på kjem av det dansemiljøet vi er vaksne opp i. Måten vi utøver musikk på like eins.

Vi prøvde oss med fleire formuleringar. På eit møte hausten 1993 i møterommet på Maihaugen vart det ei ordveksling om temaet. Ho fall om lag slik: Formannen i komiteen Magne Velure las i mi utgreiing der eg hadde nytta uttrykket handlingsbunden kunnskap. Så spør han vend mot meg. Kunnskapen er vel ikkje bunden av handling. Han er vel boren? Dimed varr det gjort. Uttrykket handlingsboren kunnskap gjekk inn i innstillinga vår og inn i det norske språket. Seinare vart det laga ein meir omfattande definisjon som er gjeven att i Årbok for Maihaugen 1997.

Jamvel om utgangspunktet var temmeleg pragmatisk er omgrepet handlingsboren kunnskap meir og meir vorten eit kunnskapsfilosofisk uttrykk. Det seier noko om samanhengar som gjer at vi kan.

KUNNANDE OG VITANDE

Vi skil mellom kunnande og vitande, kunnen og viden (i norsk, dansk og svensk). Lik eins i tysk; können und Wissen (i tysk). Distinksjonen manglar direkte parallell i engelsk. Den handlingsborne kunnskapen er først og fremst eit kunnande. Grensene mellom kunnande og vitande er i praksis korkje skarpe eller eintydige. Vi veit at vi kan. Vi har likevel ein klart fattande skilnad i hovudinnhald.

Eit kunnande er knytt til handling. Det er noko vi kan; sykle, lesa, skrive, tala. Det vi skriv eller talar om er vårt vitande. Det vi kan, lærer vi direkte. Det er knytt til å herme førebilete og å gjera eigne røynsler. Det vi altså ønskjer med uttrykket handlingsborne kunnskap er å seia noko om eigenarten av kunnskap vi ikkje tek til oss indirekte. Vi tek han direkte ved herming og utprøving. Det er såleis vi kallar den handlingsborne kunnskapen for direkte lært i staden for indirekte. Vårt vitande kan vera indirekte lært. Vi kan lesa i ei bok, vi kan lyde til ei forklaring.

Det er noko som heiter empirisk vitskap, vitskap som byggjer på røynsler, på erfaring. Vi kan seia at handlingsborne kunnskap er ein parallell. Han byggjer på røynsler. Det er empirisk kunnande.

Vi får både vitande og kunnande ut av røynsler vi gjer. Det vitande er det lettast å formidle når røynslene er felles. Nokon gonger er felles røynsler avgjerande for å få i gang kommunikasjon i det heile. Dette rokkar likevel ikkje ved det grunnleggjande. Kunnande er noko vi kan medan vitande er noko vi veit utan å trenge å kunna.

FØREBILETE

Vi skil mellom eiga røynsle utan førebilete og innøving av handlingsmønster i eit kunnskapsberande arbeidsfellesskap der nettopp førebiletet er avgjerande. Handlingsborne kunnskap er karakterisert ved at han er basert på eit førebilete.

Noko av det mest allmenne dømet på handlingsborne kunnskap, og såleis kanskje eit av dei beste, er språket. Det tek vi ved herming og utprøving ut av det miljøet vi veks opp i. Det er ingen som lærer oss å tala. Vi lærer det ved noko vi best kan karakterisere som oppdaging. Vi oppdagar at lydmonster har mening. Vi oppdagar at vi sjølve blir i stand til å svara i artikulerte lydar. Måten vi talar på kjem av den språkkulturen vi møtte talegåvene i. Vi har ikkje einskilde førebilete, men mange.



Mikkel Bratland og Jone Slagstad i torvmyra på Sandsa.

Bak oppdagingane som fører oss inn i det å ha språk ligg det mykje lyding, trening og frustrasjon. Det heiter å lære seg. Å lære seg er grunnprinsippet i opplæringa innafor det vi kallar handlingsborne kunnskap. Som noko lært, noko eg kan, fungerer for meg det å byggje båt og det å byggje låvar temmeleg analogt med det å lære språk.



Gamal og ung legg skjervingsnever på stølshuset. Mikkel Bratland og Jens Vestersjø.

No minnest eg ikkje at eg lærde å tala, men eg har sett på at ungar gjer det. Heller ikkje minnest eg at eg lærde å gå, men det var på same måten som med talegåvene. Vi går slik som førebileta styrer oss til. Ein fetter av meg er om lag like høg, og vi var i same militære avdeling. Attafrå og jamsides vart det sagt at det var vanskeleg å seia kven som var kven av oss. Ganglaget var det same. Vi var kroppslige og hadde fel-

les kultur i det å gå. Som små sat vi ofte i glaset og såg på kor folk kom frå. Vi såg det på ganglaget.

Litt seinare var det å ta skiene fatt. Det minnest eg. I mitt oppvekstmiljø var det på den tida berre ein stav vi bruka. Enno er det einstavsløypinga som ligg i botn hos meg. Diagonalgang med to stavar laut eg lære som 12-åring. I min kropp er det eit framandspråk, som eg rett nok meistrar rimeleg godt, men når eg tenkjer skiløyping er det helst med den eine staven i hendene.

Eit kunnande er utvikla ved at vi prøver oss fram. Vi gjer egne røynsler. Dertil har vi svært ofte eit førebilete som medvete eller umedvete styrer handlingane våre. Det kan vera tett som i språkleg utvikling. Men det kan også vera fjernare. Vi har sett nokon gjera eit eller anna, vi veit at det er mogleg, og så prøver vi å få det til. Utan å vita at det går, er alt mykje vanskelegare og leitinga minner om å gå blindebukk. Kunnande og vitande relaterer seg til kvarandre.

Likevel får vi ikkje utvikla eit særskilt ganglag ved å lesa om det. Vi får ikkje dreis på hammaren ved å studere ei brosjyre for hamrar. Vi treng å gå saman med nokon som har eit særskilt ganglag for å sjå, å øve og lære det.

Det er kunnande som kulturtraum, kunnande som heng saman med førebilete kunnande vi utviklar av di vi står i ein kulturell samanheng vi kallar handlingsboren. Av di det er noko vi kan, og ikkje berre noko vi veit om er denne kunnskapen eintydig knytt til oss som levande menneske. Difor nyttar vi nyttar termen handlingsboren. Boren har i denne samanhengen dobbelt tyding. På den eine sida er han boren i tyding halde opppe av. Vi ber han likevel ikkje som ein sekk på ryggen. Det kan vi gjera med bøker. Det kan vi så og seia gjera med kulturen sitt vitande. Vitskapen er i høg grad nedfelt i døde media.

Den handlingsborne kunnskapen er knytt til det å handle. Han blir atterfødd i oss. Det dreiar seg om eit levande generasjonsskifte. Boren tyder altså også og kanskje først og fremst atterfødd, som i født og bårn (i bokmål). Det er same ord som borne i engelsk og av same rot som ordet barn i norsk er avleidd av.

FELLES OG INDIVIDUELL

På grunn av den levande overføringa får den handlingsborne kunnskapen ein individuell dimensjon. Samstundes eksisterer han berre som frukt av eit fellesskap. Han er eit konstituerande

element i det vi kallar kultur. Han er både individuell og felles. Det er altså først og fremst spørsmål om å halde oppe levande kunnskapsberande arbeidsfellesskap.

Vi har då ein pedagogisk dimensjon i dette. Når prinsippet er å lære seg, er lærdomen ei oppdaging eller ei avsløring. På norsk talar vi om å stela kunst. Det har vore den vanlegaste måten å lære på. Vi vreistar kunnskapen frå den som har han ved å avsløre. Dette gjev ein høg grad av likeverd. Det vi har oppdaga er vårt på ein annan måte enn det ein meister friviljug gir oss. Når nokon gjer seg til meister og lærar lagar vi ein distanse i status.

Lærdommen kan i slik samanheng få ein aksiomatisk karakter. Det vi kan er ikkje noko vi har lært, det er noko som er slik.

Dette er på ein gong stengjande og frigjerande. Stengjande av di aksiom er urokkelege. Frigjerande av di nye oppdagingar gjer at vi kan snu på ein femøring.

I samanheng med et å ta vare på kunnskap gjev dette risiko. Handverkskunnskapen forsvinn av di vi ikkje har oppretta trege lærdomssæte kring han, slik som vi har gjort det for dei akademiske faga. Vi har heller ikkje tradisjon for å halde oppe kunnskapsberande arbeidsfellesskap i handverksfaga uavhengig av svingande marknad, slik som vi har gjort det mellom anna for musikk.

Jon Bojer Godal

Jakta på byggeskikken og den handlingsborne kunnskapen

Av Grete Holmboe

I 1987 var Ryfylkemuseet med og la fram ein Fylkesplan for Kulturminner i Rogaland. Utvalet som hadde arbeid med planen peika på at handverkarar med erfaring og kunnskapar i vernearbeidet var viktig for å få til eit godt bygningsvern. Utvalet foreslo at det burde bli oppretta to antikvariske verkstader, den eine av desse i tilknytning til Ryfylkemuseet på Sand. Slik gikk det ikkje, men i samarbeid med Suldal kommune fekk me i 1995 etablert eit prosjekt som skulle ha til oppgåve å bygge opp eit betre kunnskapsgrunnlag for bygningsvernet. Dette blei eit svært vellukka prosjekt som førte til både heiderleg omtale frå Statens kulturminneråd, tilskott til fast stilling for antikvar og tildeling av ei leiande rolle i det nasjonale nettverket for museum som er særleg engasjerte i bygningsvernet. I denne artikkelen gjer me greie for korleis me arbeider for å bygge opp kunnskapen.

DEN HANDLINGSBORNE KUNNSKAPEN

Eg har i heile mitt liv vore opptatt av korleis folk har budd og levd og innretta seg i husa sine både før i tida og no, frå eg tusla med far min på Ledaal og Grødaland, til eg som vaksen fekk høve til å jobba som interiørarkitekt både med gamle og nye hus. Huset er rama rundt det levde liv. Det fortel om folka, næringsgrunnlaget, det kulturelle livet og utviklinga på staden. Å kjenna historia gir ein føling av å høyra til i ein samanheng. Når eg kjem til ein ny stad, har eg moro av å prøva finna strukturen i bygningsmassen, lesa historia gjennom arkitekturen og prøva finna identiteten til staden eg er på. Ein stad utan bygningshistorie er ein fattig stad. Dei siste åra har eg vore heldig og fått jobba for bygningsvern på museet på heiltid.

Eg har kome til sannkjenning av at skal me ta vare på gamle bygningar, må me ha kunnskap om korleis bygningane er blitt til. Me må kjenna historia til huset, og me må kjenna dei handverkstradisjonane som er brukt. Historia kan me søkja i skriftlege

kjelder, biletmateriale, intervju og oppmålingsteikningar. Mykje av handverket kan ein lesa gjennom studiar av bygningen, bruksspor og verktøyspor. Men sjølv handverket kan ein ikkje lesa eller studera seg til. Det må lærast gjennom arbeid.

Den allmenne byggeskikken i Ryfylke, husa til folk flest, er forma av lokale fagfolk som lærte seg faget gjennom arbeid, der den unge lærte av den gamle. Den handlingsborne kunnskapen, kallar me det i dag, etter at Jon Godal første gong brukte ordet i 1993. På noen fagområde har me framleis lokale handverkarar som er berarar av ein tradisjon. For oss er det viktig å få tak på denne tradisjonen, dokumentera han og bringa han vidare. Me må få tradisjonsberaren frampå, og få han i arbeid.

Sterkt inspirert av Jon Godal og hans bruk av tradisjonsberar, fagmann og dokumentator i arbeidet med å føra vidare den handlingsborne kunnskapen, har Ryfylkemuseet gjen-



Frå dokumentasjonsprosjektet på Sandsa med tradisjonsberar, fagmann og dokumentator.



Strandstaden Sand

nomført såkalla dokumentasjonsprosjekt, der me har laga arbeidssituasjonar der «meistaren» arbeidar saman med fagmannen, medan det heile vert dokumentert. Me har arbeidd med fagområda tørrmuring, val av tømmer til ulike restaureringsprosjekt, stavkonstruksjonen (grind), laft med kinningsnov, laft med sinknov, neveriving, torvtaking og tekking med never og torv. For at flest mogleg skal få del i denne kunnskapen, har me lyst ut kurs, der interesserte har fått høve til å vera med og jobba saman med tradisjonsberaren. Målet har vore at

flest muleg handverkarar kan vera med og føra vidare dei gamle byggeteknikkane og kunnskapen om materialar slik at me kan driva best mogleg bygningsvern både på museet og elles i regionen. Sjølv har me dokumentert det heile med foto og notat som blir arkivert på museet.

I denne artikkelen vil eg fortelja om korleis me har jobba med denne metoden, og kva erfaringar me har hausta. Vidare vil eg seia noe om andre måtar me jobbar på for å auka kompetansen hjå oss sjølv, og hjå handverkarane i regionen.

NAUSTET PÅ FINNØY

Eg brukte ein del tid på å registrera gamle steinmurar i Ryfylkeregionen i starten av min museumskarriere, snakka med gamle steinmurarar og studera murane og reiskapen i lag med dei. Eg fekk med meg Ståle Moe frå Sand som fagmann for å stilla dei rette spørsmåla. Me såg snart at det var fleire skilnader i mureteknikk etter kva byggestein ein hadde å gjera seg til av, og korleis dei klimatiske og naturmessige tilhøva var. Steinen har dei brukt i heile Ryfylke. På øyane har det vore mindre tilgong på tømmer, medan det har vore rikeleg med god byggestein. Dette har ført til at steinen har vore ein viktig del av byggeskikken, noe kulturlandskapet ber preg av.

Dette var bakgrunnen for at me valde å setta i gong eit dokumentasjonsprosjekt på muring med stein på ei av Ryfylkeøyane. Valet fall på Finnøy, på Vika ved Judaberg, der naustet til Leidulf Bergsvik var i ferd med å rasa ut i sjøen. Han ønskte å ta vare på naustet, og me såg her for oss eit restaureringsarbeid.

Me fekk med oss to tradisjonsberar frå Rennesøy, Sven Kloster og Per Surnevik. Begge to var blant dei i bygda som hadde «steinauge», som folk har kalla på når det skulle settast opp ein mur. I samarbeid med landbrukskontoret vart det lyst



Naustet i Vika på Finnøy før arbeidet vart sett i gong. Biletet er frå synfaring med eigar Leidulf Bergsvik, Sissel Bjerke frå Landbrukskontoret på Finnøy og tradisjonsberarane Svein Kloster og Per Surnevik.



Muren vart bygd opp att med den gamle steinen og i lokal, tradisjonell form.

ut kurs for fagfolk og grunneigarar i muring med stein i mars 1997. Kurset varte ei veke, med innlagt teori.

Naustet ligg med eine langsida til sjøen. Alle veggane er av stein, der stavlegjene kvilar på indre del av muren. Før kursstart vart bygningen målt opp, og taket og bjelkane fjerna. Då raste resten av muren, og andre langsida var i ferd med å følgja etter.

Saman med tradisjonsberarane studerte me murane og teknikken, såg på skadane og årsakene til desse, og diskuterte tiltak. Årsaka til utglidinga var truleg at steinen som hadde ligge i sjøen som naturleg bølgebrytar, var brukt til å mura brygge. Eigaren vart råda til å gjenetablere desse. Veggane i naustet var kistemurar, med to parallelle veggjar med skrotastein i mellom. Veggane var mura med lengdebindinga, utan tverrbindingar, og med steinen sett på kant.. «Fattigmansmur», kalla Per Surnevik dette. Våre tradisjonsberar ville ikkje setta oppatt muren utan tverrbindingar.

Muren mot sjøen og inngongsida vart plukka heilt ned. Steinen vart ikkje merka ved nedtaking, då det ville vera vanskeleg å få det til og passa heilt. Det viktige for oss var at me nytta oss av den lokale tradisjonen i gjenoppbygginga, og at kursdeltakarane fekk vera med i dette arbeidet. Botnsteinen vart lirka på plass med spett, og det vart trekt snor etter denne. Veggjen vart mura med svakt fall ut. Om nødvendig, vart steinen bygd opp med skorar (småstein), og nabbar vart slått av med sett (spissa sleggje). Holar vart tetta med skorar som vart



Ferdig mur og stolte murarar.


slått inn med sleggje. Det vart nytta rambukk for å slå inn ein del stein i bakkuren og endeveggen, og elles vart også desse veggane bygd opp som dei andre.

Med 12 mann i 5 dagar, var muren ferdig restaurert. Det viktigaste for oss var at me fekk sjå tradisjonsberarane i arbeid. Vidare var det 12 menn som hadde fått eit innblikk i steinmurarfaget, som eit grunnlag for å jobba vidare med eigne og andre sine oppdrag. Sjølv sit me att med 300 dias, ein mengde notat og ei stor erfaring i gjennomføring av eit dokumentasjonsprosjekt.

STØLEN PÅ SANDSA

Erfaringa frå Finnøy gav meirsmak. Alt sommaren 1997 starta me opp med nytt dokumentasjonsprosjekt på eit stølshus på Sandsa i Suldal. Eigaren, Tore Moe, hadde arva staden saman med ein slump med pengar øymerka «løa» på Sandsa, med beskjed om å ta godt vare på ho, då det heitte seg at ho skal vera frå 1500-talet. Heilt sikkert er det at løa har noen alderdommelege trekk. Sjølv såg han seg ikkje praktisk i stand til å ta jobben, men såg gjerne at me tok fatt.

Stølen er samansett av ei lafta stølsbu og ei stavløe. Under bygningen er ein underetasje i tørrmur der ein mjølka kyrne. Taket er tekt med never og torv. Ein del av kledningen er i osp, nagla på neglingane i løa, og er truleg opphavlege. Kledningen elles er av nyare dato. Bygningen skulle restaurerast, det vil sei at dei delane som mangla eller måtte skiftast ut,



Stølen på Sandsa



Albert Moe og Mikkel Bratland var med som tradisjonsberarar første gongen på Sandsa. Sidan har me hatt mykje nytte av deira kunnskap i andre prosjekt.



Under torva og nevra, fann me steinheller, nagla til sperra ytst på upsa på buadelen.

skulle fornyast så langt råd med same materialar og same teknikk som dei originale delane.

Det vart lagt opp til eit to års prosjekt, med takteking, nevertaking, laft, stavkonstruksjon, materialet som virke, dvs. ut på skogen for å finna tømmer, og muring med stein. Det vart gjort eit større arbeid med å finna lokale tradisjonsberarar innfor alle desse områda. Dei skulle kunne både faget sitt og



Bjørn Sandvik var instruktør på laftekurset. Her studerar han lafteholdet saman med deltakarane under nedtaking av bua.

vera villege og i stand til å vera med i arbeidet. Ein har ikkje tradisjon for å stikka seg fram i Ryfylke, og seia at eg kan det betre enn andre. Det viste seg at dei me enda opp med var veldig gode, og resultatet er me veldig stolte av.

Første kurset var takteking. Me hadde med oss Ragnar Djuvik, Mikkell Bratland, Jone Slagstad og Albert Moe, dei tre første frå Øvre Suldal, medan Albert Moe er frå Vasshus. Saman med tradisjonsberarane studerte me taket som låg, kor mange lag never, korleis det var lagt og materiala i torvhaldstokken og torvhaldkrokene. Det var noe overraskande å finna steinheller nagla til sperra ytst på upsa på buadelen.

Neste kurs var stavløa, der tradisjonsberaren var Kjell Solheim frå Jelsa. Løa hadde ein del skadar og manglar som vart registrert og notert. Delane vart tatt ned del for del, studert og kommentert. Stavkonstruksjonen i løa på Sandsa skil seg frå den som er i bruk i dag, med kvarkaband som går frå stav til stavlegje som avstivar i sidene, og slinder som var 12» i topp, og øksa ned til 7» tjuknad. Det er grove dimensjonar i stavane, 11» i topp. Dei er runde og noe ujamne i lengda, medan handsteinane er bygd opp under. Kan hende er dei kutta etter kvart som dei har vore dårlege.

Den lafta bua er i kinningslaft. Dette er ei lafteform som gjekk ut av tradisjonell bruk i Ryfylke rundt 1850, då sinklaftet kom i bruk. Me har difor ikkje tradisjonsberarar på denne lafte-typen. Bjørn Sandvik har lært seg kinningslaft austanfor, og



Muren vart plukka ned og murt opp att. Her er fagfolka saman med tradisjonsberarane Per Surnevik og Albert Moe.


me valte å bruka han som instruktør på kurs i laft. Det var mykje dårlege stokkar i den lafta bua. Desse vart plukka ned, studert, registrert og notert med tanke på fornying. Kinningslaftet i bua var enkelt, ikkje akkurat noe stovelaft. Ved fornying av laftestokkar, var det likevel ønskeleg å kopiera desse.

Steinmurane som kom til syne då alt anna var fjerna, såg ut som ei steinrøys av kultaktig urastein. Som tradisjonsberarar hadde me med oss Albert Moe. I tillegg var Per Surnevik med også på dette prosjektet. Dei fann snart at årsaka til utgliding av muren kom frå oppsida. Truleg hadde det gått dyr oppunder upsa og tråkka ned muren. Saman med deltakarane vart det spadd vekk jordmasse på oppsida for å få fram forstøttingsmuren, og grunnen vart elles rydda. Botnsteinane vart lirka på plass med spett, og ein tok til å mura oppatt veggane. Sjølv ein kultastein har ein vis, sa Per Surnevik, og det er alltid ein stein som passar betre enn ein annan. Ved sida av spettet, vart det nytta steinbåre, provisorisk steinbukk og rein handamakt. Det gjekk stilt for seg, og kommentarane satt laust, «Ikkje akkurat kommodeskuff». Til tider kunne det sjå ut som ein sto og hang, og så plutselig var steinen på plass. Då hadde dei stått og sett medan praten gjekk, og funne den rette steinen.

På ettermiddagen 1998 vart det skipa til kurs om treet som virke med Steinar Moldal frå Dovre. Det var ein dag med teori, og to dagar på skogen saman med våre lokale tradisjonsberarar, Bjørn Sandvik, Kjell Solheim og Ragnar Djuvik. Målet var



På skogen etter rett virke til dei ulike bygningsdelane.



Dei bygningsdelane som måtte fornyast, vart laga som kopi av dei gamle, og av same virke som dei gamle.

Mikkel Bratland kappar nevra i passe store flak.



Dokumentasjonsprosjekta fungerer som møteplass for handverkarar i regionen. Her er karane samla under ferdig lagt torvtak.

å finna rette virke til dei delane som skulle fornyast. Det vart plukkhogst, der me gjekk etter rettvekst, adla virke til laftestokkar, tettvekst, stort tømmer til stav og slinder, gjerne med kvist, og tettvekst, noe mindre til sperr, kvarkaband og neglingar. Skogeigar Tore Moe sa etterpå at han kunne ikkje sjå me hadde vore der, og det me hadde tatt var så smått at han ikkje ville brydd seg med det.

Det var furuskogen. Me skulle og ha tak i never. Då måtte me i bjørkeskogen. Dei gamle sa at nevra tok dei rundt Jonsok, medan dei venta på å koma i gong med slåtten. Då bruka det å sva dersom vinteren og våren hadde vore normal. Nevra skal takast når sevja er på veg frå krona og ned i det ytste laget, mellom barken og nevra. Då snittar ein nedover stammen med ei lita øks eller ein stor kniv. Svar det godt, gir det eit lite knepp, og ein kan skrella av nevra. Bjørka lever vidare når ein ikkje tar barken. Om rundt 20 år, har det danna seg ny never, 2.gongs never. Ein riv så langt opp ein rekk. Dersom treet skal fellast til ved, får ein endå meir ut av stammen når det ligg nede. Då kan ein og ta borken og bruka han til garving.

Nevra vart samla saman etter kvart, og farga på pallar for at ho ikkje skal krølla seg. Det blir lagt press på. Etter ei veke, eller så, vart ho farga om, snudd, og lagt i press att. Slik kan ho stå i årevis.

Never og tømmer vart frakta til Sandsa for ein ny kurssommar, med kurs i stavkonstruksjon, laftekurs og tekking med

never og torv. Me hadde med oss dei same tradisjonsberarane som året før, medan det var noe utskifting på deltakarane.

Det hadde tydeleg vore ein vasskade ein gong som hadde resultert i utskifte av ein stav, og oppsmuldring av slindrehovud. Den provisoriske løysinga vart no erstatta av ein ny stav og ny slinder som kopi av dei gamle bygningsdelane. Det måtte og fornyast noen skråband og neglingar. Det måtte skiftast ei del stokkar i laftekassa, ein del vart delvis skifta, og heldigvis kunne me bruka oppatt dei stokkane som hadde ein eller annan form for inskripsjon. Den gamle ospekledninga vart sett på løa på oppsida, som før, med naglar. Sidan det tydeleg hadde vore ospekledning på løa før, valte me å kle resten av løa med ospekledning, med ståande over- og underliggararar. Me ønskjer å følgja med utviklinga i denne kledninga over tid.

Det vart fornya ein del sperr. Det gamle troet vart lagt på eine sida av taket, medan det vart lagt nye bord på upsida, og sida som vender mot sør. Dei gamle hellene vart lagt opp att, me sette på nye torvhaldkroker av brakje og torvhaldtre av adla furu. Då taktekkinga skulle starta, bles det stiv kuling, og me måtte finna på andre ting å gjera. Men me kom i mål, og rakk akkurat å fullføra taktekking før regnet kom. Då var heile taket lagt med never og torv. Det hadde gått føre seg ein diskusjon i bygda denne vinteren om korleis ein skulle leggja første rastet med never. Usemje gjekk mellom øvre og nedre Suldal. Me valte å følgja nedre Suldal, som samsvarte med det me hadde dokumentert. Der la ein nevra mot ein anna, rette mot rette, og vrangle mot vrangle. Dette for å stiva av og leia vatne vekk frå troet.



Det ferdig restaurerte stølshuset på Sandsa.

Deltakarane på kursa var bønder og handverkarar frå ulike delar av Ryfylke. Etter dagane på Sandsa sit dei att med ny kunnskap om ein gamle tradisjonelle byggemåter, og meir kunnskap om bygningsbevaring og korleis ein går fram med eit restaureringsprosjekt. Gamle-karane let vel over gilde dagar, og var glade for å bli trekte fram med kunnskapen sin, og eigar- en hadde fått utført ein jobb han ikkje såg syn på å ta fatt på aleine.

Sjølv sit me att med om lag 2000 dias, mykje notat, teikningar, masse nyttig erfaring og meir kompetanse om ulike bygningsfag. Me fekk tromma folk frå Ryfylke saman, og fekk ein start på eit lokalt byggnettverk som me spreiar informasjon til, og som me har hatt nytte av i ulike samanhengar. No står gamle-stølen der på Sandsa som eit kulturminne over utmarksnæring i heia i minst fleire hundreår til, berre ein ser til å halda taket tett, og som eit dokument om den gamle bygges- kikken som veldig lett kunne ha vore ruiner i dag.

ELDHUS OG STAVLØE PÅ BLESKESTADMOEN

Med felles interesse om å ta vare på og formidla utmarksnæring og fotturisme, har Ryfylkemuseet inngått ein samarbeid- savtale med Stavanger Turistforening. I 2000 og 2001 gjennomførte me eit dokumentasjonsprosjekt på Bleskestad- moen. Den gamle turisthytta vart bygd på stølsvollen på



Den gamle lóa på Bleskestadmoen frå 1904.

Bleskestadmoen i 1891, og var den eldste sjølvbetjente turis- thytta i landet. Ho vart seinare bygd på og gjort om, inntil Turistforeninga no fann at dei ville bygga ny hytte, og tilbake- føra gamlehytta slik ho var som ny. I samanheng med dette, var det eit ønskje å rekonstruera den gamle stølen. Turistforeninga fekk overta den gamle stavløe og eldhusplas- sen, og ba museet om hjelp til ein rekonstruksjon av desse bygningane.



Reising av lóa.



Heile taket var tekka med never og torv.



Bjørn Sandvik var vår instruktør og tradisjonsberar på rekonstruksjonen av eldhuset og stavløa på Bleskestadmoen.

Restane av bygningane vart målt opp og registrert, og Bjørn Sandvik vart vår tradisjonsberar på begge bygningane. Det vart lyst ut kurs i stav og laft, som vart gjennomført på Sand vinteren 2000/2001. Tømmeret vart merka, tatt ned og flogge opp med helikopter.

Grunnen til eldhuset vart rydda. Ein fann handsteinane, og restane etter eldstaden. Dei gamle stokkane vart studerte og lagt til side, medan dei nye laftestokkane vart montert.

Kjeldene me hadde for rekonstruksjon av eldhuset, var handsteinane og noen av laftestokkane. Dessutan hadde me ein del fotografi som turistane hadde tatt gjennom åra. Det var såleis eit godt grunnlag for rekonstruksjon av forma på eldhuset. Dei gamle stokkane var hogde med kinningslaft, men elles hadde me ikkje så mykje å gå etter. Det vart såleis eit reint laftekurs som vart gjennomført.

Restane av den gamle stavløa vart også plukka ned, studert og registrert, også restane av torvtaket. Grunnen vart rydda, og me fann att dei gamle handsteinane også her. Løa vart reist på gamlemåten. Først vart langsidedene klargjort med krossband og neglingar, naglehol. Deretter vart dei slått frå einannan, og reisa vart klargjort med stavar, slinder, krobånd og naglar. Eit og eit reist vart reist og stiva av, før stavlegja vart lagt på. Det vart sett på sperr og tro, og bygningen vart kledd med ståande over- og underliggande bord. Også kalvesvåla vart sett opp att.

Det vart skipa til neverriving ned i bygda etter jonsok, med Ragnar Djuvik, Albert Moe, Jone Slagstad og Mikkel Bratland som tradisjonsberarar nok ein gong. Nevra vart med i helikoptertransporten, og var på plass då tida var inne for tekking av taka. Ragnar Djuvik var vår tradisjonsberar på sjølve tekkinga. Det vart lagt på torvhaldkroker og torvhaldtre på begge bygningane, og taka vart tekka med never og torv.

Løa på Bleskestadmoen vart gjennomført som eit rekonstruksjonsprosjekt, der det vart nytta lokale tradisjonsberarar på stavkonstruksjonen, neverriving og tekking med never og torv. Prosessen vart dokumentert på foto og notat. Til saman var det 17 deltakarar med på prosjektet, som alle saman sit att med ein smakebit av handlingsboren kunnskap.

TYSSELANDSLØA PÅ HUSTVEIT

På museumsgarden vår på Hustveit var det berre steinmurane som sto att etter løa på garden. På nabogarden Tysseland sto ei gamal løe som eigarane ønska å fjerna. Denne kunne me få dersom me kunne bruka ho på Hustveit.

Ryfylkemuseet er eit museum med bygningar på rot. Me ønskjer å framstilla bygningane i sitt opphavlege miljø, der dei høyrer heime. Det er det rette for miljøet, og det er den beste måten å formidla historia på. Når me valde å takka ja til Tysselandsløa, var det for å få rekonstruert ein viktig bygning for opplevinga av Jonegarden på Hustveit som ein gard. Vidare såg me også dette prosjektet som ein lærearena, der

me måtte gjennomgå oppmåling og merking for flytting, studera og registrera den gamle løa, søkja etter spor og tolka gjenbruksmaterialar.

Me tok i mot løa, og la opp til endå eit dokumentasjonsprosjekt. Bjørn Sandvik var med oss som tradisjonsberar på stavkonstruksjonen, medan museumshandverkaren vår, Kjell Johnsen, var arbeidsleiar. I rekonstruksjonen av løa på Hustveit, hadde me svært god hjelp av naboen, Ola Hustveit, som hugsar godt den løa som sto, og som elles er svært godt kjent med dei lokale byggetradisjonane. Både nedtakinga av løa på Tysse-land, og reisinga på Hustveit vart gjennomført som dokumentasjonsprosjekt. Til saman var det 20 deltakarar. Det måtte til noe tilpassing på dei gamle murane i lengderetninga. Men breidda stemte bra.

Den lafta fjoskassa var alt fjerna frå Tysse-landsløa lenge før me fekk overta ho. På Hustveit var fjuset ein viktig del av løebyggingen. Ola Hustveit hugsar godt korleis det var bygd og korleis det var innreia. Han var heilt klar på at det var lafta med sinklaft med tapp. Dette er den lafteforma som overtok etter kinningslaftet i Ryfylke, og som har vore utført langt opp på 1900-talet. Det er såleis ei svært viktig lafteform i vår bygningshistorie. På museet hadde me ikkje gjort noe dokumentasjon på denne laftemetoden, og ønskte å nytta dette høvet til å henta fram kunnskapen hjå dei få som er att av tradisjonsberar på dette området. Det viste seg å vera vanskeleg å finna noen som var i stand til å vera med på arbeidet. Daniel Hoftun i Suldal og Olav Maldal og Ola Hustveit i Sauda kunne hjelpa oss med informasjon, og Daniel demonstrerte ved hjelp av modellane sine heime på verkstaden. Undervegs i arbeidet har dei gitt råd og rettleiing.



Stavløa på Tysse-land frå 1835 før nedplukking.



Studier av taket viste at det tidlegare hadde vore tekka med never.



Reising av løa på Hustveit.

Kjell Johnsen, vart hovudansvarleg for laftinga. Med bakgrunn i kinningslftet, hadde han nødvendig kunnskap til å vita kva han skulle spør etter. Han hadde og erfaring frå reparasjon av sinklaft på stovehusa våre, og visste korleis resultatet skulle vera. Det vart sendt ut invitasjon til å vera med i arbei-



Kjell Johnsen har stått for laftinga av fjaset, saman med mellom anna praksiselevar frå Sauda vidaregåande skule.



Med løeprojektet på Hustveit fekk me kontakt med tradisjonsberarar frå eit anna område enn før. Ein av dei var Leiv Magne Østebø som diverre døydde brått i haust. Her er han med oss på torvmyra i Slette-dalen.

det gjennom byggnettverket for museum og vårt lokale byggnettverk. Også Vidaregåande skule i Sauda, tømrrarlinja, vart invitert til å vera med. For dei sistnemnte paste det bra. Tre av elevane på VK1 nytta praksistida si med lafting i lag med Kjell Johnsen, og noen av hand-verkarane i nettverket vårt har vore innom og lafta ein dag eller to.

Laftekassa vart ferdig, og er no montert i løa på Hustveit. Etter å ha lafta samanhengande i tre månadar sit museums-handverkaren att med den kunnskapen som er nødvendig for å føra vidare til yngre kreftar. Prosessen er dokumentert med foto og notat.

Den gamle løa på Hustveit hadde også torvtak. Og det var stort. Omlag 220 m² med never og torv, med om lag 10 kg never pr. kvadratmeter. Det skulle bli drygt 2,2 tonn. Dette gav oss høve til å henta fram nye tradisjonberarar og kunnskap i Sauda, i eit område me ikkje hadde gjort noe i før, og me kunne nå i nye grupper med folk som ønska å lære. Det var Sigurd Birkeland, Olav Honganvik, Ola Hustveit, Olav Maldal, Torgeir Molla, Ragnvald Tveit, Bjarne Østebø og Leiv Magne Østebø. Det vart sett i gong og gjennomført neveriving, torvtaking og tekking av det store taket. Denne gongen kom me i kontakt med fleire som kunne fortelje noe om torvtaking. Mellom anna Leiv Magne Østebø, som var med meg rundt og viste meg gode og dårlege felt, innan me kom til Instejordet i Slette-dalen. Nevertakinga har gått over tre år, og den siste



Med løa på Jonegarden på Hustveit, har tunet fått att ein viktig bygning for formidlinga av gardsbruket.

delen av taket er endå ikkje ferdig lagt. Målet er å vera i hamn med rekonstruksjonen av bygget til sommaren 2007.

Flytting av løa på Tysseland til Jonegarden på Hustveit er så langt det største dokumentasjonsprosjektet me har gjennomført. Det har vore eit viktig prosjekt for å auka kunnskapen vår om stavløa i indre Ryfylke, og gjort oss betre i stand til å kunne vidareføre tradisjonen. Gjennom studie av den gamle løa på Hustveit, utviklinga av Tysselandsløa og gjenreising av løa på Jonegarden, har me sett ei utvikling i stavkonstruksjonen som er svært interessant saman med løa på Sandsa og løa på Bleskestadmoen.

Gjennom løa på Jonegarden har me nådd i fleire gode tradisjonsberarar på neverring og taktekking, som berarar av

den lokale handlingsborne kunnskapen frå Sauda. Saman me kunnskapen me har frå Suldal, sit me no inne med eit breidt tilfang av stoff om dette emne for indre Ryfylke, med dei dialektforskjellane som måtte vera mellom bygdene.

ERFARINGAR

På mange måtar er eg som kvinne med bakgrunn som interiørarkitekt, ein outsider i eit fagmiljø som me har i desse dokumentasjonsprosjekta. Eg har nok merka ein viss skepsis. Fordelen har vore at det ikkje vert forventa at eg kan noe om handverket frå før. Eg har ikkje hatt noen stoltheit å tapa, så eg har kunne stilla elementære spørsmål og fått forklaringar frå A-Å. I dokumentasjonsarbeidet har det vore nyttig. Eg har



Nevertakinga minner oss på den nære kontakten mellom naturen og menneske.

og oppfatta ein viss respekt hjå gamlekarane for at eg bryr meg med slike «mannfolgreier». Eg skulle nok likevel ønskt å vera meir deltakande i arbeidet. I arbeidet med nevertaking har eg vore det. Det har gitt ei heilt anna forståing av materialet og arbeidsprosessen enn å vera observatør og dokumentator som står på sidelina..

Gjennom arbeidet saman med tradisjonshandverkarane har eg fått ei ny forståing av kor nært menneske i Ryfylke er knytt til naturen og korleis det har forma vår lokale byggeskikk. Det gjeld frå planlegginga av bygget, til plukkhogsten i skogen og korleis ein utnyttar treet som virke. Kan hende ser me det særleg på takteking, og valet av materialet ut i frå kva det er tilgong på, for eksempel helletaka i Viga- /Randøyområdet, midt i eit skiferområde. I Sauda og Suldal har dei lagt nye torvtak fram til 1960–70-åra. Tilgongen på never og torv var god og gratis, medan heller og tegl måtte kjøpast og var dyre. Slik heldt den handlingsborne kunnskapen om riving av never, torvtaking og tekking seg mykje lengre i indre Ryfylke.

Nevertakinga er heilt avhengig av at sevja går, at det svar. Som moderne menneske er eg van med planlegging. Men det blir heilt feil i denne type arbeid. Her er det naturen som rår, og ein går på skogen og riv never når tida er inne. Etter gamalt var det før første slåtten. Når slåtten først var i gong, vart ein gåande med han heile sommaren.

Det vart skipa til tokedugnad når eit tak skulle tekkast. Kvar gard i ei grend stilte med ein mann, og taket vart lagt på ein

dag. Det måtte vera ein dag då det ikkje regna, ikkje bles og ikkje var sol. Det galdt om å snu seg rundt når forholda låg til rette, la naturen styra, og ikkje omvendt.

Eg har merka meg at våre tradisjonsberarar ikkje let seg stressa av dette. Om me utset eller framskundar nervetakinga ei veke, så tar ein det slik det er. I det heile er det ein ro over arbeidet, og det er tid til å tenka seg om. Dei gamle hadde den handlingsborne kunnskapen om materiala, byggeteknikken og klimaforhold på staden som ein væremåte. Det er enormt viktig for vårt arbeid med å ta vare på bygningshistoria vår at desse karane stillar opp for oss, at me får suga av deira kunnskap og haldningar, slik at me kan bringa han vidare til yngre fagfolk. Men det hastar. På dei åra me har halde på med dette arbeidet, har me mista fleire av våre beste informantar og tradisjonsberarar.

MUSEET SOM LÆREPLASS

Gjennom dokumentasjonsprosjekta har me vore borti ulike fagområder. Me har og tatt for oss ulike bevaringsmetodar, som kvar og ein er viktige i diskusjonen rundt bevaring. Det er bare gjennom praktisk arbeid ein kan læra eit handverk, og det er i arbeidsprosessen problemstillingane rundt vedlikehald og bevaring dukkar opp, det er der det blir diskutert og tatt avgjerde. Interessa for deltaking i slikt arbeid har vore noe ymse. På Finnøy var det 12 deltakarar og me opererte med



Bjørn Erik Natland og Stig Bårdsen hadde praksisplass på lafting av fjoset til Hustveit. Læremeister var Kjell Johnsen.



Randy Riecke foran semesteroppgåva si, eldhuset på Kolbeinstveit.

venteliste for å komma med på kurset. Seinare har det vore vanskelegare å få handverkarane til å ta seg fri. Dette førar til at dei fleste er med ein dag eller to. Det gir dei berre eit glimt inn i eit spennande arbeidsområde.

Museet har fått svært mykje ny verdifull kunnskap gjennom dei prosjekta som er køyrt.. Mykje av dette er festa til foto og arkivstoff. Men veldig mykje ligg i den handlingsborne kunnskapen som vår museumshandverkar har fått med seg. Dette er ein ressurs som me håper å bringa vidare til yngre kreftar mellom anna gjennom det å stilla oss opne for praksisplassar for tømmererelevar frå VK1 ved Sauda Vidaregåande skule. Me håper dette kan vekka den første interessa for å driva med bygningsvernarbeid. I skrivande stund har me to praksiselevar i arbeid.

Museet er også godkjent som lærebedrift for tømrrar av Opplæringskontoret i Rogaland. I samarbeid med entreprenørfirmaet Kalstveit og Vik AS, førte me Randy Riecke fram til godkjent fagprøve i 2005. I løpet av dei to åra, fekk lærlingen vera med på fleire av våre dokumentasjonsprosjekt og jobba saman med aktuelle tradisjonsberarar. Ho fekk vera med vår museumshandverkar på vedlikehaldsprosjekt og gjennomførte eiga semesteroppgåve og fagprøve med fagleg rettleiing. Museet vil gjerne halda fram som opplæringsbedrift. Me syns det er viktig å nå i dei unge fagfolka, og syta for at dei får kompetanse på bygningsvern og tradisjonelle handverksfag. Då er det bra å ha dei med i arbeidet over tid. Gjennom samarbeidet

me har med entreprenørfirmaet, gir dette ei utdanning av tømrrarar med spesialkompetanse på restaurering og rehabilitering. Dette er handverkarar som kan vera med på å auka nivået på bygningsvernet i Ryfylke og som burde vera attraktive i arbeidsmarknaden.

MUSEET SOM BYGDEUTVIKLAR

Ryfylkemuseet ønskjer å vera ein deltakande samfunnsaktør. Me ønskjer at mest muleg av bygningsarven i Ryfylkeregionen skal bli best muleg tatt vare på. Me ønskjer å bruka vår kompetanse til rådgjeving i bygningsvernsaker i offentleg og privat samheng så langt ressursane strekk til. Me ser det og som viktig å driva haldningskapande arbeid, og let oss lett be om å halda foredrag i lag og organisasjonar for å spreia kunnskapen om den lokale byggeskikken og korleis me best kan ta vare på han.

Men skal me driva godt bygningsvernarbeid, treng me handverkarar som veit korleis ein skal ta vare på huset. Han må kjenne til lovverk, reglar og prinsipp for bevaring, og han må kunne dei ulike handverksteknikkane. Gjennom ulike tiltak er me med på å auka kompetansen hjå våre lokale handverkararar. Dokumentasjonsprosjekta våre er viktige ledd i vårt arbeid med å formidla dei gamle teknikane og haldningane til



Kursdeltakarar på HiST-kurs på jakt etter verkøyspor saman med lærar Anders Haslestad.

byggningsvern og auka kompetanse hjå dei som skal handtera bygningsarven. I eit forsøk på å få til ei meir formell utdanning av lokale handverkarar, skipa me i 2003 til høgskuleutdanning for handverkarar i samarbeid med Høgskulen i Sør-Trøndelag. Det var eit desentralisert vidareutdanningskurs i bygningsvern og tradisjonsbygg, som gav tilsaman 10 vekttal, eller 30 studiepoeng, som den gong tilsvarte eit halvt grunnfag. Kurset som vart gjennomført hadde 11 deltakarar. Vår satsing på opplæring av unge handverkarar gjennom praksisplassar og lærlingordning, er også viktige bidra til bygdeutviklinga.

Gjennom arbeidet vårt med å auka kompetansen hjå dei som skal handtera bygningsarven i Ryfylke, håper me at etterkommarane våre, tilreisande, og ikkje minst me sjølve kan glede oss over ei historieforteljande bygningsmasse også i framtida.

KJELDESKAPING OG KUNNSKAPSOPPBYGGING PÅ MUSEET

Ein kvar bygning på museet er ein kjelde til kunnskapsoppbygging. Bygningen har levd eit langt liv, med skiftande generasjonar og skiftande bruk. Dei fleste bygningane har vore vedlikehalde, endra eller flytta. Alt dette har sett sine spor i bygningen og fortel ein bygningshistorie.



Byggnettverkmøte i Skien. Handverkar Hans Maremsrud er opptatt av bygningsdokumentasjon og verktøyspor, og viser fram verktøy frå samlinga si.

Ryfylkemuseet er sett til å vera hovudansvarleg for Nasjonalt nettverk for bygningsvern og handverkskompetanse på museum. Byggnettverket fungerer som møteplass for handverkarar, antikvarar og konservatorar. Det første nettverket tok fatt i var museet si rolle som dokumentator. For skal me lære noe av bygningen må me bli flinkare til å dokumentera bygningen og tolka det me finn.

Som leiar for Byggnettverket har me tatt fatt i den utfordringa som er knytt til kompetanseutvikling i arbeidet med bevaring og vedlikehald av husa, og er, med støtte frå Statens senter for arkiv, bibliotek og museum, ABM-utvikling, i ferd med å utvikle eit system for kjeldeskaping og kunnskapsoppbygging i bygningsvernet. Dette går ut på å gjera handverkarar, antikvarar og konservatorar meir bevisste og betre i stand til å dokumentera og tolka bygningen slik han står, dokumentera planlagte tiltak og alt arbeid som vert gjort. Særleg er det viktig at handverkaren blir flinkare til å dokumentera. Det er han som kjenner bygningen best, og er der når noe dukkar opp. Vidare er det han som kjenner handverksteknikkane og kan lesa verktøyspor.

Prosjektet skal munna ut i ein manual for ulike brukarar på musea, og opplæring av brukarane. Prosjektet skal avsluttast innan sommaren 2008.

UT I VERDA


Som medlem av ICOM (the International Council of Museums) si undergruppe DEMHIST (Committee for Historic House Museums) har eg vore heldig og fått vore på faglege konferansar både i Lisboa og på Malta. Eg har høyrte og sett korleis dei tar vare på husa sine. Dei har mykje flott å visa fram. Det er slott og palass, og det er store hus me får sjå. Det er marmor, silketapet og bladgull, og store kjøken med skinnande koppar, dandert etter storleik på vegg, og gruer så kvite at ein knapt kan fantasera om korleis maten vart til. Kriteriet for vern ser ut til å vera det eldste, største og flottaste, eller at det har budd ein namngjeten person i huset. Dette er langt frå frå vår kvardag med stavlør og almen byggeskikk i Ryfylke. Historia vert fortald ovanfrå, medan me gjerne fortel historia nedanfrå.

Ei felles hovudutfordring er like vel medvetet om kva historier me fortel om husa, og kva grunnlag desse historiene har. Er me ærlege i formidlinga, eller prøver me å late som om det me viser fram er noe anna enn det i røynda er? Kva endringar, reparasjonar eller tilbakeføringar er gjennomført med sjølve



Frå festsalen i Palazzo Parisio på Malta der alt som skin er ekte blad-gull.....

huset, og kor kjem dei i frå dei tinga som fyller huset? Har dei alltid stått slik, eller har me «redigert» innhaldet i forhold til andre forestillinger om korleis det bør sjå ut enn eigaren eller brukaren hadde? Det har vore lite fokus på problemstillingane rundt bygningsvern og dei tradisjonelle handverksfaga. Årsaka kan vera at mykje av gruppa består av kunsthistorikarar og malerikonservatorar, som er meir opptatt av silketapeta enn



...til vår norske kvardag med almen byggeskikk i kulturlandskapet. Bilete viser stølsanlegget på Sandsa.

det som er bakom. Me ønskjer å vera med å endra fokuset i DEMHIST, og ta opp problemstillingane rundt bevaring av handverksfaga.


Me brukar ikkje nemninga historiske hus i Norge, og dei husa som går under ei slik nemning i utlandet har ofte dimensjonar som overgår det meste av det som er bygt her. Men den gryande diskusjonen om etiske prinsipp og bærekraftig utvik-

ling som vert tatt opp i DEMHIST, er likevel relevant også for oss. Musea forvaltar eit stort tal historiske bygningar og det er behov for å ha eit kritisk perspektiv både på kva me gjer med bygningane etter at dei er blitt verna eller er blitt museum, og kva historier me fortel om dei. I Byggnettverket har me tatt fatt i den utfordringa som er knytt til kompetanseutvikling i arbeidet med bevaring og vedlikehald av husa. Resultatet av dette prosjektet er mellom det me vil presentere for DEMHIST når komiteen legg sin årskonferanse til Stavanger og Ryfylke i 2009. Det er folk frå ulike delar av verda som kjem, med svært ulik bakgrunn. Det er med glede me tar i mot dei på vår heimebane, og det skal bli spennande å få drøfta vår måte å driva bygningsvern på med utgangspunkt i mangfaldet i vår museale bygningsmasse som er tufta på ein representativ bredde i det levde liv i Ryfylke.

Grete Holmboe (57) blei engasjert som medarbeidar i bygningsvernprosjektet ved Ryfylkemuseet frå 1995. Da museet i 2002 fekk midlar til å opprette ny stilling for antikvar blei ho tilsett i denne stillinga. Ho har diplomutdanning i interiør og design frå Kunsthandverkshøgskolen i Bergen.

LITTERATUR

- Jon Bojer Godal: Tre til laft og reis, Landbruksforlaget
 Jon Bojer Godal: Tre til tekking og kledning, Landbruksforlaget
 Jon Bojer Godal, Steinar Moldal: Beresystem i eldre norske hus, Teknologisk Institutt
 Jacob Hansteen: Vern av bygget som dokument, www.grensetrakter.org
 Grete Holmboe: Rapport nr 1 Bygging med stein
 Grete Holmboe: Rapport nr 2 Konstruksjon i tre
 Grete Holmboe: Rapport nr 3 Treet som virke
 Grete Holmboe/Anne Margrethe Myhre: Rapport nr 4 Glas, døre og listverk
 Grete Holmboe: Rapport nr 5 Taktekking
 Roy Høibo, red.: Folk i Ryfylke 2001, Byggeskikk i Ryfylke
 Grete Holmboe: artikkel Folk i Ryfylke 2005: Tysseleandsløa på Jonegarden



Nemningar på bygningsdelar i stavløa. I vårt arbeid med å henta fram, dokumentera og vidareføra den lokale byggeskikken, ønskjer me også å setta fokus på dei lokale nemningane. Me nyttar difor nemninga stav, og ikkje grind, som er normalforma, og slinder, og ikkje bete.

Frå Sandsbygda til Somalia – om å drive museum i ei verd i endring

Av Roy Høibo

Ryfylkemuseet har i snart eit ti-år hatt eit engasjement retta mot dei nye ryfylkingane, eller det som kulturdepartementet kallar «den fleirkulturelle utfordringa», det vil seia dei som kjem flyttande hit frå andre land. I denne artikkelen prøver eg å løfte fram ein del av det materialet som dette engasjementet har ført til, og som førebels berre har vore tilgjengeleg i svakt distribuerte rapportar. Vi gjer og forsøk på å reflektere noe over kva eit slikt engasjement fører til for eit museum, og kva formål engasjementet har. Artikkelen har tre hovuddelar: Ein som handlar om flyktningar frå det tidlegare Jugoslavia, ein som i hovudsak handlar om innvandrarar frå vestlege land og ein siste del om innvandrarar med bakgrunn frå meir fjerntliggande kulturar og med vekt på møte mellom folk med ulike religionar. Den siste delen bygger på eit arbeid som er utført av Ann Kristin Ramstrøm.

Noe av det første vi gjorde etter at hovudsetet til museet blei flytta til Sand var å samarbeide med Sand bondekvinnelag om innsamling av stoff om kvinnfolkarbeid. Bakgrunnen for tiltaket blei presentert på denne måten:

For slik er det, at medan me, gjennom den lokalhistoriske litteraturen er vel kjente med namna på bjørnejegerane, lensmennene og stortingsmennene, soldatane, ordførarane og prestane, deknane og klokkarane, føregangsmennene i jordbruk, samferdsel og laksefiske og «kjente menn i dikting og vitenskap», kvinnene er framleis namnlause.¹

Så kasta vi oss ut i kvinnfolkverda i mellomkrigstida. Vi intervjuva, var med på slaking og koking av blandapølse, samla foto og leitte oss fram i arkiv og litteratur. Det blei stoff til ei utstilling, eit teksthfte og ei dramatisering av kvardagen kring kokommen på kjøkkenet. Det handla om «Då besta va' ung», og det var rimeleg nyskapande å løfte kvinna fram i museumsarbeidet. Bondekvinnelag frå heile Rogaland kom for å sjå



Da vi i 1981 starta eit samarbeid med Sand bondekvinnelag om å dokumentere kvinnfolkarbeid i mellomkrigstida var det rimeleg nyskapande. Bildet viser Brita Førland og Borghild Moe som reinskar ferdig kokt innmat til blandapølsa. Foto: Grete Holmboe.

utstillinga, og gjennom Rogaland bondekvinnelag blei det distribuert rettleingar som gjorda at fleire lag sette i gang med dokumentasjonen av si eiga, nære fortid.

Vi var i starten på 1980-talet. Det var lenge sidan musea hadde hatt som si viktigaste oppgave å bidra til nasjonsbygginga, revitaliseringa av den nasjonale identiteten som følgde med folkeavstemninga om EF i 1972 var tilbaketrukket, og vi viste ikkje enda at vi skulle arrangere OL på Lillehammer i 1994. Nå var det øko-filosofien som galdt. Ideen om økomuseet bygde på lokal forankring, deltaking og heilskap. Museet var altså ikkje berre bygningar og samlingar, men omfatta også eit lokalsamfunn som var ein integrert del av arbeidsområdet til museet. Samarbeidet med bondekvinnelaget var såleis både vakkert og riktig, og gav mening i ei tid da det ikkje lenger var heilt openbart kva formål museet hadde.

Ein liten mannsalder seinare kom Rukiya Said Farah spaserande inn i museet iført fargerike tekstilar og plagg på hovudet. Så var Somalia ein del av museet. Akkurat som det tidlegare Jugoslavia hadde blitt det noen år før. Frå å vera eit museum som søkte fornying gjennom endra tilnærming til vårt eige, var museet i ferd med å utvikle eit engasjement mot det som kulturdepartementet kalla «den fleirkulturelle utfordringa».

DEN LANGE VEGEN

Krigen i Bosnia-Hercegovina 1992-1995 førte til den største flyktningestraumen i Europa sidan andre verdskrigen. Det var ein flyktningestraum som var ønskt og planlagt med bakgrunn i ideane om at folk med ulik etnisk bakgrunn ikkje kunne bu saman. «Å fordrive folk har vore sjølve målet med krigshandlingane», skreiv Norsk Folkehjelp². Av den halvparten av befolkninga som blei drive på flukt blei kring 1,3 millionar flyktningar i sitt eige land, medan nesten 1 million flykta til andre land i Europa eller over havet til Amerika.

Muslimar og kroatar blei drivne ut av serbisk-kontrollerte område, medan serbarar flykta frå område som kroatar og muslimar tok kontrollen over. Resultatet blei at område som tidlegare hadde ein blanda folkesetnad, blei så godt som etnisk reine område. Ein del stader budde det likevel att minoritetsgrupper, men kvardagen deira blei vanskeleg og framtida usikker.

Dei fleste flyktningane frå Bosnia-Hercegovina som kom til Norge kom i 1993 og 1994. Dei fekk mellombels opphalds- og arbeidsløyve på kollektivt grunnlag. Ved utgangen av 1995



Krigen i Bosnia-Hercegovina 1992–1995 førte til den største flyktningestraumen i Europa sidan andre verdskrigen. Foto: S. Franklin, Magnum/NTB-Pluss.

hadde meir enn 12.000 fått slikt vern. Bosniarane fekk også rett til familiegjenforeining. Dette førte til ein viss tilvekst av innvandrarar frå Bosnia-Hercegovina også seinare. Suldal var den kommunen i Ryfylke som viste størst vilje til å legge til rette for busetting, og gjorde alt i 1994 vedtak om å ta i mot flyktningar frå Bosnia-Hercegovina.

Ved Ryfylkemuseet var det Nordisk museumsfestival i Stavanger i 1998 som løyste ut eit engasjement i forhold til denne situasjonen. Temaet for festivalen skulle vera «Venner og fiender», Rogaland fylkeskommune stilte pengar til rådvelde for museum i Rogaland som ville vera med, og Ryfylkemuseet søkte om midlar til eit bidrag om folk frå det tidlegare Jugoslavia som hadde kome til Suldal som flyktingar.

Dei første skissemessige måla for utstillingsbidraget var å skape forståing og aksept for eks-jugoslavane blant nordmenn, bygge bruer mellom eks-jugoslavane, vise kva flyktingane kunne bidra med, gi flyktingane forståing av seg sjølve og sin situasjon og klargjera behov og mulege vegar for å komma vidare. I meir foredla form blei måla formidla på denne måten i tilknytning til museumsfestivalen:

- Formidle kunnskap om dei som har kome som flyktingar til Sand
- Formidle kunnskap om møtet mellom flyktingane og det norske lokalsamfunnet
- Gi bidrag til utvikling av sjølvidentitet hos flyktingane
- Gi bidrag til utvikling av sjølvidentitet hos dei norske innbyggjarane i lokalsamfunnet
- Gi bidrag til etablering av eit betre grunnlag for deltaking og sameksistens

Prosjektet fekk etter kvart nemninga «Den lange vegen», og dette blei namnet både på ei utstilling og eit teksthefte. I framkant gikk vi ut med brei informasjon til heile flyktingmiljøet, både på norsk og serbo-kroatisk, og vi etablerte ei prosjektgruppe med representantar både for flyktingane sjølve og for dei norske kontaktpersonane deira. Gruppa deltok både i utviklinga av ide, form og innhald i utstillinga, i arbeidet med å samle materiale, og i den fysiske utforminga av utstillinga.

Alle flyktingane blei intervjuva, og blei spurte om bidrag til utstillinga i form av foto, film og gjenstandar. Vi intervjuva dessutan norske kontaktpersonar, leiarar i bedrifter og organisasjonar, politikarar og byråkratar. Velviljen var stor og vi fekk til ein relativt god dokumentasjon av situasjonen. Flyktingane tykte det var positivt at noen brydde seg om korleis dei hadde det.

Utstillinga blei opna på Sand 24. oktober 1998. Hovudforma var ein labyrint, bygt opp av gjenbrukte sponplater. Innhaldet besto av tekster, foto, amatørkunst og gjenstandar innlånt frå flyktingane, og eit enkelt bildespel sett saman av foto som eg hadde tatt på ein studietur til Bosnia-Hercegovina.



Arbeidet med prosjektet «Den lange vegen» blei leia av ei gruppe med medlemmar både frå flyktingemiljøet og frå det norske vertskapet. Prosjektet blei heidra med den nordiske «Fønix-prisen» i 1998. Frå venstre: Gaute Berge Nilsen, Roy Høibo, Zlatko Spahic, Elin Frøyland, Ibrahim-Baja Dzafic og Nenad Ignjatic (med diplom). Siri Albertsen og Brit Losnegård var ikkje med da bildet blei tatt. Foto: Gaute Berge Nilsen.

På opningsdagen var det program med song, dikt og dans. Bosniarane stilte opp med tradisjonskost frå Bosnia-Hercegovina. Dagane 26.–27. oktober arrangerte vi ein konferanse om innvandring i bygdesamfunnet. Også dette blei eit vellukka arrangement.

Fleire foreningar følgte opp med å ta saker knytt til flyktingspørsmål opp i sitt program, og kinoen viste filmene «Noen andres Amerika» av Goran Paskaljevic, og «Pretty Village – Pretty Flame» av Srdjan Dragojevic.

Oppslutninga om utstillinga og arrangementa i tilknytning til utstillinga, og tilbakemeldingane frå dei som deltok, tyder på at vi langt på veg nådde dei måla som var formulerte for utstillinga. Men vegen fram til utstillingsopninga blei vanskelegare enn vi hadde rekna med.

I heile prosjektfasen var vi først og fremst opptatte av forholdet mellom flyktingane og det norske lokalsamfunnet. Etterkvart flytta nok fokus seg noe frå flyktingane til lokalsamfunnet og kva som skjedde med det. Men det som blei den

største utfordringa var å takle dei innbyrdes problema mellom flyktningane.

Til Suldal kom det både ortodokse serbarar, katolske kroatar og muslimar. Vi var klar over at det mellom enkeltpersonar frå dei ulike gruppene hadde vore vanskar med omgang og kommunikasjon, men arbeidet med utstillinga avdekkja at problema var større og gikk djupare enn vi hadde skjønnt tidlegare. Det som gjorde arbeidet enda vanskelegare var at personar som prøvde å kommunisere på tvers av gruppene, blei sett på som overløparar mellom sine egne, og såleis kom i ei dobbel konflikt. Vi måtte trø varsamt for ikkje å øydelegge grunnlaget for viktige mål med utstillingsarbeidet, men skjønnte samtidig at det i det vidare arbeidet ville vera viktig å forsøke og arbeide også for betre forståing, toleranse og aksept mellom folk frå ulike grupper av flyktningar, i pakt med dei verdiane vi prøver å bygge det norske samfunnet på.

EIN PERSON UTAN IDENTITET

Å vera flyktning er å vera ein person utan identitet, sa Alen Kusmic på konferansen om innvandring i bygdesamfunnet som vi arrangerte i tilknytning til utstillinga. Å vera flyktning er å vera eit menneske av andre klasse. Å vera flyktning er å vera ein nomade utan heim. Vi har ikkje vald å leva slik.



For flyktningane sjølve blir eit liv i eksil først og fremst opplevd som tap. Dette var noe av det flyktningan frå det tidlegare Jugoslavia reiste frå: Familiesamling i Buna, nær Mostar, 1. mai 1970. Mellom dei som er med på bildet er Danilo Ralevic og Hatiedza Ralevic med barn og slektingar. Fotograf ukjent.

Andre som har granska flyktningar har konkludert med at det å leva i eksil er «en stadig søken etter tilhøringhet»³. Ei slik tilhøring omfattar noe meir enn ein stad å bu. Tilhøring betyr i denne samanhengen å høre til på ein stad der ein blir gjenkjent som den ein er.

For flyktningane sjølve blir eit liv i eksil først og fremst opplevd som tap. Tap av morsmål, tap av identitet – som er sterkt knytt til tapet av språk – og tap av personlegdom. Flyktningen går over frå å vera eit individ til å bli ein uidentifisert utlending med behov for hjelp. Gjennom dette taper han status, sjølvrespekt og ære. Dei erfaringar, tankar og håp ein har hatt i eit tidlegare liv mister betydning da dei ikkje utan vidare kan overførast til den nye røyndomen. Tap av yrke eller arbeid er særleg problematisk i forhold til sjølvkjensla og sjølvrespekten. Akman peikar og på at dei som må leva i eksil også taper det han kaller «det sensoriske univers», dei lukter og lyder og den naturen og det klimaet ein er van med å leva i og med.

Foreldregenerasjonen kan i ein slik situasjon ha ein tendens til å bli sittande fast i ei forlatt fortid, og oppleve nåtida som mellombels, som eit ventemor for ei usikker framtid. Barn og unge utviklar raskare ei tilhøring til to heimstader. Det er ulike meiningar om dette er heldig eller uheldig. I vårt materiale er det nordmenn som meiner det er uheldig, medan utlendingar meiner det er bra, at det gir ungane eit rikare liv og ein større horisont enn dei elles ville hatt.

Identitetsspørsmålet er eit sentralt og interessant tema som er for stort til å ta opp til brei drøfting her, men eit hovudproblem som flyktningane slit med er konflikten mellom sjølvidentiteten og ein tilskrivne identitet. Dei som kjem som flyktningar er i utgangspunktet høgst ulike personlegdomar basert på arv, miljø og ulike verdiar og interesser. Som flyktningar blir personar tilskrivne ein identitet som «flyktning». Flyktningane frå Bosnia-Hercegovina har dessutan sjølve bidratt til å tilskrive seg sjølve identitet som muslim, serbar eller kroat. Dette gjer dei ulike oss som lever fjernt frå ein flyktningssituasjon, og som samfunn berre har fjerne minne om farefulle ferder over Nordsjøen eller til Sverige under andre verdskrigen.

I ein slik situasjon kan museet bidra til å få utviklinga av sjølvidentiteten på sporet att, ved at

museet kan skape interesse for identitetsprosjektet både hos dei som kjem og hos dei som er der før. Museet kan samle, dokumentere og bearbeide kjelder til forståing av kulturelle prosessar, og formidle kunnskapar om desse. Arbeidet med «Den lange vegen» hadde eit slikt formål, og vi skal i det følgjande vidareformidle noe av det vi fann.

FRÅ STORBY TIL SMÅSTAD

Flyktningane som kom til Sand kom alle frå byar som etter vår målestokk er store eller mellomstore. Den største gruppa kom frå Sarajevo, som hadde kring 526.000 innbyggjarar før krigen. Mindre grupper kom frå Doboj, Banja Luka, Zenica og Mostar. Mange hadde ein krunglete veg med mye venting via Kroatia eller rest-Jugoslavia (den serbiske delen) før dei kom til Norge.

Her venta lange opphald i ulike mottak før dei fekk tilbod om busetting i Suldal. Dei fleste kan fortelja om opphald i 3–4 og enda fleire mottak før dei kom fram. Dei kring 40 flyktningane vi intervjuar, hadde vore innom i alt 19 mottak frå Nærbo i sør til Bardu i nord.

Få fortel om opphaldet i mottak med særleg entusiasme. Det var ei tid prega av håp og fortvilning, venting og angst. Det meste av det dei åtte var tapt. Hus og heim, venner og famillememmar. Uhyggelege hendingar måtte bearbeidast, dei måtte dele husvære med representantar for grupper som dei hadde flykta frå og framleis frykta. Håpet var knytt til ei framtid utan krig og elende. Dei ville tilbake til det dei kalla eit «normalt liv».

Mange trudde opphaldet i Norge skulle bli stuttvarig. Og særleg mellom dei eldre var det mange som drøymde om å flytte heim til landet og folket og språket som dei kjente, og til venner dei hadde reist i frå. Blant dei yngre var det større interesse for å skape seg ei ny framtid i Norge. Dei ønskte seg utdanning, jobb og eit fullverdig liv saman med familie og venner.

Møtet med Norge blei eit sjokk for mange. Eks-jugoslavane såg på seg sjølve som eit opplyst og velutvikla folk, der skilnadene mellom dei og oss berre var marginale. På flyktningmøt-



Flyktningane kom frå store byar med gater, plassar, høge hus, parkar, fortauskafear og eit yrande folkeliv. Og det tok ikkje lang tid etter krigen før utelivet var på plass att. Bildet er tatt i Sarajevo i 1998. Foto: Roy Høibo.

taka blei dei likevel samla til informasjonsmøte saman med folk frå alle slags land, og fekk instruksjon om elementære ferdigheiter som puss av tennene og stryking med strykejarn. I Suldal kom folk frå sosialkontoret og ville lære dei korleis ein støvsugar fungerte.

Dei hadde ikkje berre mista materielle verdiar, språk, kultur og familie og venner, dei hadde også mista den sosiale statusen som var opparbeidd gjennom 40 år som sosialistisk utstillingsglas under Tito. Flyktningane kjente seg som moderne, velutrusta og avanserte menneske, men følte at dei nå blei sett på som ukunnige sosialklientar.

I utstillinga om flyktningane frå Bosnia-Hercegovina blei det første møtet med Sand likevel teikna i eit rosa skjær. Det var godt å komma til Sand. Her var romslege hus og vennlege menneske, familiane blei gjenforeinte, dei begynte å forstå språket og mange kom seg ut i arbeidslivet gjennom praksisplassar. Vegen var brei og det meste var gildt.

Men så kom kultursjokket, mistydingane, vonbrota. Vegen førte ikkje fram til noe sjølvstendig, fullverdig liv i det nye landet. Mange følte at dei hadde hamna på eit blindspor.

Flyktingane måtte gå den lange vegen om igjen. Dei måtte lære meir, forstå meir, bearbeide eigne opplevingar, oppdatere gammal kunnskap, gå gjennom prøver og testar, og mobilisere nytt håp. Ei uvisse flyktingane frå Bosnia-Hercegovina måtte leva med var også frykta for å bli utviste. Først i november 1996 vedtok regjeringa å gi alle som hadde mellombels opphaldsløyve høve til sjølve å velja om dei ville bli i Norge. Dette førte til at motivasjonen og entusiasmen i forhold til den vanskelege integreringsprosessen ikkje var på topp frå starten av.

KLIENT PÅ SOSIALKONTORET

Flyktingane fekk status som klientar på sosialkontoret når dei kom til ein kommune for å busetta seg. Dermed fekk dei den økonomiske hjelpa som dei trong i starten, men dei fekk også ein sosial status dei ikkje ønskte. For eit norsk lokalsamfunn vil det vera mange problem knytt til ei stor gruppe flyktingar som blir gåande som sosialklientar i lang tid. Også av økonomisk art.

For flyktingane sjølve var fallhøgda stor for dei fleste, frå å vera veltilpassa innbyggjarar i moderne byar i Jugoslavia, til å vera sosialklientar på den norske landsbygda. Dei fleste mislikte situasjonen sterkt og ville gjerne komma tilbake til eit «normalt liv» så raskt som råd. Dei ville tene sine eigne pengar, bu i sitt eige hus med møblar dei hadde betalt sjølve, få seg ein anstendig bil og kunne gå på handelslaget utan at andre skulle kunne kikke opp i handlekorga og lure på korleis dei kunne ha råd til å kjøpe det som låg der.

I eit lite bygdesamfunn som Suldal kunne det bli særleg problematisk om skilnadane på folk blei for store og for synlege. Likskapstanken står sterkt, og ein bør ikkje skilje seg for sterkt ut, sjølv om ein skulle ha råd til det. Standarden på bustader og bilar er likevel høg, og folk reiser ikkje berre til Stavanger når dei skal på handel, eller til Oslo når dei skal på storbyferie. Dei reiser til London og Provence, besøker den kinesiske muren og kjem brune og fine heim frå ferieturar til misjonærvenner og utviklingsfunksjonærar i Afrika. Ei stor gruppe flyktingar som ikkje kan ta del i dette vil kjenne seg mindreverdige i eigne auge, og bli ei underklasse i andre sine auge.

Det var såleis viktig at flyktingane raskt blei hjelpte til ein materiell standard som var noenlunde likeverdig med den dei norske innbyggjarane i lokalsamfunnet hadde. Men det var også viktig at dei, på den eine sida, fekk del i den kulturen dei var blitt ein del av, og at det norske lokalsamfunnet, på den

andre sida, fekk kjennskap til og respekt for den kulturen flyktingane bar med seg. Det siste var ei særleg utfordring for eit samfunn som til nå hadde oppfatta seg sjølv som svært homogent, og som i liten grad hadde merka, eller tatt inn over seg, den internasjonaliseringa som var i ferd med å følgje av innvandringa andre stader i landet.

Den positive særbehandlinga som var nødvendig for å bringe flyktingane opp på eit anstendig nivå i forhold til sambygdingane var likevel ein kjenslevar strategi. Dersom andre såg at flyktingane kom lettare til ein materiell velstand enn dei sjølve, kunne det skape framandfiendskap og rasisme. Hjelpeapparatet måtte såleis streva etter ein hårfin balanse mellom å yte den nødvendige hjelpa og å stille krav til flyktingane sjølve når fundamentet for eit liv på eige hand var på plass. Verken samfunnet eller flyktingane sjølve var tente med unødig medynk og overdriven oppfølging.

NORSK – NØKKELEN TIL SAMFUNNET

Medvitet om at flyktingane måtte lære seg norsk var stort frå vertskapet, men ikkje tilsvarende stort frå flyktingane sjølve. Dei hadde mye å tenkje på, og mest av alt tenkte dei på at dei snart skulle tilbake til Bosnia-Hercegovina, og at det derfor var lite meining i å prøve og lære eit framandt språk som berre ein liten minoritet i verds-samfunnet forsto. I ettertid er mange av flyktingane sjølvkritiske til at dei ikkje straks stupte ut i tilbodet om språkopplæring, og mange slit med dårleg samvit fordi dei ikkje anstrengte seg meir for å komma steget vidare frå den mest nødvendige språkforståinga.

I 1998, 3–4 år etter at flesteparten av flyktingane kom til Sand, var det framleis 25–30% av dei som ikkje hadde hatt norskundervisning. Berre 40% av dei som svara på spørjeskjemaet til kommunen hadde hatt meir enn 300 timar norskundervisning.⁴ Kan hende kan ein rekne med at det er dei mest motiverte og dei som kan norsk best, som svara på spørjeskjemaet som blei sendt ut med norsk tekst, og at talet på dei som ikkje hadde deltatt særleg i organisert norskundervisning var enda større. Ingen av flyktingane hadde kome så langt at dei hadde framstilt seg for den såkalla Bergens-testen som er nødvendig for å kunne søke på visse stillingar innafor offentleg forvaltning.

Det var likevel slik at bortimot 2/3 av dei flyktingane som svara på spørjeskjemaet opplyste at dei kunne følgje med på samtalar mellom nordmenn, og på fjernsyns- og radioprogram. Langt færre las aviser.



Suldal kommune sette inn store ressursar i norskopplæringa. Her underviser Eli Synnøve Eikeland ei pensjonsgruppe frå det tidlegare Jugoslavia. Frå venstre: Spahiç, Hatidža Raleviç, Eli Synnøve Eikeland, Munira Pehlivanoviç og Danilo Raleviç. Foto: Igor Roganoviç.

Dei som hadde lettast for å lære seg språket var barn og ungdom, men dei hadde møtt andre utfordringar i den norske skulen. Skulen sjølv var ikkje førebudd på å få ansvaret for undervisning av ungar med ein annan bakgrunn, og blei overlata til seg sjølve med spørsmåla om korleis ein skulle takle problema. Vegen blei til medan dei gikk.

Manglande språk er ei hindring både for utviklinga av det sosiale samværet med nordmenn, i arbeidslivet, i utvegane til å ta vidare utdanning og i evna til å ta del i samfunnsforminga. Men flyktningane opplevde også at eit dårleg språk blei brukt som vikarierende motiv når dei blei forbigåtte i arbeidslivet.

Dette var likevel ei sak med fleire sider. Arbeidsmarknads-etaten kravde 500 timar norskundervisning og mellomnivåtest. Når flyktningane hadde kome så langt, kunne dei få tilbod om ordinær jobb. Men dei måtte også ta i mot dei jobbane som dei blei tilbydde, elles kunne dei risikere å miste sosialstøtten. Det kunne såleis vera grunnar til å unndra seg norskundervisning, dersom ein ikkje var så opptatt av å få seg jobb. Det fantest folk mellom flyktningane som ikkje var betre enn nordmenn når det galdt å finne måtar å utnytte eit godt hjelpeapparat på. Men akkurat som mellom nordmenn, utgjorde desse eit lite fåtal mellom dei mange som strevde og gjorde si samfunnsplikt.

Ungane var dei flinkaste til å lære språk. Dei som var i skulealder tileigna seg fort eit fullverdig språk. Foreldregenera-

sjonen lærte seg også forholdsvis raskt såpass norsk at dei kunne kommunisere i butikken, på arbeidsplassen og med folk dei blei kjente med. Verst var det for dei gamle. Dei hadde vanskar med å lære seg språket, og fekk som regel liten omgang der dei kunne praktisere det dei prøvde å lære.

PRAKSISPLASS – INNGANGEN TIL ARBEIDSLIVET

Det har vore ei allmenn meining både mellom vertskap og flyktningar at grunnlaget for eigenverd og integrasjon i samfunnet går gjennom arbeidslivet. I Suldal blei det såleis lagt stor vekt på å få dei som kom hit for å busetta seg ut i arbeid så fort som råd. Det finst støtteordningar for dette hos Arbeidsmarknads-etaten. I tillegg gikk Suldal kommune ut med ei omfram støtte til bedrifter som ville gi flyktningane ein arbeidsplass ut over ei minimumstid på 6 månader.

Denne ordninga førte til at mange av dei som var arbeidsføre mellom flyktningane raskt fekk ein prøveperiode i arbeidslivet. Men dei jobbane dei fekk prøve seg i var enkle jobbar for ufaglærte, og berre sjeldan førte desse praksisplassane over til fast arbeid. I den perioden da vi samla materiale til utstillinga (vinteren 1997/98) var såleis frustrasjonen tildels stor over problema med å få ein fot innafor i arbeidslivet, og ein plass som svara noenlunde til dei kvalifikasjonane flyktningane hadde.

Vi skal heller ikkje underslå at det kunne vera dei mellom flyktningane som ikkje såg særleg mon i å ta seg ut i arbeidslivet. Dei fekk 4.000 kroner i månaden i sosialhjelp. Betalinga for praksisplass var også 4.000 kroner, med eit tillegg på 1.000 kroner som motivasjonsstøtte. «Er du gal, jobbe heile månaden for 1.000 kroner!»

I spørjeundersøkinga til Suldal kommune (våren 1998) opplyste 40% av dei som hadde svara at dei hadde hatt praksisplass eller følgd AMO-kurs via arbeidskontoret. Men berre 15% svara at dette hadde ført til vanleg jobb etter fullført kurs eller praksisperiode. 15% av dei 20 som hadde svara på spørjeundersøkinga er 3 personar.

Likevel svara halvparten at dei hadde vanleg jobb. Dei fleste hadde altså ordna seg med jobb uavhengig av den treninga dei fekk i praksisperioden. Ein må likevel ikkje dra den konklusjonen at ordninga med praksisplass var utan verdi. Dei indirekte verknadane av å ha fått prøve seg i det praktiske arbeidslivet i Norge er ikkje målt. Berre 10%, det vil seia 2, svara at dei var arbeidsledige.



Ibrahim-Baja Dzafic fekk jobb som sjåfør i Suldal Billag. Det var ikkje det han var utdanna til, ikkje sjåføryrket han hadde yrkeserfaring frå og ikkje det han ønskte å arbeide med. Møtet med arbeidslivet i Suldal blei eit vonbrot, og han flytta frå kommunen etter noen år. Foto: Igor Roganoviç.

Nå behøvde vi ikkje bruke relative tal frå ei anonymisert spørjeundersøking for å finne ut korleis det eigentleg stod til med deltakinga i arbeidslivet mellom flyktningane i Suldal. Forholda er ikkje større enn at vi nokså enkelt kunne skaffe oss oversyn både over «yrkeskarrieren» og nåtidige jobbar mellom flyktningane.

Det var 20 av dei som hadde busett seg i Suldal, og som hadde fått opphald i Norge, som var i arbeidsfør alder. Hausten 1999 var 1 av desse ufør og 1 gikk utan noe å gjera. Alle dei andre hadde jobb eller var under målretta utdanning. Men medan dei fleste menn hadde full jobb, hadde dei fleste kvinnene deltidsjobb. Kjønnssrollemønsteret var såleis tilsynelatande vel ivaretatt, men det var ikkje heile sanninga. Det var kvinner mellom flyktningane som hadde lakkast betre med å finne seg tilfredsstillande jobbar, enn ektemennene. Det kan vera meir problematisk enn det er hos oss at mannsrolla blir degradert til ei sekundærrolle i forhold til arbeidslivet (Akman, jfr. note 3).

Halvparten av flyktningane hadde fått seg jobb som var i bra samsvar med utdanning og praksis dei hadde frå før, medan den andre halvparten hadde måtta ta til takke med noe dårle-

gare jobbar enn dei hadde i Jugoslavia. Vi skal ikkje gå så tett inn på materialet her at lesarar kan kjenne att enkeltpersonar i skildringa. Det er likevel interessant å gå noe nærmare inn på mulege årsaker til at folk blei sittande i jobbar som ikkje passa heilt med den bakgrunnen dei hadde.

Ein årsak ser ut til å vera at dei fekk dårlege råd av norske rådgivarar. Kan hende skjønnte ikkje rådgivarane, eller dei gav seg ikkje tid til å finne ut kva slag kompetanse flyktningane hadde, eller dei var mest opptatt av å putte folk inn der dei såg ein utveg til jobb. Resultatet var i alle fall at vi fekk personar blant oss som ikkje treivst i jobben sin, og som ikkje fekk utnytta ressursane sine. For lokalsamfunnet betydde det tap av ein muleg kompetansetilførsel.

Ein annan årsak var at flyktningane kunne ha problem med å få godkjent den utdanninga og den praksisen dei hadde som likeverdig bakgrunn for jobbar som tilsvarar jobbar dei hadde i heimlandet. Det kan virke som om den tilleggsutdanninga som skulle til for å kvalifisere seg for jobbane, etter dei krav som blir stilte her i landet, var tung å få til. Kan hende skuldast dette manglande tilrettelegging frå norsk side, eller det kan skuldast manglande motivasjon for å ta strevet med slik tilleggsutdanning. Også her gikk det norske samfunnet glipp av kompetanse det er behov for i distriktet.

Ein tredje årsak var at flyktningane ikkje ønskte å fortsetta med det dei arbeidde med i Bosnia-Hercegovina. Dette var flyktningar som kunne ha allmenn utdanning på høgt nivå, og som burde fått høve til omskolering som gjorde dei stand til å gå inn att i yrkeslivet på eit noenlunde tilsvarande nivå som dei kom i frå. Men her var det tungt å finne løysingar.

Samla sett er det truleg rett å seia at integreringa av flyktningane i arbeidslivet i Suldal gikk bra. Om vi reknar at i alle fall 5 av dei 20 flyktningane på Sand blei sittande i jobbar der dei ikkje fekk nytta kompetansen sin fullt ut, tilsvarar dette likevel 25%. Det er eit høgt tal, og tilseier at tilrettelegginga for integrering i arbeidslivet ikkje har vore god nok. Større vekt på språkopplæring og ei arbeidslivstilpassing som var betre tilpassa dei føresetnadane den enkelte hadde, ville tilført samfunnet meir tiltrengt kompetanse og gjort den enkelte lukkelegare raskare.

Hovudkonklusjonen må likevel vera at integrasjonen i arbeidslivet var vellukka. Det tok noe tid før alle som ønskte det, eller var i stand til det, fekk seg jobb, og ennå lengre før dei fleste fekk seg jobb som var i noenlunde samsvar med

eigne kvalifikasjonar, men med noen få unntak nær må det vera rett å seia at integrasjonen var vellukka.

ALLE FLYKTINGAR ER IKKJE LIKE

Da Suldal kommune skulle ta i mot flyktingar var ein opptatt av å gjera vel mot folk frå Bosnia. Ingen tenkte på at dette var folk med høgst ulik bakgrunn, og med tilknytning til ulike partar i borgarkrigen. Men flyktingane sjølve sa heller ikkje at dei kom frå same staden. Noen sa dei kom frå Bosnia og noen frå det tidlegare Jugoslavia. Det var ikkje tilfeldig kven som sa kva.

I ettertid er det dei mellom eks-jugoslavane som beklagar at dei tok til å presentere seg ut frå si etniske tilhøring. Det skapte problem som kunne vore unngått om ein hadde halde seg til «det tidlegare Jugoslavia» og presentert seg som eks-jugoslav.

I Suldal kommune tenkte ein at det ville vera fint for flyktingane å bu mest muleg samla. I ettertid har det vist seg at dette var feil. Flyktingane var ulike, meir ulike enn vi er vane med at folk i Norge er. Og det var slett ikkje slik at alle ønskte å ha omgang med alle blant sine egne landsmenn. Noen gikk så langt at dei ikkje ønskte å ha omgang med sine landsmenn i det heile. Det var særleg dei yngste. Dei hadde vendt det tidlegare Jugoslavia ryggen, og satsa alt på å blir verdsborgarar i Norge. Dei brukte heller ikkje lang tid på å tileigne seg det norske språket, og tok farvel med bygdesamfunnet så snart det baud seg eit høve.

Sannkjenninga av at bosniarane ikkje berre var bosniarar, men serbarar, kroatar og muslimar var det første som gikk opp for det norske vertskapet. Dei som kom til Suldal var av alle slag, og mange levde i blanda ekteskap. Men mellom flyktingane sjølve var det ikkje alltid dei etniske skilja som var det viktigaste, sjølv om det var viktig for noen. Like lite som alle ønskte å bli sett på som «bosnier» ønskte dei å bli sett på som muslim, eller kroat eller serbar. Flyktingane meinte dei hadde krav på å bli sett på som individ med ulike sett av føresetnader, preferansar og holdningar, og at dei ut frå dette burde få ta sine val på fritt grunnlag akkurat som nordmenn eller andre europearar.

For eit bygdesamfunn som hadde behov for kategoriar for å halde orden på folk var ikkje dette enkelt. Sambygdingane elles blei gjenkjent etter slektstilknytning og individuelle prestasjonar, men det var ikkje like lett å identifisere 50 utlendingar med framandarta namn. Dei som leid mest av dette var flykt-

ningane, som ønskte å gjenvinne den individuelle statusen dei hadde der dei kom i frå, men som på vegen til Norge hadde tapt alt dei hadde bygt opp, og nå framsto som medlemmar i ei gruppe som vertskapet ikkje visste mye meir om enn det dei hadde sett av fjernsyns- og avisreportasjar frå eit krigsherja land.

Oppbygginga av ein ny identitet blei såleis eit viktig prosjekt for flyktingane. I ekstrem grad blir folk i ein slik situasjon tvungne inn i eit identitetsprosjekt som må bli langt meir medvete enn for oss andre, sjølv om vi lever i ei seinmoderne tid der utvegane til å forme vår eigen identitet er stor.

Kan hende kan ein tolke dette som ein årsak til at det intervjuprosjektet som museet gjennomførte blei godt mottatt. Det gav flyktingane høve til å fortelja delar av livshistoria si, og gjorde at dei også for sin eigen del kunne reflektere over situasjonen etter flukta. Men det kan og ha ført til at informantane la større vekt på individuelle særtekk enn vi ville fått i ein annan situasjon. Intervju vil alltid vera situasjonsbestemte, og i mange tilfelle vil den som blir intervjuet legge vekt på å forme si historie slik at ho blir eit døme på det generelle, meir enn ei historie om det individuelle⁵. I vårt tilfelle kan vi hos mange rekne med eit sterkare innslag av individualisering, og ein situasjon der intervjuet blei ein viktig lekk i oppbygginga av ein ny identitet.

Det kan også vera verd å reflektere over kva forventningar flyktingane har til dei svar vi ventar at dei skal gi oss⁶. Dette er vanskeleg når vi ikkje kjenner den kulturen informantane kjem i frå. Men vi skal truleg ikkje sjå bort i frå det enkle at dei som har bestemt seg for at dei vil bli i Norge er skarpere i kritikken av det landet dei reiste frå, og tilsvarande meir positive til det landet dei har kome til, enn folk som er meir i tvil om kor framtida vil føre dei. Saknet av det positive ved det landet dei reiste frå blir underkommunisert i forhold til dei utvegane opphaldsløyvet i det nye landet byr på.

I ein liten tettstad som Sand tar det elles ikkje lang tid før innflyttarar blir gjenkjent og tillagt individuelle eigenskapar. Flyktingane frå Bosnia-Hercegovina fekk naboar og arbeidskollegaer, noen fekk «kontaktfamiliar» eller venner på andre måtar, deltok på foreldremøte eller møtte opp i foreningar. I Gata på Sand blir dessutan alle sett, det er eit ope og gjennomsiktig samfunn der utvegane til å gøyme seg vekker er små. Forholda i det samfunnet dei kom til, låg såleis godt til rette for at eit identitetsprosjekt kunne utvikle seg nokså raskt.



Eks-Jugoslavane var meir opne og utovervende enn det vi er vane med. Er ein nordmann i Kresevo ein tidleg kveldstime, kan ein raskt oppleve seg sjølv midt i krinsen med eit glas Sljivovica i handa. Eg var i lag med Zoran Marić (heilt til venstre) og Goran Kovačević (heilt til høgre). Dei andre heldt på å støype ein garasjegrunn. Foto: Roy Høibo.

Flyktningane sjølve var dessutan av eit slag som var meir utadvende og opne enn vi er vane med her i landet, og mange våga seg til å opne munnen lenge før dei kunne snakke språket perfekt. Det skulle såleis ikkje så mye til for å skape kontakt.

I spørjeundersøkinga til Suldal kommune svara tre av fire at dei var saman med nordmenn minst ein gong i veka. Ein snau tredel sa dei hadde dagleg omgang med nordmenn. Ein fire-del var med i norske organisasjonar.

Berre 15%, 3 personar, svara at dei sjeldan var saman med nordmenn. Desse siste var såleis nokså isolerte i forhold til majoritetsgruppa i det samfunnet dei levde i. Det er grunn til å tru at dette galdt eldre folk som i hovudsak hadde omgang med eigen familie. Ungane var ikkje med i spørjeundersøkinga. Dei hadde hyppig omgang med norske ungar, både i skulen og i fritida.

Gjennom den tida flyktningane har vore i Suldal har dei utvikla seg frå å vera ei anonym gruppe «bosniarar» til å bli individ med eigne namn og eigne særtrekk. Det norske samfunnet har lært dei å kjenne i ulike roller, og dei har fått ei livshistorie knytt til det dei har vore med på i Suldal, noen har gjort

karrierar i arbeids- eller organisasjonsliv. Men det er nok ikkje slik at alle har ein stor omgang og eit rikt sosialt liv. Dette veit vi elles for lite om. Det har ikkje vore gjort noe forsøk på å kartlegge nettverka eller vennekretsen til flyktningane.

VONBROT OG GLEDER

Når vi spurde flyktningane om korleis dei opplevde mottakinga i Suldal, fekk vi svar som avspeglar motstridande erfaringar.

I utgangspunktet sa dei at dei blei tatt fint i mot, at mottakinga endatil var over forventningane, at det var mye betre her enn andre stader dei hadde vore innom og at folk var snille og greie.

Men så spurte vi kva slags holdningar dei trudde nordmennene hadde til dei som flyktningar. Da fekk vi vita at flyktningane oppfatta oss som litt vanskelege å bli kjente med og med litt ukunnige oppfatningar om kva slags folk dei var. Ein del hendingar gjorde at dei trudde nordmennene oppfatta dei som primitive folk som budde langt ute på landet. «Eg tenkte dei ikkje var så glade i flyktningane. Tenkte at folk var litt redde. Folk visste lite om oss. Bilda frå TV skapte eit feil bilde av Bosnia. Det var dessutan forskjell på folk frå byen og landsbygda».

Særleg dei unge reagerte på at dei blei behandla som primitive bygdefolk. «Sarajevo var ein stor og moderne by, folk kjørte betre bilar der enn det vi ser her.» Dei tykte folk såg på dei, og fann det merkeleg at butikkane stengte klokka fire og at det ikkje fanst eit diskotek å gå på om kvelden. Medan bosniarane tenkte at nordmennene såg på dei som primitive og underutvikla, tykte dei unge bosniarane, og kanskje dei eldre med, at det var den norske landsbygda som var tilbakestående.

Strandstaden Sand imponerte ikkje. Og ikkje var det særleg fint da dei kom heller. Sjøsidan av Gata var øydelagt gjennom årelang mishandling av den gamle busetnaden, og heile Gata med vatn- og avlaupssystem var gjenstand for gjennomgripande rehabilitering akkurat da hovudtyngda av flyktningane kom. Dei tykte det var lite og rart og med mangelfullt samband med utomverda. Etter at handelslaget hadde stengt klokka 4 om ettermiddagen var det folketomt og trist i Gata.

Men etterkvart gikk det betre, dei fann plassen avslappa og roleg og fann trekk som dei kjente frå dei små landsbyane heime. Og om ikkje alle fann nordmennene direkte hjartelege, meinte dei i det minste at vertskapet oppførte seg korrekt. «Noen betrakter oss med respekt og forståelse og som likeverdige, og noen gjør akkurat motsatt».

I spørjeundersøkinga til kommunen blei det spurt om flyktingane hadde vore utsette for vold eller trakassering etter at dei hadde kome til Suldal. 20% av dei som svara hadde vore utsette for trakassering. Vi antar at det bak dette talet i hovudsak ligg erfaringar med nordmenn på fest og bosniarar bak skranken, i døra eller bak rattet i drosjen. Det var herrefolket som hadde hatt behov for å markere kven som var herre og kven som var knekt.

Det bildet som teikna seg etter gjennomgang av intervjuva med flyktingane var samansett. Men vanskaner med å oppnå kontakt over nasjonalitetsgrensene blei stadfesta av intervjuva med nordmennene. Mange sa seg leie for at dei ikkje hadde fått betre kontakt med innvandarane. Det hørtest altså ikkje ut som det var uvilje, men meir mangelen på evne som gjorde at kontakten ikkje blei betre enn han blei.

Når er det ikkje sikkert dette er spesielt for flyktingar frå andre land. Einkvar innflyttar i det norske bygdesamfunnet vil ha visse problem med å finne noen å vera saman med dersom han ikkje har slekt eller venner der frå før. Det tar tid å få ein vennekrets og lære kodane, også for nordmenn. Når ein så legg til mangelfullt språk og kulturskilnader, er det ikkje så rart at det tar litt tid. Hovudinstrykket, trass i vitnemåla om nordmenn på fest, er at flyktingane blei møtt med velvilje og respekt, men at det frå begge sider tok tid å venne seg til nye menneske og nye omgjevnader. Med unntak for dei unge, har flyktinggruppa også vore relativt stabil. Det betyr i alle fall at dei ikkje fann staden verre enn at dei kunne halde ut med å bu her. Mange har gitt uttrykk for at dei trivst.

MYE KUNNE VORE ANNLEIS

I etterpåklokskap klandrar mange av flyktingane seg sjølve for at dei ikkje raskare tok inn over seg at opphaldet i Norge ville bli langvarig, kanskje permanent. Hadde dei det gjort, ville dei tidlegare satsa meir for å lære norsk, kvalifisere seg for arbeidslivet og blitt betre integrerte i det norske samfunnet. Men først var det viktig å redde familien og komma saman igjen etter flukta. Deretter blei det viktig å få seg jobb og venner og begynne tenke på ei trygg framtid og eit fullverdig liv. «Da jeg kom, visste jeg ikkje hvor lenge jeg skulle bli, og kunne ikke planlegge noe. Jeg visste ikke om vi kunne bli sendt tilbake. Alt ble bare midlertidig, og jeg hadde ingen planer om noen framtid her».

Det gikk dessutan lang tid før flyktingane fekk fast busetting. I mellomtida opplevde mange at dei måtte flytte frå mot-

tak til mottak utan at dei skjønnte meininga med det. Informasjonen var dårleg, og byråkratiet overveldande. Kjensla av maktesløyse var framtreddande.

Ei gjennomgåande utvikling i holdningane til flyktingane ser ut til å vera slik: Dei var glade for å sleppe ut av det helvetet krigen i Bosnia-Hercegovina skapte. Dei var enda gladare dei som fann att familiemedlemmane sine, og fekk visse om at alle hadde kome trygt ut av Bosnia. Uroa, pina, og utolmodet som følgde med opphalda på ulike mottak blei avløyst av ei enorm lette da dei fekk tilbod om busetting i Suldal, og ikkje minst da vedtaket om opphaldsløyve blei gjort. Men så kom den gjerandslause kvardagen, dei dårlege jobbane, den materielle armoda, isolasjonen og ei sviktande tru på framtida.

Dei kom ikkje i gang med å bruke arbeidslysta og evnene sine, dei var i ferd med å bli annanrangs innbyggjarar og dei tykte det gikk for smått med å komma til framtida. Noen retta kritikken mot vertskapet, noen retta kritikken mot seg sjølve og sine egne landsmenn. Frå norsk side kunne meir vore gjort for å kartlegge evner og kvalifikasjonar og legge til rette for utnytting av kompetanse og kvalifisering for deltaking i det norske samfunnet. Hos flyktingane sjølve var det mentale sperrer mot å ta inn over seg at verda aldri meir kunne bli slik ho hadde vore.



Flyktingane var glade for å sleppe ut av det helvetet krigen skapte. Bildet viser utbrente bilar og bustader i bydelen Dobrinja i Sarajevo, der fronten mellom muslimane og serbarane gikk. Foto: Roy Høibo.

Frå norsk side blei ingenting gjort for å bidra til eit betre medvit om korleis det er å leva i eit fleirkulturelt samfunn. Berre sporadisk og i svært liten skala blei noe av det innvandrane hadde med seg adoptert av det norske samfunnet. Innvandrane slapp heller ikkje til med egne bidrag til eit meir fargerikt fellesskap. På denne måten tilførte ikkje flyktningane bygda noe ut over det at dei motvirka fråflyttinga og fylte ein del ledige jobbar.

Den lange vegen inn i det norske samfunnet blei først og fremst kjenneteikna ved at han er lang. Og om flyktningane noen gong skulle komma fram, vil dei sjå meir ut som nordmenn enn som eks-jugoslavar. Det vil vera eit tap for Norge. Flyktningane frå Bosnia-Hercegovina representerer ein unik utveg for bygda til å møte det internasjonale samfunnet på heimbane. Det kunne vore med på å utvide perspektivet, og gi bygda den vitamininnsprøytinga ho treng for å skape ei bygdeutvikling med eit framtidsperspektiv.

MANGELFULLE KUNNSKAPAR OG DÅRLEG INFORMASJON

Eit slåande trekk var at vi visste lite om dei som kom og kor dei kom i frå. Sjølv om Norge har hatt eit særleg godt forhold til Jugoslavia, og Jugoslavia er blitt karakterisert som «Norges vindu mot øst»⁷ synest kunnskapane om landet og folket å vera nokså sparsame. Folk i Suldal var sjølvsgagt like opptatte av krigen i Jugoslavia som folk elles, og tykte synd i dei som hadde kome ut for ei slik ulukke. Men Utanriksmagasinet er truleg ikkje mellom dei programma som scorar høgast i dei tusen heimane, og utanriksidene ikkje mellom dei sidene som blir mest lesne. Ei gjengs oppfatning var at flyktningane var folk som mest var som «nokon av oss», og ein skal ikkje da undrast over at bygdefolket blei «øvegidde» over at det fanst motsetningar mellom flyktningane, sjølv etter at dei hadde kome til Norge.

Men folk var velvillig innstilte, og tenkte det var fint om vi kunne hjelpe desse ulukkelege folka med å komma seg vekk frå krigen og skape seg ei ny framtid. Noen få var klar over at det truleg var rimeleg ressurssterke folk som kom, og at det ikkje berre var vi som kunne hjelpe dei, men at dei også kunne tilføre det norske lokalsamfunnet viktige impulsar.

Det ligg ein meir eller mindre uttalt kritikk i svara ein får når ein spør kva folk visste på førehand. Informasjonen kunne vore betre. Mye betre. Slik det var blei det verken frå kommunen eller staten si side sett i verk noen systematiske informa-

sjonstiltak som kunne førebudd lokalsamfunnet betre på det som skulle skje. Den informasjonen som kom ut, kom etter initiativ frå lokalavisa.

Heller ikkje da Suldal kommune seinare blei stilt overfor den situasjonen at det også ville bli opna eit asylmottak i kommunesenteret, blei det sett i verk noen systematiske informasjonstiltak. Det blei arrangert eit folkemøte, der den viktigaste budskapet frå representantane for mottaket og Utlendingsdirektoratet var at dei tykte det var fint at det hadde møtt opp så mye folk, at kommuneleiinga hadde vore flinke til å takle ein vanskeleg situasjon og at det var «virkeligheten» som styrte utviklinga. Korleis «virkeligheten» såg ut fekk vi mindre informasjon om. Også nå var det lokalavisa som innhenta materiale og presenterte røymsler frå andre mottaksstader.

Våre observasjonar tyder på at det er stort behov for informasjon om dei som kjem til bygdene og kva utfordringar vertskapsrolla fører med seg. Men gjennom dei åra Suldal kommune har vore vertskap for flyktningar og asylsøkarar er det ikkje på noe tidspunkt sett i verk systematiske informasjonstiltak verken frå kommunen, staten eller dei som på annan måte har ansvar for mottak av flyktningar og asylsøkarar. Det går heller ikkje føre seg noe arbeid for å synleggjera eller formidle



Kaspar Nielsen var mellom dei som etterlyste betre informasjon da Utlendingsdirektoratet og Hero Mottak og Kompetanse skulle opprette mottak for asylsøkarar og flyktningar i Suldal kommune. Bildet er frå folkemøtet der den viktigaste budskapet var at suldølingane burde ta røyndomen i verda inn over seg. Foto: Suldalsposten.

informasjon om utlendingar som på andre måtar er blitt ein del av lokalsamfunnet. Dermed blir vi verande i vår ukunne om at ein relativt stor del av sambygdingane våre har andre føresetnadar for å tenkje, tru, håpe og handle enn det vi har, og det går berre langsamt opp for oss at inni er vi forskjellige, sjølv om vi utanpå er like.

BYGDA – EIT GODT TILBOD TIL BYGDAFOLK

I førearbeidet til utstillinga om flyktingane frå Bosnia-Hercegovina var vi opptatte av å finne ut kva tankar vi i Suldal sat med om det vi hadde å tilby flyktingane. Dei tankane gikk ut på at vi først og fremst skulle kunne by fram ein trygg heim, ein «fristad», arbeid, sosiale kontaktar og eit «normalt liv». Mellom folk i Suldal fanst altså dei same førestillingane om lukka ved eit «normalt liv» som vi fant mellom flyktingane. Det var berre det at det normale livet ikkje var heilt det same i bygde-Norge som det hadde vore i Jugoslavia.

La oss først ta den sosiale kontakten. Jugoslavane er eit sosialt folk. I heimlandet er dei ute i gatene og helser og snakkar til alle kantar, dei sit på kafeane, på benkane, møtest på marknaden, på konsertar, på kino, på teater. I bygde-Norge er det ingen gater, og om dei finst er dei folketome og ligg øyde etter at handelslaget har stengt. Det er ikkje noe sprekt med kafear heller, og i alle fall ikkje slike der du kan få ein konjakk til kaffe, og kaffe av eit anna slag enn den som har stått og surna på traktaren dei siste timane. Vi har endatil innført røykeforbod der folk kan vera saman. Det norske bygdesenteret er ei sosial ørken samanlikna med byane i sentral-Europa, og folket hastar til og frå alle gjeremål som går føre seg andre stader enn i det offentlege rommet.

Vi er nok «på vink» og helser på dei vi møter, anten dei er av det eine eller andre slaget. Men vi har anna å tenkje på, bur så langt unna, er usikre på kva vi skal seia og veit ikkje heilt kven dei er. Samveret går føre seg i heimen der det etterkvart er blitt slik at vi ikkje kan stikke innom einannan utan at vi er bedne, eller sjølve har bedt, og det er mat og kaker og eit heilt styr som gjer at det ikkje blir så ofte. Dessutan bur vi langt unna. Bygda er bilens landskap og han isolerer meir enn han skaper kontakt.

Det er på arbeidsplassen vi møter dei, utlendingane. Og noen av oss tykkjer det er så gildt at vi ber dei heim. Men det blir på våre premisser. Norsk mat, sofa og salongbord med duk, meiningsberande bilde på veggane, arvestykke og



Utlendingane var vane med å gå på kafe. Dei var endatil vane med at det gikk an å få ein konjakk til kaffien, same kva tid på døgnet det måtte vera. Bildet illustrerer kafelivet i det tidlegare Jugoslavia ved noen av dei. Det er Goran Kovačević, ein ukjent, Zoran Marić, Josip Marić og Ljerka Kovačević som her har seg ei lita pause på verandaen til restauranten «tin» i Kresevo. Foto: Roy Høibo.

albumfoto frå hytta og konfirmasjonen. Det tar timar, og vi har få felles erfaringar å ta utgangspunkt i.

Skulle vi finne på å be andre saman med dei, kjem praten fort inn på personar og slekter. Vi serverer anekdotar i fleng, og slår raskt opp i gards- og ættesoga om vi skulle vera i tvil om samanhangar. Kunnskapane og historiene bind oss saman, skapar tilhøring og gjer oss trygge på kvarandre. Innvandrarane står utanfor dette, dei kjenner ikkje folk, forstår ikkje poenga og finst ikkje i bygdebøkene.

Det beste vi kan by dei er naturen. Vi har mye natur, og har eit inderleg forhold til bruken av han. Vi kjenner heia frå alle årstider, og dei beste av oss har vore på stader så langt frå veg at det ikkje er til å tenkje på for folk med dårleg fottøy og tvilsamt ganglag. Vi driv med turorientering, kaver oss opp på utvalde toppar og blir «nutfantar» med medalje i sviornamentert brakje, reiser på badeturar så snart temperaturen gjer det muleg å kaste skjorta, og går søndagstur gjennom bustadfeltet på regntunge haustdagar. Alt dette kan innvandrarane få del i. Men dei set ikkje pris på det. Dei går tur på asfalten når det er fint ver, eller dei grillar i hagen eller ber folk opp på verandaen



Det beste vi kan by dei er naturen, og vi deler gjerne gleden ved å sitte i snøen og eta smørbrød svidd på eige bål. Frå venstre: Vanja Ignjatić, Roy Høibo og Grete Holmboe. Foto: Nenad Ignjatić.

til seg. Men dei reiser ikkje opp i heia for å finne einsame skiløyper eller mennesketomme stolar.

Viktige delar av kulturlivet utspelar seg i foreiningar. Foreiningslivet er ein viktig arena for kontakt og sosialt samvær i bygda. Her kan ein gjera ting i lag, men det føreset eit minimum av engasjement for dei formåla foreiningane jobbar for. Her er mange religiøse lag og organisasjonar, foreiningar knytte til primærnæringane (bonde- og bondekvinnelag, 4H-klubbar), velferdslag (husmorlag, sanitetsforeiningar og pensjonistlag) og dessutan musikkorps og speidarar. Mannfolka har mannforeiningar, Lions-klubb og Rotary-klubb og her er kor og kunstlag, mållag og ungdomslag. Størst medlemsmasse har idrettslaga.

Suldal kommune hadde ei førestilling om at foreiningane ville vera ein fin innfallspor til deltaking og kontakt, men det er ikkje blitt slik i praksis. Noen av innvandrarane har oppsøkt idrettshallen og blitt med i idrettslaga. Kunstlaget har greidd å få med seg noen i arbeidet sitt. Men elles har ikkje forsøka på å kople innvandrarane og foreiningslivet saman ført til store resultat.

Det er altså slik at mange av dei gilde tinga ein driv med i bygda passer godt for og blir høgt verdsette av bygdefolket. Men dette er aktivitetar som det ikkje er sjølvsaugt at andre, og særleg ikkje folk frå andre kulturar, finn like attraktive. Bygdefolket vil gjerne dele gleden over bygda med innvandrarane, og set pris på å bli oppsøkt, men dei har ikkje så mye å gi for å komma innvandrarane i møte. Bygdelivet er bunde opp i mange slags tradisjonar som gjer at det kanskje ikkje er så fleksibelt som ein vellukka integrasjonsprosess krev, sjølv om flyktningane frå Bosnia-Hercegovina i første omgang ser ut til å ha funne seg bra til rette.

EIT OPE SAMFUNN

Bygdesamfunnet er så ope at ein kan sjå tvers gjennom det. Det er få stader å gøyme seg bort. Ein blir sett og kommentert og kan ikkje lenge rekne med å vera mellom dei anonyme i samfunnet. Eit slikt samfunn kan vera inkluderande, ved at ein automatisk blir ein del av eit fellesskap, og blir omfatta av ei interesse som kan vera til støtte i strevet med å finne seg til rette. På den andre sida kan det vera vanskeleg å vera anleis i eit slikt samfunn. Det kan t.d. vera særleg vanskeleg å gå i butikken og handle mellom folk som veit at ein ikkje tener eigne pengar.

Det finst holdningar mellom suldølingar som går ut på at flyktningane er snyltarar på velferdssamfunnet vårt. Mellom dei som kom til bygda som asylsøkarane var det mange sunne, unge, sterke og arbeidsføre folk som ikkje hadde anna å gjera enn å gå på norsk-kurs eit par timar om dagen. I bygda ter det lett att, og mellom slike som tykkjer dei ikkje har meir att for å jobbe heile dagen enn det dei må ha, kan det utvikle seg negative holdningar til ei stor gruppe som får til levebrødet utan å arbeide. Nå er det slett ikkje slik at flyktningar og asylsøkarar er dei einaste som får til levebrødet utan å arbeide, så det finst nok også andre holdningar blanda inn som ikkje er så gilde å tenkje på.

Når nordmennene tykkjer dei har gjort sitt ved å stille opp med hus og midlar til å leva for, tilbod om norsk-kurs, arbeidstrening og ein einestående natur, kan det hende dei tykkjer det er nok. At nå får det vera opp til flyktningane å få noe ut av dette. Dei kan ikkje vente å få meir opp i hendene, nå må dei ta eit skritt på eige hand, eller kanskje to. Vi har møtt slike holdningar. Men vi trur ikkje dette er representativt. Vi trur at dei gode sidene ved det gjennomslitige samfunnet er dei

dominerande. At flyktingane faktisk blir inkluderte i medveta til suldøingar flest på ein positiv måte, men at kulturelle hemningar og mangelfull infrastruktur gjer at den sosiale kontakten er meir fråverande enn ønskjeleg kunne vera.

TURBULENS I BYGDESAMFUNNET

Så langt har vi omtala bygda som om ho skulle vera eit eintydig samfunnsslag, der det meste er som det er og som det alltid har vore. Slik er det ikkje. Bygda er i rask endring, og kan hende er det slik at lokalsamfunnet Sand var på eit heldig stadium i denne endringsprosessen akkurat da bygdesenteret skulle ta på seg ei vertskapsrolle for flyktingar frå ein annan kultur, at lokalsamfunnet så og seia var i ei «flytzone» der det var rimeleg balanse mellom utfordringane den nye situasjonen baud på og dei erfaringane samfunnet hadde.

Erik Fossåskaret har arbeidd ein del med bygdeendringar, og har mellom anna gjort greie for resultat av arbeidet sitt i årsskriftet til Ryfylkemuseet for 1995⁸. Han peikar her på noen interessante utviklingstrekk. For det første at orienteringa til dei som bur i lokalsamfunna endrar seg frå å vera sterkt innoverretta, altså mot eige lokalsamfunn, til å bli meir utoverretta, mot andre lokalsamfunn andre stader i landet og kanskje i andre land. Fossåskaret kallar dette globalisering. For det andre frå at det i mindre grad er slik at alle kjenner alle på alle måtar, til at vi i større grad kjenner ein annan i meir avgrensa rollar, som t.d. arbeidskameratar, naboar eller foreiningsmedlemmar. I eit slikt samfunn blir det etterkvart også slik at folk passer mindre på kvarandre. Men det kan også føre til at noen blir passa for lite på. Og så registrer Fossåskaret større mobilitet. Fleire flytter ut som unge, mange er innom bygda som ein lekk i yrkeskarrieren, vi får meir turbulente bygder. Og vi får meir heterogene bygder. Kan hende er vi i ferd med å få segregerte bygder der vi manglar normative sentrum.

Dei arenaene for kollektiv refleksjon som vi har hatt i bygdene kan vera i ferd med å forvitre. Forstår vi Fossåskaret rett, åtvarar han mot denne utviklinga. Mister vi møtestadene, mister vi kan hende også viktige føresetnadar for å handtere



Sand er ein plass med generasjonars nedarva sjølvrespekt, ikkje minst opparbeidd gjennom å ha blitt sett av mange som har kome utanfrå. Ein av dei som tidleg bidrog til å løfte medvetet om kvalitetane ved staden var Alice Lima Hay Archer, som kom til Sand saman med laksefiskaren sin i 1884. Dette bildet tok ho på Sandsvikja i 1887.

endringar i rammevilkåra for bygdelivet, lokaldemokratiet kan bli truga, trivnaden gå tapt og vi mister arenaer for bygging av sosial kapital. Somme kommunar viser trekk ved ei utvikling som kan gjera dei til det Fossåskaret kallar kommune-kommunar. Det er kommunar der innbyggjarane ventar og krev at den kommunale forvaltinga har eit førsteansvar for å gripe inn om problem av eit eller anna slag melder seg. Kan hende er Suldal ein slik kommune.

Dei utviklingstrekk Fossåskaret peikar på kan gjera det lettare å vera innflyttar og innvandrar i små lokalsamfunn. Når vi ikkje lenger er så tett innvevde i kvarandre, vi har referansar langt utanfor det lokale, vi er meir ulike og kommunen tar seg av ansvaret både for fellesskapet og den enkelte, blir det kan hende enklare å stikke innom lokalsamfunnet både for den eine og den andre. Men om denne utviklinga går for langt og for fort kan vi samtidig miste både viktige verdiar ved lokalsamfunnet og ved det norske demokratiet, og vesentlege føresetnadar for å få til ei vellukka integrering.

INNVANDRAR I TURBO-BYGDA

La oss sjå på dei utviklingstrekkka Fossåskaret er opptatt av i forhold til innvandrarane på Sand. «Globaliseringa» til dømes. Sand er ei slik globalisert bygd. Her bur mange som har opphavet sitt andre stader, har vore andre stader og har røynsler frå andre samfunn og kanskje også planar, draumar og håp knytte til andre stader. Sand har alltid vore ein stad folk har flytta til og frå, og det har vore tider med større turbulens enn det er nå, seinast under dei store kraftutbyggingane som i periodar har hatt stor innverknad på strandstadlivet. Det positive ved eit slikt samfunn er at ein ikkje treng kjenne seg altfor framand sjølv om ein kjem ny til staden. Sandbuen hadde også erfaringar frå framande land og med folk frå desse landa, og mange tykte det var spennande at vi skulle få slike midt i mellom oss. Så kunne endeleg ein strandstad langt inne i fjorden få noen av dei impulsane som elles helst blir byen til del.

Det negative ved globaliseringa er at lojaliteten til bygda minkar. Tapa ved at folk reiser, eller otten for at dei skal gjera det fører til mindre trivnad. Framtida er ikkje nødvendigvis knytt til det lokalsamfunnet ein bur i nå. Investeringane i venn-



Innvandrarane blir fort attkjente og integrerte i medvetet til sambygdingane. Familien Delija og Mercia Softic kom med håp og draumar til Suldal frå Montenegro, og blei inkluderte både i nabofellesskapet og i skulen, men dei fekk avslag på søknadane om å få bli. Da reiste sambygdingar seg til kamp for dei, men det hjelpte ikkje. Foto: Helga Møgedal, Suldalsposten.

skap kan bli mindre. Kan hende er ein del folk atterhaldne mot å investere for mye i flyktingane. Ingen veit kor lenge dei blir. For kva grunnar skulle dei ha til å bli buande på ein slik plass? Enda tydelegare blir dette i forhold til asylsøkarar, som ein med stor visse veit at vil reise att etter stutt tid. Få investerer mye i å bli kjent med slike.

Det vil likevel vera slik at innvandrarane fort blir attkjente i mange samanhengar. Vi ser dei først i Gata og i butikken, og kan nokså snart skilje dei frå kvarandre, noen får dei til naboar, andre blir kjente på arbeidsplassar eller blir sittande ved sida av dei på eit arrangement eller på båten til byen. Vi har ikkje kome så langt at vi kjenner einannan berre som eindimensjonale figurar. Det er heller ikkje slik at vi kjenner alle på alle måtar. Men det er framleis slik at vi kjenner mange på mange måtar. Det trur vi er ein fordel for integrasjonsprosessen.

Det heterogene bygdesamfunnet er eit tolerant fellesskap, seier Eirik Fossåskaret. Vi kjenner andre holdningar, meiningar og handlingar enn våre egne, og gjer ikkje i same grad krav på kvarande som tilfellet kunne vera for ein generasjon sidan. Men vi vurderer framleis det andre står for, og tar stilling til det. Det er ein stor skilnad frå eit segregert samfunn der folk lever ved sida av kvarandre utan å ta stilling til andre sine verdier. Da får vi eit normlaust samfunn, og kor skal da innvandrarane hente materiale til å forme sitt liv som del av ein annan fellesskap enn den dei reiste i frå?

I eit samfunn som tar mål av seg til å integrere folk frå framande kulturar, må det vera viktigare enn noen stad å oppretthalde og bygge det Fossåskaret kallar arenaer for kollektiv refleksjon. Vi må ha møtestader, og det må vera møtestader som gir meining til samværet, også for folk som er framande i forhold til dei interesser og verdier som finst i lokalsamfunnet frå før.

Det blir særleg viktig for utviklinga av demokratiet at vi har ei medveten holdning til attraktive og inkluderande møteplassar. Utan arenaer for produksjon og formidling av meining vil den lokale debatten forvitte, og vi mister den forankringa demokratiet må ha i ei personleg meningsutveksling. I ein situasjon der innvandring og globalisering sett i gang rørsler som lett blir forsterka av media og populistiske straumar i det politiske miljøet, kan viktige sider ved demokratiet bli sett på prøve om vi mister det handlande fellesskapet som lokale arenaer innbyr til.

SAND – EIT HELDIG SAMANTREFF

Sand har alltid vore noe for seg sjølv. Noe meir i egne auge, noe sært i andre sine auge. Sand var lenge den største og viktigaste strandstaden i Ryfylke. Ein handelsstad, ein skulestad, ein stad der ein kunne få utført offentlege tenester, der dei bygde skip og selde apotekvarer, der engelske laksefiskarar og andre turistar tok i land, der det budde både fine folk og proletarar og ein stad som flinke folk søkte til da Norges største vasskraftutbygging gikk føre seg i 1970- og -80-åra.

Sand er samtidig ein stad med god forankring i bygdesamfunnet, der ein framleis ser og blir sett, der ein kjenner dei fleste og ein har ei gate som framleis fungerer som møteplass for handlande kvinner og diskuterande menn.

Men Sand er også ein stad med båtanløp som tar ein ut i verda, med innbyggjarar som har slekt og venner og viktige referansar andre stader, som har blikket vendt meir framover enn bakover og som er tolerante overfor folk med andre holdningar, meiningar og handlingar.

Sand er eit samfunn som i forhold til utfordringa frå innvandringa, truleg er på eit stadium i ein endringsprosess der noe av det beste ved det gamle, homogene samfunnet er tatt med inn i eit heterogent samfunn som gir opning for å inkludere folk som kjem annanstads frå. Det vi har å tilby utlendingane er nok ikkje altfor godt tilpassa dei behova utlendingane måtte ha. Lokalsamfunnet blir dermed ikkje fullt så inkluderande som ein gjerne ser for seg at det burde vera. Men vi aksepterer og tolererer ulike måtar å leva på, og har likevel ei viss omsut for dei nye sambygdingane.

Sand er ikkje eit segregert samfunn der vi lever side om side utan å bry oss om kvarandre. Vi ser kvarandre, vi snakkar om og vurderer kvarandre og vi snakkar også til kvarandre. Vi lever ikkje i eit normativt vakuum, men vi lever i eit samfunn med normativt mangfald.

Gunnar Alsmark, som var mellom innleiarane på den innvandrarakonferansen vi tidlegare har omtala, og som har arbeidd mye med spørsmål knytt til innvandring i avgrensa lokalsamfunn, understreka i sitt innlegg det naudsynte i å vurdere kvart lokalsamfunn som unikt. Det er viktig å spørja seg kva som skil Sand frå andre lokalsamfunn, kva som er positivt og kva som er negativt. Røynsla tilseier at lokalsamfunn som ligg ganske nære einannan, og som har store strukturelle likskapar, likevel kan fungere svært ulikt i forhold til å ta i mot flyktningar. Det er såleis ikkje berre enkelt å overføre erfa-

ringar frå eitt lokalsamfunn til eit anna. Først og fremst har det med menneska som lever i samfunnet å gjera, og korleis dei samhandlar.

Vi hadde ikkje grunnlag for å gjennomføre noe jamføring med andre lokalsamfunn i den granskinga som vi har omtala så langt, men det kan vera interessant å vise til at Forsand kommune, som er ein av dei andre fastlandskommunane i Ryfylke, og som har mye av den same strukturen og den same økonomien som Suldal, ikkje på langt nær har lukkast så godt med å vera vertskommune for flyktningar. Frå Forsand reiste alle innvandarane som kommunen tok i mot etter stutt tid, i Suldal har eit stort fleirtal blitt verande.

Alsmark peikar vidare på at mottaket av flyktningar kan føre til ei refleksiv krise i eit lokalsamfunn. Det blir nødvendig å stille spørsmål om kva som er bra med det samfunnet vi lever i, og kva som ikkje er bra. Eit engasjement i flyktningemottaket kan såleis føre til at fundamentale spørsmål kan bli løfta fram til sjølvkritisk vurdering. Vi har sett tendensar til det også i Suldal, særleg i samband med diskusjonen om asylmottak, men langt i frå i noe kriseprega omfang. Det har meir dreidd seg om sjølvkritiske spørsmål om vi eigentleg er så opne og utadvende som vi gjerne vil framstå som, og om lagslivet vårt er så inkluderande som vi gjerne innbillar oss at det er. Og om at vi er så grå og fargelause og lite livate i kvardagen.

Alsmark åtvarar mot å stille spørsmål ved alt muleg av vårt eige og kaste oss inn i flyktningemottaket med euforisk entusiasme. Flyktningemottak er som eit ekteskap, seier Alsmark. Etter den første forelskinga kjem kvardagen og problema, og det tar lang tid, svært lang tid, før integreringa er fullført, og ein må jobbe for prosessen heile tida. Vi må sjå flyktningemottak som ein læreprosess, ein lang læreprosess for eit folk som er så tungt forankra i ein likskapsideologi og som nå skal takle ulikskap.

Strandstaden Sand er eit lokalsamfunn som har ein del av dei kjenneteikna som andre lokalsamfunn som tar i mot innvandarar har, men mottaket og integreringsprosessen ser ut til å ha skapt langt mindre bølger her enn mange andre stader. I alle fall så langt. Vi har prøvd oss på ei forklaring som knyter seg til eit historisk forlaup, der strandstaden framstår som ein plass som alltid har vore open for nye folk, nye impulsar og kontaktar ut over egne grenser. Og der dette, også i sandbuens egne auge, har vore sett på som noe verdfullt. Men det er første gongen det kjem ei stor gruppe klientar til staden, ei gruppe som ikkje i første omgang kjem for å yte noe, og tilføre

strandstaden noe nytt, men som kjem for å få hjelp. Forklaringa er såleis ikkje heilt overtydande. Kan hende dreier det seg meir om at Sand i dag har ei samansetting av innbyggjarar der eit solid fleirtal ser det som heilt naturleg og riktig at staden tar på seg vertskapsrolla for flyktingar og asylsøkarar, og at kommunøkonomien samtidig er så god at ingen treng å vera redd for at utlendingane stikk av stad med det som eigentleg tilkjem nordmenn.

Dei som ytrar seg negativt i forhold til innvandringa blir som smårusk å rekne i eit innvandrarmaskineri som valsar ned all motstand. Men vi stiller spørsmål ved om ein har lytta tilstrekelege til naudropa frå dei som kjenner seg truga, og gjort noe forsøk på å få til ein dialog, om ikkje nødvendigvis med dei som ytrar seg, så kring det dei ytrar seg om. Det ville truleg vera klokt å ta fatt i dei problemstillingane som blir reiste medan dei ennå har klare avsendarar og er handterlege.

SPØRSMÅL OM ANSVAR

Vi har spurt folk om dei har tankar om ting som kunne vore annleis, og kven som eventuelt har ansvaret for at ting kunne vore annleis. Mange sit nok med ei kjensle av at det er ein del ting som kunne vore betre. Det er fleire av flyktingane som burde hatt ein fast jobb som var betre tilpassa føresetnadane deira, fleire burde ha fått høve til å skaffe seg sitt eige hus, språkdugleiken burde vore betre og dei burde i større grad vore med i foreinings- og kulturlivet i bygda.

Ansvaret for hus, midlar til livsopphald, språkoplæring og arbeid er vel definert. Men det er ei allmenn meining mellom informantane våre at vi alle burde brydd oss meir, vore meir opne. Flyktingane sjølve kunne nok også vore meir offensive og tatt noen fleire steg på eiga hand. Men først og fremst burde kommunen følgt opp flyktingane betre, lagt meir vekt på kommunikasjon mellom flyktingar og politikarar og gjort meir for å kartlegge ressursar og kompetanse og hjelpe til med vidareutvikling. Ansvaret bør dessutan delast med staten.

Det sit altså ein del folk kring om i vertskommunen Suldal og har dårleg samvit fordi dei ikkje har gjort noe meir. Under den konferansen om innvandring i bygdesamfunnet som blei arrangert i tilknytning til utstillinga, blei det endatil spurt frå talarstolen korleis ein kan koma i kontakt med dykk (med flyktingane). Så kan ein spørja seg kvifor i all verda ein ikkje har gitt seg i snakk med dei framande og prøvd å bli kjent med dei. Men det er ikkje alltid så enkelt.

Kanskje er det slik at kommunen, og eventuelt staten, burde tatt på seg eit større ansvar for gi folk høve til å bli kjente med einannan. Det hadde ikkje skada om mottaket av flyktingar var følgt av ein informasjonskampanje retta både mot dei som kom og mot dei som skulle ta i mot. Det hadde heller ikkje skada om kommunen hadde sett inn noen ressursar på å generere attraktive rammer kring samvær mellom innvandrarar og innfødde i staden for å satse alt på det eksisterande foreiningslivet, og tru at det skulle fungere like godt for eks-jugoslavar som for bygdefolk frå Ryfylke.

Vi sluttar oss til den av informantane som svara at «alle» har eit ansvar for at intergreringa av flyktingar i samfunnet skulle bli vellukka. Utan ei kjensle av kollektivt ansvar for dei utfordringane samfunnet til ei kvar tid står over for vil vi vera ille ute. Men vi tillet oss å stille spørsmål ved om føresetnadane for vellukka møte og kollektiv refleksjon er vel gjennomtenkt og ivaretatt av dei som i første rekke har tatt på seg ansvaret for å plassere grupper av folk frå andre kulturar i norske bygdesamfunn.

DEN FLEIRKULTURELLE BYGDA

Innvandrarbefolkninga i Norge utgjer i dag 387.000 personar⁹. Dette utgjer 8,3% av befolkninga. 6,1% av innbyggjarane er innvandrarar frå ikkje-vestlege land. Det bur innvandrarar i alle



Innvandrarbefolkninga er etter kvart godt synleg i norske bygdesentra. Her frå feiringa av 17. mai på Sand. Foto: Nenad Ignjatich.

kommunar i landet. Oslo har den største andelen. 23 % av innbyggerane i hovudstaden, 123.900, er innvandrara¹⁰. Halvparten av førstegenerasjonsinnvandrara frå Afrika, Asia, Aust-Europa og Sør- og Mellom-Amerika er komne til Norge som flyktningar¹¹.

Det har vore ein medveten politikk hos Utlendingsdirektoratet å styre busettinga av flyktningar og asylsøkarar til landkommunar. Erfaringane viser at det er lettare å få til busetting i landkommunane, særleg dersom innvandrara også har vore i eit mottak i ein landkommune. Dette har vore ein velukka politikk. Det er rett nok konsentrasjonar av innvandrara i og omkring Oslo, Kristiansand, Stavanger, Bergen og Trondheim, men mange landkommunar har eit relativt innslag av innvandrara som er på høgde med desse byane, med unntak for Oslo.

I Ryfylke er innvandringa framleis under landsgjennomsnittet, men andelen av innbyggerane som er innvandrara aukar, til dels sterk i enkelte kommunar. I Hjelmeland, som har den største innvandrarbefolkninga sett i forhold til det samla folketallet, utgjer innvandrarbefolkninga 5,5%.¹² Både Suldal og Strand har ein innvandrarbefolkning på over 4%, dei andre mindre. Suldal og Strand har den største relative innvandringa frå ikkje-vestlege land. Desse utgjer i begge kommunane 2,6% av befolkninga. I absolutte tal fordelar innvandrarbefolkninga seg slik i Ryfylke-kommunane pr. 1. januar 2006:

SSB: Innvandrarbefolkninga pr. 1.1.2006

KOMMUNE	ALLE	VESTLEGE LAND	IKKJE-VEST LEGE LAND
Forsand	30	17	13
Strand	454	146	308
Hjelmeland	190	85	105
Suldal	180	70	110
Sauda	106	53	53
Finnøy	84	34	50
Rennesøy	106	53	53
Kvitsøy	27	20	7
SUM	1177	478	699



Fire av ti innvandrara i Ryfylke kjem frå vest-Europa, særleg frå dei nordiske landa og frå Tyskland og Nederland. Familien på fire som vi har bilde av her er Katinka og Peter Tjhuis som kom frå Utrecht i Nederland til Sand i Ryfylke for å finne ein plass der barna skulle vekse opp og dei sjølve arbeide. Ho var lærar, han designar og dei var begge i arbeid etter stutt tid. Foto: Suldalsposten.

Talet på innvandrarak varierer i takt med innvandringspolitikken, med behova i arbeidsmarknaden og med krisene i verda. Under og etter krigane på Balkan fekk vi ei sterk bølge av innvandring. Seinare har mange kome hit til landet for å bli gjenforeinte med familien som alt er her, for å stifte familie med andre innvandrarak eller med nordmenn. Dei siste åra, er det innvandring frå Irak, Russland, Somalia og Tyskland som har auka mest. Tyskarane som arbeidsinnvandrarak, folk frå Irak og Somalia som flyktningar eller for å bli gjenforeinte med familie som har kome tidlegare.

Ved Ryfylkemuseet fekk vi høve til å gjennomføre ei breiare gransking av innvandringa da Norsk Kulturråd støtta eit tuse-nårsprosjekt som Norges Museumsforbund tok initiativ til, kalla «Dokument 2000». Vi gjennomførte da intervju med representantar for tre grupper av innvandrarak i Suldal, folk med vestleg bakgrunn, folk frå aust-Europa og folk med annan ikkje-vestleg bakgrunn. Hovudproblemstillinga som låg bak undersøkinga var å kaste lys over bygda som møtestad i eit fleirkulturelt samfunn. Vi heldt oss med ei hypotese om at ulike innvandrargrupper ville oppleve møtet med bygda på ulike måtar, og tenkte at ei nærmare gransking av korleis desse møta skjer vil fortelja oss noe om dei underliggande verdiane i bygdesamfunnet. Prosjektet fekk namnet «Den fleirkulturelle bygda».

EIN INNVANDRAR ER IKKJE ALLTID EIN INNVANDRAR

Det som eg tidlegare har gjort greie for om møte mellom bygde-Norge og innvandrarak gjeld i hovudsak flyktningar frå det tidlegare Jugoslavia. Vi har stilt dei same spørsmåla til innvandrarak frå Norden og Nord-Europa. Den første utfordringa vi møtte på da var at desse blei noe undrande når dei blei kategoriserte som innvandrarak. Folk frå vestlege land ser ikkje på seg sjølve som innvandrarak, har aldri tenkt på at dei er innvandrarak, og tykkjer det er framandt å bli sett på innvandrarak. Dermed kjem dei heller aldri i nærleiken av å sjå på seg sjølve som klientar for eit offentleg hjelpeapparat. Det betyr ikkje at dei er likegyldige til kva styresmaktene gjer eller ikkje gjer, men dei spør ikkje kva styresmaktene kan gjera for dei. Dei spør kva dei sjølve kunne gjort meir for landet og lokalsamfunnet dei bur i, dersom styresmaktene hadde brydd seg meir om kva dei har å tilby.

Kommunen har bruk for kompetent arbeidskraft, men kva gjer kommunen for å trekke til seg slik arbeidskraft, spør vest-europearane. Dei tykkjer dei blir tatt vel i mot når dei spør seg

for, særleg om dei har presise spørsmål, men har det til felles med eks-jugoslavane at dei undrar seg over den passive holdninga det offisielle bygde-Norge har til innvandrarak som ein muleg ressurs for å nå måla til samfunnet.

Dette er folk som har hatt eit aktivt forhold til val av bygde-Norge som bustad, og som er sterkt motiverte for å lære både språk og skikkar. Dei lærer språket raskt, men er kritiske til at kursmateriellet berre finst på bokmål. Når dei skal bu i eit nynorskbrukande samfunn, meiner dei at dei og burde kunne lære seg nynorsk frå starten. Dette er ein kritikk som også flyktningane har reist, og det er ein kritikk som er blitt tatt seriøst og formidla vidare til dei som har noe med det. Men det skjer ingenting. Kull etter kull lærer seg bokmål, og kjem ut i det dialekttalande og nynorskskrivande lokalsamfunnet med eit språk som dei ikkje greier seg med.

Holdningane til styresmaktene er likevel ikkje eintydige. På den eine sida finst dei som ikkje har behov for særleg med hjelp, som endatil ikkje ønskjer hjelp, og som ikkje tykkjer Staten skal bry seg med alt. «Noe ansvarlighet må man overlata til den enkelte, ellers blir det for mye sosialistisk». På den andre sida finst dei som nok kunne tenkt seg litt hjelp for å finne seg til rette, men som ikkje har fått det. «Det var ingen tilbud til meg som kom hit i 1982. Eg fekk ikkje hjelp til noe». Den sistnemnte, som altså var ein tidleg innvandrar i forhold til det som har skjedd dei siste åra, sakna både språkopplæring og hjelp frå A-etat til å komma inn i arbeidslivet.

Om desse som har flytta hit frå andre land i Norden og Nord-Europa saknar noe, så er det eit betre helsetilbod. Det dårlege tannlegetilbodet, at det er langt til sjukehus, og at ein må betale for seg for å få tilgang til helsetenester stemmer ikkje med bildet av velferdssamfunnet Norge.

SKILNAD PÅ FOLK I ARBEIDSLIVET

For dei fleste er arbeid viktig for å gi livet mening. Det er såleis mye om å gjera for dei som kjem flyttande til bygda å finne seg eit arbeid som er best muleg tilpassa dei føresetnadane den enkelte har. Det er ikkje alltid enkelt, og frustrasjonen er stor mellom dei som ikkje lukkast. Dette gjeld både vest-europearar og flyktningar frå andre delar av verda. Men det er likevel den skilnaden at vest-europearane i mange høve har større utveg til å lukkast. Mange av dei er arbeidsinnvandrarak, og har altså kome hit fordi dei har fått ein jobb. Men dei som har kome til bygda som ektefeller, stiller ofte i same kategori som

flyktingane, sjølv om føresetnadane for å finne ein jobb der utdanning og praksis frå heimlandet kan brukast er større for ein vest-europear enn for ein afrikanar.

Danskane har ikkje andre problem enn språket. Nordmenn har ikkje alltid like lett for å skjønne dansk. Islendingar kan oppleve det som eit pluss å vera islending i bygda. Islendingar er nesten enda meir norske enn nordmenn, og blir sett på som interessante, arbeidsame og mest i slekt med bygdefolket. Hollendarar og tyskarar glir også lett inn i det norske arbeidslivet. Hollendararne oppnår raskt stor sympati fordi det blir så flinke til å snakke norsk.

Vest-Europearane kan også, utan unntak, rapportere om god integrering i arbeidsmiljøa kringom i bedrifter og offentlege institusjonar. Men dei obsererer klare skilje mellom arbeidsmiljøa i heimlandet og i Norge. Adriaan van Ruiven, som jobber med arbeidsmiljøspørsmål, oppsummerer situasjonen slik: «Jeg opplever arbeidsmiljøene rundt omkring som nokså uformelle og fleksible. Hierarkiene er mindre tydelige enn i Nederland. Familielivet har en viktig plass i folkets liv, og det merkes for eksempel når barn er syke, da er det akseptert at en holder seg hjemme (menn også). I begynnelsen opplevde jeg at nordmenn var mindre lojale overfor sine arbeidsgivere enn jeg var vant med. Etter hvert så har jeg innsett at det er nederlendere som trolig har for stor lojalitet til sine arbeidsgivere, og at dette ofte går på bekostning av familielivet. Det er færre kvinner i arbeidslivet i Nederland, og da er slikt mulig. Dessuten er det mange (ofte kvinner) som utfører frivillig arbeid, arbeid nordmenn får betalt for».

Men verken inngangen til arbeidslivet, eller det å vera der er like enkelt for flyktingar frå meir fjerntliggande strom. For det første er dei frustrerte over mangelen på informasjon. Dei får ikkje vita noe verken om arbeidsmarknaden, om korleis arbeidslivet er organisert, eller kva rettar og plikter dei har. Dernest er dei frustrerte over mangelen på interesse for å finne ut av kva kompetanse dei har, og korleis denne kompetansen kan utviklast slik at han kan komma til nytte i det norske arbeidslivet. Jobbtilboda svarar ikkje til dei kvalifikasjonane dei har. Dette er trasig for den enkelte, men fører også til dårleg utnytting av dei ressursene som innvandraraner representerer.

BETINGA VELKOMST

Det ser ut til å vera enklare å få personleg venner i bygda. Alle har det, i alle fall dei vi har spurt, og alle er nøgde med ven-

nene sine. Noen påstår endatil at det har vore lettare å finne venner i Suldal enn andre stader. «Det var stor forskjell mellom Årdal (i Sogn) og Suldal. Her har vi opplevd folk som opne og imøtekommande, vennlege og villige til å snakke med oss. I Årdal var folk mest opptatt av kor lenge vi ville bli verande, når vi skulle reise». Muleg dette har meir med dei røynslene folk i Årdal har med tilflyttarar, enn med lynnet til årdalsbuen å gjera, men opplevinga av å vera innvandraraner i desse to bygdene er like fullt forskjellig. Det er likevel slik at fleire gir uttrykk for at dei har opplevd Sand som eit meir ope lokalsamfunn enn andre stader. Kan hende Sand er annleis.

Eg har tidlegare vore opptatt av dette, og funne grunnlag for påstandar om at Sand skil seg ut frå andre bygdesentrum i Ryfylke, og tilbyr innflyttarar eit variert, ope og eit stykke på veg fordomsfritt vertskap. Sand, og andre delar av Suldal, kan også vise til eit langt hopehav med verda utanfor gjennom trelasthandel, sildeeksport, sjøfart og turisme. Sølvkanna i Oppistovå, Løland, er eit handfast vitnemål om det. Ho har årstalet 1698 ingravert i loket, og namn som viser til tysk eller hollandsk opphav. Også innvandraraner har merka seg dette, og kjenner det kan hende slik at dei ikkje kjem til eit kulturlandskap heilt utan erfaringar med utlendingar.

Uroa for kor lenge dei nye vil bli verande i bygda er likevel ikkje noe ukjent fenomen. Innvandraraner har opplevd dette. Når dei fastbuande er usikre på om dei nye blir buande, blir dei meir reserverte i forhold til å investere i venskap. «Selvsagt er folk litt skeptiske når du er ny i ei lita bygd som Sand. Om det er fordi jeg er utlending eller bare fordi jeg er ny, er vanskelig å si noe om. Jeg synes i hvert fall at folk etter hvert har blitt veldig hjertelige og imøtekommende». Det sosiale livet i bygda er basert på varige strukturar. Det flyktige hører byen til. Derfor er det viktige at busettinga av innvandraraner har eit langsiktig perspektiv.

Det er dessutan ikkje av vegen å kjenne noen frå før. Susanne Grønnevik kom hit saman med ein suldøling, og blei dratt med i mange samanhengar. Om ein lakkast kjem likevel mye an på eiga innstilling. Medan noen av oss meiner at det må vera ein kjempefordel å komma til bygda som familie, er det dei som meiner det er best å komma som einsleg. Da blir ein nøydd til å ta kontakt med andre. Ein må vera aktiv sjølv. Vera med på dans, sjølv om ein ikkje tykkjer dans er den største lukka i livet, vera med i O-laget, sjølv om ein aldri har halde i eit kompass, seia ja takk til invitasjonen om å bli med på

dametrimmen. Og så har dei stelt seg til med middagsklubb, ein del av dei unge, einslege på Sand. Dei et middag hos kvarandre. «Ein må ta i mot dei tilboda som er. Må da for pokkar ta litt ansvar selv». ¹³

Ein openbar, men innsiktsfull observasjon er at det er lettare å få venner mellom folk ein deler verdiar med. «Eg likar det folk her er stolte av, naturen og fjellet». Da er det nok lettare å få kontakt med dei fastbuande enn om ein som innflyttar er opptatt av heilt andre ting heilt andre stader i verda. «Noen synes det er flott at vi ønsker å bo her, jeg tror det støtter dem i det valget de selv har gjort». Men så er nordmenn svært opptatte av slekta. «Det er typisk norsk å snakke om kven ein er i slekt med. Det er ganske unederlandsk».

Ein utlending kan likevel ha grunn til å lure på kor velkomen han eigentleg er. Parallellt med ein nokså passiv holdning til dei utvegane innvandring byr på for å vitalisere bygda, kjører Suldal kommune ein høgt profilert kampanje for å få bygdas eigen ungdom til å komma heim når dei blir ferdige med utdanninga si og har sett det dei vil sjå av verda. «Man kan få inntrykk av at det hadde vært så mye bedre med egne folk (nordmenn). Noen ser på oss som om vi vil ta noe fra dem».

Vi vågar oss på ei oppsummering som går om lag slik: Utlendingar er velkomne til Sand og Suldal fordi dei tilfører bygdene nye ressursar, dei stadfestar at det var eit rett val å busetta seg her og dei fleste er greie og fleksible og kjekke å ha med å gjera. Men utlendingar bør kjenne sin plass, vera tilpassingsdyktige og ikkje krevja for stor del i fellesskapet. Innvandarane kan nok ha idear, men det er vi som bestemmer om dei kan brukast. Dei kan kjenne språket og veremåten så godt dei berre vil, det er vi som har den kulturelle spisskompetansen som krevst for å fungere godt i lokalsamfunnet.

Når det er sagt, kan det vera grunn til å minne om at dei vest-europeiske innvandarane slett ikkje oppfattar seg sjølve som innvandrarak. Og da kan vi sjå at mye av det som gjeld for desse innvandarane kanskje meir dreier seg om eit forhold mellom innflyttar og fastbuande, enn mellom innvandrarak og nordmann. Det er ikkje berre enkelt å flytte til norske bygder, det er kanskje derfor det er fleire som flytter frå bygdene.

KVIFOR DEI VALDE SAND, OG KVIFOR DEI BLIR

Noen av innvandarane har kome til Sand fordi dei har vald det sjølve. Noen har kome hit fordi andre har vald det for dei. Flyktingane frå Bosnia-Hercegovina og Somalia har fått til-

bod om busetting i Suldal kommune. Dei kunne velja å seia ja, eller å bli buande på eit mottak. Dei valde Suldal. Korleis dei har opplevd det har vi skrivne utførleg om lenger framme.

Når vi spør dei om att om dei har tenkt å bli buande i Suldal, og kvifor, er dei meir usikre på om dei faktisk blir buande. Dei har kome til eit punkt der noen av dei føler at dei har gått lina ut i Suldal. Dei har prøvd det som kan prøvast, dei kjenner alternativa, dei er frie til å reise og etablere seg kor dei vil. Dei er skuffa over mangelen på aktiv oppfølging frå Suldal kommune, og minnest den første tida i kommunen da eit rimeleg dimensjonert hjelpeapparat sto til rådvelde, ikkje berre for å hjelpe til med det materielle, men også med å dekke andre behov. Nå har dei ei kjensle av at kommunen tenker mest på å spare pengar, og at interessa for det flyktingane kan bidra med er liten, eller heilt fråverande. Vi har lenger framme vist at den manglande interessa for kva innvandrarak kan bidra med er notert også av andre innvandrargrupper.

Vest-europearane har eit anna utgangspunkt. Dei har først og fremst vald å komma akkurat hit sjølve, og, i alle fall for den eine ektefellen sin del, fordi det har vore ein jobb å gå til, og fordi Suldal har virka som ein kjekk plass å bu. «Min mann hadde lyst til å bruke en annen del av utdanningen sin som han ikke kunne bruke i sin stilling der vi bodde før. Suldal virket som et attraktivt sted å bo. Vi bodde i større byer i Nederland, og var ute etter mer pusterom (mindre trafikk, friarealer/natur direkte rundt oss, et trygt miljø for familien)». I dette tilfellet fekk Suldal da samtidig ein høgskuleutdanna management-assistent med fleire års erfaring frå næringslivet i heimlandet.

Vi kan finne fleire parallellar. Ein tysk familie kom fordi kona i familien fekk jobb som tannlege her. Saman med ho fekk Suldal ein mann med kompetanse i arbeidsformidling. Dei kom fordi Suldal representerer «den perfekte blandingen av miljø, natur, landskap og menneske». Ein trong arbeidsmarknad i heimlandet, mangel på spisskompetanse i bygde-Norge og feriekunnskapar om eit land dei trur dei kan trivast i, gjer at det kjem folk til bygda som har kompetanse bygda berre kan drøyme om når det gjeld norske søkarar til stillingane.

Eller dei kan komma hit fordi ein tettstad på Vestlandet faktisk kan opplevast som eit meir utvikla tilbod enn alternativet heime. Når ein har deltatt i eit aktivt studentmiljø og utdanna seg til akademikar, er det ikkje nødvendigvis attraktivt å busetta seg i ein fiskerlandsby på Island. Da kan ein stad som

Sand by på større faglege utfordringar og eit meir differensiert sosialt nettverk.

Vest-Europearane legg mindre vekt på kva andre kan gjera for dei, enn kva dei kan gjera sjølve for å skape ei tilvære dei kan trivast med, og det ser ut til at det er noenlunde samsvar mellom forventningar og opplevd røyndom. Dei trivst her, men er ikkje utan meiningar om kva som kan gjerast betre. Det norske samfunnet kan t.d. bli meir ope for å ta i mot andre kulturar, og sjå på innvandrarar som likeverdige menneske. Kulturtilbodet og kommunikasjonane med omverda kan bli betre, og det kan for så vidt også veret, men dei fleste innser at det er det lite både dei sjølve og andre kan gjera noe med.

Det er altså slik at utlendingar finn verdiar i eit lite lokalsamfunn langt inne i ein vestlandsfjord som dei ønskjer å knyte seg til, og som fører til at kompetansefattige småsamfunn får tilført personressursar som allverda av inderlege heimatt-kampanjar neppe kan måle seg med. Dei representerer både håp og utveg for angstbiterske kommunebyråkratar og overstyrte lokalpolitikarar. Men verken dei styrande eller fotfolket legg ryggsida til for å tiltrekke seg slike, eller for å styrke ønsket om å bli buande. Det blir gjort ein heiderleg innsats frå enkeltpersonar både i kommuneadministrasjonen, i foreningane og mellom privatpersonar, men det manglar ein overordna strategi og eit gjennomtenkt handlingsprogram.

Tvert i mot kan det virke som dei styrande organa gjer vedtak som kan undergrave ein muleg strategi for å sikre busetting og tilførsel av kompetent nøkkelpersonale. Vi har sett at miljø, natur og landskap er viktige verdiar for dei folka vi her omtalar. Såleis har det vore positivt at Suldal kommune har gått inn for vern av dei restane av naturen i kommunen som ennå ikkje er berørte av kraftubygging. Våren 2000 valde dei likevel å snu i dette spørsmålet, og gi si tilslutning til ein søknad om å bygge ut nye vassdrag. Det kan gi noen arbeidsplassar i noen år, men det kan også vise seg å vera ein kortsiktig bruk av ein vassressurs som kan ha større verdi som naturressurs på lengre sikt.

Mellom aust-europearane blir vonbrota over mangel på oppfylling av draumane om ein ny start større etterkvart som tida går. Eks-jugoslavane reiser på hyppigare feriebesøk til heimlandet, og noen av dei vurderer alvorleg utvegen til å vende tilbake. For dei kunne ikkje ei lita bygd i Norge innfri forventningane, og dei har mista trua på at det kan vera betre andre stader. Men bildet er nyansert. Her finst også dei som

langt på veg har fått den nye starten dei søkte, som ser verdiene ved levemåten på landsbygda, og som er innstilte på å bli verande.

ISLAM I BEDEHUSLAND

Etter granskinga av korleis flyktningane frå det tidlegare Jugoslavia fann fram langs den lange vegen til Norge, og den etterfølgjande granskinga av innvandrarar også frå andre land, fekk Ryfylkemuseet i 2004-2005 støtte frå ABM-utvikling til å gjennomføre eit prosjekt kalla «Islam i bedehusland», der vi ville søke ei nærmare forståing av møtet mellom folk med ulike kulturar og religionar og folk i eit distrikt som hadde vore prega av ei sterk tilknytning til lekmannsrørsla. Denne undersøkinga blei gjennomført av Ann Kristin Ramstrøm, og det følgjande bygger på hennar rapport frå prosjektet¹⁴.



Ancy Archana Vidyadharan og Dushanta Kumar Jeyadevan er moderne menneske frå Kerala i India som har busett seg på Jørpeland. Han er røringenør med jobb i Kværner medan ho har ein mastergrad i sjukehusadministrasjon. Dei er hinduar, og held seg med gudar og høgtider som hører denne religionen til. Onam, ein slags hausttakkefest, er mellom dei viktige høgtidene dei markerer. Men når det er helg, og Dushanta har fri frå jobben sin på Kværner, likar dei å ta ein sykkelturn. Foto: Peter Forrås.

Det vi fann var at tru og religion ikkje alltid har ei stor og viktig rolle for migrantane¹⁵. Migrantane som er religiøse, uttrykker ofte «at trua er inni meg», mens kvardagen i større grad handlar om å finna seg til rette i bygda gjennom å lære språket, lære dei kulturelle kodane, finne jobb og skape seg eit sosialt liv. Anten ein er truande eller ikkje, handlar den nye kvardagen om å finne seg til rette i det nye landet. Religiøsiteten til dei truande migrantane kjem ikkje særleg til syne for majoriteten i bygda, mellom anna fordi dei religiøse rituala finn stad i den private sfæren heime.

Når høgtider og overgangsritual melder seg, kan det sjå ut som mange reknar det som viktigare å feire og markere desse enn å markere noe i kvardagen. Dei feirar høgtidene saman med familie, med andre frå same landet eller med norske vener. Mange uttrykker at da er maten viktig. Måltida er store, og det er bare det beste som blir servert. Desse feiringane og festane opplever mange som viktige sosiale hendingar, og er det ei markering i byen som også kjente kjem på, er det mange som reiser for å ta del i desse sosiale hendingane.

Det er ingen av informantane våre som reiser ofte til byane for å delta i religiøse fellesskap. Det er heller ingen som gjer inntrykk av det er det dei saknar frå heimlandet. Dei saknar familien, gamle mødre og fedrar, vener, heimane og husa sine, jobbane og stillingane dei hadde i heimlandet. Ikkje minst saknar dei å vera ein del av majoriteten, og ikkje ein minoritet. Ein annan grunn til at mange ikkje reiser så ofte, heng saman med det dårlige og dyre kollektivtilbodet. Mange har ikkje sertifikatet, eller dei har sertifikatet, men ingen bil, og kan ikkje reisa så ofte dei ønskjer til byen.

BEDEHUSA I DEN FLEIRKULTURELLE BYGDA

Ryfylke hadde ein sterk bedehuskultur og det er mange som meiner at det første bedehuset i Norge blei bygd på Hjelmeland. Somme meiner at Ryfylke skil seg ut frå resten av landet framleis, men det har skjedd store endringar i Ryfylke sidan dei første bedehusa såg dagens lys. Åra har tært på bedehusa, og oppslutninga har gått i bølgedalar. Redaktøren av den kristne avisa Dagen og redaktør av boka «Reise i bedehusland», Johannes Kleppa, meiner at bedehusa har mindre oppslutting i Ryfylke i dag enn kva den hadde tidlegare. Ein av grunnane til det, meiner han, er at kyrkja har andre oppgaver i dag. Dei har ikkje lenger bare gudstenester, men også andre aktiviteter.¹⁶ Ein av informantane våre frå bedehusmil-

jøet i Hjelmeland, peikar på at i dag er bedehusmiljøa like sterke og store på Jæren og i Stavanger, som i Ryfylke.¹⁷

Mange av informantane frå bedehusa skil mellom migrantar som kjem frå kristne land og frå muslimske land og seier at det er lettast å ta kontakt med dei som kjem frå kristne land. Da er kristendomen noe dei har felles, og i denne samanheng har fleire vist til eit arrangement, Alpha-kursa, som dei kan treffast på. Desse kursa er lagt opp som diskusjonsfora og inspirasjonssamlingar der ein diskuterer ulike sider og tema ved kristendomen. Dei har mat på møta fordi møtet også skal vera ein sosial møteplass. Fleire frå bedehusmiljøet reknar desse møta som ein stad der kristne kan treffast uansett land, sidan tema og budskap i kristendomen er universell.

Mens kristne kan samlast gjennom kristendomen, er det mange frå bedehusmiljøet som ser det som vanskelegare og treffa migrantar med ein annan religion. Det er ingen frå bedehusmiljøa i Ryfylke som gir inntrykk av at dei har nær kontakt eller ønskjer nærare kontakt med migrantane med annan religion. Ei årsak er jo at ein vil mangla eit felles fundament. Nokre frå bedehusmiljøet uttrykker at dersom dei skulle ha hatt kontakt med migrantane med annan religion, måtte det ha vore i regi av bedehuset. Den private kontakten er liten eller fråverande.



Bedehuset har vore ein viktig samlingsstad og ein sterk kulturskapar i Ryfylke. I Forsand er miljøet kring bedehuset framleis ein avgjerande faktor i samfunnsforminga. Foto: Ann Kristin Ramstrøm.

Det kan sjå ut som kontakten mellom dei aktive i bedehusa og migrantane er liten, men kanskje større dersom migranten er kristen. Dersom dei frå bedehusa tek kontakt med migrantane, eller om dei skulle ønskja å koma i kontakt med dei, kan det sjå ut som det er to faktorar som spelar inn: Den eine er at ein som kristen skal visa medkjensle med medmenneske som lid og som ikkje har det godt. Migrantane er ei gruppe menneske som kristne skal ha medkjensle med, sidan nokre av dei tilhøyrer dei svakaste i samfunnet. Ein annan grunn til å involvera seg, kan sjå ut til henga saman med å misjonera og omvenda «heidningane».

Bedehusmiljøa er samansette av ulike personar, nett slik som migrantane er det. Det er nokon som vil misjonera, men det er mange som vil vera eit medmenneske, og dei involverer seg med migrantane fordi dei vil hjelpa og vera eit godt (kristeleg) medmenneske. Reebar og Mohammad i Sauda, har fleire gonger vore på bedehuset der saman med Morten Brekke. Reebar og Mohammad fortel om turane på bedehuset som ei viktig sosial hending i kvardagen deira. Når dei går der, skal det ikkje vera nokon som prøver å omvenda dei. Dei snakkar om Irak, korleis dei har det i Norge, et saman og har funne ein ven i Morten Brekke. Ut frå det som Mohammad og Reebar fortel, reflekterer Ann Kristin Ramstrøm, får ho ikkje inntrykk av at Morten Brekke misjonerar. Han tek seg av dei, han er eit medmenneske som stiller opp i fritida og inviterer dei heim til seg, tar dei med på hyttetur og har invitert dei med på feiringane av dei kristne høgtidene.

POLARISERINGA MELLOM BEDEHUSET OG DET POLITISKE MILJØET I FORSAND

Rubia Suzana på Forsand har hatt nærare kontakt med bedehusmiljøet enn mange andre av migrantane frå dette prosjektet. Ikkje fordi ho har erfaring med misjonering, men fordi ho oppsøkte bedehuset sjølv. Ho var nysgjerrig på bedehuset og kva Alpha-kurset kunne tilby henne som kristen (katolikk). Rubia Suzana blei også invitert til å koma på møta. «Man må jo gå når ein blir invitert», seier Rubia Suzana, men legg til at ho ikkje kjem til gå igjen. «Fordi eg kjem frå ein open kultur der me seier til kvarandre kva me meiner, derfor passer ikkje dette for meg. Eg synest bedehuskulturen er noko lukka, og nokre verkar liksom litt skeptiske. Så er eg heller ikkje van med bedehus frå Brasil. Dersom eg gå på noko som har med kristendom å gjera, går eg i kyrkja. Men du må få med at det er

mange hyggelige menneske som går på bedehuset og den eldste sonen vår trivst godt».¹⁸ Bedehuset på Forsand har mange aktivitetar for barn og unge, og kanskje dei stiller opp der det offentlege fell frå.

Rubia Suzana og mannen hennar Rune Olsen, meiner at Forsand skil seg frå dei andre Ryfylke-kommunane fordi den kristne lekmannsrørsla og bedehuskulturen framleis står sterkt der. Dei meiner at Forsand er prega av ei slags polarisering mellom bedehuset og det politiske miljøet. Dei opplever at miljøet som er knytt til bedehuset kan vera svært tradisjonelt og konservativt i ulike politiske saker som lokalpolitikarane frå «venstresida» meiner vil vera til det beste for lokalsamfunnet. Dei opplever også at det er eit skilje mellom tilflyttarar og lokalbefolkninga som skapar avstand mellom bygdefolket, og som gjer det vanskelig å einast om gode fellesprosjekt for bygda.

Rune Olsen har vore aktiv i Arbeidarpartiet i Forsand i mange år, og meiner at det er vanskelig å skapa ein felles plattform mellom lokalbefolkninga, trass at dei er så få innbyggjarar. Han trur at det kan henga saman med eit kristent bygdefolk som er sterkt knytt til slekta på den eina sida, og det politiske miljøet med Arbeidarpartiet og Senterpartiet (partia på «venstresida» i Forsand), på den andre sida. «Det er som den eine sida kjemper mot den andre, og som ein av landets rikaste kommune kunne me fått til både det eine og andre, men i staden strandar det eine prosjektet etter det andre fordi me aldri kan bli einige». Han avsluttar med å leggja til at det er lett å skilja seg ut i ryfylkebygda Forsand, og seiar at han gjer det sjølv. Han kjem frå Grimstad, har ikkje slekt i Forsand, er ikkje kristen og er gift med Rubia Suzana som kjem frå Brasil og er katolikk. Rubia Suzana legg til at samfunnsstrukturen i Forsand kan vera ei årsak til at dei ikkje er så godt integrerte som dei skulle vore, og legg til at fleire migrantar som har budd på Forsand har reist derifrå etter ei stund.¹⁹

LITEN KONTAKT MELLOM MIGRANTEN OG BEDEHUSET

Når bedehusmiljøa ikkje driv særlig misjonering mot migrantane, kan det henga saman med at bedehusfolk og migrantar med ein annan religion, sjeldan treffer kvarandre. Ein kan seia at tradisjonelle eller konservativt kristne i bedehusmiljøa og den karismatiske kristendomen som bedehusa er ein del av, ikkje treffer tradisjonelle eller konservative muslimar, buddhistar eller hinduar fordi deira religiøse tilknytning skaper avstand, og dei kan sjå på kvarandre som konkurrentar. Samstundes vil

dei respektera og tolerera kvarandre som religiøse individ, sidan dei andre også er truande. Dei vil ikkje sjå på kvarandre som fiendar, for dei ser at dei andre gruppene også vil oppdra barna på ein god moralsk måte og sjølv leva moralsk.

Ingen av migrantane i denne undersøkinga er med verken i religiøse konservative grupper, eller har tett kontakt med eit religiøst miljø i bygda eller i byen. Ramstrøm trur at grunnen til at kontakten mellom migrantar og bedehusa er liten, heller heng saman med at få, både truande migrantar og kristne nordmenn, har behov for å møtast ut frå det religiøse. Ein annan grunn er at det dessverre finst ei generell skeptisk haldning blant majoriteten av nordmenn (uansett religiøs tru eller livssyn) for å ta kontakt med migrantane, i alle fall med dei som er muslimar.

Det er noen informantar frå bedehusa som seier at dei er skeptiske. Mannen i 50-åra som vi har referert til tidligare, uttalar at «me er nok litt skeptiske til dei framande», og viser til migrantane, særleg til muslimane. Vi har også fått høyra av ei kvinne i 50 åra, «at du kan ikkje vera veldig muslim om du går inn på eit bedehus. Så det der er jo ein forferdelig barriere. Vi kan lettare gå inn i tempel og moskear, enn kva dei kan.» Ei slik haldning trur Ramstrøm speglar noe av det som kan gjera kontakten vanskelig. Slike haldningar er også med på å polarisera forskjellane mellom menneske.

Ei anna kvinne i 30-åra som også er aktiv i eit bedehus i Ryfylke, fortel at ho gjerne vil treffa migrantane, «men då nokre som også er sterkt truande, og som brenn for religionen sin. Men eg ville ikkje gjort noko om eg ikkje fekk dei med på mitt lag, eg ville ikkje misjonert», sa ho og la til at respekt er viktig. Hennar kontakt skulle altså gå gjennom religion og tru, og ein føresetnad er at dei andre også er sterke i trua. Ho trur ikkje det ville ha vore så lett å treffa migrantar som ikkje brenn for ei tru eller som er ikkje- truande. Ei sterk tru skaper eit felles grunnlag å treffast på i følgje denne kvinna.

I Suldalskjelda nr 5, 1999, som er kyrkjebladet for Erfjord, Jelsa, Sand og Suldal, kan ein lesa om to møte som kvinna ovanfor refererer til. I artikkelen med overskrifta «Fleirspråklig treff på Sand bedehus» refererer bladet: «Eit møte utanom det vanlige, med kaker og kaffi, musikk frå framande land og eit bedehusmøte». Det var asylmottak i Sand på denne tida og dei som arrangerte treffet på bedehuset, hadde med seg asylantar frå Afrika og Asia. Kva religion asylantane hadde, går ikkje fram av teksten. I ein annan artikkel i same nummer, er

det eit lite intervju med tre kristne kvinner frå Eritrea som bur på asylmottaket. Dei er intervjuet på asylmottaket før dei skal på misjonsmøte til ei lokal kvinne i bygda. Artikkelen avsluttar med at det er godt å ha nokon frå staden, Eritrea, der norske kristne misjonerar, og som kan vera med å bera fram bodska-pen. Ut frå dette kan ein lesa at møta med migrantane er enklare dersom migrantane også er kristne. Trua er då grunnen til at norske truande arrangerer møtet.

KYRKJA PÅDRIVAR FOR EIN KVINNEKAFE I SAND

Kyrkja i Suldal starta opp ein kvinnekafé like etter at asylmottaket kom til bygda i 1999. Han blei driven fram til asylmottaket blei lagt ned 2001, og ei tid etterpå. Diakonarbeidarane i Suldal, Solveig Sukka og Wenche Nygaard, var initiativtakarar og drivkrefter i arbeidet med kafeen. Det var i tilknytning til det tragiske drapet på ein kurdisk asylsøkar på asylmottaket at behovet for å dempa misnøya og konfliktane mellom lokalbefolkninga og asylmottaket melde seg. Dei to kvinnene såg at det var på tide med eit tiltak som kunne skapa noe positivt i bygda. Slik såg kvinnekafeen i Suldal dagens lys. Gjennom eit samarbeid med lokale og frivillige organisasjonar tok dei tak i eit problem og gav kvinnene på asylmottaket eit tilbod om sosiale aktivitetar og fellesskap. På tvers av religiøse, nasjonale, kulturelle, sosiale forskjellar fann kvinnene kvarandre



Diakonarbeidarane Solveig Sukka og Wenche Nygaard tok initiativ til å starte kvinnekafe på Sand og fekk frivillige organisasjonar og enkeltpersonar med seg i drifta. Foto: Suldalsposten.

gjennom handarbeid, matlaging, utfluktar i lokalmiljøet og samvær.

Denne omgangsforma sette ikkje krav til store språkkunnskapar, og kvinnene frå bygda og migrantane som budde på asylmottaket, fann noe å samle seg om. Slik oppstod kontakt. Sjølv såg Nygaard og Sukka på dette som ein viktig del av deira arbeid, ikkje fordi dei ville driva misjonering, men fordi ei av dei fremste oppgåver til diakonien er å hjelpa menneske i nød.²⁰ «Det er ei kristen oppgåve å bry seg om menneske og hjelpa til med å gjera livet godt for andre. Det er også viktig å visa at kyrkja er romslig og at me ikkje alltid må proppa inn gudsord. Dette var ein nøytral møtestad og det var ein av måtane å integrera dei på, og me hadde ingen skjult agenda»,²¹ seier Nygaard.

FLEIRRELIGIØSE BYGDER?

Aktive i kyrkja og i bedehusa er like samansette som resten av innbyggjarane i bygda er det, og det er ulike gradar av involvering i dei nye tilflyttarane. Generelt kan det sjå ut til at bedehusa har eit varierende forhold til å ta del i integreringsprosessane. Mange aktive i bedehusmiljøa skil ikkje mellom kristne eller ikkje-kristne migrantar, og dei som tar kontakt av desse, gjer det fordi dei vil vera eit kristent medmenneske og hjelpa menneske i nød. Somme er mindre interesserte i ikkje-kristne migrantar, mellom anna fordi dei religiøse forskjellane kjem imellom. Å misjonera kan då vera ein grunn til å ta kontakt. På bygda ser det likevel ikkje ut til å vera stor grad av misjonsverksemd. Men nokre har misjonert, også kyrkjefolket. I ei ryfylkebygd førte det til at migrantane blei ekskluderte frå miljøet sitt i byen.

Fleire forskarar har peika på at migrantane, særlig med det same dei kjem til eit nytt land, utan kjennskap til språket og kulturen og med eit umenneskelig sagn etter det dei måtte reisa frå, er i ein svært sårbar situasjon. Å misjonera ovanfor menneske i slike situasjonar, om ein kjem frå kyrkja eller bedehusa, bør ikkje skje. Både kyrkja, bedehuset og andre frå majoritetssamfunnet må imøtekoma migrantane med det religiøse livssynet dei har. Ingen må ta det religiøse fundament frå eit menneske. Då skaper ein meir forvirring og migrasjons-tilværet fører til ekstra vonde opplevingar.

Tidligere har vi peika på at migrantane kan endra det religiøse utgangspunkt sitt i diaspora²², men da har innfallsvinkelen vore at endringane skjer frivillig. Mellom anna fordi møtet med



I den fleirreligiøse bygda er det ikkje berre jula som er den store høgtida, men også id. Her feirer familien Rukiya Farah Said og Abdirizak Isse Bille «little id» saman med barn, venner og vår medarbeidar Ann Kristin Ramstrøm (til venstre). Foto: Nenad Ignjatic.

det nye samfunnet og nye meningsstrukturar kan føra til endringar over tid. Endringane er ikkje tvinga på av nokre utanfor. Magdalena Nordin²³ viser i undersøkinga si at mange migrantar går sjeldnare til religiøse forsamlingar i diaspora. Ho meiner at det særlig gjeld for dei som opplevde tvang og overvaking i heimlandet.

Dersom den fleirkulturelle bygda skal vera ein plass for alle, må ho også vera fleirreligiøs. Då blir miljøet rundt oss romsligare, og migrantane møter eit samfunn med toleranse. Samstundes er det viktig at me viser interesse for det dei fortel at dei saknar i det nye livet sitt; eit sosialt liv med vener, jobb og stader der dei kan vera saman med andre. Kanskje er det dette me skal involvera oss i og gjera noko med i integreringsprosessane.

RELIGIONSNØYTRALE MØTEPLASSAR

Sosiale fellesskap er ikkje det same som å vera med i religiøse fellesskap. Å vera ein del av eit sosialt fellesskap opnar for dialog med menneske på andre måtar enn i religiøse fellesskap. Kvinnekafeen på Sand var eit tilbod til migrantane på asylmottaket om å møte andre kvinner på ein religionsnøytral plass og vera med i eit sosialt fellesskap utanfor asylmottaket.

Også internasjonale kafear kan gi migrantane tilbod om å vera med i sosiale fellesskap utan å vera knytt til religion. Dei gir menneske med ulik religiøs, kulturell, sosial og nasjonal bakgrunn utveg til å treffast i ein sosial kontekst. I sosiale situasjonar kan ein lausriva seg frå bestemte kulturelle eller religiøse handlingsmønster. Internasjonale kafear kan fungera som eit sosialt rom, det kan etablerast kontakt mellom menneske og nye sosiale fellesskap kan oppstå. Slik får også migrantane styrka sjølvkjensla si når dei er med i og blir ein del av sosiale fellesskap.

Vi skal avslutta denne delen av artikkelen med å visa til noen eksempel på religionsnøytrale møtestader i den fleirkulturelle bygda. Desse har Ann Kristin Ramstrøm vald å visa fordi dei ikkje reduserer migranten til religiøse individ. Når migrantane kan få uttrykka seg i samanhenger som ikkje er sentrert rundt religiøs identitet, får dei visa, uttrykka og utvikla seg i andre fora og samanhengar.

INTERNASJONAL KAFÉ I HJELMELAND

I Hjelmeland starta kyrkjekontoret og flyktningkonsulenten opp ein internasjonal kafé for noen år tilbake. Han er eit framhald av ein kvinnekafé. Kvinnekafeen hadde stor oppslutning i starten, men oppslutninga dabba av etter kvart. Da endra dei kafeen til Internasjonal kafé. Dei såg at det også var eit behov for å gi mennene ein plass å komma og få treffa andre. Det var ikkje bare kvinnene som trengte eit sosialt nettverk, og mange trengte ein plass der dei kunne ta med heile familien. Flyktningkonsulenten i Hjelmeland uttrykte seg slik om dette: «For menn kan omveltinga i ein migrasjonsprosess vera vel så vanskelig som for kvinnene. Særlig for menn som har hatt rolla som forsørgarar, vore vane med eit stort sosialt nettverk i heimlandet og når dei mistar dette i det nye landet og blir forvist til heimen dersom dei ikkje får jobb, er dette ofte traumatisk for mennene. For kvinnene som er vane med å vera i heimen, kan overgangen til diaspora kanskje vera mindre, dei har i alle fall framleis ein heim og omsorga for barna. Mennene som blir forvist til sofaen og fjernsynet utan jobb, har lite igjen og dagane kan bli lange».²⁴

Flyktningkonsulenten peiker på eit viktig poeng, nemlig at det er behov for at det finst ein stad i bygda der migrantane kan koma og få ei fristund og vera saman med andre. Det har dei gitt migrantane gjennom den Internasjonale kafeen. Zaira og Bejy som bur på Hjelmeland går ofte på kafeen og i mai

2004 var vi med dei dit og vi hygga oss saman med kaker og kaffi. Det er alltid kaker på kafeen og migrantane og nordmenn stiller frivillig opp og lagar kakene. Bejy og Zaira gav uttrykk for at dei likte å gå på kafeen. Sjølv om Zaira medgir at ho saknar litt fleire aktivitetar enn at ein bare kan spela sjakk, kort og biljard. Likevel likar dei at det er eit tilbod i bygda og at det også kjem nordmenn hit som ein kan slå av ein uformell prat med. Den gongen Ann Kristin Ramstrøm var med var mannen til Zaira oppteken av forskjellane mellom bokmål og nynorsk. Han uttrykte bekymring over at det kan vera vanskelig når dei lærer bokmål på vaksenopplæring, mens ungane lærer nynorsk på skulen. Samtaleemna var altså kvardagens små og store problem. I dag arbeider Bejy på den Internasjonale kafeen gjennom introduksjonsprogrammet for å få arbeidspraksis.

Sjølv om aktiviteten har gått opp og ned, har målet vore kafé ein gong i månaden. Han samlar både kvinner og menn og barn, norske og migrantar. Dit kjem det både aktive frå kyrkja og bedehuset og ikkje-truande nordmenn, og i følgje flyktningkonsulenten er det ein sosial møteplass i bygda. Dei legg opp til ei uformell stemning, og terskelen for å koma skal vera låg. Målet er at alle som kjem skal føle seg velkomne. Flyktningkonsulenten meiner at dei har fått det til: «Me ser at den er viktig for mange og me kan tydelig sjå at den spelar positivt inn og er med på å samla menneske og skaper eit fellesskap uavhengig av verken det eine eller andre».²⁵ Flyktningkonsulenten og kyrkjekontoret i Hjelmeland har altså klart å gi migrantane som bur i bygda eit tilbod om ein religionsnøytral møteplass på fritida.

DIALOGKVELD OG INTERNASJONAL KAFE PÅ RYFYLKE-MUSEET

Ryfylkemuseet har også sett at det er behov for religionsnøytrale møtesplassar. I februar 2004 inviterte Ryfylkemuseet, i samarbeid med Kyrkjekontoret i Suldal, Flyktningkonsulenten og Suldal sjukeheim til Dialogkveld rundt tema døden og gravferdskikkar i ulike religionar. Ryfylkemuseet hadde leigd inn ei vandreutstilling, «Farvel ved livets slutt», frå IKM (Internasjonalt Kultursenter og Museum i Oslo) og nytta høvet til å samla ulike institusjonar og miljø for å vera i dialog om det som alle menneske har felles, nemlig døden og gravskikkar. Målet med arrangementet var å skapa dialog omkring gravskikkar og synet på døden i eit fleirkulturelt og fleirreligiøst perspektiv.



Museet såg at det var behov for religionsnøytrale møteplassar. I februar 2004 inviterte vil til dialogkveld rundt tema døden og gravferdsskikkar i ulike religionar. Her fortel Mirela Luminita Moe frå Romania om skikkane innafor den ortodokse kyrkja ho har vakse opp i. Foto: Ann Kristin Ramstrøm.

Å vera i dialog inneber at fleire partar snakkar saman og lyttar til kvarandre og Ryfylkemuseet inviterte Abdirizak Isse Bille frå Somalia til å fortelja om dei muslimske tradisjonane, Mirela Moe frå Romania til å fortelja om dei ortodokse kristne skikkane og Safet Softić frå Montenegro til å fortelja om muslimske skikkar der. Også soknepresten i Suldal og ein representant frå sjukeheimen fortalte om erfaringar sine. Det var også eit innlegg frå ein representant frå humanetisk forbund som fortalte om borgarlege gravskikkar i Norge. Takk vera innlegga frå desse og innspel frå publikum fekk me ein dialog rundt temaet døden og gravskikkar.

Det var tydelig at dette temaet optok fleire, og ut over kvelden var det andre som også ville fortelja om gravferdsskikkane frå landa dei kom frå. Said som i dag bur på Hjelmeland, fortalte om gravferdstradisjonar i Afghanistan. Med stolt røst og rak rygg, fortalte den tidlegare journalisten om dei muslimske gravferdstradisjonane i heimlandet sitt. Han avslutta med at me må ikkje alltid treffast ut frå religion, men også på nøytralt grunnlag, og det var ikkje vanskelig å sjå at han var van med å snakka i store forsamlingar. Nunni frå Botswana, som bur i



Ryfylkemuseet har drive ein internasjonal kafe i Nesa-sjøhuset på Sand sidan nyåret 2004. Kafeen blir halde open ein gong i månaden, og det har vore god oppslutning og god stemning på kafekveldane. Utanom eksotisk mat og høve til uformelt samver byr vi gjerne på ein aktivitet eller eit enkelt underholdningsinnslag i tillegg. Foto: Ann Kristin Ramstrøm.

Suldal, tok også ordet og fortalte om dei kristne gravferdstradisjonane i sitt heimland.

Ein dialogkveld på eit museum kan altså opne for mykje. Said og dei andre fekk fortelja om seg sjølv og heimlandet sitt, og kanskje var denne kvelden med på å gi han ein pust i bakken. Då levde han tunge dagar på Hjelmeland. Han venta på at kona og ungane som budde på eit flyktningmottak i Afghanistan skulle koma hit, og i dag lever dei endelig saman på Hjelmeland. Dialogkvelden gav også nokre kvinner frå Somalia, Montenegro og Kurdistan utveg til å visa fram delar av matkulturen sin, og då til eit publikum med nysgjerrige ganer og som åt av hjartas lyst! Og flyktningkonsulenten i Suldal kommune, Karin Pedersen, kan saman med Suldalsposten, lokalavisa for Suldal, oppsummera denne kvelden: «Det er viktig å visa at me er like, at me har mykje til felles. Me må ikkje bare sjå på forskjellane».²⁶ Suldalsposten hadde ein lengre artikkel frå Dialogkvelden og dei skriv i overskifta på artikkelen: «I møte med døden er alle like». Vidare skreiv dei: «Fellesnemnaren oppi alt det ulike, ligg respekten for døden, vissa om at alt som lever på nytt skal bli jord og sorga ved

tapet over den som har gått bort».²⁷ Slike likskapar kan me altså ikkje sjå forbi.

INTERNASJONALE KAFEAR – EIN DEL AV INTEGRERINGSPROSESSEN

Eit museum er ein offentleg og nøytral stad når ein ser på kva som er oppgåvene og måla; dokumentera, og ta vare på delar av fortida og notida og formidla denne. Når det gjeld integreringsprosessane kan ein Internasjonal kafé (på eit museum) vera ein bidragsytar. Mellom anna fordi museets agenda ikkje er å formidla religiøse eller politiske synspunkt og ståstader. Det er ein politisk- og religiøs nøytral institusjon. Likevel er det ein form for politikk å vera ein aktiv samfunnsaktør og deltakar i (lokal)samfunnet og setta integrering av migrantar i fokus. Kulturdepartementet ønskjer at musea skal vera ein aktiv samfunnsaktør. I så måte er Internasjonale kafear i eit bidrag til det.

Vinteren 2004 starta Ryfylkemuseet med internasjonale kafear og har sidan hatt ein kafé i månaden, sommaren unn-tatt. Målet har vore at kafeen skal vera ein nøytral møtestad for både migrantar og nordmenn. Fokuset på at det er ein kafé med sal av kald og varm mat, at folk kan sitta ned og eta og prata og med ein cd-spelar som lagar bakgrunnsmusikk, har nok vore viktig for at kafeen fekk den uformelle stemninga museet håpa på. Maten er laga av migrantane i bygda samt av tilsette på museet. Prisen er låg slik at alle skal ha råd til å hygga seg med maten. Den internasjonale kafeen har tatt høgd på å vera ein plass både for barn og vaksne. Derfor har det vore aktivitetar for barna, songar og leikar frå ulike land, men desse har også retta seg mot vaksne som vil vera med. Nokre gonger har kafeen hatt eit tema, som klappeleikar frå ulike land. Den eine gongen viste nokon frå Romania, Somalia, Filipinane, Bosnia og Norge fram klappeleiker, noko som skapte entusiasme sidan fellesstrekka i klappeleikane var så store. Songar og dans som tema har vore så populære at det har vore eit innslag på dei aller fleste kafeane, og ut frå dette har Ryfylkemuseet laga eit songhefte med songar frå mange ulike land.

Den internasjonale kafeen på Ryfylkemuseet er eit lågterskeltilbod og museet er nøgd med oppslutninga og tilbakemeldingane og ser at kafeen er viktig for at nordmenn og migrantar treffer kvarandre. Den internasjonale kafeen virke også i forhold til å gi migrantane eit tilbod på kveldstid, anten aleine eller saman med barna. Han er også ein stad å vera utan at

dei blir sett i samheng med trua dei eventuelt har. Dei kan heller vera sosiale individ, bli kjent med andre migrantar og nordmenn som bur i bygda, dansa, synga, hygga seg og prata.

TILGANG TIL SOSIAL DELTAKING I RELIGIONSNØYTRALE ROM

Som ein nøytral samfunnsaktør kan musea ta del i integreringa og skapa grobotn for kultur møte, slik som på internasjonale kafear, nettopp fordi musea er ein offentlig og nøytral institusjon. Museet stenger ikkje ute noen på grunn av religiøse eller politiske synspunkt og overtvingar. Ved å vera open for at møta skal skje på tvers av religiøse overtvingar, blir det mulig å skapa fellesskap utan at religion blir eit skilje. Det blir heller stimulerande og interessant.

Eit sosialt liv i det offentlege, nøytrale rommet kan få migrantane ut av heimane og integreringsprosessane kan bli enklare. Migrantane kan visa seg frå andre sider, visa fram sine ressursar og kunnskap, noko dei mellom anna har gjort på Internasjonale kafear på Ryfylkemuseet. Mange av migrantane seier at dei saknar større tilgang til eit yrande folkeliv på gata, sitta ned på ein benk og sjå på folk, gå oftare på kafé for å drikka ein kopp kaffi og snakka med andre. Når vi har spurt dei kva dei saknar frå heimlandet, ja då svarer dei at det er desse tinga dei saknar. Vi kan tenka oss kva for eit kultursjokk det må vera å koma frå ein større by i eit land utan at det offentlege rommet er kommersialisert, privatisert og styrt av strengere normer. Så kjem ein til Norge. Der er det meste av det offentlege rommet regulert. Mange stader kan ikkje menneska vera for bilane, områda rundt butikkane, osb. styrer vår ferd gjennom ein stad og eit sentrum. Du skal gå der, men ikkje der, du kan sitta der, men ikkje der. Ved sidan av dette har også heimane i Norge og i Vesten generelt ein annan rolle for korleis me styrer kvardagane våre, enn mange andre kulturar. Migrantar frå ikkje-vestlige kulturar kan fortelja at det ikkje gjekk lang tid før dei fann ut at «opne heimar og hus» der ein går inn og ut hos kvarandre, deler med naboer og er saman med naboer, ikkje var like vanlig i Norge. Fleire internasjonale kafear kan kanskje endra på dette inntrykket!

DEN SOSIALE MIGRANTEN OG BEHOV FOR SOSIALE MØTESTADER

Det finst ikkje andre offentlege religiøse rom enn dei som tilhøyrer den norske kyrkja og bedehusa i Ryfylke. Det finst

ingen moskear for muslimar, tempel for buddhistar eller hinduar eller samlingsstadar for katolikkar. Desse finst i dei store byane som Sandnes, Stavanger og Haugesund, og dersom migrantane hadde vore opptekne av det religiøse i kvardagen, ville dei reist til dei ovannemnde stadene for å vera med i bøn eller religiøse seremoniar.

Storparten av informantane våre fortel at når dei reiser til byen, er det for å handla mat på internasjonale butikkar og for å besøka familie eller vener. Dersom dei nyttar tida i byen til å gå i moskeen eller andre religiøse rom, er det ved særskilte høve, og dei må dessutan ha tid til overs. Eit eksempel er dei muslimske informantane som sjeldan feirar Id i Norge, som fortel at under ein Id-fest er mange menneske på gatene og på torget, folk som et, drikk og feirar saman. Med andre ord ei feiring der det sosiale fellesskapet er like viktig som det religiøse innhald. Tida i byen er knapp, og då er innkjøp av mat, krydder og det sosiale fellesskapet med andre menneske viktigare enn å finna tid til å vera med i det religiøse fellesskapet som finst i byane.

Dette, konkluderer Ann Kristin Ramstrøm i sitt arbeid, tyder på at det er det sosiale og ikkje det religiøse fellesskapet som er viktig når migrantane skal skapa seg eit nytt liv i eit nytt land. Såleis kan vi sjå vekk frå myten om den religiøse migranten og heller snakka om den sosiale migranten. Når dei fortel at dei saknar eit sosialt liv, ta del i arbeidslivet og ha eit sosialt og kulturelt nettverk i det nye landet, syner dette at dei er opptekne av å ta del i det sosiale fellesskapet og vera ein del av det sivile samfunnet. Dei fortel at dei saknar venene og jobben frå heimlandet. Såleis må ein i integreringsprosessane la migrantane få del i sosiale fellesskap. Ein skal sjølvsagt ikkje undergrava rolla religionen har for ein del migrantar, men han må ikkje reknast som alfa og omega.

FRÅ SANDSBYGDA TIL SOMALIA – OM Å DRIVE MUSEUM I EI VERD I ENDRING

Det norske samfunnet står framfor store utfordringar i møte med ein røyndom som i stadig raskare takt ser ut til å bli internasjonalisert. Den statlege busettingspolitikken for flyktingar gjer at også bygde-Norge blir konfrontert med desse utfordringane, og det går ikkje alle stader så fredeleg for seg som det ser ut til å gjera i Ryfylke.

Kulturinstitusjonane i distrikta er dårleg førebudde på dette, og bortsett frå store ord og vakre visjonar, blir lite gjort for å

legge forholda til rette for at institusjonane skal kunne kaste seg inn i integrasjonsprosessen. Samtidig utgjer kulturinstitusjonane, og kanskje særleg musea, ein unik utveg til å etablere møteplassar der dialog på tvers av kulturar kan ha gode vilkår.

Bygde- og distriktsmusea er etablerte og bygde opp for å ta vare på og vise fram fedrearven. Vi har tradisjonar for å fokusere på kjernegrupper i eit fortidig samfunn. Tyngda av store vedlikehalds- og bevaringsoppgåver knytt til 1700-tals- og 1800-talsmateriale gjer at interessa for å gi seg i kast med samtidsoppgåver er avgrensa, for ikkje å snakke om å gi seg i kast med framande kulturar.

Det ligg ein stor fare i dette. Dei nasjonale, nasjonalromantiske eller byggeromantiske ideane som har ligge under opprettinga og oppbygginga av musea kan lett danne grunnlag for dyrking av statiske førestillingar om våre eigne bygder og vår eigen nasjon som skaper avstand til andre og ekskluderer desse frå fellesskapet.

Er vi derimot i stand til å sjå musea som deltakarar i ein prosess, der samlingar, kunnskap og evner blir stilt til rådvelde for utvikling av toleranse og kulturell kompetanse, kan musea bli viktige bidragsytarar i ei dynamisk utvikling mot eit bygdesamfunn med vidare horisont og større utveggar til ei positiv framtid. Musea har ein unik utveg til å kunne melde seg på som aktørar i samfunnsforminga, men det krev truleg at ein gjer seg opp ei meir eller mindre medveten meining om kva slags samfunn ein ønskjer å vera med og forme.

Thomas Hylland Eriksen har sagt at det er ikkje sikkert at den viktigaste samfunnsoppgåva er å halde tradisjonen i hevd, men å skape eit kommunikasjonsfellesskap - komma på bøl-gjelengde - med menneske som nedstammer frå noen som kjem frå ein heilt annan stad. Vår eventuelle felles identitet vil ikkje skuldast ei felles fortid, men ei felles framtid.

Ved Ryfylkemuseet er vi inspirerte av den rolla vennskapsmuseet vårt i Nord-Irland, Down County Museum i Downpatrick, valde i ein samfunnssituasjon som er atskillig meir dramatisk enn vår. Down County Museum brukte uttrykket «Common ground», ein plass der alle kan møtast på tvers av gruppetilhøring, om den rolla museet ønskte å ha. Og museet lukkast godt med å tilby ein møtestad for dialog og utveksling av kulturuttrykk på tvers av gruppene. Museet står sentralt i feiringa av dei store festdagane, som t.d. St. Patricks dag og allehelgensaften. Det utstillings- og programtilbodet

som blir arbeidd fram går ikkje berre på tvers av kulturelle skiljelinjer i lokalsamfunnet, det går også på tvers av kulturlandskapet. Det vil seia av museet ikkje går av vegen for å blande meir populærkulturelle innslag inn i dei meir høgverdige delane av publikumstilbodet.

Norske museum står i ein langt meir fredeleg røyndom enn musea i Nord-Irland. Det vil likevel ikkje skade å ta inn over seg at det også her i landet skjer ei utvikling i samfunnet som endrar føresetnadane for det musea arbeider med, og som gjer at behova i samfunnet er annleis nå enn da musea blei skipa. Det er ei særleg utfordring for musea å ta i ferde med det store kulturmetet som etterkvart er blitt ein del av kvardagen for dei fleste av oss. Musea har gjennom sine samlingar og sin kompetanse gode utvegar til å gi bidrag til forståing av det som skjer gjennom ei fokusering på kultur. Vi har dessutan eit ansvar for også å ta vare på historia til innflyttarar og innvandrarar.

Vår meining er at fokus for engasjementet og aktivitetene ved museet må ligge ute i samfunnet som omgir oss. Vi må rette blikket ut i samfunnet og inn i framtida. Med utgangspunkt i det vi ser der, må vi, ut frå eigne samlingar, kompetanse og ressursar utvikle vårt tilbod på ein måte som under heldige omstende kan gi eit bidrag til samfunnsforminga. Vi må ikkje overvurdere eigne evner, eller gløyme viktige oppgåver knytt til grunnleggande innsamlings- og bevaringsarbeid. Men vi må heller ikkje vera blinde for at det samfunnet som omgir musea i dag er nokså annleis enn det samfunnet som dei fleste av musea blei skipa i. Like lite som samfunnet er statisk, kan musea vera det.

Mellom dei største endringane som går føre seg er at vi får eit aukande innslag av innbyggjarar med erfaringar frå andre kulturar og religionar i det norske samfunnet. Samanliknar vi oss med Sverige, er vi framleis berre i starten på utviklinga av eit fleirkulturelt samfunn. Musea kan gi viktige bidrag til at dette blir ein positiv prosess, men det krev både ressursar og endring av fokus.

Den merksemda Ryfylkemuseet har kunna gi dei nye ryfylkingane har til nå i stor grad vore bygd på tilførsel av omframme ressursar. Det vil vera vanskeleg å få til nye, store dokumentasjons- og formidlingstiltak utan av vi får nye omframme ressursar, eller får ein monaleg auke i dei faste driftstilskotta til museet. Når det er slik er det fordi dei samlingane museet alt har krev det vi disponerer av ressursar til vedlikehald og drift. Ja, det er verre enn det: Vi har underskot på pengar og mannskap til å ta vare på dei bygningane og samlingane vi alt har, for ikkje å tale om midlar til å oppgradere publikumstilboda våre slik at dei blir attraktive i ei tid da konkurransen frå kjøpesentra, leikeparkar og festivalar gjer at det tradisjonelle museet har vanskar med å tiltrekke seg nok besøk.

Men kan vi av den grunn lukke auga og seia at det får vera bra om vi i det minste greier å tette noen pinlege hol i museumssamlingane knytt til for eksempel kvinner eller den nære fortida? Vi trur ikkje det. Vi trur det er bra om vi kan tette noen pinlege hol i museumssamlingane knytt til for eksempel kvinner eller den nære fortida. Men vi trur og at museumsengasjementet må strekke seg til andre viktige samfunnsprosmål i tida, som for eksempel innvandring, avfolking av bygdene og forvaltning av naturressursar. Gjennom slike engasjement kan vi fornye rolla som bidragsytar til samfunnsforminga og forsvare bruken av dei ressursane samfunnet stillet til rådvelde for oss.

Vi må altså finne rom for eit engasjement i forhold til kvinner både frå Sandsbygda og Somalia. Dokumentasjon av kvinnfolkarbeid og innvandrarliv må bli ein integrert del av det arbeidsprogrammet vi set oss føre. Men så lenge det er slik at vi ikkje kan setta fyr på gamle samlingar for å kaste oss ut i nye arbeidsoppgåver, vil både Ryfylkemuseet og andre museum vera avhengig av auka driftstilskott om vi skal bli i stand til å ivareta nye oppgåver på ein tilfredsstillande måte.

Roy Høibo (58) har vore styrar og direktør ved Ryfylkemuseet sidan 1981. Han har budd på Sand sidan 1978.

Ann Kristin Ramstrøm (31) var tilsett som prosjektmedarbeidar i prosjektet «Islam i bedehusland» i perioden januar 2004 – juni 2005, og gjennomførte da det intervjuarbeidet som er grunnlaget for siste delen av denne artikkelen. Ramstrøm er nå tilsett ved Norsk Trikotasjemuseum i Salhus.

KJELDER:

Denne artikkelen bygger på materiale i følgjande rapportar og tekster utgitt av Ryfylkemuseet:

Høibo, Roy: *Då besta va' ung*, teksthfte til ei utstilling om kvinnfolkarbeid, Rogaland Folkemuseum og Sand Bondekvinnelag 1982

Høibo, Roy: *Den lange vegen – rapport om museet og den fleirkulturelle utfor-
dringa*, Ryfylkemuseet 1999

Høibo, Roy og Høibo, Karoline: *Den fleirkulturelle bygda - rapport om innvan-
dring i Ryfylke*, Ryfylkemuseet 2002

Ramstrøm, Ann Kristin: *Migranten og kvardagslivet – ei undersøking av tru og
kvardagsliv*, Ryfylkemuseet 2005

NOTAR

- ¹ Frå innleiinga i teksthftet «Då besta va' ung», Rogaland Folkemuseum og Sand Bondekvinnelag 1982.
- ² Frå Fakta-ark utgitt av Norsk Folkehjelp.
- ³ Akman, Haci: *Landflyktighet – en etnologisk undersøkelse av vietnamesiske flyktingar i eksil*, Bergen 1995.
- ⁴ Eg viser her til ei spørjeundersøking om situasjonen til flyktingane som avdeling for rehabilitering i Suldal kommune gjennomført i 1998.
- ⁵ Ehn, Billy: *Livet som intervjukonstruksjon*, i Tigerstedt m.fl.: *Själviografi*, Kultur, Liv, Stockholm 1992.
- ⁶ Frykman, Jonas: *Biografi och kulturanalys*, i Tigerstedt m.fl.: *Själviografi*, Kultur, Liv, Stockholm 1992.
- ⁷ Ragnar Moen i *Aftenposten* 19/7-99
- ⁸ Fossåskaret, Erik: *Sambygdingar blir beboere*, i *FOLK* i Ryfylke, Ryfylkemuseet 1995
- ⁹ Statistisk sentralbyrå: <http://www.ssb.no/innvandring/>, siste tilgjengelege oppgaver frå 2006
- ¹⁰ Som innvandrar reknar ein personar med to utanlandsfødde foreldre.
- ¹¹ Som flykting reknar ein personar som har flyktingstatus og har fått opphaldsløyve i Norge.
- ¹² Statistisk sentralbyrå: <http://www.ssb.no/kommuner/>
- ¹³ Sitata i denne delen av artikkelen er frå intervju som bli gjort under arbeidet med dokumentasjonsprosjektet «Dokument 2000».
- ¹⁴ Ramstrøm, Ann Kristin: *Migranten og kvardagslivet – ei undersøking av tru og kvardagsliv*, Ryfylkemuseet 2005
- ¹⁵ Ann Kristin Ramstrøm valde å bruke nemninga migrant i staden for innvandrar, da ho meinte innvandrar er eit ord med mange negative assosiasjonar. Vi har vald å følge ordvalet til Ann Kristin i den delen av teksten som bygger på hennar rapport.
- ¹⁶ Frå Stavanger *Aftenblad*: 29.10.2003.
- ¹⁷ Det er 244 bedehus i Rogaland.
- ¹⁸ Frå samtala med Rubia Suzana Olsen og Rune Olsen, april 2005 og frå intervjuet med ho, s: 6.
- ¹⁹ Frå samtala med Rubia Suzana Olsen og Rune Olsen, april 2005.
- ²⁰ Roy Høibo og Karoline Høibo, 2002: s. 49- 53.
- ²¹ Frå intervjuet med Wenche Nygaard, s. 1.
- ²² Nemninga diaspora blir brukt om folk som lever i utlendigheit, meir presist om medlemmer av eit trussamfunn som bur spreidd i eit land med ein annan religion.
- ²³ Magdalena Nordin er PhD i religionssociologi og lektor ved Internationell Migration och Etniske Relationer, Högsolan i Malmö. Ho har m.a. gjennomført granskinga «Vem är svensk?»
- ²⁴ Frå feltdagboka til Ann Kristin Ramstrøm, mai 2004.
- ²⁵ Frå feltdagboka til Ann Kristin Ramstrøm, mai 2004.

Årsmelding 2005

– med attersyn 1981–2005

Vedtatt av styret i møte 21. februar 2006

Ved utgangen av meldingsåret hadde Ryfylkemuseet vore regionmuseum for Ryfylke i 25 år. Og det var 70 år sidan museet blei skipa, den gongen under namnet Rogaland Folkemuseum. Årsmeldinga for 2005 er såleis eit høve til å trekke noen linjer som går lenger tilbake enn siste året.

Vi skal likevel starte med eit samandrag av dei viktigaste resultatane av arbeidet i 2005:

- Det er halde sommarope i 10 museumsanlegg i 5 kommunar.
- Oppgraderinga av Kolbeinstveit er ferdig, og blei markert med opning av utstillinga «Garden og folka». Satsinga har gitt auka besøk og større omsetning.
- Dokumentasjonsprosjektet «Islam i bedehusland» er avslutta med utgiving av rapport og produksjon av vandrestilling. Utstillinga har hatt stort besøk av skuleungdom.
- Det er arrangert bortimot 40 aktivitetsdagar/-kveldar og halde eit 30-tal foredrag/kåseri.
- Leiarrolla i det nasjonale Byggnettverket er vidareført. Vi har starta prosjektet «Kjeldeskaping og kunnskapsoppbygging i bygningsvernet».
- Venneforeninga for «Brødrene af Sand» har gjort ein stor innsats med vedlikehald og drift av jekta.
- Vi har tatt initiativ til og fått positiv respons på fleire forslag til bidrag til kulturhovudstadsåret «Stavanger 2008».
- Arbeidet med finansiering av nybygg har gitt positive resultat.
- Tysselands-løa er sett opp att på Hustveit med kursing i nevertaking og tekking med never og torv.
- Den første lærlingen ved museet har tatt fagprøve i tømrarfaget.
- Arbeidet med katalogisering av gjenstandssamlingane har god framgang.
- Arbeidet med bygdebøkene for Jelsa har kome i gang.



Det blir gjennomført eit stort tal aktivitetsdagar og –kveldar gjennom året. Her frå Kvednahola på Ritland i Suldal under Ryfylkedagane. Ved sida av maling av korn og servering av omnsbakte brød, sette vi ungane i gang med å laga sine egne kverkallar.



Ikkje lite stolte representantar for museet da vi fekk tildelt Folkeopplysningsprisen 2005 under krystallkronene på Hotell Plaza i Oslo. Sanja Ignjatic og Roy Høibo i finstasen.

- «Fiskernes Hus» på Kvitsøy er sett i stand for museumsformål etter plan utarbeidd av museet.
- Det er utarbeidd manus til eit læreverk i folkemusikk for grunnskulen.
- Folkemusikkhelga har feira 15 års jubileum med stor deltaking og jubileumskonsert.
- Oppgraderinga av heimesida er fullført.
- Tiltaket «Internasjonal kafé» blei ein suksess og har gjort museet til ein viktig møtestad for migrantar.
- Vi er i gang med eit utviklingsprogram (FRAM) under leiing av Innovasjon Norge.
- Vaksenopplæringsforbundet tildelte oss Folkeopplysningsprisen 2005 for vårt engasjement i arbeidet med integrering av flyktningar og andre innvandrarar.

MÅLOPPNÅING

Ryfylkemuseet har lagt hovudmålet til Kulturdepartementet til grunn for formuleringa av det overordna målet til Ryfylkemuseet. Dette lyder slik:

Det overordna målet for Ryfylkemuseet er å skape grunnlag for, kunnskap om, forståing for og oppleving av natur, kultur og samfunn på ein måte som viser både kontinuitet og endring, samanheng og forskjell.

Vi meiner at vi i det følgjande kan dokumentere god måloppnåing i forhold til dette overordna målet.

I abm-meldinga¹ og i kulturmeldinga² er det peika på ein del områder som bør få høg prioritet. Ryfylkemuseet kan også vise til gode resultat på ein del av desse områda.

I abm-meldinga er følgjande utfordringar for musea tatt opp:

– Den fleirkulturelle utfordringa

Ryfylkemuseet er mellom pionerane i arbeidet med å integrere nye nordmenn i arbeidet.

– Kystkultur

Aktiviteten kring bevaring og bruk av «Brødrene af Sand» er ein viktig lekk i arbeidet med å ta vare på og formidle fjordkulturen. I Kvitsøy arbeider vi aktivt med historia om utnytting av fiskeresursane i havet.

– Industri og sørvisnæringar

Vi har eit sterkt engasjement i kraftbygging og industristadhistorie.

– Økologi og miljøvern

Den unike samlinga av



Det kulturelle mangfaldet er ei utfordring som museet har hatt mye glede av å engasjere seg i, her representert ved Jalinya «Linn» Setapayakk Siem som har gledd oss med fantastiske fruktbuffetar. Linn er innvandrar frå Thailand og bur nå på Jørpeland.

bygningstiljø på sine opphavlege tufter er eit viktig bidrag til forståing av samanhengen mellom natur og kultur.

– Handlingsboren kunnskap

Ryfylkemuseet er mellom dei leiande musea i landet i arbeidet med atterreisning, dokumentasjon og vidareføring av den handlingsborne kunnskapen knytt til bygningstiljø.

Kulturmeldinga gjentar desse prioriterte arbeidsområda, og understrekar behovet for å søke dialog med omverda.



Handlingsboren kunnskap i praksis. Bernd Elmies på torvmyra i Slettedalen. I vårt arbeid med bygningstiljø går vi til dei som er berarar av tradisjonskunnskapen, lærer av dei, og prøver å gjera det på same måten som det blei gjort før. Da må vi ut i torvmyra og neverskogen sjølve når vi skal tekke eit tak.

Det nye i kulturmeldinga er at ho også tar opp behovet for å styrke arbeidet med folkemusikken og folkedansen. Departementet peikar dessutan på at utviklinga mot eit samfunn med større kulturelt mangfald gjer at vi har utfordringar i forhold til eit breitt mangfald av folkemusikkulturar. Ryfylkemuseet har arbeidd med denne oppgåva sidan starten, og har dei siste åra tatt inn over seg den fleirkulturelle utfordringa.

ORGANISERING AV VERKSEMUDA

Ryfylkemuseet er ei vidareføring av Rogaland Folkemuseum som blei skipa i 1936.³ Museet blei i 1981 omgjort til regionmuseum for Ryfylke. Museet var da organisert som ei medlemsforeining. Namnet blei endra til Ryfylkemuseet på årsmøtet i 1983. Museet kan i 2006 feire både eit 70 års og eit 25 års jubileum.

Museet er sidan 1991 organisert som ei sjøveigande, privat stifting der medlemmane i museet, kommunane i Ryfylke, Rogaland fylkeskommune og dei tilsette nemner opp medlemmar til styret.

Ny lov om stiftingar gjer at vedtektene for museet må justerast innan utgangen av 2006. Den viktigaste endringa er at stiftingar ikkje lenger kan ha medlemmar. Medlemmane til museet må derfor organiserast i ei eige museums- eller venelag.

MEDLEMMANE

Ved årsskiftet var det 490 som hadde betalt årspengar. Det var 24 færre enn året før. Dei registrerte medlemmane fordeler seg slik mellom dei enkelte kommunane i Ryfylke:

Forsand	4
Strand	21
Hjelmeland	51
Suldal	174
Sauda	57
Finnøy	49
Rennesøy	32
Kvitsøy	5
Andre	97
Sum	490

Det blei halde årsmøte for medlemmane på Håland i Erfjord 31. mars 2005.

Medlemstalet har skifta ein del i den perioden museet har vore i arbeid. I 1980, året før omgjeringa til regionmuseum, oppga museet at det hadde 92 direkte tilmeldte medlemmar. Dei fleste i Stavanger og Suldal. Etter ei sterkare satsing på årboka auka medlemstalet til ein topp på kring 750 på midten av 1990-talet, men har seinare minka av att.

STYRET

Etter årsmøtet i 2005 har styret hatt denne samansettinga:

For medlemmane:

Terjer Hidle, Finnøy	Til årsmøtet 2007
Vara: Audun Rake, Strand	Til årsmøtet 2007
Kristoffer Nødland, Sauda	Til årsmøtet 2006
Vara: Lars Olav Fatland, Suldal	Til årsmøtet 2006

For kommunane:

Tormod Skeie, Suldal	Til 31.12.2007
Vara: Sverre Underbakke, Suldal	Til 31.12.2007
Ingrid Pettersen, Kvitsøy	Til 31.12.2005
Vara: Monica B. Stenseth, Kvitsøy	Til 31.12.2005
Torill W. Sandanger, Hjelmeland	Til 31.12.2005
Vara: Eivind Loden, Hjelmeland	Til 31.12.2005



Museumsstyret på synfaring på Bakken i Rennesøy. Frå venstre: Terjer Hidle, Tone M. Haugen (kultursjef i Rennesøy), Kristoffer Nødland, Tormod Skeie, Ingrid Pettersen, Torill W. Sandanger, Sanja Ignjatic, Lars Pedersen.

For fylkeskommunen:

Lars Pedersen	Til fylkestingsvalet 2007
Vara: Marit Jelsa	Til fylkestingsvalet 2007

For dei tilsette:

Sanja Ignjatic	Til 31.12.2005
Vara: Eva Songe Paulsen	Til 31.12.2005

Styret har hatt 3 styremøte og behandla 20 saker.

TILSETTE

Museet har i meldingsåret hatt desse tilsette:

Faste stillingar:

Roy Høibo, direktør
Trygve Brandal, konservator (80%)
Grete Holmboe, antikvar/avdelingsleiar
Sanja Ignjatic, konsulent
Kjell Johnsen, museumshandverkar/driftsleiar
Ruth Anne Moen, konservator, folkemusikkarkivet
Eva Songe Paulsen, museumspedagog/formidlar

Timeløna:

Maria Corazon A. Dørheim, reinhaldar (ca 20%)

Mellombels stillingar (prosjektstillingar):

Ernst Berge Drange, første-konservator, bygdebokarbeid
Bernd Elmies, registrator (20%)
Ann Kristin Ramstrøm, forskar/prosjektmedarbeidar (fulltid til 17.06, seinare deltid)
Randy Riecke, lærling (til 04.08)
Erik Walter Vold, konsulent, bygningsvern (frå 20.06)

Randy Riecke avslutta tida si som tømrrarlærling hos oss i august 2005 og tok ein del av fagprøva på ei dør til løa på Hustveit.



Ekstrahjelp og korttidsengasjement:

Arne Anderdal, instruktør
Sigurd Brøkke, instruktør
Annlaug Børsheim, instruktør
Siri Dyvik, instruktør
Bård Egil Eide, oversetter
Sara Sandvik Elvelund, ekstrahjelp, Kolbeinstveit
Peter Forras, ekstrahjelp, Nesa-sjøhuset
Kari Vaage Gjuvsland, songar
Oddgeir Randa Heggland, slåttekar, Viga
Susanne Helgeland, instruktør
Hanne Holmen, ekstrahjelp, Kolbeinstveit
Katinka ten Hove, omvisar/museumsvert, Sand
Ingrid Holmboe Høibo, museumsvert, Kolbeinstveit
Siri Holmboe Høibo, omvisar
Filip Dominguez Høyland, ekstrahjelp, Kolbeinstveit
Daghild Håvardsholm, kåsør
Jon Jelmert, instruktør
Birte Jelsa, omvisar, Jelsa
Lene Jelsa, omvisar, Jelsa
Aud Kaurstad, museumsvert, Håland
Bård Kleppe, museumsvert, Kolbeinstveit
Martha Knarrum, museumsvert, Nesa-sjøhuset
Kjellaug Laugaland, museumsvert, Viga
Odd Svendsen Løgith, instruktør
Sveinung Søyland Moen, museumsvert, Nesa-sjøhuset
Jan Møgedal, rekneskapsrådgivar
Björg Nygaard, omvisar, Jelsa
Steinar Ofsdal, instruktør
Jan Olav Ommundsen, omvisar/museumsvert, Viga
Kristin Heggland Randa, slåttejente, Viga
Ellen Jensen Roalkvam, omvisar
Anne Berit Skeie
Guro Skeie, songar
Audun Magnus Skjelbreid, omvisar gatevandring, Sand
Åshild Skjerhaug, museumsvert, Håland
Nusreta Softic
Tove Solheim, instruktør
Asbjørg Tjeltveit, omvisar, Jelsa
Kirsti Anette Tomassen, reinhaldar, Sauda
Ellen Trevland, reinhaldar, Håland
Lotis Ulset
Åshild Vettrhus, instruktør

Silje Vige, musikar
Ingrid Vold, museumsvert, Kolbeinstveit
Kristin Vold, museumsvert, Kolbeinstveit
Birgitte Våge, museumsvert, Håland
Sidsel Økstra, songar
Knut Risvold Aalvik, myllar

Praksisplassar:

Åse T. Jensen, Viga
Tommy Gangnes, bygningsavdelinga (til 20.06)

Til saman har museet hatt arbeidsgjevaransvar for 10,9 årsverk. Praksisplassane er ikkje rekna med i dette talet. Dette er for lite til å kunne imøtekomme alle behov og ta i ferde med alle oppgaver som ligg føre, og vi opplever frustrasjon og irritasjon i kommunane over at vi ikkje alltid greier å følgje opp lokale tiltak i det tempoet som er ønskjeleg. I budsjettsøknadane våre til Kulturdepartementet har vi søkt om midlar til oppretting av 3 nye stillingar. Høgast prioritet har ein ny stilling for handverkar.

Sjukefråveret har vore på 2,2%. Dette er ein nedgang frå 3,2% i 2004.


Personalressursane er fordelte med om lag 20% på organisering, leing og administrasjon, 35% på dokumentasjon og forskning og 45% på formidling.

I 1981 hadde museet berre ein stilling, styrarstillingen. Og den hadde heller inga lang historie. Første stillingen til Rogaland Folkemuseum kom etter gjennomføring av ei ny tilskottsordning for musea i 1975. Museet fekk da ein halv stilling, som seinare blei utvida til ein heil. Det var det frivillige arbeidet som hadde bygt opp museet, og som framleis er eit viktig grunnlag for delar av drifta.

FRIVILLIG ARBEID

Det gikk 40 år frå Rogaland folkemuseum blei skipa og til det blei grunnlag for å tilsetta folk i fast stilling. Heile denne tida blei museumsideen drive fram gjennom frivillig innsats. Sidan omgjeringa til regionmuseum i 1981 har den betalte innsatsen vakse frå eitt til kring elleve årsverk, men museet er framleis avhengig av den frivillige innsatsen. Summen av den frivillige innsatsen er vanskeleg å dokumentere, men oversynet nedafor viser at han er ganske omfattande:

Venneforeninga for Brødrene af Sand utfører eit stort arbeid for å halde «Brødrene af Sand» i god stand og for å kunne



Vi lar Kåre Vestbø representere dei mange som driv med frivillig arbeid ved museet. Kåre Vestbø er ivrig medlem i Venneforeininga for «Brødrene af Sand» og er blitt ekspert på «brygging» av log til barking av tauverk og seil.

seile ho. I år er det gjort ein særleg stor innsats under slippsetting og vårpuss. Under nedrigginga i oktober blei masta tatt ned og lagt i hus.

Den internasjonale kafeen som blei starta på slutten av fjoråret er for ein del basert på frivillige bidrag til serveringa. Det ser ut til å vera stor velvilje både mellom innvandrarane og andre for å få til ei rikholdig og spennande kafébord.

På Kvitsøy er det etablert ei stor og velorganisert gruppe som deltar aktivt i ulike delar av arbeidet med å bygge opp Hummarmuseet der.

På Håland har Erfjord grendautval nemnt opp eit gardsstyre som deltar i arbeidet med tilsyn og stell av hagen.

Bondekvinnelaga i Hjelmeland og Suldal hjelper oss med hovudreingjering i Viga og på Kolbeinstveit.

Bondekvinnelaget på Sand deltar i det etter kvart årvisse arrangementet i Kvednahola på Ritland.

Museet drar også nytte av frivillig innsats i arbeidet med den frukthistoriske hagen i Viga. Rogaland fruktdyrkarlag stiller med ein representant i faggruppa for hagen.

I Sauda er det eit museumslag knytt til industriarbeidarmuseet. Museumslaget har i meldingsåret særleg engasjert seg i arbeidet for vern og bruk av Søndena kraftstasjon, den såkalla Stasjon 3.

I Hjelmeland er det etablert ei frivillig gruppe som vil arbeide med gjenstandssamlinga i Hjelmeland bygdemuseum.

Vi har eit samarbeid med Foreninga Suldalsdampen om seilingar med D/S Suldal på Suldalsvatnet.

I arbeidet med atterreisning, dokumentasjon og vidareføring av den handlingsborne tradisjonskunnskapen i bygningsfaga er vi heilt avhengige av at tradisjonsberarar og informantar stiller opp og er med oss i arbeidet. Det er mange som har vore med på dette sidan vi starta dette arbeidet i 1995. I år har det særleg vore folk frå Sand og Sauda som har vore med i arbeidet med never, torvtaking og tekking av tak på Hustveit.

Også i arbeidet med oppbygging av folkemusikkarkivet har vi stor nytte av folk som stiller opp som kontaktpersonar under feltarbeid. I meldingsåret gjeld dette særleg Strand, der medlemmar av Strand mållag har stilt opp, og i Lund, der privatpersonar elles har stilt opp.

I tillegg til dette har ei rekke enkeltpersonar stilt opp for oss i arbeidet med ulike arrangement, slikt som på sommarkonsertane, bokkvelden og julearrangementet på Kolbeinstveit, kvernhusdagen i Kvednahola, toktet med «Brødrene af Sand»

da vi reiste til byen med ved, frukt og poteter og dei internasjonale arrangementa.

SAMARBEID MED ANDRE

I tillegg til dei frivillige gruppene har museet ei rekke andre samarbeidspartnarar. Tanken er at vi får gjort meir der det er noen å gjera det saman med enn der vi er aleine.

Det viktigaste er å følgje opp initiativa frå kommunane. Det har vore styrets meining at kommunane må styre prioriteringa av tiltak i den enkelte kommunen. I år har vi arbeidd mye med etablering av Hummarmuseet i Kvitsøy og vi har arbeidd med å få på plass endelege samarbeidsavtalar med Rennesøy og Hjelmeland. I Hjelmeland har vi også deltatt i eit arbeid for å planlegge nye lokale for bygdemuseet. Høgast prioritet etter Hummarmuseet i Kvitsøy har likevel samarbeid med Forsand kommune om etablering av eit sambruk mellom museum og bibliotek i kulturhuset på Forsandmoen. I Sauda har vi eit samarbeid med kommunen, Nord-Rogaland og Sunnhordland fri-



Forsand kommune har slutta seg til museumssamarbeidet i Ryfylke, og ønskjer hjelp til å utvikle formidlinga av museumssamlingane sine. Her er vi samla til eit første orienterings- og idemøte i biblioteket på Forsandmoen. Frå venstre: Eva Songe Paulsen (som slutta hos oss i 2006), Grete Holmboe, Trygve Brandal, Eva Landre Meling og Ellen Skaadel (som har slutta i Forsand kommune). Sviktande finansiering og skifte i personalet har gjort at framdrifta ikkje har vore slik vi hadde håpt, men arbeidet er i gang.

luftsråd og Fylkesmannen i Rogaland om utvikling og drift av Jonegarden på Hustveit, vi har eit samarbeid med kommunen og prosjektet Nasjonal Turistveg om eit større turistvegprosjekt knytt til sinkgruvane i Allmannajuvet og eit samarbeid med kommunen, museumslaget og sogelaget om bevaring og bruk av Søndena kraftstasjon til museums- og arkivformål. I tillegg til det samarbeidet som går føre seg i den enkelte kommunen hadde vi eit felles møte for kommunane i mars, og vi har deltatt på ei samling for kultursjefane i Ryfylke.

Reiselivsorganisasjonane er ein annan viktig samarbeidspartnar. Vi deltar i samarbeid med Reisemål Ryfylke, lokale turistkontor og andre reiselivsaktørar. I Suldal deltar vi i eit kontaktforum med medlemmar både frå turistkontoret og kulturkontoret, i Sauda samarbeider vi med Sauda ferie og fritid og i Hjelmeland med turistkontoret om marknadsføring og omvisarteneste på anlegga våre.

Etter at vi i perioden 1989–1991 hadde deltatt i eit samarbeid med Elkem Sauda, Sauda fabrikkarbeiderforening og Sauda kommune om ordning og registrering av bedrifts- og fagforeningsarkivet på smelteverket, var vi med og skipa ei stifting som skulle drive arkivet vidare, og vi har plass i styret for denne stiftinga. Behovet for å skaffe tilfredsstillande plass for arkivet er med i grunnlaget for arbeidet med å ta vare på Søndena kraftstasjon.

Etter eit samarbeid med Stavanger Turistforening om rekonstruksjon av to av stølshusa på Bleskestadmoen, blei museet i 2002 samde med turistforeningen om ein intensjonsavtale for vidare samarbeid. Med grunnlag i denne blei det i år skipa til eit arrangement på Stranddalen. Ved årsskiftet har turistforeningen invitert til eit meir omfattande samarbeid om utvikling kring Preikestolhytta.

Etter oppfordring frå fylkeskommunen har vi meldt oss som mulege samarbeidspartnar for kulturhovudstadsåret Stavanger 2008, og sendt inn ei rekke forslag til tiltak under kulturhovudstadsprosjekta «Norwegian Wood», «The Art of Hospitality» og tiltak knytt til formidling av folkemusikk og –dans. Forslaga er tatt vel i mot, og det har vore ein del møte om dei, men vona om at Stavanger 2008 kunne gi vesentlege økonomiske bidrag for å realisere ideane er etter kvart blitt mindre. Dermed kan det og bli vanskeleg å gjennomføre dei.

I samband med innspel til Stavanger 2008 har vi søkt samarbeid med folkemusikk- og folkedansorganisasjonane i Rogaland.

Internasjonalt har museet i ei årrekke deltatt i den verdensomfattande museumsorganisasjonen the International Council of Museums (ICOM) gjennom underkomiteen for dei regionale musea, the International Committee for Regional Museums (ICR). Nytt i år er at vi har deltatt på ein konferanse arrangert av the International Committee for Historic House Museums (DEMIHIST). Denne komiteen blei såpass interessert i det Ryfylkemuseet driv med, at generalkonferansen i 2009 vil bli lagt til Norge og Ryfylke. Folkemusikkarkivet har deltatt i den tilsvarende organisasjonen for folkemusikk- og folkedansforskarakar, the International Committee for Traditional Music (ICTM).

KVALITETSSIKRING

Museet driv eit systematisk HMS-arbeid i samarbeid med Ryfylke HMS-senter. Det blir kvart år utarbeidd ein samarbeidsplan som lister opp dei tiltaka ein tar sikte på å gjennomføre. Dei arbeidsmiljøundersøkingane og vernerundane som er gjennomførte har i hovudsak vore positive, men vi har noen manglar knytt til det fysiske arbeidsmiljøet. Sjå meir om dette under «bygningar» nedafor.

Det blir frå overordna styresmakter stilt krav om eit stort utval planar for verksemda. Desse planane skal både tene til kvalitetssikring av verksemda, og til å rette merksemda mot nye oppgåver og nye målgrupper. Vi har følgjande planar for verksemda:

- Plan for formidling ved Ryfylkemuseet
- Tiltaksplan for katalogisering av samlingane
- Tiltaksplan for bygningsvern og handlingsboren kunnskap (inklusive vedlikehaldsplan for bygningane)
- Sikringsplan for Ryfylkemuseet
- Ansvars- og oppgåvefordeling ved Ryfylkemuseet

Vi manglar ein oppdatert plan for innsamling og forskning.

Fagplanane blir lagt til grunn for utarbeiding av rullerande handlingsprogram og årsplanar. Handlingsprogrammet for perioden 2005-2008 blei vedtatt av styret i møte 21.12.2004.

For å vedlikehalde og utvikle kompetansen til dei tilsette prøver vi å delta på møte, kurs, seminar og konferansar innanfor aktuelle fagområde, og vi oppmuntrar dei tilsette til å ta på seg verv i nasjonale og internasjonale organisasjonar for på den måten å få rimeleg tilgang til informasjon og kompetan-



Nasjonalt nettverk for bygningsvern og handverkskompetanse på museum (Byggnettverket) er eit middel for å heve kompetansen hos handverkarar, antikvarar og konservatorar ved medlemsmusea. Her er det lagt opp til praktisk erfaring med handsaging av bord. Det er handverkaren ved museet, Kjell Johnsen som står oppe på stokken.


seutviklande aktivitetar. Alle dei fast tilsette og ein av dei prosjekttilsette har deltatt på slike aktivitetar i 2005. Tre av dei tilsette har fått høve til å delta på internasjonale konferansar om bygningsvern og folkemusikk. Detaljert oversyn over delta-kinga finst i resultatrapporten til styret.

Etter invitasjon frå Innovasjon Norge deltar vi for tida i eit utviklingsprogram (FRAM) med støtte frå Suldal Utviklings-selskap. Programmet starta i februar 2005 og vil bli avslutta i juni 2006. Arbeidet så langt har avdekket behov for eit meir målretta arbeid med kompetanseutvikling og sterkare fokus på produktutvikling, sal og marknadsføring.

RAMMEVILKÅR

I 1980 var Rogaland fylkeskommune og Rogaland folke-museum blitt samde om at museet skulle bli regionmuseum for heile Ryfylke. Budsjettet hadde første året ei ramme på litt i overkant av 300.000 kroner. Det heldt til ein stilling og litt til. I dag ville det ikkje ha rukke lenger enn til ein halv stilling, og litt til. I 2005 var den samla summen museet hadde til rådvelde kome opp i 7,6 mill. kr.

Inntektene til museet er driftstilskott frå Kulturdepartementet, fylkeskommunen og vertskommunen Suldal, ulike former for prosjektilskott, tilskott til særlege tiltak og eigeninntekter i form av bilettinntekter, medlemspengar, sal, kurs m.v. Fordelinga av inntektene går fram av figuren nedanfor:



Bak veksten i budsjettet ligg ei sprangvis utvikling med mange mellombels løysingar, omframme tiltak og tolmogid venting. Eit av dei største spranga knytte seg til den store Museumsreforma som blei vedtatt i 2002, og som førte til store voner og ikkje fullt så store resultat.

Museumsreforma er eit statleg program for vidareutvikling av musea. Frå Kulturdepartementet og Statens senter for arkiv, bibliotek og museum (ABM-utvikling) blir det lagt vekt på at Museumsreforma skal vera ei kvalitetsreform som omfattar ei regional konsolidering og ei nasjonal nettverksbygging. «Belønninga» for å ta signala frå Museumsreforma på alvor skulle vera tilførsel av friske driftsmidlar.

Ryfylkemuseet tok opp arbeidet med å få på plass avtalar med kommunane alt i 2001, og fekk raskt på plass nødvendige avtalar med dei fleste av kommunane for å kunne oppnå sta-

tus som konsolidert museum. For Rennesøy og Hjelmeland har dette likevel tatt noe lengre tid, der blei dei endelege avtalane om tilslutning til den regionale museumseininga gjort først på slutten av 2005.

I 2002 fekk vi midlar til oppretting av ny fast stilling for anti-kvar, og året etter midlar til oppretting av stilling for formidlar. Det var ein kraftig auke i staben ved museet, men er ikkje tilstrekkeleg til å kunne oppfylle dei krava og forventningane som Museumsreforma har skapt.

Kulturdepartementet refererer i St.meld. nr 48 (2002-2003) – Kulturpolitikk fram mot 2014, til at minimumsbemanninga for eit konsolidert museum bør vera 8-11 stillingar. Vi har 7, og har meint at vi hadde grunn til å vente ytterlegare heving av det statlege tilskottet, men måtte registrere at museumsreforma ikkje er blitt følgt opp i tilstrekkeleg grad i forslaga til statsbudsjett verken for 2004, 2005 eller 2006. Ambisjonsnivået og dei langsiktige planane må innrette seg etter dette. Vi har likevel lukkast med å ta i ferde med relativt tunge oppgåver i eit fleirtal av kommunane i regionen.

På det nasjonale planet har vi vore aktive i arbeidet med å etablere eit Nasjonalt nettverk for bygningsvern og handverkskompetanse på museum (Byggnettverket), og ABM-utvikling har peika ut Ryfylkemuseet som hovudansvarleg museum for dette nettverket.

Vi har elles deltatt i drøftingar om etablering av nettverk for museum som arbeider med fleirkulturelle utfordringar og vi er tilmeldt nettverket for kulturlandskap.

Folkemusikkarkivet deltar i nettverkssamarbeid med dei andre folkemusikkarkiva i Norge som også har eit samarbeid med folkemusikkarkiv i Sverige. Ryfylkemuseet er leiar for nettverket for arkiv som samarbeider om bruk av dataprogrammet FIOL.

MUSEUMSBYGG

Da Rogaland Folkemuseum i 1975 fekk ein stilling knytt til arbeidet sitt blei det stilt eit kontor til rådvelde for den tilsette på Arkeologisk museum i Stavanger. Da museet blei gjort om til regionmuseum for Ryfylke, blei kontorstaden flytta til Suldal, og styraren fekk eit kontor i kommunehuset på Sand.

Det blei diskusjon i Suldal om kor den permanente kontorstaden skulle vera. Det stod mellom Kolbeinstveit og Sand, men resultatet blei at museet i 1982 etablerte seg i leigde lokale i Rasmussen-sjøhuset på Sand. Seinare kjøpte museet

Nesa-sjøhuset, og etter mye strev med planlegging og finansiering av ei rehabilitering av dette, kunne ein flytte inn her i 1991.

Det var likevel klart at Nesa-sjøhuset ikkje kunne romme alle funksjonar museet hadde behov for. Plass til lager/magasin og verkstad blei derfor mellombels leigd i ein nedlagt snikkarverkstad på Sand, og det har seinare vore behov for å leige ytterlegare lager- og verkstadplass. Ein del av magasinbeholdet blei løyst da Rogaland fylkeskommune gikk inn eit samarbeid med musea i Rogaland om å leige tidlegare militære fjellhallar på Åmøy. Det meste av det gjenstandsmateriale som ikkje er i bruk på anlegga våre er nå magasinert der.

For å komma fram til ei permanent løysing på behovet for tilfredsstillande verkstader, og etter kvart behov for meir kontor- og arkivplass m.m., fekk museet i 1998 utarbeidd planar for eit nybygg attmed Nesa-sjøhuset på Sand. Det har vore ei tung sak å finansiere dette, men rett før jul 2005 var dei endelige vedtaka om tilskott til bygget på plass. Bygget er kalkulert til 18 mill. kr., og vi reknar med at arbeidet med oppføring av det kan starte hausten 2007.

MUSEET SOM SAMFUNNSMINNE

Den eine hovudrolla musea har, etter oppgåveformuleringane i dei offentlege dokumenta om museumsverksemda, er å vera *samfunnsminne*. Dette gjer vi gjennom å drive med innsamling, dokumentasjon, forskning og bevaring.

Innsamlings- og dokumentasjonsarbeidet ved museet har i stor grad vore knytt til særleg definerte prosjekt. Dei største av desse vil bli omtala under kapitlet «Dokumentasjon og forskning» nedafor. Materialet frå desse prosjekta er i stor grad foto-, intervju- og arkivmateriale. Innsamlinga av gjenstandar har vore meir smålåten og mindre systematisk. Dette skuldast at vi ikkje har hatt plass som har gjort at vi kunne ta i ferde med større innsamling av gjenstandar, og at det som har kome inn i ein viss grad er tilfeldige gåver. Men vi har overtatt ei privat bygdesamling og ei stor testamentarisk gåve, og i samband med konsolideringa av musea i Ryfylke har storleiken på den gjenstandssamlinga museet har ansvar for auka monaleg.

Spesielt for Ryfylkemuseet er at vi er tillagt oppgåva med å bygge opp eit folkemusikkarkiv for Rogaland, altså ei oppgåve som omfattar heile fylket. Dette skjedd etter at det i 1981 blei halde eit møte med tittelen «Rogaland – den kvite flekken på folkemusikkartet?». Frå Ryfylkemuseet meldte vi interesse for

saka, og etter ti år med varierende løyvingar og kreative løysingar, vedtok fylkestinget å opprette ein fast stilling ved arkivet frå 1. januar 1992. Rett nok berre deltidstilling, full stilling blei det først i 1996.

Vi skal nedanfor gjera nærmare greie for samlingane våre.

BYGNINGAR

Rogaland folkemuseum var i hovudsak eit bygningsmuseum. Og det var eit unikt bygningsmuseum ved at dei fleste bygningane museet hadde tatt vare på sto på sine opphavlege tufter, i sitt rette miljø. Ved dei fleste friluftsmusea er det slik at bygningar er blitt flytta til eit museumsområde der bygningane blir plasserte i eit kunstig miljø og lausrive frå sine opphavlege omgjevnadar og samanstilte med bygningar frå heilt andre stader.

I 1981 hadde museet kring 50 bygningar. Dei fleste sto i Suldal. I Hjelmeland hadde museet etter avtale med Hjelmeland kommune overtatt ansvaret for Viga-tunet, og i Hå åtte museet Grødalands-tunet og eit par kvernhus elles. Etter omgjeringa til regionmuseum for Ryfylke blei bygningane i Hå overført til Hå bygdemuseum. Men det meldte seg snart spørsmål om å ta på seg ansvar for nye bygningar i Ryfylke.

I Sauda var sogelaget tidleg på hogget og museet blei sterkt engasjert i arbeidet med vern av Åbø-byen, bustadområdet til



Gjenreising av lœa på Hustveit har vore eit løft som både har kravd stor innsats frå vårt eige personale og mange kurs- og dugnadstimar frå folk som har vore med på jobben.

smelteverket. Dette var eit stort og krevjande arbeid som førte til eit visst vern av byanlegget, og det førte til at museet i 1984 overtok eitt av husa, Håkonsgate 51–53 til museumformål.

Ikkje lenge etter blei museet kraftig utfordra på å engasjere seg i vern av husa på Jonegarden på Hustveit i Sauda. Styret nølte lenge, men i mai 1989 gikk det inn for å delta i eit breidd samarbeid om vern og bruk av Jonegarden, der museet skulle ha ansvar for restaurering, vedlikehald og drift av bygningane.

I Erfjord åtte museet to særreigne bygningar på Håland, eit måla bu og ei røykstove. Skulle desse bli del av noe publikumstilbod, måtte museet få eit sterkare fotfeste på Håland. Resultatet blei at museet kjøpte den gamle hovudbygningen, og sette i gang eit omfattande restaureringsarbeid. Ved hjelp av møblar og inventar frå ei testamentarisk gåve frå Barkeland, og gjenstandar frå Erfjord bygdemuseum, kunne bygningen få ei rik og god innreiing. Håland blei opna med stor stas i september 2002, og er nok den mest staselege bygningen i samlingane.

Den siste tilveksten til bygningssamlinga er husmannsplassen Bakken på Dalåker, Rennesøy. Overtakinga av ansvaret for Bakken er ein del av konsolideringsavtalen med Rennesøy kommune.

Men museet har ikkje berre tatt på seg ansvar for nye bygningar. Ein del av bygningssamlinga er også avhenda, for det meste fordi det var uklare eller mangelfulle avtalar, eller fordi museet ikkje såg noe behov for å sitte med bygningane. Dette gjeld stølane under Kolbeinstveit, eit kvernhusanlegg på Fisketjøn i Suldal, eit kvernhus på Hjorteland, også i Suldal, og dei skulehusa som blei brukte til å huse samlinga til Erfjord bygdemuseum.

Etter dei endringane som har skjedd eig Ryfylkemuseet i dag 53 bygningar, og er med det største bygningsmuseet i Rogaland og mellom dei store bygningsmusea i landet.

Den store bygningsmassen reiser utfordringar av to slag: Den eine er å ha tilstrekkeleg kapasitet til å kunne drive eit tilfredsstillande restaurerings-, pleie- og vedlikehaldsarbeid. Den andre er å ha tilfredsstillande kompetanse til å kunne drive ei forsvarleg forvaltning ut frå antikvariske prinsipp.

Museet har aldri lukkast med å få ein tilfredsstillande handverkarstab. Vi fekk ikkje midlar til fast stilling for museums-handverkar før i 1995, og vi har framleis berre denne eine stillingen. Ny stilling for museumshandverkar står nå øvst på ønskelista for nye stillingar ved museet.

Vi har lukkast betre med den andre utfordringa: Å bygge opp kompetanse. Etter romslege tilskott frå Suldal kommune og andre lukkast det i 1995 å etablere eit prosjekt som hadde til formål å utvikle betre kunnskap om byggeskikken i Ryfylke. Gjennom systematisk arbeid har det lukkast å hente opp att ein del av den tradisjonskunnskapen, eller det vi kallar den handlingsborne kunnskapen, som eldre handverkarar har, dokumentere denne, og vidareføre han både til vår eigen og andre handverkarar gjennom ei rekke kurs. Denne verksemda har vekt såpass merksemd at vi i 2001 blei tildelt Statens kulturministerads heider og diplom for arbeidet, og vi har fått ein posisjon i arbeidet med bygningsvern på museum som førte til at ABM-utvikling i 2004 utnemnte Ryfylkemuseet til hovudansvarleg museum for det nasjonale nettverket for bygningsvern på museum (Byggnettverket).

I perioden 2005–2007 finansierer ABM-utvikling eit prosjekt kalla «Kjeldeskaping og kunnskapsoppbygging i bygningsvernet», som har til formål å heve både kompetansenivået og praksisen i arbeidet med dokumentasjon av museumsbygningar og arbeidet med dei.

Arbeidet med ulike dokumentasjonsprosjekt har ført til at museet har gjennomført omfattande dokumentasjon av bygningsarven i Ryfylke og deltatt i arbeidet med bevaring av fleire bygningar som nå står att som synlege kulturminne i Ryfylke. Det starta med eit naust i Vika på Judaberg, seinare kom ei løe på Stråpa-stølen på Sandsa og ei stavløe og eit eldhus på Bleskestadmoen. Siste prosjektet av dette slaget har vore flytting og gjenreiseing av vår eiga løe på Hustveit.

Etterkvart som kompetansen i arbeidet med bygningsvern har auka, har vi også fått eit meir realistisk bilde av tilstanden til bygningane. Denne er dessverre dårlegare enn vi tidlegare har rekna med, og det er avdekkja eit stort etterslep på vedlikehald av bygningane. Vi ser også at endring mot eit våtare og mildare klima aukar behovet for vedlikehald og reparasjon av bygningane våre.

Museet har eit akutt behov for å få tilført større ressursar til arbeidet med vern av den antikvariske bygningsmassen som er i eiga til museet.

FARTØY

Museet hadde tidlegare tatt inn noen mindre båtar i samlinga si, men i 1993 kom den store utfordringa: Tryggen Larsen ville selja «Brødrene af Sand», den siste Ryfylke-bygde jekta som



Kjøp, restaurering, vedlikehald og drift av Ryfylke-jekta «Brødrene af Sand» er det tyngste enkelttiltaket museet har gitt seg i kast med. Utan innsatsen frå Venneforeninga hadde vi ikkje greidd det.

var bevart, og såg gjerne at ho kom i eiga til Ryfylkemuseet. Det same ønskte Riksantikvaren. Suldal kommune hadde ein velvillig ordførar, og ein solid gjeng med fartøyentusiastar meldte seg til dugnad. Den største enkeltoppgåva museet hadde stått over for løyste seg såleis forbausande lett. Pengane kom, venneforeninga tok ansvar langt ut over det vi

var vane med i samarbeidet med frivillige krefter, og i august 1999 kunne «Brødrene af Sand» seile inn til stor slått mottaking på Sand etter omfattande restaurering ved Hardanger fartøyvernssenter.

Venneforeninga for «Brødrene af Sand» har også i 2005 tatt ansvar for vedlikehald og drift av fartøyet og har lagt ned eit stort arbeid med vårpuss og anna vedlikehald, rigging for sesongen og nedrigging og klargjering for vinteropplag. I år blei også masta tatt ned for å sjekke tilstanden og utføre eit grundigare vedlikehald enn det elles er høve til. Venneforeninga har tilsyn med fartøyet medan det ligg i vinteropplag.

GJENSTANDAR

Museet eig gjenstandssamlingar som vi antar at omfattar bortimot 10.000 gjenstandar. Det meste av samlingane er på ein eller annan måte listeførte, men katalogiseringa av samlingane er mangelfull. Eit systematisk arbeid for å ta i ferde med etterslepet har ført til at det i år er katalogisert 1032 gjenstandar i ein database kalla WinRegimus. Det er gjenstandar frå tidlegare Erfjord bygdemuseum (803), Industrierbeidarmuseet i Sauda (185) og andre (44) som er blitt katalogiserte i 2005. Samtidig med katalogiseringa er det lagt inn digitale kopiar av foto av gjenstandane. Til saman er nå ca. 7500 gjenstandar edb-registrerte.

I tillegg til eigne samlingar finst det ca. 5.100 gjenstandar i samlingane til bygdemusea. Graden av orden og registrering av desse varierer mye. Ingen av samlingane i bygdemusea er heilt tilfredsstillande katalogiserte, men nivået varierer sterkt.

I Viga har registreringsarbeidet halde fram, og det er nå registrert 1528 nummer der. Dette året er det vesentleg bøker og arkivmateriale som er registrert. Gjenstandssamlinga i Viga er i eiga til tidlegare eigar av bygningane.

Tilveksten til gjenstandssamlingane har vore 108 gjenstandar frå 13 forskjellige gjevarar. Gjevarane er: Randius Sand, Sandnes, Gaute Berge Nilsen, Sand, Odith Hetlelid, Sand, Linn Siem, Jørpeland, Nyramon Kjærevold. Forsand, Astrid Rørvik, Sand, Vidar Birkeland, Sand, Arne Vaage, Stavanger, Endre Øvrebø, Sand, Ørjan Marvik, Sand, Inger Ubøe og Eli Ubøe Marvik, Nedstrand.

Hovuddelen av den magasinerte gjenstandssamlinga blei plassert i fellesmagasinet for musea i Rogaland på Åmøy våren 2002. Her er det behov for eit arbeid for å pakke ut og ordne gjenstandsmaterialet.

NATURHISTORISKE SAMLINGAR OG KULTURLANDSKAPSVERN

Ryfylkemuseet er i hovudsak eit kulturhistorisk museum. Men slik samlingane er lokaliserte, ligg forholda godt til rette for å formidle samanhengar mellom kultur og natur. Det er særleg to stader vi har kome i gang med slikt arbeid.

I samarbeid med Nordisk Genbank og frivillige krefter i Hjelmeland er det bygt opp eit klonarkiv med i overkant av 100 tre av eldre eple-, pære- og plommesortar frå Ryfylke på Viga i Hjelmeland.

Det har lenge vore eit problem at den gamle hagen i Vigatunet er fullt tilplanta, og ikkje gir rom for innsamling av fleire sortar. Ein har dessutan sannkjent at det var uheldig å satse på eit klonarkiv for gamle fruktslag forma som ein moderne frukthage. Etter lang tid på leit etter utveg til vidare utvikling av hagen har vi nå kome i gang med utviding og omorganisering av frukthagen i Viga. Arbeidet fekk eit tilbakeslag i 2005 da rådyr gjorde sterke innhogg mellom dei nyplanta trea. Dette kan forseinke ei nyopning av tunet og hagen.

Gjennom samarbeid med Sauda kommune, Fylkesmannen i Rogaland og Nord-Rogaland og Sunnhordland friluftsråd har museet i lengre tid arbeidd med restaurering, tilrettelegging og skjøtsel av det eine bruket på Hustveit i Sauda. Gjennom bruk av forkjøpsrett har Staten her sikra seg eit unikt naturområde som strekker seg frå fjorden og opp til høgaste heia. Potensialet for bruk til kultur- og naturhistorisk formidling, undervisning og friluftsmål er stort. Frå museet si side har vi satsa mye på å følgje opp samarbeidsavtalen, og vi er nå kome langt i arbeidet med å rekonstruere hovudløa på garden. Denne vil gi oss rom både for utstillings- og undervisningsformål. Eit møte med samarbeidspartnarane har ført til nytt engasjement i arbeidet med vidare utvikling av anlegget.

FOTO

Vi reknar med at museet har ei fotosamling på kring 68300 nummer.

Av desse er 8.500 reprofoto, det vil seia avfotograferingar av eldre bilde. Opplysningar om hovuddelen av reprofotona er katalogisert og lagt inn i database, men berre noen få saman med digital kopi av bildet. Etterslepet på katalogisering gjeld om lag 1000 foto. Katalogisering av dei øvrige samlingane er mangelfull, eller heilt fråverande, og det er heller ikkje

aktuelt å tenkje seg at ein skal kunne utarbeide gode katalogar for alle samlingane.

I 2005 har vi registrert ein tilvekst på eigne opptak på 1165 foto (290 dias og 875 digitale foto) samt 1204 eldre originalfoto (positivar og negativar). I tillegg kjem 2394 gjenstandsfoto som er digitaliserte på grunn av katalogisering i WinRegimus med tilhørande digitalt foto. Samla tilvekst blir såleis 4763 foto.

VIDEO OG FILM

Samlinga av video- og filmpoptak er på i alt 128 nummer. Av desse er 55 videopoptak som gjeld aktivitetane ved folkemusikkarkivet. 4 er smalfilmar, og av dei 69 andre er fleirtalet opptak som speglar ulike sider ved aktiviteten til museet elles og 4 filmar. Videosamlinga er registrert i ein videoprotokoll.

Det er registrert ein tilvekst på 20 videogram i 2005. 18 av dei er dokumentasjonsopptak frå bygginga av Ulla-Førreanlegga.

LYDBAND

Lydbandsamlinga ved Ryfylkemuseet tel 1048 nummer inklusive opptaka i folkemusikkarkivet. Noe over halvparten av opptaka er intervju som også er skrivne av, men ikkje lagt i noen form for database som kunne gi grunnlag for elektronisk søk. Det er registrert ein tilvekst på 11 lydband i meldingsåret. 5 av dei er opptak til folkemusikkarkivet. I tillegg er to innlånte mc-kassetar digitaliserte og arkiverte som lydfiler på dataserveren.

PRIVATARKIV

Privatarkivsamlinga ved Ryfylkemuseet omfattar 93 arkiv. Noe av materialet er ordna, men det meste ikkje. Privatarkiva utgjer om lag 40 hyllemeter.

Tilveksten i 2005 var på 9 privatarkiv. Gjevarane var: Jostein Granli, Sand, Ryfylke Eigedom AS, Sand, Vasshus landbrukslag, Suldalsosen, Gro Lavold, Kleppe, Tjerand Skåre, Oslo, Sand meieri, Sand Båttforening, Eli Heskestad, Kleppe.

LITTERATUR

Det er i 2005 registrert ein tilvekst på 46 bøker. Samla omfatar biblioteket ca. 2350 bøker.

DOKUMENTASJON OG FORSKING

Eit museum som Ryfylkemuseet har ikkje mye ressursar til forskning, men gjennom prosjekttilskott har det lukkast å gjennom-



Prosjektet «Islam i bedehusland» blei avslutta i 2005 med utgiving av rapport og produksjon av utstillinga «Din myte». Prosjektet hadde til formål å kartlegge møtet mellom fastbuande Ryfylkingar og folk med andre religionar og kulturar i bagasjen. Familien Dushanta Kumar Jayadevan og Ancy Archana Vidyadharan frå Kerala i India var mellom dei vi intervjuar. Dei bur nå på Jørpeland.

føre fleire store dokumentasjons- og forskingsprosjekt, og noen mindre.

Museet blei etablert som regionmuseum med sete i Suldal samtidig med gjennomføringa av den største vasskraftutbygginga landet hadde sett: Ulla-Førre anlegga. Gjennom løyving frå Olje- og energidepartementet og tilskott frå Ulla-Førre arbeidsmannsforening og Rogaland fylkeskommune blei det i 1985–1986 muleg å gjennomføre eit større dokumentasjonsprosjekt kalla «Blant silkebus og bønder – ei studie av bygdekultur i ei anleggstid». Prosjektet blei følgt opp 1994–1995 med eit prosjekt kalla «Gull og grønne skogar». Dette blei finansiert med tilskott frå Noregs Vassdrags- og energiverk.

Museet arbeidde parallelt med eit initiativ for å etablere eit vassdragsmuseum i Suldal, men dette lukkast ikkje.

Ryfylkemuseet har eit langsiktig samarbeid med Suldal kommune om skriving av bygdebøker for dei ulike delane av kommunen. Vi leverte manus til «Soga om Sand», kulturhistoria frå 1859-1965, i 1993. I åra 1997–2000 kom «Sand – Gardar og folk» i tre band. Etter fullføring av arbeidet med byg-

debøkene for Erfjord i 2004 er vi nå i gang med innsamling av materiale til bygdebøker for Jelsa.

Etter initiativ frå og med støtte frå ei rekke kommunar, sau-, sanke- og beitelag, bedrifter og organisasjonar kunne vi 1995-1998 gjennomføre eit dokumentasjonsprosjekt om sauehald og heiaføring i Ryfylke og på Haugalandet. Resultata blei publiserte i to bøker, ei om sauen og ei om geita.

Arbeidet med oppbygging av kompetanse om tradisjons- handverk omfattar også forskingsoppgåver, men dette er omtala på annan stad i årsmeldinga. Gjennom tilskott frå ABM-utvikling har vi i år vore i stand til å starte arbeidet med eit prosjekt kalla «Kjeldeskaping og kunnskapsoppbygging i bygningsvernet».

Gjennom oppdragsavtale med Hjelmeland sparebank har vi tatt på oss arbeidet med å skrive ei jubileumssoge for banken. Denne skal vera ferdig til januar 2007, da banken fyller 100 år.

Etter krigen i Bosnia-Herzegovina kom det brått ei stor gruppe flyktningar til Norge, noen av dei blei busette i Ryfylke, og vi såg ei oppgåve i å dokumentere kva som skjer når ei relativt stor gruppe innvandrarak busett seg i eit bygdesamfunn som frå før var prega av ei relativt homogen folkesetnad. Ved eigeninnsats og ved hjelp av omframme tilskott har vi i fleire omgangar gjennomført dokumentasjons- og formidlingstiltak knytt til denne situasjonen. Gjennom tilskott frå ABM-utvikling og Kulturdepartementet har vi i år avslutta arbeidet med eit prosjekt kalla «Islam i bedehusland». Resultata av prosjektet er formidla gjennom ein rapport kalla «Migranten og kvardagslivet» og ei utstilling kalla «Din myte – mi forteljing».

For initiativet til å ta opp problemstillinga blei vi i 1998 lønna med «Fenix-priset» på den nordiske museumsfestivalen i Stavanger. Året etter var dette engasjementet ein del av grunnvinginga for utnemninga til «Årets museum».

MUSEET SOM MØTEPLASS

Den andre hovudrolla til musea er å vera møtestad og dialoginstitusjon. Musea må kommunisere med omverda for å formidle kunnskap og kunnskapsbaserte opplevingar. Ryfylkemuseet legg stor vekt på å styrke den utoverretta verksemda ved museet.

Dei siste åra har vi lagt særleg vekt på å ta inn over oss det som blir kalla den fleirkulturelle utfordringa. Vi ser at musea kan vera viktige arenaer for møte og dialog i utviklinga av det kulturelle mangfaldet, og har gjennom dette lukkast med å nå nye grupper.

VIDAREUTVIKLING AV PUBLIKUMSTILBODET

Den største utfordringa for Ryfylkemuseet er likevel å vitalisere dei ulike avdelingane som hører museet til. Vi forvaltar eit unikt, men uforløyst potensiale som kan gi vesentlege bidrag



Mellom tilboda på Kolbeinstveit er lunsj- og kaffemeny, servert ute i tunet eller på kvit duk i stova.

både til kulturelt medvet og identitetsbygging, og til utvikling av reiselivet i regionen.

Arbeidet med å vidareutvikle tilbodet til publikum på Kolbeinstveit er det første av dei store tuna vi har tatt i ferde med. Arbeidet heldt fram i 2005 og blei avslutta med opning av utstillinga «Ætt og heim» ved starten av sommarsongen. Her har vi nå eit tilbod som omfattar interessante bygningar, buande vertskap, dyr, lokal meny, utstillingar, konsertar og aktivitetsdagar og eit samarbeid om seilingar med D/S Suldal.

Det er planlagt tilsvarande oppgradering av formidlingstilbodet i Viga. Arbeidet i 2005 har vore konsentrert om hagen.

Det har lenge vore arbeid for å realisere planar for eit servicebygg på Hustveit, men det har vore vanskeleg å finne noen utveg til å finansiere dette. Nå ser vi utveg til å ivareta noen av dei behova som servicebygget skulle dekke gjennom gjenreising av løa på garden. Det er sett i gang eit arbeid for å revidere formidlingsplanen for Hustveit, og vi reknar med at det i 2006 vil bli gjort vedtak om kva tiltak som skal prioriterast. Så langt har vi drøfta eit eksperiment med etablering av robuste utstillingar som kan stå opne og vera tilgjengelege heile døgnet heile året.

Ved sinkgruvane i Allmannajuvet i Sauda har Statens Vegvesen starta ei relativt omfattande og kostbar planlegging av eit visningsanlegg knytt til prosjektet Nasjonal Turistveg. Museet har bidratt med faglege innspel til prosessen, men er ikkje invitert med på noen form for styring av prosjektet. Vi ser at dette kan bli eit interessant prosjekt og eit viktig løft for sinkgruvane, men har peika på at realisering av prosjektet reiser noen vesentlege utfordringar knytt til drifta, og at det må komma ei avklaring av kva rolle museet skal ha i utviklinga og drifta av anlegget. Det er oppretta ny dialog om desse spørsmåla dette året.

I Kvitsøy arbeider vi med innsamling og planlegging av eit permanent hummar- og fiskerimuseum i «Fiskernes Hus». Første del av utstillinga skal opne i juni 2006. Arbeidet går føre seg i tett samarbeid med ei frivillig gruppe og med Kvitsøy kommune.

Vi har hatt møte med Forsand kommune om oppbygging av eit utstillingstilbod i biblioteket i kulturhuset, etter mønster av BibMus i Rennesøy. Det vil bli tatt i ferde med dette etter arbeidet med Hummarmuseet i Kvitsøy er ferdig. Også i Hjelmeland blir det arbeid med ei samlokalisering av museet og biblioteket.

UTSTILLINGAR

Museet har hatt desse tema-utstillingane i meldingsåret:

- 01.01-31.12 *Strandstaden Sand*, permanent utstilling på Nesa-sjøhuset
- 01.01-31.12 *BibMus*, permant utstilling i Kulturhuset Meieriet, Vikevåg
- 07.05-14.05 *Ryfylkeutstillinga*, utstilling produsert av Ryfylke kunstlag, Nesa-sjøhuset
- 01.02-12.06 *Turist i Ryfylke*, eigenprodusert vandreutstilling som i år er vist i Nesa-sjøhuset og i Suldal kulturhus
- 10.06-31.12 *Din myte – mi forteljing*, eigenprodusert vandreutstilling som i år er vist i Nesa-sjøhuset som sommarutstilling og vidare i Sauda, Hjelmeland, Rennesøy, Finnøy og Forsand.
- 18.06-14.08 *Kunst og handverk*, sommarutstilling, Kolbeinstveit
- 18.06-31.12 *Garden og folka*, permanent utstilling på Kolbeinstveit
- 22.11-19.12 *Juleutstilling*, utstilling produsert av Ryfylke kunstlag, Nesa-sjøhuset

Følgjande anlegg har hatt faste opningstider i sommarsesongen:

- Nesa-sjøhuset – 43 t/v (vintersesongen 30 t/v)
- Jonegarden på Hustveit – 4 t/v
- Sinkgruvane i Allmannajuvet – 1 dagleg omvising
- Industriadarmuseet i Åbø-byen, Sauda – omvising 3 dagar i veka
- Skulemuseet på Jelsa – 8 t/v
- Håland – 4 t/v
- Kolbeinstveit – 36 t/v
- Viga – 8 t/v
- BibMus, Rennesøy – 14 t/v
- Bergevik, Forsand – 37 t/v

I tillegg til dei faste opningstidene har det vore omvising av grupper og arrangement ved fleire av anlegga.

ARRANGEMENT

Attåt opne anlegg og utstillingar, og ofte i tilknytning til desse, har museet kvart år ei rekke arrangement av ulike slag. Dette kan vera så ulike tilbod som tur på fjorden med «Brødrene af Sand», foredrag knytt til anlegg og utstillingar, eller om eit emne museet har arbeidd med, konsertar, aktivitetsdagar, dansekveldar, kvedarsamlingar o.a. Det vil føre for langt å ta inn detaljerte lister over alle arrangement her, dei finst i resultatrapporten til styret, men til saman har det vore kring 40 ulike arrangement og eit 30-tal foredrag elles.

Mellom dei store arrangementa var folkemusikkhelga på Mo i september, den 15. i rekka. Folkemusikkhelga blei avslutta med jubileumskonsert på Suldal kulturhus.

I september blei det også arrangert tur til byen med ved og poteter og eple med «Brødrene af Sand». Arrangementet inkluderte stopp og overnatting i Østhusvik, der potetene blei lasta.

Tidlegare på sommaren, i juni, blei avslutninga av arbeida på Kolbeinstveit og opning av utstillingane og sommarsesongen



Ideen var å seile «til byen med ved». Veden tok vi inn på Eide ved Sand, poteter i Østhusvik på Rennesøy, og så hadde vi med oss eple frå Jøsenfjorden. Det var ein fin tur, og i Stavanger møtte «Gråtassens venner» opp med kjøretøy for å frakte veden vidare. Men det blei ingen publikumssuksess. Ikkje i byen i alle fall. Men i Østhusvik blei vi tatt vel i mot.

der markert med eit lite stemne. På Kolbeinstveit var det i mange år ein fast tradisjon med stort Olsokstemne, men etter kvart som konkurransen både om publikum og dugnadsfolk blei for sterk, måtte ein innsjå at tida for kulturstemne av det gamle slaget var over.

Vi gjentok i år også kvernhusdagen i Kvednahola på Ritland. Det var eit arrangement i samarbeid med Sand bondekvinneag. Vi kjører kvernene, sel omnsbakt brød, og i år var det også muleg for ungane å prøve ut vasskrafta på sjølvspikra vasskallar. Dette blei ein kjempesuksess, og samla kring 400 personar på eit par timar.

Vi gler oss også over samarbeidet med Strand mållag om innsamling av folkemusikkmateriale i Strand. Resultatet av dette arbeidet blei presentert på eit arrangement på Tau der Silje Vige framførte ein del av materialet.

SKULEN

Det har dei siste åra vore sterke signal til musea om at dei må satse sterkare på barn og unge og utvikle eit betre samarbeid med skulen.

Ryfylkemuseet har gjennom folkemusikkarkivet i lang tid samarbeidd både med ulike skuleslag og med barnehagen. Folkemusikkhelga er eit arrangement som samlar deltakarar på tvers av generasjonane.



Vi har utvikla eit undervisningsopplegg for segling med «Brødrene af Sand» for ungdomsskuleelevar.

Vi har og sett at tilbodet til nye nordmenn har hatt apell på tvers av generasjonane. På dei internasjonale kveldane vi arrangerer er det med både barn og unge, og vi har søkt å tilrettelegge aktivitetar som passar for desse.

Eit nyutvikla undervisningsopplegg for «Brødrene af Sand» er prøvd ut på ungdomsskulen i Suldal med godt resultat. Dette kan overførast til ungdomsskular andre stader, men så lenge vi er avhengig av frivillig innsats for å føre jekta, har vi eit kapasitetsproblem i forhold til å ta oppdrag langt unna heimebasen på Sand på kvardagar.

BESØK

Statistikken for publikumsbesøk for 2005 i samanlikning med tala for 2004 ser slik ut:

STAD	2005	2004
Eigne anlegg:		
Hustveit	128	183
Industriarbeidarmuseet	79	72
Sinkgruvene	292	302
Nesa-sjøhuset	4 005	3 592
Kvednahola	400	196
Kolbeinstveit	2 063	1 837
Røynevar den	0	114
Håland	187	459
Jelsa	1 084	597
Viga	253	551
Forsand bygdemuseum	204	
BibMus	1 082	985
Hummermuseum	0	200
Brødrene	1 064	694
Sum egne anlegg	10 841	9 782
Eksterne arrangement:		
Postkort	802	(228)
«Din myte – mi forteljing»	1 581	
Foredrag	276	614
Kurs	195	120
Sum eksterne arr.	2 854	962
SAMLA BESØK	13 695	10 744



Aktivitet trekker folk. Her frå godt besøkt konsert i tunet på Kolbeinstveit.

Det samla besøket ved våre faste anlegg, utstillingar og arrangement var i fjor på 13.695 personar. Det er ein kraftig og reell auke i besøket frå i fjor. Enkelte av postane krev likevel noen kommentarar.

Vi gler oss over at besøket på Nesa-sjøhuset aukar sjølv om talet på arrangement har minka mye etter at det blei opna nytt kulturhus på Sand. Det er vidare grunn til å gle seg over at satsinga på Kolbeinstveit har gitt resultat. Over 2000 besøkande på 8 sommarveker tykkjer vi er bra. Det gode besøket på Jelsa skuldast nok både at kyrkja er med i omvisingane, og at vi har uvanleg gode omvisarar der.

Det oppgitte talet for besøk ved BibMus i Rennesøy gjeld sommarbesøket. Museet i biblioteket er opne heile året, og biblioteket har registrert eit besøk på 12 253 personar gjennom året, men vi har ikkje funne det rett å legge inn heile dette talet i besøksstatistikken for museet.

Flere av avdelingane har eit potensiale for større besøk. Dette håper vi det skal vera muleg å realisere gjennom dei arbeida som nå går føre seg for å gjera anlegga betre og meir attraktive.

Det kan likevel vera grunn til å peike på at i forhold til ein region med liten og spreidd busetnad, er ikkje dette så dårleg besøk. Det bur snautt 30.000 menneske i Ryfylke-kommunane. Besøket på våre anlegg og arrangement utgjer 45% av denne folkemengda. I byane og kommunane på Jæren bur det over 200.000 menneske. Det er berre Oljemuseet som oppnår eit besøk som er relativt like stort som vårt i forhold til dette. Oljemuseet er eit nasjonalt museum.

PUBLIKASJONAR

Fordi vi arbeider i ein grisgrendt region, og vanskeleg kan samle mange til enkeltarrangement, har museet heilt frå starten som regionmuseum lagt ein del arbeid i produksjon av publikasjonar.

I 2005 har Ryfylkemuseet gitt ut desse publikasjonane:

- *FOLK i Ryfylke 2005*, årsskriftet til museet, temanummer om Hustveit
- *Frå Ulladalen til Debre Zeit* - Johan Hovda fortel, bok, i samarbeid med familien

For midlar frå Den Kulturelle Skulesekken er det utarbeidd manus til eit læreverk i folkemusikk for grunnskulen. Dette vil bli utgitt så snart vi har luktast med å finansiere trykkinga.

TAKK

Vi vil takke Kulturdepartementet, Norsk Museumsutvikling, Rogaland fylkeskommune, Suldal kommune og andre bidragstytarar for godt samarbeid og for støtte til drifta av museet.

NOTAR

- 1 St.meld nr. 22 (1999–2000) – Kjelder til kunnskap og oppleving
- 2 St.meld nr. 48 (2002–2003) – Kulturpolitikk fram mot 2014
- 3 Det er gjort nærmare greie for historia til museet i artikkelen «Lengten etter fortida», i *FOLK i Ryfylke 2004*.

Sand, 21. februar 2006

Terje Hidle
Styreleiar

Roy Høibo
Direktør

Rekneskap 2005

Vedtatt av styret i møte 21. februar 2006

RESULTATREKNESKAPEN

	2004	2005
Driftsinntekter	6 774 548	7 453 986
Varekjøp	-191 817	-233 903
Lønn og sosiale utgifter	-4 484 320	-4 982 871
Andre kostnader	-2 141 916	-2 255 817
Driftsresultat	-43 505	-18 605
Finansinntekter	39 744	52 418
Finanskostnader	-9 705	-7 153
Resultat av finansinntekter/ -kostnader	30 039	45 265
Årsoverskott/-underskott	-13 466	26 660
Overføring frie fond		
Avsett til styrking av egenkapital		-26 657
Bruk av egenkapital	13 465	
Avrunding	1	-3
Sum disponert/dekka inn	13 466	-26 660

BALANSEREKNESKAPEN

	2004	2005
EIGE		
Anleggsmidler	359 869	246 713
Varelager	55 431	53 561
Kundefordringar	222 533	353 747
Feilkunder	450	450
Forskot løn	743	
Kasse	1 300	1 300
Bank, brukskonto	3 327 805	2 780 982
Bank, skattetrekk		
Sum eige	3 968 130	3 436 753
GJELD OG EIGENKAPITAL		
Eigenkapital	-958 931	-985 588
Avsetningar	-1 992 833	-1 592 648
Leverandørgjeld	-600 922	-386 268
Skuldig arbeidsgjevaravgift	270	
Skuldig pensjonstrekk		-665
Anna skuld	4 299	4 518
Skuldig meirverdiavgift	-114	-101
Skuldig løn og feriepengar	-378 326	-406 672
Skuldig arb.gj.avg. av feriepengar	-41 572	-69 329
Sum gjeld og eigenkapital	-3 968 130	-3 436 753

Årsberetning

Arten av verksemda og kor ho blir drive

Ryfylkemuseet er eit museum som har til formål å ta vare på, arbeide med og gjera kjent materiale om liv og verksemd i Ryfylke-regionen frå tida etter reformasjonen og fram til i dag. Museet legg stor vekt på samfunns- og samtidsengasjement. Hovudsetet er på Sand i Suldal kommune.

Framhald av drifta

Institusjonen har føresetnadar for å drive vidare, og årsrekneskapen for 2005 bygger på dette.

Arbeidsmiljø

Det sosiale og fysiske arbeidsmiljøet ved Ryfylkemuseet blir vurdert som godt.

Ytre miljø

Drifta av Ryfylkemuseet ureinar ikkje det ytre miljøet.

Likestilling

Museet legg vekt på balanse mellom kjønna. Av dei 7 faste stillingane ved museet er 4 kvinner og 3 menn. Det blir praktisert lik lønn for likeverdig arbeid.

Sand, 21. februar 2006

Kristoffer Nødland

Terjer Hidle
Styreleiar

Tormod Skeie

Ingrid Pettersen

Lars Pedersen

Sanja Ignjatic

Roy Høibo
Direktør

Revisjonsmelding

Me har revidert årsrekneskapen for Stiftelsen Ryfylkemuseet for rekneskapsåret 2005, som viser eit overskot på kr. 26.660. Me har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden for å halde fram drifta og forslaget til bruk av overskotet. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse, noteopplysningar og årsmelding. Årsrekneskapen er avlagt av dagleg leiar i stiftelsen. Vår oppgåve er å uttale oss om årsrekneskapen og andre forhold, i samsvar med krava i lov og forskrifter.

Me har utført revisjonen i samsvar med lov om stiftelser og god revisjonsskikk i Noreg herunder revisjonsstandardane vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at me planlegg og utførar revisjonen for å oppnå god tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde deler av materialet som underbygger informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsipp som er nytta, samt vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av lov og god revisjonsskikk, omfattar revisjon

også ein gjennomgang av stiftelsen si økonomiforvaltning og den interne administrative kontroll. Me meiner at våre revisjon gir eit forsvarlig grunnlag for vår uttale.

Me meiner at

- årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av stiftelsen si økonomiske stilling 31. desember 2005 og av resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk i Noreg
- leiinga har oppfylt sin plikt til å sørgje for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden for å halde fram drifta og forslaget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter
- me har ikkje fått kjennskap til noko tilhøve som seier at stiftelsen sin årsrekneskap ikkje er i samsvar med vedtektene og stiftelsen sitt føremål

Haugesund, 20. februar 2005


Thor Elias Sandvik
Konst. revisjonssjef
Haugaland kommunerevisjon

FOLK i Ryfylke

2006

tema

Ryfylkemuseet 25 år



Det har gått 25 år sidan Rogaland Folkemuseum blei gjort om til regionmuseum for Ryfylke. Den gongen var museet eit einmannsmuseum med smålåte budsjett. I jubileumsåret rår vi over ein personalressurs på 11 årsverk og eit budsjett på 7,4 mill. kroner. Den sterkaste veksten har kome dei siste åra. Samtidig har vi tatt på oss eit sterkare ansvar for ein museumregion som omfattar åtte kommunar og dekker om lag halve Rogaland i areal.

Med bakgrunn i arven frå Rogaland Folkemuseum er bygningshistoria og bygningsvernet eit av hovudarbeidsområda våre. Eit anna er arbeidet med å bygge opp eit folkemusikkarkiv for heile Rogaland og formidle song-, musikk- og dansetradisjonar. Eit tredje å drive med lokalhistorisk forskning og bygdebokskriving. Eit fjerde å inkludere den fleirkulturelle utfordringa i museumsarbeidet.

Hovudutfordringa er likevel å utvikle ein museumsmodell som lukkast med å kombinere lokal aktivitet med eit nasjonalt og helst globalt perspektiv. Vi lever i ei tid da nærmiljøet, det ekte, det varige og det berekraftige ser ut til å få større verdi att. Museet står midt i dette og kan bidra til å løfte fram dei verdiane som er særlegne for Ryfylke og som kan bidra til å skape ei positiv utvikling for eit distrikt som ei tid har slite med fråflytting.



RYFYLKEMUSEET